



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2012

Utgiftskapittel: 800–868, 2530

Inntektskapittel: 3821, 3822, 3842, 3846, 3855, 3856, 3858, 3859



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2012

Utgiftskapittel: 800–868, 2530

Inntektskapittel: 3821, 3822, 3842, 3846, 3855, 3856, 3858, 3859

Innhald

Del I	Innleiande del	11	Kap. 3820 Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet	55
1	Hovudmål og politiske prioriteringar	13	Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	55
1.1	God og open forvaltning	13	Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	63
1.2	Like moglegheiter, rettar og plikter for innvandrarak og barna deira til å delta og bidra i arbeids- og samfunnsliv	14	Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	64
1.3	Likestilling mellom kvinner og menn i familie-, arbeids- og samfunnsliv	15	Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	66
1.4	Eit ikkje-diskriminerande samfunn for alle uavhengig av m.a. kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne og etnisitet	16	Kap. 823 Kontaktutvalet mellom innvandrarak og myndigheitene ...	67
1.5	Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom	17	Kap. 3823 Kontaktutvalet mellom innvandrarak og myndigheitene ...	67
1.6	Eit barnevern som gir barn og ungdom omsorg og vern slik at dei meistarar liva sine og utviklar evnene sine	18	<i>Programkategori 11.10</i> <i>Tiltak for familie, likestilling og ikkje-diskriminering</i>	68
1.7	Ei sterk stilling for forbrukarane ..	20	Kap. 840 Krisetiltak	94
1.8	Eit etisk og miljøforsvarleg forbruk	20	Kap. 841 Samliv og konfliktløysing	95
2	Oversikt over budsjettforslaget for BLD	22	Kap. 842 Familievern	96
2.1	Forslag til utgifter og inntekter fordelt på kapittel og post-grupper	22	Kap. 3842 Familievern	97
2.2	Postar med stikkordet kan overførast	25	Kap. 843 Likestillings- og diskrimineringsnemnda	97
2.3	Meirinntektsfullmakter	26	Kap. 844 Kontantstøtte	98
Del II	Nærmare om budsjettforslaget	27	Kap. 845 Barnetrygd	99
3	Nærmare om budsjettforslaget	29	Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	101
Programområde 11		29	Kap. 3846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	102
<i>Programkategori 11.00 Administrasjon</i>		29	Kap. 847 Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne	102
Kap. 800 Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet		33	Kap. 849 Likestillings- og diskrimineringsombodet	103
Kap. 3800 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet		33	<i>Programkategori 11.20</i> <i>Tiltak for barn og unge</i>	107
<i>Programkategori 11.05</i> <i>Integrering og mangfald</i>		34	Kap. 850 Barneombodet	129
Kap. 820 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet		54	Kap. 852 Adopsjonsstønad	132
			Kap. 853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	133
			Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet	134
			Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet	136
			Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet	136
			Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet	137

Kap. 856	Barnevernets omsorgssenter for einsleige mindreårige asylsøkjjarar	138	4.9	Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	182
Kap. 857	Barne- og ungdomstiltak	139	4.10	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	183
Kap. 858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	141	4.11	Forbrukarombodet	183
Kap. 3858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	142	4.12	Barneombodet	183
Kap. 859	EUs ungdomsprogram	143	4.13	Likestillings- og diskrimineringsombodet	183
Kap. 3859	EUs ungdomsprogram	143	4.14	Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet	184
<i>Programkategori 11.30</i>			4.15	Andre kommentarar til omtalen ...	184
<i>Forbrukarpolitikken</i>	144		5	Forskning og utvikling	185
Kap. 860	Forbrukarrådet	156	6	Internasjonalt arbeid	187
Kap. 862	Positiv miljømerking	157	6.1	Innleiing	187
Kap. 865	Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid	157	6.2	Samarbeid i ulike institusjonar	187
Kap. 866	Statens institutt for forbruksforskning	158	7	Omtale av miljøprofilen i budsjettet	195
Kap. 867	Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet	159	7.1	Forbrukarområdet	195
Kap. 3867	Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet	160	7.2	Barn og unge	196
Kap. 868	Forbrukarombodet	160	8	Mål for inkludering av innvandrarbefolkninga	197
Kap. 3868	Forbrukarombodet	164	8.1	Forord	197
Programområde 28	165		8.2	Samla oversikt over måla og dei ansvarlege departementa	198
<i>Programkategori 28.50</i>			8.3	Arbeid og velferd	199
<i>Stønad ved fødsel og adopsjon</i>	165		8.4	Staten som arbeidsgivar	204
Kap. 2530	Foreldrepenigar	169	8.5	Utdanning og oppvekst	205
Del III Omtale av særlege tema	171		8.6	Språk og barnevern	212
4 Likestilling i budsjettet og oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene	173		8.7	Helse og omsorg	215
4.1	Barne- og ungdomstiltak	174	8.8	Politi, kriminalomsorg og rettsvesen	216
4.2	Barnevernet	174	8.9	Bustad og val	218
4.3	Likestilling i innvandrarbefolkninga	174	8.10	Kultur og media	220
4.4	Forbrukarinformasjon og -kunnskap	175	9	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemdar	222
4.5	Betalingsproblem/gjeld	176	9.1	Likestillings- og diskrimineringsombodet	222
4.6	Status i departementet og tilknytte verksemdar	176	9.2	Forbrukarrådet	226
4.7	Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	180	9.3	Statens institutt for forbruksforskning	230
4.8	Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat)	181		Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2012, kapitla 800–868, 2530, 3821, 3822, 3842, 3846, 3855, 3856, 3858, 3859	236

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Gjennomsnittleg ventetid på busetjing frå mottak i månader .	36	Tabell 4.3	Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, ungdoms- og familie-etaten for 2010	177
Tabell 3.2	Busette flyktningar i kommunane og familiesameinte med desse .	37	Tabell 4.4	Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, ungdoms- og familie-etaten for 2010	177
Tabell 3.3	Rettt og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap	38	Tabell 4.5	Tilstandsrapportering (kjønn) for Inkluderings- og mangfalds-direktoratet inkludert Kontakt-utvalet mellom innvandrarbe-folkninga og myndigheitene for 2010	178
Tabell 3.4	Prøveresultat Norskprøve 2 og 3	38	Tabell 4.6	Tilstandsrapportering (kjønn) for Inkluderings- og mangfalds-direktoratet inkludert Kontakt-utvalet mellom innvandrarbe-folkninga og myndigheitene for 2010	178
Tabell 3.5	Satsar for integreringstilskotet ..	57	Tabell 4.7	Tilstandsrapportering (kjønn) for Fylkesnemndene for barne-vern og sosiale saker for 2010 ...	178
Tabell 3.6	Tilskot til nasjonale ressursmiljø	61	Tabell 4.8	Tilstandsrapportering (kjønn) for Fylkesnemndene for barne-vern og sosiale saker for 2010 ...	178
Tabell 3.7	Satsar for persontilskotet	65	Tabell 4.9	Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukarombodet i 2010	179
Tabell 3.8	Talet på bidragspliktige og bidragsmottakarar med offentleg fastsett bidrag fordelt på kjønn 2002, 2004, 2006, 2008, 2009 og 2010*	71	Tabell 4.10	Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukarombodet i 2010	179
Tabell 3.9	Barn i kontantstøttealder og barn med kontantstøtte	73	Tabell 4.11	Tilstandsrapportering (kjønn) for Barneombodet for 2010	179
Tabell 3.10	Mottakarar av barnetrygd etter kjønn. Gjennomsnittstal for 2006, 2008, og 2010	73	Tabell 4.12	Tilstandsrapportering (kjønn) for Barneombodet for 2010	179
Tabell 3.11	Årsverk i familievernet	76	Tabell 4.13	Tilstandsrapportering (kjønn) for Likestillings- og diskrimine-ringsombodet for 2010	180
Tabell 3.12	Krisesentra. Talet på tilsette fordelt på kvinner og menn i perioden 2006–2010. I tillegg kjem tilsette som arbeider kun i tilbodet for menn	83	Tabell 4.14	Tilstandsrapportering (kjønn) for Likestillings- og diskrimine-ringsombodet for 2010	180
Tabell 3.13	Aktiviteten ved krisesentra 2006–2010	83	Tabell 4.15	Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukartvistutvalet for 2010 ...	180
Tabell 3.14	Incestsentra. Talet på brukarar og tilsette fordelt på kvinner og menn i perioden 2006–2010	83	Tabell 4.16	Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukartvistutvalet for 2010 ...	180
Tabell 3.15	Talet på barn med rett til stønad. 2010. Prognosar for 2011 og 2012	99	Tabell 8.1	Arbeidsløyse, sysselsetjing og tiltaksdeltaking i innvandrbe-folkninga. Prosent	200
Tabell 3.16	Forslag til satsar for kontantstøtte fram til 31. juli 2012 (kroner)	99	Tabell 8.2	Tilsette med bakgrunn frå land-gruppe 2 i statsadministrasjonen. Prosent	204
Tabell 3.17	Forslag til satsar for kontant-støtte for eittåringar frå 1. august 2012 (kroner)	99	Tabell 8.3	Departementsområda med høgast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2, 4. kvartal 2009 og 4. kvartal 2010. Prosent	204
Tabell 3.18	Forslag til satsar for barnetrygd frå 2012 (i kroner)	100			
Tabell 3.19	Talet på barn med rett til barne-trygd i 2010. Prognosar for 2011 og 2012	100			
Tabell 3.20	Talet på stønadmottakarar i 2010. Prognosar for 2011 og 2012	100			
Tabell 3.21	Fødselar og bruk av foreldre-engeordninga i 2009 og 2010 ...	166			
Tabell 4.1	Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet for 2010 .	176			
Tabell 4.2	Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet for 2010 .	177			

Tabell 8.4	Departementsområda med høgast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2 (menn), 1. oktober 2010. Prosent	205	Tabell 8.17	Studentar med innvandrarbakgrunn under utdanning for å bli barnevernspedagog, 4. kvartal 2010. Absolutte tal	214
Tabell 8.5	Departementsområda med høgast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2 (kvinner), 1. oktober 2010. Prosent	205	Tabell 8.18	Tilsette i institusjonar innan barne- og ungdomsvern* etter innvandrarbakgrunn og kjønn, 4. kvartal 2009 og 4. kvartal 2010. Absolutte tal	214
Tabell 8.6	Departementsområda med lågast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2, 4. kvartal 2009 og 4. kvartal 2010. Prosent	205	Tabell 8.19	Dødsrate 2001–2006, etter fødeland, 25–64 år	215
Tabell 8.7	Tilsette med innvandrarbakgrunn i statsforvaltninga* og i heileigde statlege føretak. Prosent	205	Tabell 8.20	Tilsette i politi- og påtalemakta med innvandrarbakgrunn. Prosent og absolutte tal	216
Tabell 8.8	Delen minoritetsspråklege barn i barnehage og delen barn i barnehage av befolkninga totalt 2008–2010. Prosent	206	Tabell 8.21	Tilsette i retts- og fengselsvesenet med innvandrarbakgrunn. Prosent og absolutte tal .	217
Tabell 8.9	Førskolelærarar med innvandrarbakgrunn som arbeider i barnehage fordelte på kjønn, 2008–2010. Absolutte tal og prosent	207	Tabell 8.22	Søkjarar med minoritetsbakgrunn til bachelorutdanninga ved Politihøgskolen. Absolutte tal	217
Tabell 8.10	Elevlar som får særskild norskopplæring i grunnskolen. Absolutte tal og prosent	207	Tabell 8.23	Personar som mottok statleg bustøtte og del av mottakarane som har innvandrarbakgrunn, 2006-2010	218
Tabell 8.11	Delen elevlar som får særskild norskopplæring av elevane med innvandrarbakgrunn. Prosent ...	208	Tabell 8.24	Bustadlaus etter fødeland, 1996, 2003, 2005 og 2008	219
Tabell 8.12	Direkte overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring. Delen av innvandrarar, norskfødde med innvandrarforeldre og heile elevgruppa. Prosent	210	Tabell 8.25	Arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn i kultur- og medie-sektoren, 2010. Absolutte tal og prosent	221
Tabell 8.13	Delen som avslutta grunnskolen våren 2000, 2002, 2004 og 2005, og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Prosent	210	Tabell 9.1	Utgifter og inntekter etter art	222
Tabell 8.14	Gjennomsnittleg del innvandrarar som har fullført og bestått vidaregåande opplæring i alderen 20–30 år, og som kom til Noreg da dei var 13 og 16 år. Prosent ..	211	Tabell 9.2	Inntekter etter inntektskjelde	224
Tabell 8.15	Delen med innvandrarbakgrunn av dei som går på utdanningar som fører til lærarkompetanse, og kva kjønn dei har. Prosent	212	Tabell 9.3	Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til	225
Tabell 8.16	Delen med innvandrarbakgrunn blant undervisningspersonalet i kommunale grunnskolar og fylkeskommunal vidaregåande opplæring. Prosent	212	Tabell 9.4	Utgifter og inntekter etter art	226
			Tabell 9.5	Inntekter etter inntektskjelde	228
			Tabell 9.6	Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til	229
			Tabell 9.7	Utgifter og inntekter etter art	230
			Tabell 9.8	Inntekter etter inntektskjelde	232
			Tabell 9.9	Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til	233

Figuroversikt

Figur 3.1	Talet på opphaldsdagar 2008-2010	116	Figur 8.6	Fordelinga av elevane på tre meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i rekning på 5. trinn etter innvandrabakgrunn i 2009 og 2010. Prosent	209
Figur 3.2	Meldingar 2004–2010	123	Figur 8.7	Fordelinga av elevane på fem meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i lesing på 8. trinn etter innvandrabakgrunn i 2009 og 2010. Prosent	209
Figur 3.3	Undersøkingar 2004–2010	124	Figur 8.8	Fordelinga av elevane på fem meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i rekning på 8. trinn etter innvandrabakgrunn i 2009 og 2010. Prosent	209
Figur 8.1	Personar med vedvarande låginntekt (OECD-definisjon). Prosent	201	Figur 8.9	Innvandrarar 16 år og eldre som har gått opp til og bestått avsluttande prøve i norsk fem år etter at dei kom til landet. Prosent	213
Figur 8.2	Personar med vedvarande låginntekt (EU-definisjon). Prosent	202			
Figur 8.3	Barn under 18 år som lever i husstandar med vedvarande låginntekt (OECD-definisjon). Prosent	203			
Figur 8.4	Barn under 18 år som lever i husstandar med vedvarande låginntekt (EU-definisjon). Prosent	203			
Figur 8.5	Fordelinga av elevane på tre meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i lesing på 5. trinn etter innvandrabakgrunn i 2009 og 2010. Prosent	208			



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

2011–2012

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2012

Utgiftskapittel: 800–868, 2530

Inntektskapittel: 3821, 3822, 3842, 3846, 3855, 3856, 3858, 3859

*Tilråding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 16. september 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiande del

1 Hovudmål og politiske prioriteringar

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) har eit overordna sektoransvar for familie og samliv, kjønnslikestilling, ikkje-diskriminering, barn og unges oppvekst og levekår, forbrukarinteresser og integrering og inkludering av innvandrarar.

Alle som bur i Noreg, skal ha dei same pliktene, rettane og moglegheitene til å bidra og delta i fellesskapet. Politikken til regjeringa er tufta på likeverd, solidaritet og rettferd. Terroråttaket 22. juli 2011 var eit åtak på desse verdiane.

Ein heilskapleg og langsiktig politikk skal bidra til ei stabil og berekraftig samfunnsutvikling. Han skal også bidra til at samfunnet kan møte ein meir internasjonal arbeidsmarknad og auka migrasjon.

For å hindre at det utviklar seg eit klasseslett samfunn der innvandrarar og barna deira har dårlegare levekår enn andre, vil regjeringa arbeide for like moglegheiter og deltaking for alle.

Målet for regjeringas politikk på barne- og ungdomsområdet er å sikre alle barn og unge likeverdige tilbod og å leggje til rette for at alle barn og unge har like gode moglegheiter til å utvikle seg, utan omsyn til foreldra sin bakgrunn og livssituasjon og kvar i landet dei bur.

Der familien ikkje strekk til, har samfunnet ei plikt til å sikre barn og unge gode omsorgstilbod og oppvekstvilkår. Det er eit viktig mål for regjeringa at barnevernet over heile landet skal kunne gi rett hjelp til utsette barn og unge tidleg. Barn og unges rettar, slik dei kjem til uttrykk i FN's konvensjon om barnerettane, skal liggje til grunn for utforminga av politikken på området.

Regjeringa skal arbeide for full likestilling mellom kvinner og menn, eit likestilt foreldreskap og gode vilkår for barnefamiliane. Det er viktig å hindre diskriminering på grunnlag av mellom anna kjønn, seksuell orientering, etnisitet og funksjonsevne. Vald og overgrep i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem, og BLD arbeider både for å førebyggje valden og for å sikre gode tilbod til personar som er utsette for vald.

I forbrukarpolitikken vil regjeringa sikre forbrukarane ei sterk stilling og gjere det enklare for

forbrukarane å ta etiske og miljøvennlege val, og slik medverke til eit meir etisk og miljøforsvarleg forbruk.

Politikken skal bidra til tillit til institusjonar i samfunnet og innbyggjarar imellom. Slik tillit er viktig for å støtte opp under ordningar i velferdssamfunnet og styrkje fellesskap og samhald. Alle innbyggjarar i Noreg skal ha like moglegheiter til å engasjere seg og frivillige organisasjonar er viktige aktørar i eit demokratisk og inkluderande samfunn.

Forslaget til statsbudsjett for 2012 for BLD omfattar programområde 11 Barn, likestilling og inkludering og programområde 28 Foreldrepen- gar.

BLD har desse hovudmåla for politikkområda sine:

1. God og open forvaltning
2. Like moglegheiter, rettar og plikter for innvandrarar og barna deira til å delta og bidra i arbeids- og samfunnsliv
3. Likestilling mellom kvinner og menn i familie-, arbeids- og samfunnsliv
4. Eit ikkje-diskriminerande samfunn for alle uavhengig av mellom anna kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne og etnisitet
5. Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom
6. Eit barnevern som gir barn og unge omsorg og vern slik at dei meistrar liva sine og utviklar evnene sine
7. Ei sterk stilling for forbrukarane
8. Eit etisk og miljøforsvarleg forbruk

1.1 God og open forvaltning

Departementet vil sikre ei kvalitetsmedviten, effektiv og open forvaltning gjennom effektiv styring, organisering og drift av sektoren.

Gode etatar er viktige for å nå måla for sektoren. Departementet vil føre vidare arbeidet med å få til ei god mål- og resultatstyring av verksem- dene.

1.2 Like moglegheiter, rettar og plikter for innvandrarak og barna deira til å delta og bidra i arbeids- og samfunnsliv

Innvandrarak er omfatta av dei rettane og pliktene som gjeld for alle. I tillegg kjem særskilde rettar og plikter for nykomne innvandrarak. Desse er godt grunngitte og avgrensa til den første tida i Noreg, men er nødvendige for å få til god integrering. Introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap er sentrale tiltak retta mot nykomne innvandrarak.

Etter ein periode med open arbeidsinnvandring fram til 1975 har innvandringa til Noreg frå land utanfor Norden i hovudsak vore humanitær, det vil seie flyktninginnvandring og familieinnvandring. Ei endring kom med EØS-utvidinga i 2004, og i 2006 blei arbeid på nytt den viktigaste innvandringsårsaka med den store auken av arbeidsinnvandrarak frå dei nye medlemslanda i Sentral- og Aust-Europa.

Høg sysselsetjing og verdiskaping dannar grunnlaget for utvikling av velferdssamfunnet. Arbeid gir den enkelte økonomisk sjølvstende, motverker fattigdom, jamnar ut sosiale skilnader og fremmer likestilling mellom kvinner og menn. Arbeidsplassen er ein viktig møteplass. Regjeringa ønskjer å sikre betre bruk av den ressursen innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre representerer, og å leggje til rette for at næringslivet tek denne ressursen i bruk.

BLD har eit overordna ansvar for samordning av politikken og tiltak på feltet og for å sikre samanheng mellom integrerings- og inkluderingspolitikken og andre politikkområde. Departementet skal sørge for at politikken på integrerings- og inkluderingsområdet blir sett i verk. Kommunane spelar her ei vesentleg rolle. Departementet har òg eit sektoransvar for mellom anna forvaltning av introduksjonslova og statsborgarlova.

Den enkelte fagstyresmakta har ansvar for tenestetilbodet til alle som bur i Noreg. I tråd med dette skal dei enkelte fagstyresmaktene følge opp og vurdere situasjonen også for personar med innvandrarakbakgrunn på sine ansvarsområde.

Regjeringas *Mål for inkludering av innvandrarakbefolkninga* skal bidra til å måle effektar av inkluderingspolitikken over tid på dei ulike samfunnsområda og vere eit grunnlag for å vurdere resultatane av det arbeidet styresmaktene gjer. Sjå Del III for rapporteringa på måla.

Delen personar med innvandrarakbakgrunn i Noreg har auka frå 1,5 prosent i 1970 til 12,2 pro-

sent i 2011. 40 prosent har kortare butid i Noreg enn fire år. Per i dag bur det om lag 600 000 personar i Noreg som anten har innvandra sjølve, eller som er fødde i Noreg av to innvandrarakforeldre. Av desse har om lag 500 000 innvandra til Noreg sjølve, medan om lag 100 000 er fødde her i landet. Det bur innvandrarak og norskfødde med innvandrarakbakgrunn i alle kommunane i Noreg. Størst del er det i Oslo med 170 000 personar, tilsvarende 28 prosent av befolkninga.

Langt dei fleste innvandrarakane i Noreg er aktive deltakarar i arbeidsliv og i utdanning, er økonomisk sjølvstendige, snakkar norsk og deltek og bidreg på ulike arenaer i samfunnet. På viktige område er det likevel systematiske skilnader mellom befolkninga generelt og eit mindretal av innvandrarakane. Dette gjeld område som arbeid, utdanning, helse og deltaking i val. På fleire av desse områda er skilnadene langt mindre for norskfødde med innvandrarakforeldre.

SSB gjennomfører årleg ei undersøking om haldningar til innvandrarak og innvandring. Undersøkinga i 2010 viser mellom anna at den delen som er heilt eller nokså einig i at *Innvandrarak flest gjer ein nyttig innsats i norsk arbeidsliv* har auka. Samstundes er det fleire enn tidlegare som meiner at innvandrarak bør prøve å bli så like nordmenn som mogleg.

Velferds- og migrasjonsutvalet, under leiing av professor Grete Brochmann, leverte utgreiinga si, NOU 2011:7 *Velferd og migrasjon*, 10. mai 2011. Utvalet drøftar elementa i den norske velferdsmodellen som påverkar og blir påverka av aukande migrasjon, og gir ei vurdering av berekrafta i velferdsstaten i lys av føresetnader for framtidig migrasjon. Innstillinga til utvalet inneheld hovudområda migrasjonspolitik, velferdspolitik og arbeidslivs- og integreringspolitik. Forslaga spenner over fleire departement sine ansvarsområde. Storparten av forslaga til utvalet ligg innanfor arbeidslivs- og integreringspolitik. Utvalet legg stor vekt på aktivisering i velferdsyttingane og arbeidsretting innanfor kvalifisering av innvandrarak som nett har innvandra. Utgreiinga er sendt på ei brei høyring.

Inkluderingsutvalet, under leiing av rådmann Osmund Kaldheim, leverte innstillinga si 14. juni 2011. Utvalet drøftar korleis integreringa utviklar seg på følgjande område: levekår i innvandrarakbefolkninga, bruk av kompetanse innvandrarak har med seg, vaksenopplæring og grunnleggjande kvalifisering, arbeid og sysselsetjing, utdanning, demokrati og deltaking, fellesskap og konsentrasjon av innvandrarak i byområde. Utvalet har gått gjennom kunnskap på dei ulike områda og drive

eit omfattande arbeid med dialog for å få synspunkt frå ulike grupper i befolkninga. Utvalet gir råd om ein heilskapleg strategi der ein legg vekt på konkrete resultat. Dei viktigaste tilrådingane er ein strategi for auka sysselsetjing, ein strategi for heilskapleg innsats når det gjeld utdanning, ei gjennomarbeiding av heile vaksenopplæringa, rett til godkjenning av kompetanse ein har med seg, og ein forsterka innsats på område med store utfordringar når det gjeld levekår. Utgreiinga er send på ei brei høyring.

Departementet arbeider med ei stortingsmelding om integrerings- og inkluderingspolitikken som skal fremmast i 2012. Meldinga vil mellom anna ta utgangspunkt i innstillingane til Velferds- og migrasjonsutvalet og Inkluderingsutvalet og drøfte fleire av problemstillingane og tiltaka som er fremma der.

1.3 Likestilling mellom kvinner og menn i familie-, arbeids- og samfunnsliv

Regjeringa fører ein politikk som byggjer på likeverd og likestilling mellom kvinner og menn. Regjeringas mål er å leggje til rette for at kvinner og menn skal ha like moglegheiter i arbeidslivet. Likelønn og utjamning av lønnskilnader er viktige mål for inntektspolitikken. Kvinner og menn skal kunne dele ansvar og omsorg for barna i familien på like fot.

Ein målretta likestillingspolitikk er òg god økonomisk politikk. Høg yrkesdeltaking blant begge kjønn bidreg vesentleg til utvikling av velferdsstaten. Den gode økonomiske utviklinga i Noreg er mellom anna eit resultat av målretta satsing på ordningar som gjer det mogleg for både menn og kvinner å kombinere yrkesliv og familieliv og oppretthalde tilknytninga til arbeidslivet i småbarnsfasen. Likestillingspolitikken må vere i forkant og i stadig utvikling for å prege utviklinga i samfunnet, og politikken må vere basert på solid kunnskap. Makt og ressursar er framleis skeivt fordelte mellom kjønna. Det er eit satsingsområde for regjeringa å styrkje kunnskapen om norsk likestillingspolitikk og om dei utfordringane vi står overfor på dette feltet.

Regjeringa la i 2010 fram ei stortingsmelding som handlar om likelønn og kvinners stilling på arbeidsmarknaden jf. Meld. St. 6(2010-2011) *Likestilling for likelønn*. Meldinga drøftar årsakene til lønnskilnadene mellom kvinner og menn og viser korleis familie- og likestillingspolitikken kan bidra til å minske lønnsgapet.

For å nå målet om at kvinner og menn skal ha like moglegheiter i arbeidslivet, er det nødvendig å sjå familie-, likestillings- og arbeidslivspolitikken i samanheng. Noreg har ei rekkje ordningar for familien som har til formål å styrkje fedrane si omsorgsrolle og kvinnene si deltaking i yrkeslivet og gjere det mogleg for begge foreldra å halde ved lag tilknytninga til arbeidslivet i småbarnsfasen. Gode barnehagar for alle er eit viktig verkemiddel.

Kontantstøtta kan bidra til at kvinner trekkjer seg ut av arbeidslivet for ein periode, og at barn ikkje kjem i barnehage. Dette kan vere uheldig, mellom anna for barn og kvinner si integrering og barn si språkutvikling. Fleire offentlege utval (mellom anna NOU 2011:7 *Velferd og migrasjon* og NOU 2011:14 *Bedre integrering*) har anbefalt at kontantstøtta blir fasa ut. Det er innført rett til barnehageplass ved at barn som fyller eitt år innan utgangen av august månad, har rett til barnehageplass frå august same året. Alle barn vil ha fått rett til barnehageplass innan dei fyller to år. Regjeringa føreslår på denne bakgrunnen å avvikle kontantstøtta for toåringar.

Regjeringa vil behalde kontantstøtta for eittåringane. Regjeringa vil òg styrkje ordninga for dei yngste barna fordi ein vurderer at behovet for kontantstøtte er størst for denne gruppa. For dei yngste eittåringane kan kontantstøtta fungere som ei overgangsordning for tida mellom foreldrepengeperioden og oppstart i barnehage. Heil kontantstøtte utgjer i dag 3 303 kroner per månad. Regjeringa vil styrkje kontantstøtta for barn i alderen 13–18 månader ved å auke kontantstøttesatsen til 5 000 kroner per månad. For barn i alderen 19–23 månader føreslår ein å behalde dagens sats på 3 303 kroner per månad.

Regjeringa føreslår å forenkle satsane for barn med deltidsopphald i barnehage ved at det berre skal vere to satsar for kontantstøtte; heil og halv sats. Dersom barnet ikkje har plass i barnehage, blir det gitt full kontantstøtte. Dersom barnet har ei avtalt opphaldstid i barnehage på inntil 20 timer i veka, blir det utbetalt 50 prosent kontantstøtte. Sjå nærmare omtale under programkategori 11.10.

Når kontantstøtta blir avvikla for toåringane, vil etterspurnaden etter barnehageplassar auke. Kommunane vil få kompensert for forventna auke i kostnadane til barnehagesektoren.

Foreldre og kommunar må få tid til å innrette seg etter endringane. BLD føreslår derfor at endringane trer i kraft 1. august 2012, og vil fremme ein proposisjon for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringar.

Ei god og fleksibel foreldrepengeordning er viktig. Regjeringa har dei siste åra gjort fleire endringar i foreldrepengeordninga som gjer rettane til fedrar betre og legg til rette for auka fedreuttak. Samstundes har ein òg auka den totale stønadsperioden for foreldrepengear. Departementet vil, i samråd med Arbeids- og velferdsetaten, arbeide for god informasjon til fedrar om rettane deira, søknadsfristar mv.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval, Likestillingsutvalet, som har fått i mandat å greie ut norsk likestillingspolitikk med utgangspunkt i livsløp, etnisitet og klasse. Målet med utgreiinga er å leggje grunnlaget for ein heilskapleg og kunnskapsbasert likestillingspolitikk for framtida. Utvalet skal levere utgreiinga si til BLD innan 1. august 2012. Ei delutgreiing om likestillingsapparatet skal liggje føre seinhaustes 2011.

For å tydeleggjere politikken på likestillingsfeltet legg regjeringa fram ein handlingsplan for kjønnslikestilling, *Likestilling 2014*. Planen skal gjelde for perioden 2011–2014. Handlingsplanen skal mellom anna stimulere til integrering av eit likestillingsperspektiv i all offentleg politikk.

Familievernkontora har som ei sentral målsetjing å styrkje parforholda og førebyggje samlivsbrot. Tidleg hjelp kan minske pågangen i helsetenestene, barnevernet, rettsstellet og NAV. Vidare er det ei viktig målsetjing at foreldre med eit høgt konfliktnivå får hjelp til å samarbeide om barna, både før og etter samlivsbrot. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å sikre eit likeverdig tenestetilbod til brukarane, høg kvalitet på det faglege arbeidet og effektiv ressursutnytting.

Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova), jf. Ot.prp. nr. 96 (2008–2009), blei sett i kraft 1. januar 2010. Krisesenterlova inneber at kommunane har plikt til å sikre at personar som er utsette for vald eller trugsmål om vald i nære relasjonar, får vern, hjelp og oppfølging. Frå 2011 blei statstilskotet til krisesentertilbodet lagt inn i rammetilskotet til kommunane. Det blei i tillegg tildelt 15 mill. kroner som eit ekstra tilskot til kommunar med ekstra store omstillingsutfordringar som følgje av ny finansieringsordning. I samband med budsjetthandsaminga blei det understreka at dette var ei eittårig overgangsordning. Løysinga skulle gi dei aktuelle kommunane tilstrekkeleg tid til å tilpasse seg den nye ordninga.

Regjeringa har vedteke å feire 100-årsjubileet for at Stortinget 11. juni 1913 vedtok å innføre allmenn røysterett (kvinnestemmeretten). Dei sentrale fellesverdiane demokratiet vårt byggjer på, som stemmerett, likestilling, deltaking og representasjon, skal danne ramma rundt feiringa.

1.4 Eit ikkje-diskriminerande samfunn for alle uavhengig av m.a. kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne og etnisitet

Regjeringa vil føre vidare arbeidet for eit samfunn med likestilling og fråvær av diskriminering for alle. Diskriminering er eit brot på menneskerettane som råkar både den enkelte og heile samfunnet. Likestilling vil seie at alle skal ha like rettar, plikter og moglegheiter på alle område i livet, uavhengig av mellom anna kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering og funksjonsevne. BLD har ei pådrivar- og rettleiingsrolle for å fremme likestilling og hindre diskriminering på ulike grunnlag overfor andre departement.

BLD arbeider med ei heilt ny lov som skal gi eit generelt vern mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Det er òg viktig å sikre at aktivitets- og rapporteringspliktene i likestillingslova, diskrimineringslova og diskriminerings- og tilgjengelova blir følgde opp av aktørane som er omfatta av pliktene.

Innsatsen for å sikre rettane til lesbiske homofile, bifile og transpersonar (lhbt) og støtte dei i å leve ope og aktivt motarbeide diskriminering blir ført vidare i 2012. Regjeringa sin *Handlingsplan for betre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (2009–2012)* er det viktigaste grunnlaget for innsatsen i perioden.

For å støtte dei ulike sektorane i deira arbeid for lhbt-personar blei det i 2011 oppretta eit nasjonalt lhbt-ressursenter. Målet er at senteret skal bli eit slagkraftig fagmiljø til nytte både for ulike fagstyresmakter, for kommunar og for lhbt-organisasjonane. For å styrkje dette arbeidet ytterligare føreslår regjeringa ein auke i løyvinga til lhbt-senteret med 2 mill. kroner i 2012.

Departementet føreslår òg å auke løyvinga til Likestillings- og diskrimineringsnemnda med 1 mill. kroner til arbeidet med å handheve reglar om diskriminering.

Innsatsen for å fremme likestilling og hindre diskriminering, særleg retta mot samar, nasjonale minoritetar og innvandrarar og barna deira, blir ført vidare i 2012. Regjeringa sin *Handlingsplan for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering (2009–2012)* er det viktigaste verkemiddelet på dette feltet i perioden. BLD koordinerer arbeidet med å følgje opp planen og samarbeider med hovudorganisasjonane i arbeidslivet om felles tiltak for å hindre diskriminering i arbeidslivet.

Det er eit mål å fremme deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne. Regjeringa sin visjon er at Noreg skal vere univer-

selt utforma innan 2025. Eit viktig verkemiddel på området er oppfølging av *Handlingsplanen for universell utforming og auka tilgjenge* (2009–2013), som skal støtte opp under implementeringa av diskriminerings- og tilgjengelova, ny plan- og bygningslov og anna ny lovgiving som handlar om universell utforming mellom anna på områda utdanning, transport og IKT.

Regjeringa vil følgje opp informasjons- og utviklingsprogrammet om politikken for utviklingshemma (2010–2013) og gjennomgåinga av strategiplanen for familiar med barn som har nedsett funksjonsevne. Arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne i alle aldersgrupper må sjåast i samanheng med andre diskrimineringsgrunnlag som kjønn, seksuell legning og etnisk bakgrunn.

Regjeringa vil gjennom ein eigen strategi leggje til rette for at personar med nedsett funksjonsevne kjem i arbeid. Hovudmålgruppa er personar under 30 år, med nedsett funksjonsevne, som har behov for arbeidsretta hjelp for å kome i jobb. Ei nærmare omtale av *Jobbstrategi for personer med nedsatt funksjonsevne* er gitt i særskilt vedlegg til Prop. 1 S (2011–2012) for Arbeidsdepartementet.

1.5 Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom

Måla for barne- og ungdomspolitikken skal ha utgangspunktet sitt i likeverd, respekt for mangfald og ulikskap, solidaritet og medansvar for fellesskapet og omsyn til menneskeverdet. Det er særskilt viktig å leggje til rette for aktiv medverknad frå barn og unge tidleg, slik at vi òg for framtida sikrar eit kritisk, levande demokrati. Målretta innsats og gode fellesskapsløysingar er avgjerande for utvikling av eit godt og inkluderande oppvekstmiljø.

BLD har eit ansvar for samordninga av den statlege politikken på barne- og ungdomsområdet. Samarbeidet mellom ulike departement om ein gjennomgåande politikk for barn og unge vil bli ført vidare. Dette skjer mellom anna gjennom samarbeid om handlingsplanar, felles strategiar, forsøks- og utviklingsarbeid og konferansar.

Arbeidet med å følgje opp FN's konvensjon om barnerettane og tilrådingane frå FN's barnekomité vil halde fram i 2012. Departementet legg vekt på å følgje dette opp i dialog med dei frivillige organisasjonane.

BLD ser det som viktig at barn og unge blir sikra høve til deltaking og innverknad, både i samfunnet og i eigne liv. Departementet vil i 2012 vurdere forslag frå eit offentleg utval som ser på unges makt og deltaking (*Ungdommens maktutredning*). Utvalet, som blei sett ned hausten 2010, skal ha eit breitt perspektiv på arbeidet og greie ut høve og barrierar for makt og deltaking for ulike grupper. Det skal vurdere ulike forslag som kan bidra til å auke unges makt og deltaking på ulike arenaer. Dessutan skal utvalet greie ut unges makt over og høve til å meistre eigen livssituasjon, forhold knytt til unges makt som forbrukarar og som brukarar av offentlege tenester. Departementet vil òg stimulere til at enda fleire kommunar arbeider for brei medverknad frå barn og unge. Departementet vil bidra til utveksling av idear og røynsler, mellom anna gjennom kåring av *Årets barne- og ungdomskommune* og ved at temaet blir diskutert på konferansar og samlingar.

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er viktige aktørar i barne- og ungdomspolitikken, og BLD støttar det lokale, nasjonale og internasjonale arbeidet til organisasjonane. Støtta er eit viktig verkemiddel for å sikre barn og unges deltaking og engasjement. Departementet foreslår å auke løyvinga til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane med 5 mill. kroner.

BLD vil bidra til at barn og unge i område med levekårsproblem kan få høve til deltaking på lik linje med andre. Tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* blir ført vidare og vil i 2011 omfatte 23 bykommunar. Ordninga er todelt, med ei særskild satsing retta mot ungdom og ei særskild satsing retta mot barn, unge og familiar som er råka av fattigdomsproblem. Gjennom fattigdomssatsinga blir det gitt stønad til ferie- og fritidstiltak og til tiltak som kan bidra til betre tilknytning til arbeidslivet for unge med lite eller mangelfull utdanning, og stønad til meir langsiktige og samordna tiltak som skal motverke utstøying av barn og unge som er råka av fattigdomsproblem.

BLD vil styrkje den særskilde innsatsen retta mot ungdom som står i fare for å falle utanfor opplæring og arbeidsliv gjennom *Losprosjektet* med 1 mill. kroner. Eit utval kommunar frå åtte fylke deltek i prosjektet. Formålet med *Losprosjektet* er å betre tilknytninga til skole og arbeid blant særleg risikoutsette unge i alderen 14–23 år. Gjennom *Losprosjektet* skal ungdom få ein kontaktperson – ein los – som skal følgje opp ungdommen og hjelpe dei med å gjere seg nytte av tilbod frå ulike hjelpetenester.

1.6 Eit barnevern som gir barn og ungdom omsorg og vern slik at dei meistarar liva sine og utviklar evnene sine

BLD har det generelle overordna ansvaret for barnevernet. Departementet har forvaltingsansvaret for barnevernlova og adopsjonslova og følgjer med på at lov og regelverk blir brukt riktig. Departementet sørgjer for at ein evaluerer erfaringar med lova og gjer nødvendige endringar. Departementet har òg ansvar for å gi retningslinjer og instruksar, setje i gang forskning og utviklingsarbeid på området, utvikle den generelle barnevernspolitikken og leggje til rette for at informasjon om barnevernet er tilgjengeleg.

I 2004 tok staten over fylkeskommunane sine oppgåver for barnevernet. Denne endringa blir no evaluert. Regjeringa vil vurdere å leggje fram ein lovproposisjon for Stortinget der endringar i ansvarstilhøva mellom stat og kommune blir vurdert på bakgrunn av evalueringa.

Regjeringas mål for barnevernet er at tenesta skal sikre alle barn og unge ein trygg og god oppvekst, anten dei veks opp med hjelp i familien eller gjennom aktiv hjelp utanfor heimen i tilfelle der foreldra ikkje maktar å gi barna nødvendig omsorg og gode nok høve til å utvikle seg. Politikken på barnevernsområdet heng saman med korleis den generelle oppvekst- og familiepolitikken blir forma, men tek først og fremst utgangspunkt i dei behova det enkelte barnet og den enkelte ungdommen har for hjelp, støtte og endring i kvardagen.

I 2010 fekk nær 50 000 barn og unge bistand frå barnevernet. Sjølv om kommunane har sette i verk førebyggjande tiltak og i betydeleg grad auka ressursbruken i barnevernet, har veksten i saksmengda overgått veksten i tal på stillingar. I tillegg viser rapportar frå fylkesmennenes tilsyn at det i mange av landets kommunar er problem med å oppfylle alle lovkrav. For å sikre at alle utsette barn og unge får riktig hjelp til riktig tid, er det viktig å rette ein innsats mot sviktområda. Den statlege finansieringa av dei kommunale barneverntenestene skjer gjennom kommunanes frie inntekter. I budsjettet for 2011 blei dei frie inntektene supplert med ei øyremerka løyving på 240 mill. kroner mellom anna for å auke talet på stillingar i det kommunale barnevernet. Dette arbeidet blir ført vidare i 2012. Regjeringa føreslår å styrkje det kommunale barnevernet med ytterlegare 50 mill. kroner. Midlane blir øyremerkte stillingar, rettleidd praksis og kompetansetiltak for å styrkje barnevernet i enkelte kommunar med særskilde

behov. Øyremerka løyvingar til kommunalt barnevern vil for 2012 utgjere vel 290 mill. kroner der 240 mill. kroner blir førte vidare frå 2011. Regjeringa legg opp til å foreslå at midlane blir vidareførte også utover 2012.

Barn som er utsette for menneskehandel, er offer for alvorleg kriminalitet. Barna dette gjeld, er i ein svært sårbar situasjon og treng særskilt vern og oppfølging. Dagens barnevernlov er ikkje direkte utforma med tanke på å kunne plassere barn som er utsette for menneskehandel. Lova tek derfor ikkje godt nok omsyn til situasjonen som desse barna er i. Det vil bli lagt fram eit forslag til nye reglar i barnevernlova om mellombels plassering av barn som er utsette for menneskehandel utan samtykkje. Departementet meiner det er nødvendig å byggje opp eit særleg tilrettelagt institusjonstilbod som tek omsyn til barnas behov for omsorg og vern mot menneskehandel. BLD vil styrkje tilbodet til desse barna med 17 mill. kroner.

Departementet sette i 2011 ned eit offentleg utval som skal greie ut det biologiske prinsippet i barnevernet, det vil seie den grunnleggjande forståinga av at barn primært skal vekse opp hos sine biologiske foreldre, og at det er viktig å kjenne sitt biologiske opphav. Prinsippet er særskilt viktig i vurderingar av om familien skal få hjelp medan barnet bur heime, eller om det er best for barnet å bu utanfor heimen for ein førebels eller varig periode. Målet er å kaste lys over vanskelege problemstillingar i barnevernet og skaffe fram eit oppdatert fagleg grunnlag til bruk for politikktutvikling. Utvalet skal leggje fram ei offentleg utgreiing 1. februar 2012.

Barnevernstenesta må løyse samansette og krevjande saker. I NOU 2009:8 *Kompetanseutvikling i barnevernet. Kvalifisering til arbeid i barnevernet gjennom praksisnær og forskningsbasert utdanning* fremma ekspertutvalet ei rekkje tilrådingar for styrkt kvalitet i utdanningane som kvalifiserer til arbeid i barnevernet. Departementet samarbeider med Kunnskapsdepartementet om å følgje opp tilrådingane frå utvalet. Departementet arbeider òg med oppfølging av utvalets tilrådingar gjennom dei øyremerkete midlane til å styrkje det kommunale barnevernet. Det er mellom anna viktig å sørgje for nødvendig rettleiing av nyttilsette i barnevernet. I 2012 vil det bli oppretta eit vidareutdanningstilbod som vil kvalifisere erfarne tilsette i barnevernet til å gi profesjonell rettleiing til nyutdanna og nyttilsette kollegaer. På landsbasis vil om lag 175 tilsette per år kunne fullføre denne utdanninga.

NOU 2009:22 *Det du gjør, gjør det helt. Om bedre samordning av tjenester for utsatte barn og unge* (Flatø-utvalet) fremma 15 tiltak som kan vere med på å styrkje samarbeidet om utsette barn og unge. Departementet vil sjå på tiltaka og eventuelt vurdere vidare oppfølging av desse i lys av den pågåande evalueringa av statleg barnevern og eventuelle endringar i dagens organisering av det statlege barnevernet.

Utvalet, som blei sett ned for å gjere ei brei undersøking av adopsjonsfeltet, la fram utgreiinga si i NOU 2009:21 *Adopsjon – til barnets beste*. Utgreiinga har vore på offentleg høyring. Departementet er i ferd med å vurdere anbefalingane frå utvalet i lys av fråsegnene frå høyringsinstansane.

BLD vil i samarbeid med andre departement styrkje innsatsen for å førebyggje og avdekkje vald og overgrep mot barn og unge, og for at dei utsette skal få god hjelp og behandling. Departementet vil mellom anna setje i verk tiltak i ny *Handlingsplan mot vald i nære relasjonar*. Handlingsplanen er òg omtalt under programkategori 11.10 Tiltak for familie, likestilling og ikkje-diskriminering.

For å styrkje den kultursensitive kompetansen i barnevernet vil departementet ta initiativ overfor utdanningsinstitusjonane for at etterutdanninga i kultursensitivt barnevern for tilsette i barnevernet skal halde fram. Ei rekkje førespurnader til departementet frå ambassadar og minoritetsgrupper viser òg at det er eit behov for informasjon og dialog om barnevernet. BLD har hatt fleire møte med ulike minoritetsmiljø og styresmaktene i andre land for å orientere om barnevernlova og korleis det norske barnevernet fungerer. BLD vil halde fram med å utvikle dette viktige arbeidet vidare.

I 2012 vil regjeringa arbeide for at barnevernet får ei aktiv rolle i oppfølginga av unge lovbrytarar. Målet til regjeringa er at ungdom ikkje skal i fengsel, både fordi det er skadeleg for dei, og fordi mange av dei som har vore fengsla, gjer seg skuldige i ny kriminalitet. I sjeldne tilfelle vil det likevel kunne vere nødvendig å fengsle mindreårige, ut frå eit ønske om å verne samfunnet.

Regjeringa har lagt fram forslag om at politiet skal ha ei plikt til å varsle barnevernstenesta i kommunen dersom det er aktuelt å krevje fengsling av ein person under 18 år. Barnevernstenesta vil da få plikt til å delta i fengslingsmøte og følgje opp ved behov.

Bergen kommune har kome med forslag om eit lågterskeltilbod for rusførebygging og behandling retta mot barn ned til 10 år og familiane deira. BLD vil i dialog med Justisdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepar-

tementet vurdere forslaga til tidleg hjelp til ungdom som rusar seg.

I september 2011 gav ei arbeidsgruppe sin rapport om korleis rammevilkåra for dei kommunale fosterheimane kan styrkjast. Arbeidsgruppa har hatt eit breitt mandat og har mellom anna kome med forslag til korleis barnevernstenesta kan følgje opp fosterforeldra på ein betre måte. BLD vil sjå på tilrådingane frå arbeidsgruppa. Innsatsen for å rekruttere fleire fosterheimar vil halde fram, og departementet og direktoratet vil styrkje arbeidet sitt med å skaffe ein fosterheim til alle barn som treng det. Departementet har bede barnevernstenestene ha eit særleg fokus på fosterbarn og utdanning, og arbeidet med å styrkje fosterbarn sine skolerresultat skal halde fram.

Departementet fekk Barnevernpanelet sin rapport i september 2011. Panelet sitt arbeid gir viktige innspel til utviklinga av barnevernet.

I 2012 ventar ein framleis ein auke i talet på opphaldsdagar i det statlege barnevernet. Samstundes er det ei vriding frå bruk av institusjon til hjelpetiltak i heimen og bruk av fosterheim. Denne vridinga, som gjerast fordi det for dei fleste barn er betre å bu i ein familie enn på institusjon, gjer at fleire barn og unge kan få eit tiltak i det statlege barnevernet utan at utgiftene aukar tilsvarende. Regjeringa foreslår å vidareføre utgiftsnivået frå RNB 2011 reelt.

Bufetat har ansvaret for omsorgssentra for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktingar under 15 år. Etaten vil i 2012 tilpasse kapasiteten i dei statlege sentra til færre einslege mindreårige asylsøkjjarar enn det ein har hatt tilbod til tidlegare. Barnevernet har hatt ansvaret for dei einslege mindreårige under 15 år sidan desember 2007, og det er viktig å få kunnskap om korleis reforma har virke. Departementet ønskjer derfor å evaluere omsorgsreforma i 2011/2012.

Statens helsetilsyn har det overordna faglege tilsynet med barnevernet i kommunane og med barnevernsinstitusjonar, senter for foreldre og barn og omsorgssenter for mindreårige. Fylkesmannen er statleg barnevernsstyresmakt på fylkesnivå. Fylkesmannen skal føre tilsyn med barnevernstenesta i den enkelte kommunen og er klageinstans for dei enkeltvedtaka barnevernstenesta gjer som ikkje høyrer inn under styringsområdet til fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Fylkesmannen fører òg tilsyn med institusjonane og er klageinstans for enkeltvedtak som blir gjorde der.

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker har avgjerdsrett i dei såkalla tvangssakene etter barnevernlova og avgjer mellom anna saker

om omsorgsovertaking. Det er avgjerande for rettstryggleiken og for eit velfungerande barnevern at fylkesnemndene har tilstrekkeleg kapasitet og arbeider effektivt. Departementet føreslår å auke løyvinga med 2,35 mill. kroner.

1.7 Ei sterk stilling for forbrukarane

Det er viktig at forbrukarane ikkje berre har god informasjon om varene og tenestene dei kjøper, men også kjenner rettane og pliktene dei har i samband med kjøpa. I tillegg er det viktig at det finst gode ordningar for å løyse konflikthar mellom kjøparar og seljarar. Lover og reglar må ta omsyn til forbrukarinteressene på ein god og balansert måte.

Samanlikna med mange andre land har Noreg sterke forbrukarrettar. Det blei også i 2010 gjennomført regelendringar som gir betre vern av forbrukarane.

Forbrukarrådet hadde i 2010 omfattande kontakt med forbrukarane gjennom telefonsamtalar, e-postar og besøk på Forbrukarportalen (*forbrukarportalen.no*). Mange nytta seg også til dømes av Finansportalen (*finansportalen.no*), som er oppretta for å gi forbrukarane betre informasjon om ulike finansielle tenester.

I Noreg er det etablert gode ordningar for handsaming av konflikthar som kan oppstå mellom kjøparar og seljarar. Handsamingstida for sakene til Forbrukartvistutvalet blei redusert i 2010, sjølv om talet på saker til handsaming var høgt og omtrent uendra.

Mange forbrukarar er godt kjende med kva rettar og plikter dei har i samband med kjøpa sine. Ei undersøking i 2011 viste at norske forbrukarar er blant dei mest opplyste i Europa, og i større grad klagar når dei meiner det er manglar ved varer eller tenester. Dei er noko mindre prisbevisste enn elles i Europa.

Det er likevel eit stort behov for informasjon og rettleiing til forbrukarane. Regjeringa vil i 2012 arbeide vidare med å leggje til rette informasjon og tenester på Internett. Mellom anna er løyvinga til Forbrukarrådet føreslått styrkt med 2 mill. kroner frå Helse- og omsorgsdepartementet for å drifte ein ny tannhelseportal. BLD vil også arbeide med forslag som kan styrkje og forbetre det utanrettslege tilbodet for handsaming av forbrukartvistar.

Det er lagt store ressursar i å greie ut og klargjere stillinga til forbrukarane på til dømes marknadene for finansielle tenester og på bustadområdet. Mange forbrukarar kjenner stor utryggleik i

marknaden for kjøp og sal av bustader. Det blir derfor arbeidd med å styrkje rettane til bustadkjøparar og å sikre desse betre informasjon. Departementet vil også vurdere tiltak som kan gi større tryggleik ved kjøp av handverkartenester. Betre informasjon på til dømes Internett om kvalifikasjonar, avtalevilkår, miljømessige og etiske standardar, kan gjere det enklare for forbrukarane å finne fram til seriøse aktørar.

Saksmengda etter gjeldsordningslova har auka dei seinaste åra. Nokre personar kan ha problem med å oppfylle krava i lova før dei kan søkje om og gjennomføre ei gjeldsordning. Betalingsproblem ser ut til å råke nye grupper, som unge vaksne. Det er også utfordringar knytt til at mange ikkje har eller vil gi oversikt over kor stor gjeld dei har når dei søker om lån eller kreditt.

Satsane for livsopphald i gjeldsordningssaker har over tid blitt auka, samtidig som det ved lønnsstrekk ikkje er utarbeidd satsar frå sentralt hald. Dette fører til store ulikskapar i kor mykje skyldnarane får behalde til eige underhald.

For å førebygge gjelds- og betalingsproblem vil departementet mellom anna arbeide vidare med betalingsproblema blant unge vaksne, innhaldet i forbrukarundervisinga og spørsmålet om det bør opprettast eit gjeldsregister. Regjeringa vil også vurdere endringar i gjeldsordningslova og om det bør utarbeidast standardiserte satsar både for dei som har gjeldsordning og dei som har lønnsstrekk.

1.8 Eit etisk og miljøforsvarleg forbruk

Regjeringa vil setje fokus på dei miljømessige og etiske utfordringane som følgjer av eit høgt forbruk. Gjennom ein aktiv forbrukarpolitikk vil regjeringa arbeide for at det samla forbruket blir meir berekraftig. Skal ein lykkast med å få til eit meir etisk og miljøforsvarleg forbruk, må det vere enkelt for forbrukarane å ta etiske og miljøforsvarlege val i kvardagen. Forbrukarane har rett til å få kjenne til om produkt til dømes er tilverka av underbetalte arbeidarar eller har skadelege konsekvensar for miljøet og helsa.

I 2010 var det ein nettoauke i talet på lisensar og registreringar knytte til miljømerket Svanen. Auken inneber at det er blitt enklare for norske forbrukarar å finne produkt som er gode for miljøet og medverkar til etisk forbruk. Ei undersøking synte at kjennskapen til miljømerket Svanen var på rundt 95 prosent, som er noko meir enn i 2009. Nettsida *eletikk.no* blei også lansert i 2010, etter at BLD støtta arbeidet som elektronikkbransjen

sjølv sette i gang for å betre informasjonen om dei etiske, sosiale og miljømessige sidene ved produksjon og resirkulering av mobiltelefonar.

Ei viktig utfordring framover er å skape grunnlag for eit forbruksmønster der forbrukarane i større grad medvite vel bort varer som har uheldige konsekvensar for mellom anna miljøet og dei som tilverkar dei. Dette føreset større grad av openheit i alle delar av produksjonskjedene. Dessutan må informasjon om konsekvensane nå fram

til og bli oppfatta av forbrukarane på ein korrekt måte.

BLD vil i 2012 medverke til å styrkje og utvikle dei offisielle miljømerka Svanen og Blomen og byggje opp under tiltak som kan gi forbrukarar tilgang på fleire varer som er tilverka under høvelege miljø- og arbeidsforhold. Departementet vil også medverke til at det i større grad skal bli teke omsyn til etikk og samfunnsansvar i offentlege innkjøp.

2 Oversikt over budsjettforslaget for BLD

2.1 Forslag til utgifter og inntekter fordelt på kapittel og postgrupper

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
Administrasjon					
800	Barne-, likestillings og inkluderings- departementet	151 043	161 042	163 477	1,5
	<i>Sum kategori 11.00</i>	<i>151 043</i>	<i>161 042</i>	<i>163 477</i>	<i>1,5</i>
Integrering og mangfold					
820	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	178 038	179 939	186 554	3,7
821	Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrara	4 102 165	4 781 244	5 118 994	7,1
822	Opplæring i norsk og samfunnskunn- skap for vaksne innvandrara	1 479 775	1 664 649	1 727 031	3,7
823	Kontaktutvalet mellom innvandrara og myndigheitene	6 192	6 312	6 441	2,0
	<i>Sum kategori 11.05</i>	<i>5 766 170</i>	<i>6 632 144</i>	<i>7 039 020</i>	<i>6,1</i>
Tiltak for familie, likestilling og ikkje-diskriminering					
840	Krisetiltak	330 853	114 000	107 237	-5,9
841	Samliv og konfliktløysing	31 469	33 476	33 179	-0,9
842	Familievern	335 039	339 730	348 026	2,4
843	Likestillings- og diskriminerings- nemnda	2 283	2 363	3 409	44,3
844	Kontantstøtte	1 401 455	1 437 000	1 223 000	-14,9
845	Barnetrygd	14 849 462	14 950 000	15 030 000	0,5
846	Forsknings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	59 239	69 556	72 338	4,0

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
847	Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne	207 908	213 613	218 310	2,2
849	Likestillings- og diskrimineringsombodet	51 128	52 713	54 347	3,1
	<i>Sum kategori 11.10</i>	<i>17 268 836</i>	<i>17 212 451</i>	<i>17 089 846</i>	<i>-0,7</i>
	Tiltak for barn og ungdom				
850	Barneombodet	14 054	12 912	13 672	5,9
852	Adopsjonsstønad	15 157	14 896	15 358	3,1
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	122 020	132 448	137 448	3,8
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	843 034	813 184	988 773	21,6
855	Statleg forvaltning av barnevernet	5 233 593	5 280 933	5 321 704	0,8
856	Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar	451 644	229 077	243 214	6,2
857	Barne- og ungdomstiltak	201 921	202 506	211 534	4,5
858	Barne-, ungdoms- og familie-direktoratet	227 107	252 569	268 570	6,3
859	EUs ungdomsprogram	10 233	7 274	7 422	2,0
	<i>Sum kategori 11.20</i>	<i>7 118 763</i>	<i>6 945 799</i>	<i>7 207 695</i>	<i>3,8</i>
	Forbrukarpolitikk				
860	Forbrukarrådet	105 449	108 760	114 131	4,9
862	Positiv miljømerking	4 677	5 822	6 002	3,1
865	Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid	15 454	13 432	13 848	3,1
866	Statens institutt for forbruksforskning	26 481	27 041	27 879	3,1
867	Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet	7 635	7 752	7 913	2,1
868	Forbrukarombodet	23 494	21 495	21 927	2,0
	<i>Sum kategori 11.30</i>	<i>183 190</i>	<i>184 302</i>	<i>191 700</i>	<i>4,0</i>
	<i>Sum programområde 11</i>	<i>30 488 002</i>	<i>31 135 738</i>	<i>31 691 738</i>	<i>1,8</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>45 301 928</i>	<i>46 218 738</i>	<i>48 156 438</i>	<i>4,2</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
01-23	Drift	6 593 064	6 522 143	6 615 787	1,4
30-49	Nybygg og anlegg	26 408	66 427	67 955	2,3
50-59	Overføringer til andre stats- reknskaper	221 837	215 914	224 607	4,0
60-69	Overføringer til kommunar	6 716 895	7 298 266	7 826 076	7,2
70-98	Overføringer til private	31 743 724	32 115 988	33 422 013	4,1
	Sum under departementet	45 301 928	46 218 738	48 156 438	4,2

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
	Administrasjon				
3800	Barne-, likestillings- og inkluderings- departementet	4 127			
	<i>Sum kategori 11.00</i>	<i>4 127</i>			
	Integrering og mangfold				
3820	Inkluderings- og mangfalds- direktoratet	5 780			
3821	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	77 670	101 334	95 224	-6,0
3822	Opplæring i norsk og samfunnskunn- skap for vaksne innvandrarar	82 872	94 320	116 614	23,6
3823	Kontaktutvalet mellom innvandrarar og myndighetene	176			
	<i>Sum kategori 11.05</i>	<i>166 498</i>	<i>195 654</i>	<i>211 838</i>	<i>8,3</i>
	Tiltak for familie, likestilling og ikkje-diskriminering				
3842	Familievern	4 664	577	595	3,1
3846	Forsknings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	436		500	
	<i>Sum kategori 11.10</i>	<i>5 100</i>	<i>577</i>	<i>1 095</i>	<i>89,8</i>
	Tiltak for barn og ungdom				
3850	Barneombodet	1 417			

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
3853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	865			
3854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	44 593			
3855	Statleg forvaltning av barnevernet	1 100 582	953 795	930 439	-2,4
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar	283 395	136 900	173 160	26,5
3858	Barne-, ungdoms- og familie- direktoratet	7 527	433	433	0,0
3859	EUs ungdomsprogram	3 778	2 300	2 300	0,0
	<i>Sum kategori 11.20</i>	<i>1 442 157</i>	<i>1 093 428</i>	<i>1 106 332</i>	<i>1,2</i>
	Forbrukarpolitikk				
3867	Sekretariatet for Forbrukartvist- utvalet og Marknadsrådet	271			
3868	Forbrukarombodet	1 987			
	<i>Sum kategori 11.30</i>	<i>2 258</i>			
	<i>Sum programområde 11</i>	<i>1 620 140</i>	<i>1 289 659</i>	<i>1 319 265</i>	<i>2,3</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>1 620 140</i>	<i>1 289 659</i>	<i>1 319 265</i>	<i>2,3</i>

2.2 Postar med stikkordet kan overførast

Under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2011	Forslag 2012
821	21	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling	2 248	49 020
821	60	Integreringstilskot	24 970	4 563 218
822	21	Spesielle driftsutgifter, opplæring i norsk og samfunnskunnskap	572	22 354
846	79	Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid	4 141	7 712
847	71	Tiltak for auka tilgjenge og universell utforming	8 242	19 583
857	60	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn	13 526	49 993
857	79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv.	4 758	33 397
859	01	Driftsutgifter	407	7 422
865	21	Spesielle driftsutgifter	1 583	9 188
865	79	Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk	1 120	4 660

2.3 Meirinntektsfullmakter

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet foreslår at departementet i 2012 kan:

overskride løyvinga på	mot tilsvarande meirinntekter under
kap. 820 post 01	kap. 3820 post 01
kap. 823 post 01	kap. 3823 post 01
kap. 842 post 01	kap. 3842 post 01
kap. 855 post 01	kap. 3855 postane 01, 02 og 60
kap. 856 post 01	kap. 3856 post 01
kap. 858 post 01	kap. 3858 post 01
kap. 859 post 01	kap. 3859 post 01
kap. 868 post 01	kap. 3868 post 01

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

3 Nærmare om budsjettforslaget

Programområde 11

Programkategori 11.00 Administrasjon

Hovudinnhald og prioriteringar

Under programkategori 11.00 Administrasjon ligg lønns- og driftsutgifter til departementet og utgifter til stillingar som departementet finansierer i Europakommisjonen.

Mål

For 2012 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål

1. God og open forvaltning

Delmål

1.1 Effektiv organisering og drift av departementet

1.2 Effektiv organisering og drift av tilknytte verksemdar

1.3 God og målretta informasjon

Resultatrapport og strategiar

Delmål 1.1: Effektiv organisering og drift av departementet

Resultatrapport 2010/2011

Departementet har sett i verk tiltak for å gi eit best mogleg samsvar mellom oppgåveprioritering, ressursallokering og bruk av den samla kompetansen i departementet.

Sidan 2010 har det blitt arbeidd med eit prosjekt (*BLD 2013*) som skal sikre at departementet når dei politiske måla gjennom god organisering og effektive arbeidsprosessar. Det inneber mellom anna vurdering av arbeids- og oppgåvedelinga mellom departement og etatar og den interne organiseringa i departementet.

Strategiar og tiltak for 2012

Prosjektet *BLD 2013* har tre vidt definerte utviklingsområde med ulike tiltak knytte til kvart av dei:

- a. utvikling og styrking av rolla som sekretariat for den politiske leiinga
- b. evne til å handtere skiftande politiske prioriteringar og nye oppgåver
- c. betre samhandling/samordning og deling av kunnskap på tvers av avdelingar

Det overordna målet er å sikre at dei politiske måla blir nådde gjennom god organisering og effektive arbeidsprosessar.

Innføringa av nytt system for elektronisk sakshandsaming har blitt utsett til våren 2012 grunna åtaket 22. juli og omprioriteringar av ressursar i DSS. Det nye systemet skal effektivisere arbeidsprosessane og lette samhandlinga på tvers av avdelings- og departementsgrenser.

Delmål 1.2: Effektiv organisering og drift av tilknytte verksemdar

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i dei delmåla som blei presenterte i Prop. 1 S (2009–2010).

Departementet har lagt vekt på at styringa stimulerer verksemdene til å leggje opp drifta rasjonelt og målretta. Under følgjer omtale av BLDs største underliggjande verksemdar.

Organisering og drift av Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat)

Etaten blei oppretta mellom anna for å utvikle eit betre barnevern og familievern med god økonomisk kontroll. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) skal sikre at regionane utnyttar ressursane godt, og er ansvarleg for at regionane når sine mål. Det er direktoratet si oppgåve å nå måla med reforma frå 2004 med dei ressursane som står til disposisjon.

Arbeidet med å effektivisere etaten har gitt resultat. Direktoratet sette i 2010 i gang eit program for god fagleg praksis og økonomisk balanse i det statlege barnevernet (*Program 2010*). Bufetat nådde målet om å halde budsjettet i det statlege barnevernet. Etaten hadde ikkje behov for tilleggsføringar utover tilleggsføringa i revidert nasjonalbudsjett 2010 som følgje av innføring av standardkontraktar for statlege beredskaps- og familieheimar.

Gjennom programmet har etaten arbeidd målretta for å oppnå god praksis innanfor vedtekne budsjetttrammer. Regionane har utarbeidd utviklingsplanar med utgangspunkt i utfordringar knytte til eigen region. Eit viktig tiltak har vore å utarbeide eit mandat og retningslinjer for arbeidet til fagteama i Bufetat. Retningslinjene skal bidra til å kvalitetssikre arbeidet til fagteama og gi likeverdige tilbod frå statleg barnevern til brukarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar. Retningslinjene er tekne i bruk og skal evaluerast i 2011 på bakgrunn av erfaringar og dialogen med den kommunale barnevernstenesta. Eit anna fokusområde i *Program 2010* har vore opphaldstid på institusjon. Dette har gitt positive resultat i form av redusert opphaldstid og færre barn med opphaldstid over to år.

Arbeidet held fram for at fleire barn og unge skal få alternative tilbod til institusjon der det er formålstenelig. Bufetat lykkast med å redusere talet på barn i institusjon i 2010.

Målet er at alle barn som treng tenester frå barnevernet, får tilbod av riktig kvalitet og til riktig tid. Bufetat har gjennomført fleire aktivitetar for å auke kvaliteten i tenestetilbodet i 2010. Aktivitetane er samanførte og spissa i *Kvalitetsutviklingsprogrammet 2011*.

Eit vesentleg bidrag til utviklinga av det statlege barnevernet sine tenester, er rapporten *Kvalitet i barnevernsinstitusjonar*, som blei levert i 2010. Rapporten peiker på forbettringsområde når det gjeld systematikk og målretting av arbeidet med kvart barn.

For å få meir kunnskap om tenestene er det i 2010 gjennomført ei omfattande brukarundersøking blant alle som bur på institusjonar i Noreg. Resultata frå denne undersøkinga vil vere viktig i det vidare arbeidet med ein brukarstrategi og kvalitetsutviklingsprogrammet for etaten.

I 2010 har bruken av hjelpetiltak i heimen auka, fleire familiar har fått hjelp, og mange har blitt foreldre gjennom adopsjon. Sjølv om mange er nøgde med tilbodet dei får frå Bufetat, viser kommuneundersøkingar, brukarundersøkingar og tilbakemeldingar frå tilsynsstyresmakter at det er utfordringar i mange delar av tilbodet, og at det er behov for ei kvalitetsforbetring.

Departementet sette i 2010 i verk ei evaluering av forvaltingsreforma i barnevernet frå 2004. Evalueringa vil gi eit grunnlag for den vidare utviklinga av det statlege barnevernet.

Effektiv sakshandsaming i fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Fylkesnemndene blei oppretta som ein eigen, sjølvstendig organisasjon underlagt Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet frå 1. januar 2011. Den nye direktøren for fylkesnemndene har fungert i stillinga sidan mars 2010 og har hatt ansvaret for å gjennomføre omorganiseringa. Den nye sentraleininga har frå 1. januar 2011 teke over mange av dei administrative oppgåvene frå departementet.

Eit mål med opprettinga av fylkesnemndene som eige forvaltingsorgan var å senke sakshandsamingstida og betre ressursutnyttinga i verksemda. Det er sett i gang ein prosess for å betre ressursbruken i nemndene, og styringssystemet i nemndene blir også gjennomgått.

Det er utvikla og teke i bruk nye rapportar som er baserte på dei ulike sakshandsamingsreglane i barnevernlova, og prosentdelen saker behandla innan dei ulike fristane, kjem fram i dei nye rapportane. Tabellen under viser saksmengda og delen saker handsama innanfor dei ulike fristane i barnevernlova i 2010:¹

¹ Jf barnevernlova §§7-14, 7-19, 7-22 og 7-23 og sosialtenestelova §6-4.

Sakstype	Saksmengde	Delen handsama innanfor fristen (i prosent)
Kontroll av akuttvedtak	1 600	96
Klage på akuttvedtak	487	86
Saker etter barnevernlova som er handsama med forhandlingsmøte	1 285	12
Saker etter sosialtenestelova som er handsama med forhandlingsmøte	81	52
Saker etter barnevernlova som er handsama utan forhandlingsmøte	467	26

Talet på innkomne saker til fylkesnemndene har auka med 18 prosent frå 2009 til 2010. Trass i auken i saker har fylkesnemndene senka den gjennomsnittlege tida til handsaming for alle saker frå 56,4 til 54,5 dagar i same periode. Sakshandsamingstida er senka gjennom fleire år frå 78 dagar i 2007. Som eit resultat av den kraftige auken i saksinngangen i 2010, og for å betre resultatoppnåinga, blei løyvinga til fylkesnemndene auka med 10 mill. kroner i 2011. Løyvinga skal mellom anna nyttast til å auke kapasiteten, og det er tilsett fleire nye nemndsleiarar i første halvår av 2011.

Strategiar og tiltak for 2012

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

IMDi set i verk integreringspolitikken på ansvarsområdet til departementet. IMDi er ein premissleverandør for politikkkutvikling i departementet gjennom å leggje grunnlaget for eit kunnskapsbasert arbeid på integreringsfeltet. IMDi er eit kompetansesenter og ein pådrivar for at kommunar og andre aktørar skal bli dyktige i arbeidet med busetjing, integrering og inkludering.

IMDi har dei viktigaste økonomiske verkemidla på området gjennom forvaltning av integreringstilskotet, tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap og tilskot under kap. 821, post 71 *Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd.*

Integreringspolitikken har mange aktørar. IMDi er eit sentralt samordningsorgan overfor kommunar, KS og statlege etatar, mellom anna Vox og Arbeids- og velferdsdirektoratet. IMDi bidreg i Kostnadsgruppa og Berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga. Desse gruppene skal sikre heilskap og samheng i forvaltninga på utlendingsfeltet.

Barne-, ungdoms- og familieetaten

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) forvaltar det statlege barnevernet og familievernnet. Bufetat består av fem regionar og ei sentral eining, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). 26 fagteam er bindeleddet til det kommunale barnevernet. Dei regionale barnevernstyresmaktene har ansvar for mellom anna å hjelpe kommunane med å plassere barn utanfor heimen, rekruttere og formidle fosterheimar, gi fosterheimane nødvendig opplæring og rettleiing og for å etablere og drive statlege institusjonar.

Effektiv organisering er ein føresetnad for å nå måla til Bufetat. Måla er knytte til måla for barneverns- og familievernreformerna frå 2004, der staten overtok den fylkeskommunale delen av barnevernet og familievernnet. Både barnevernet og familievernnet har ein sentral plass i den samla barne- og familiepolitikken, og dei må derfor sjåast i samanheng. Måla er mellom anna å sikre eit likeverdig tilbod til barn og unge som treng barnevernstener, god kvalitet og fagleg utvikling i barnevernet, god økonomisk styring og eit betre samarbeid med kommunane og tilgrensa tenester.

Departementet legg vekt på at det langsiktige kvalitetsutviklingsprogrammet i Bufetat, som blei starta i 2011 etter erfaringane frå *Program 2010*, blir ført vidare. Gjennom *Program 2010* såg ein at etaten enno ikkje har nådd målet om likeverdige tenester, at kvaliteten i tenestene ikkje alltid er god nok, at det er rom for effektivisering, og at det er for stor variasjon i organiseringa av regionane. Målet for kvalitetsutviklingsprogrammet er å få riktig kvalitet i etaten sitt tenestetilbod, godt samarbeid og riktig deling av ansvar med kommunane, effektiv ressursbruk i etaten, tydeleg forståing av roller og ansvar og trygge og kompetente medarbeidarar. BLD legg vekt på at Bufetat held fram med omstilling og utvikling av etaten for å sikre kostnads- og formålseffektiv drift som gir god kvalitet og likeverdige tenester.

Departementet legg vekt på å utvikle tiltaka i det statlege barnevernet. Samstundes er eit godt samarbeid mellom statleg og kommunalt barnevern ein føresetnad for å få til gode tiltak, sjå omtale under delmål 6.1 *Gode tiltak og høg kompetanse i statleg og kommunalt barnevern*. Bufetat vil i 2012 halde fram arbeidet med å auke kvaliteten på statlege og private tiltak og å styrkje samarbeidet mellom statleg og kommunalt barnevern.

BLD er i gang med ei evaluering av barnevernsreforma. Evalueringa vil mellom anna sjå på oppgåve- og finansieringsansvaret i statleg og kommunalt barnevern. Etter at resultatane frå evalueringa er klare, vil departementet vurdere å leggje fram ein lovproposisjon for Stortinget der endringar i ansvarstilhøva mellom stat og kommune blir vurdert på bakgrunn av evalueringa. Samstundes skal det ikkje no settast i verk store prosjekt som vil kunne stå i strid med prosessen rundt evalueringa.

Departementet legg vekt på at familieverket og foreldremeklingstenesta skal vere velfungerande og prioritere arbeid med barnefamilier der konfliktnivået er høgt.

Etaten har dei seinare åra fått nye ansvarssområde på likestillings- og ikkje-diskrimineringsfeltet. Ved hjelp av dei verkemidla etaten rår over, skal etaten bidra til å fremme likestilling og hindre diskriminering. Etaten skal særleg leggje vekt på tiltak for personar med nedsett funksjonsevne og lesbiske, homofile, bifile og transpersonar.

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker er ein viktig del av det statlege barnevernet. Fylkesnemndene har avgjerdsrett i dei såkalla tvangssakene etter barnevernlova og avgjer mellom anna saker om omsorgsovertaking. Barn som er råka av omsorgssvikt, er i ein særskilt vond situasjon, og det er viktig at sakene deira blir avgjorde så fort som mogleg. Rask avgjerd i saker er òg viktig for at andre delar av det kommunale og statlege barnevernet skal kunne nytta ressursane effektivt.

Frå og med 2011 er fylkesnemndene skilde ut frå BLD. Målet med omorganiseringa er mellom anna styrkt administrativ styring og betre utnytting av dei tildelte ressursane. Departementet forventar gevinstar av omorganiseringa mellom anna frå utveksling av beste praksis på tvers av organisasjonen og høg kvalitet og auka produktivitet i sakshandsaminga. Det er òg viktig at variasjonen i sakshandsamingstid mellom nemndene blir min-

dre, og Sentraleininga for fylkesnemndene skal leggje til rette for at systema for utveksling av ressursar blir nytta og vidareutvikla.

Fylkesnemndene har over fleire år redusert den gjennomsnittlege sakshandsamingstida samstundes med at det har vore ein kraftig auke i saksmengda. Løyvinga til fylkesnemndene blei i 2011 auka med 10 mill. kroner for å styrkje sakshandsamingskapasiteten og den administrative leiinga. Departementet ventar at den auka løyvinga vil få full effekt i 2012, og at sakshandsamingstida vil gå ned som følgje av dette. I tillegg skal fylkesnemnda arbeide med å effektivisere drifta. Departementet føreslår å auke løyvinga med ytterlegare 2,35 mill. kroner i 2012.

Delmål 1.3: God og målretta informasjon

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i dei delmåla som blei presenterte i Prop. 1 S (2009–2010).

BLD har gjennomført informasjons- og kommunikasjonstiltak i samband med dei ulike aktivitetane innanfor departementet sine fagområde. Departementet kartlegg systematisk dei sakene der informasjons- og kommunikasjonstiltak er nødvendige og viktige verkemiddel. Dette gjer BLD overordna og langsiktig gjennom kvartalsvise strategisamlingar, og dessutan kvar veke og dag på eit meir detaljert nivå.

Departementet legg vekt på publikumsvennleg, open og korrekt informasjon som skal vere forståeleg og i rett tid for dei ulike målgruppene.

Kommunikasjonsverksemda til BLD skjer i stor grad gjennom egne initiativ, men òg for å handsame informasjonsbehov i media. Dette er ein viktig kanal til publikum. Det nye fagområdet, inkluderingsfeltet, har òg gitt større merksemd frå publikum og media og har ført til auka aktivitet med informasjon og kommunikasjon.

Departementet har dessutan ein jamn pågang frå internasjonal presse, som særleg interesserer seg for Noreg som likestillingsnasjon.

Det er òg ei viktig prioritering å syte for at heimesida til departementet på *regjeringa.no* er korrekt og aktuell. Gjennom året er sosiale medium nytta i ei viss grad ved særskilde høve.

Klarspråksprosjektet i BLD, som går frå 2010 til 2012, skal kartleggje og analysere skriftleg språkbruk i BLD. Prosjektet skal utvikle metodar, etablere strukturar og tilføre kompetanse for klarspråk i departementet. Målet er å skrive klart, brukartilpassa og forståeleg.

Strategiar og tiltak for 2012

BLD skal drive god og målretta informasjons- og kommunikasjonsverksemd innan dei ulike fagområda til departementet. BLDs kommunikasjonsverksemd skal vere tufta på eigne initiativ og vurdert kontinuerleg ut frå aktivitetane innanfor fagområda.

Media og departementets nettstad er sentrale kanalar for å nå ut til dei ulike målgruppene. Dei sosiale media er eigna kanalar som skal brukast meir i konkrete prosjekt og aktivitetar. Informasjonen på nettstaden skal vere korrekt og aktuell. Handsaming av informasjonsbehov i media skal utgjere ein vesentleg del av kommunikasjonsaktivitetane.

Nærmare om budsjettforslaget:**Kap. 800 Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	144 696	146 350	148 886
21	Spesielle driftsutgifter	6 347	14 692	14 591
	Sum kap. 0800	151 043	161 042	163 477

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje lønn til stillingar og andre driftsutgifter i departementet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje utgifter til tenestemenn som er lånte ut til Europakommisjonen på likestillings-, barne- og ungdomsfeltet, utvalsarbeid og andre tidsavgrensa oppdrag. Løyvinga kan òg nyttast til støtte til andre tiltak innanfor ansvarsområda til departementet.

Kap. 3800 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Tilfeldige inntekter	357		
16	Refusjon av foreldrepengar	2 563		
18	Refusjon av sykepengar	1 207		
	Sum kap. 3800	4 127		

Programkategori 11.05 Integrering og mangfald

Hovudinnhald og prioriteringar

BLD har eit overordna ansvar for å samordne politikken og tiltaka på integrerings- og inkluderingsområdet og for å sikre samanheng mellom integrerings- og inkluderingspolitikken og andre politikkområde.

Mål for inkludering av innvandrarbefolkninga skal bidra til å synleggjere utviklinga og vere eit grunnlag for å vurdere resultatane av det arbeidet styresmaktene gjer. Det er sett 17 mål med tilhøyrande indikatorar på ansvarsområde til åtte departement, sjå omtale i Del III.

Departementet skal sørge for at politikken på integrerings- og inkluderingsområdet blir sett i verk gjennom ulike aktørar, der kommunane spelar ei vesentleg rolle. Departementet har òg eit sektoransvar for mellom anna forvaltning av introduksjonslova og statsborgarlova.

Ei heilskapeleg utlendingsforvaltning med god flyt i heile tiltakskjeda og samarbeid mellom dei ulike forvaltingsledda er ein føresetnad for rask busetjing av flyktningar og legg premisser for det vidare integreringsarbeidet. Ansvar for utlendingsfeltet er delt mellom fleire departement og etatar. Desse er BLD, Justisdepartementet (JD), Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

IMDi skal setje i verk integrerings- og inkluderingspolitikken på ansvarsområdet til departementet og er departementets fagorgan. IMDi skal gi faglege råd og vere eit kompetansesenter for kommunane og sektorstyresmaktene.

Vox er nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk og har det pedagogiske ansvaret for opplæring i norsk og samfunnskunnskap på oppdrag frå departementet. Vox har ansvar for læreplan, norskprøver, læremiddelutvikling og fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid.

Kontaktutvalet mellom innvandrarak og myndighetene (KIM) er eit rådgivande organ for styresmaktene og kan fremme synspunkt frå innvandrarak til det offentlege.

Etter ein periode med open arbeidsinnvandring fram til 1975 har innvandringa til Noreg frå land utanfor Norden i hovudsak vore humanitær,

det vil seie flyktninginnvandring og familieinnvandring. Ei endring kom med EØS-utvidinga i 2004, og i 2006 blei arbeid på nytt den viktigaste innvandringsårsaka med den store auken av arbeidsinnvandrarak frå dei nye medlemslanda i Sentral- og Aust-Europa. Dei seinaste åra har det òg vore ein auke i sameining av familie til arbeidsinnvandrarak frå nye EØS-land, først og fremst Polen. Blant familieinnvandrarakane er det flest kvinner og barn.

I perioden frå 1990 til 2010 fekk i alt 470 600 personar med statsborgarskap frå eit land utanfor Norden opphald. I heile perioden kom 25 prosent som flyktningar, 37 prosent som familieinnvandrarak, 29 prosent som arbeidsinnvandrarak og 10 prosent på grunnlag av utdanning.

Innvandringa til Noreg har eit større mangfald enn i mange andre europeiske land. Innvandrarakane kjem frå 215 ulike land og sjølvstendige regionar. Det er stor variasjon i kven det er som innvandrarak, årsakene til innvandringa og kor lenge dei har vore i landet.

Delen sysselsette med innvandrarakbakgrunn er framleis lågare enn i befolkninga elles. Tal frå SSB viser at i 4. kvartal av 2010 var delen 61,6 prosent, mot 69,1 prosent i befolkninga som heilskap. Det er store skilnader mellom landgrupper. Medan nivået blant innvandrarak frå Norden var 74,6 prosent, var delen frå Afrika 43,9 prosent. Delen sysselsette menn er høgare enn delen sysselsette kvinner uansett landbakgrunn. Til dømes var delen sysselsette kvinner frå Somalia 22 prosent, medan delen sysselsette menn frå Sri Lanka var 75 prosent.

Inkluderingsutvalet tilrår i si NOU 2011:14 *Bedre integrering – mål, strategier og tiltak* mellom anna ein strategi for arbeid og sysselsetjing gjennom utvida aktivitetsplikt og ekstra innsats for å auke sysselsetjinga og redusere overkvalifisering.

Rapportar om levekår og kjønnsforskjellar frå SSB frå 2010 viser at det i dei fleste innvandrarakgruppene er store levekårskilnader mellom menn og kvinner. Menn har oftare røynsle frå yrkeslivet i opphavslandet. Kvinner står i høgare grad enn menn utanfor arbeidslivet i Noreg, har færre norske venner og opplever meir einsemd. Tal frå SSB

viser òg at innvandrarak oppfattar halsa si som dårlegare enn folk elles. Innvandrarkvinner oppfattar halsa si som dårlegare enn innvandrarmenn.

Rapportar om økonomi og levekår blant låginntektsgrupper viser at innvandrarak og innvandrarkvinner oftare bur i hushald med lågare inntekt enn innbyggjarane elles. Ein studie har kartlagt vedvarande økonomisk fattigdom blant ulike innvandrargrupper, etter kjenneteikn som landbakgrunn, innvandringsårsak og butid i tidsrommet 1993–2007. Også denne studien dokumenterer at delar av innvandrarakbefolkninga er meir utsette for vedvarande økonomisk fattigdom og økonomisk langtidsfattigdom enn innbyggjarane elles.

Av Inkluderingsutvalets NOU 2011:14 går det fram at over ein tredjedel av innvandrarakhushalda frå Asia og Afrika har ei inntekt under EUs låginntektsgrense. Låg yrkesdeltaking er ei viktig årsak til at eit mindretal i innvandrarakbefolkninga har dårlege levekår over tid.

Utvalet peiker vidare på at det i heile utdanningsløpet frå barnehage til vidaregåande skole er lågare deltaking og resultat blant barn og unge med innvandrarakgrunn. I barnehagar er det 30 prosent lågare deltaking blant dei yngste barna med innvandrarakgrunn enn blant alle barn. I grunnskolen er det ein dobbelt så høg del innvandrarelevar på lågaste nivå når det gjeld lesedugleik. I den vidaregåande opplæringa fell 1 av 3 elevar med innvandrarakgrunn av.

Likevel gir dette ikkje heile biletet. Hausten 2010 var det ein større del norskfødde med innvandrarakforeldre mellom 19 og 24 år i høgare

utdanning enn totalt for heile befolkninga (38 mot 31 prosent).

Valdeltakinga for innvandrarak er lågare enn deltakinga for innbyggjarane sett under eitt. Ved stortingsvalet i 2009 deltok 52 prosent av innvandrarakane. Samla valdeltaking var 76 prosent. Ved lokalvala i 2007 var samla valdeltaking på 62 prosent. 40 prosent av norske statsborgarak med innvandrarakgrunn og 36 prosent av utanlandske statsborgarak med stemmerett nytta stemmeretten sin.

Desse variasjonane og nyansane i biletet er sentrale for utforminga av politikken og verkemidla framover. Departementet må systematisk samle inn kunnskap som kan danne grunnlag for politikkkutvikling og forvaltning. Ein opplyst, levande og open debatt fremmar inkludering og bidreg òg til ein treffsikker politikk på området. Departementet sitt hefte *Vi er på rett vei, Tall og fakta om integreringen i Norge* skal bidra til ein betre opplyst debatt.

Departementet arbeider med ei stortingsmelding om integrerings- og inkluderingspolitikken som skal fremmast i 2012. Stortingsmeldinga skal ha eit solid og breitt kunnskapsgrunnlag, ho skal kartleggje integrerings- og inkluderingspolitikken så langt og bidra til å forankre prinsipp som skal liggje til grunn for politikken i åra framover. Meldinga skal byggje på to element; innsats for å sikre gode levekår for heile befolkninga og spørsmål knytte til fellesskapsbygging i samfunnet. Meldinga vil mellom anna ta utgangspunkt i innstillingane frå Velferds- og migrasjonsutvalet og Inkluderingsutvalet og drøfte fleire av problemstillingane og tiltaka som er fremma der.

Mål

For 2012 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
2. Like moglegheiter, rettar og plikter for innvandrarak og barna deira til å delta og bidra i arbeids- og samfunnsliv	2.1 Rask busetjing til kommunane
	2.2 God opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak
	2.3 Rask overgang til arbeid eller utdanning etter gjennomført introduksjonsprogram
	2.4 Kjennskap til og oppslutning om lover og grunnleggjande rettar og plikter
	2.5 Høgare sysselsetjing blant innvandrarak
	2.6 Høg deltaking i samfunnslivet blant innvandrarak og barna deira
	2.7 God kunnskap om integrerings- og inkluderingspolitikken i befolkninga
	2.8 Offentlege tenester som er tilpassa mangfaldet i befolkninga

Resultatrapport og strategiar

Delmål 2.1: Rask busetjing til kommunane

Resultatrapport 2010/2011

Per 30. juni 2011 hadde kommunane busett 2 259 personar. Berre 68 prosent av dei vart busett innan målet på seks månader etter vedtak om opphald. Den 30. juni 2011 venta 2 011 personar i mottak på å bli busette. Dette var litt færre enn på same tid i 2010.

Per 30. juni 2011 hadde kommunane busett 269 einslege mindreårige under 18 år frå mottak

og omsorgssenter. Av desse blei berre 12 prosent busette innan målet på tre månader etter at dei fekk vedtak om opphald. Einslege mindreårige som er busette frå mottak og omsorgssenter, hadde i gjennomsnitt venta på å bli busette i ein kommune i 6,8 månader etter vedtak om opphald. Dette er ein auke frå 30. juni 2010, da den gjennomsnittlege ventetida var 6,2 månader.

Sjølv om måloppnåinga for busetjing har vore svak så langt i år, reknar IMDi med at ho vil bli betre mot slutten av 2011, særleg for einslege mindreårige. Årsaka til dette er at kommunane har auka kapasiteten til å busetje fleire, samtidig som talet på personar som skal busetjast, går ned.

Tabell 3.1 Gjennomsnittleg ventetid på busetjing frå mottak i månader

	Per 31.12.2009	Per 31.12.2010	Per 30.06.2011
Frå vedtak til busetjing	5,3	5,7	6,1
Frå saksoppretting til busetjing	14,3	15,7	16,6

Tabell 3.2 Busette flyktingar i kommunane og familiesameinte med desse

Busetjingsår	2007	2008	2009	2010	Per 30.06.2011
Flyktingar	2 668	3 597	4 622	4 698	1 891
Overføringsflyktingar	1 109	743	1 387	1 099	368
Familiesameinte ¹	954	1 260	1 425	1 094	472
Sum	4 731	5 600	7 434	6 891	2 731
Einslege mindreårige av desse	148	207	606	669	269

¹ Personar som kommunane får integreringstilskot for. Søknad må vere innlevert i integreringstilskotsperioden til den ein søker om familiesameining med.

Strategiar og tiltak for 2012

I 2012 er det behov for å busette om lag 5 500 flyktingar i norske kommunar. Talet inkluderer personar som blir busette frå mottak og omsorgssenter, og overføringsflyktingar som blir busette når dei kjem til landet. I tillegg reknar ein med at det vil kome om lag 1 400 familiesameinte til i kommunane. I 2012 er det behov for å busette 370 einslege mindreårige frå mottak og omsorgssenter og 15 einslege mindreårige overføringsflyktingar. Målet er at flyktingar frå mottak skal vere busette i ein kommune innan seks månader etter vedtak om opphald. For einslege mindreårige er målet at dei skal vere busette innan tre månader.

Busetjing av einslege mindreårige vil framleis vere ei særleg utfordring. I 2008 blei det busett 207, i 2009 blei det busett 606, og i 2010 blei det busett 669 einslege mindreårige. Sjølv om kommunane dei seinare åra har teke imot langt fleire einslege mindreårige, har altfor mange einslege mindreårige venta altfor lenge i mottak eller omsorgssenter på ein kommune å flytte til. Den 30. juni 2011 var talet på einslege mindreårige som hadde venta i meir enn tre månader, 103.

Regjeringa har ulike tiltak til vurdering for å oppnå raskare busetjing, særleg av einslege mindreårige.

Den 31. januar 2011 sende departementet på høyring eit forslag om å endre dagens busettingsordning. I høyringsrunden kom det mange gode innspel som departementet tek med seg i det vidare arbeidet.

IMDi starta hausten 2011 eit toårig pilotprosjekt med direkteplassering av einslege mindreårige asylsøkarar i utvalde kommunar, slik at einslege barn og unge kan bli busette like etter at dei kjem til landet, utan lange opphald i mottak eller på omsorgssenter. Pilotprosjektet blir evaluert for at vi mellom anna kan få vurdert kva for ordning

vi skal ha for busetjing av einslege mindreårige i framtida.

Gjennom Husbanken får kommunane tilbod om økonomiske verkemiddel som kan nyttast til bustader for flyktingar. Kommunane kan få lån og tilskot til etablering av kommunale utleigebustader. Alle som tek del i introduksjonsprogrammet kan søkje om bustøtte.

Integreringstilskotet skal gi rimeleg dekking av dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktingar det året dei blir busette og dei fire neste åra. Saman med tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap gir dette kommunane midlar til å få busett alle som får opphald.

I tillegg til å sikre rask busetjing av flyktingar er det viktig at kommunane får støtte og hjelp til å utvikle kvaliteten på introduksjonsprogrammet og norskopplæringa. Det skal sikre at dei som tek del i introduksjonsprogrammet, kjem raskt over i arbeid eller vidare utdanning og kvalifisering. Kommunane treng ofte informasjon og råd for å etablere og utvikle passande bu- og omsorgstiltak for einslege mindreårige. IMDi, Bufdir og Husbanken skal hjelpe kommunane med dette.

Delmål 2.2: God opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Resultatrapport 2010/2011

Målet for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap er at vaksne innvandrarar så snart som mogleg skal lære norsk, slik at dei kan ta del i yrkes- og samfunnslivet. Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar blir regulert av introduksjonslova (lov av 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarar). Opphaldsgrunnlaget og alderen til innvandraren avgjer kva for rettar og plikter ho eller han har til norskopplæring.

Tabell 3.3 Rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Personkrins ¹	Rett	Plikt	Gratis	Omfang
1) Personar som har fått asyl, personar med opphald på humanitært grunnlag og familiesameinte med desse gruppene og dei med kollektivt vern, 16–55 år.	X	X	X	300 timar (250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap). Ved behov opp til 2 700 norsktimar i tillegg. For dei som har fått løyve etter 1. januar 2012 er omfanget 600 timar (550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap). Ved behov opp til 2 400 norsktimar i tillegg.
2) Familiesameinte med norske og nordiske borgarar busette i Noreg, 16–55 år.	X	X	X	300 timar (250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap). Ved behov opp til 2 700 norsktimar i tillegg. For dei som har fått løyve etter 1. januar 2012 er omfanget 600 timar (550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap). Ved behov opp til 2 400 norsktimar i tillegg.
3) Personar frå gruppe 1) eller 2) i alderen 55–67 år.	X		X	300 timar (250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap). Ved behov opp til 2 700 norsktimar i tillegg. For dei som har fått løyve etter 1. januar 2012 er omfanget 600 timar (550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap). Ved behov opp til 2 400 norsktimar i tillegg.
4) Arbeidsinnvandrarar utanfor EØS-/EFTA-regelverket, 16–55 år.		X		300 timar (250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap).

¹ Gjeld personar som har fått løyve etter 1. september 2005 som gir grunnlag for permanent opphaldsløyve etter utlendingslova.

Det er eit mål at personar med rett og/eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap startar raskt i opplæringa. Totalt var det 10 916 personar som fekk rett og plikt til slik opplæring i 2009, og av dei hadde 86 prosent starta på opplæringa innan dei tre første halvåra etter at dei fekk rett og plikt, 85 prosent av kvinnene og 89 prosent av mennene. Av dei som kom i 2007, og som framleis er i gruppa for rett og plikt til opplæring, 8200 personar, hadde 80,4 prosent oppfylt plikta si til 300 timar opplæring innan tre år. Det er ingen

nemneverdig skilnad på menn og kvinner. Tala er baserte på registreringar i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).

Deltakarar i norskopplæringa kan gå opp til avsluttande prøve i norsk. Det finst to nasjonale avsluttande prøver som måler kunnskapar i norsk på forskjellige nivå, Norskprøve 2 og 3. Norskprøve 3 prøver kunnskapar på eit høgare nivå enn Norskprøve 2. Tabellen under viser dei samla prøveresultata dei siste fire åra.

Tabell 3.4 Prøveresultat Norskprøve 2 og 3

Norskprøve 2 og 3	Munnleg del				Skriftleg del			
	Talet på møte	Talet på beståtte	Beståtte i prosent	Mål i prosent	Talet på møte	Talet på beståtte	Beståtte i prosent	Mål i prosent
2010	14 459	12 636	87,4	90	14 510	8 397	57,9	65
2009	11 461	10 108	88,2	95	11 791	7 029	59,6	60
2008	9 039	8 032	88,8		9 179	4 780	52,0	
2007	6 907	6 370	92,2		7 194	3 555	49,4	

Tabellen viser at stadig fleire har gått opp til norskprøvene dei siste åra. Vi ser at delen som stod til prøva, er blitt lågare frå 2009 til 2010. Delen som stod til skriftleg i 2010, er likevel 8,5 prosentpoeng høgare enn i 2007. Kvinner har noko betre resultat på prøvene enn menn, særleg på dei skriftlege prøvene. I 2010 bestod 59,9 prosent av kvinnene og 54,8 prosent av mennene skriftleg prøve, og til munnleg prøve bestod 88 prosent av kvinnene og 86,5 prosent av mennene.

20–25 prosent av deltakarane har lita eller inga utdanning frå heimlandet. Desse går i mindre grad opp til avsluttande prøve enn andre. I 2010 hadde 6 prosent av kandidatane til skriftleg prøve og 10 prosent av kandidatane til munnleg prøve lita eller inga utdanning. 38 prosent av dei med lita eller inga utdanning frå heimlandet bestod skriftleg og 83,5 prosent bestod munnleg prøve.

Vox – nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk har ansvaret for læreplan, norskprøver, læremiddelutvikling og fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap. For å heve kvaliteten på opplæringa i norsk og samfunnskunnskap gjennomførte IMDi og Vox i 2010 etterutdanningskurs for lærarar, fagdagar og leiarsamlingar med til saman rundt 2 800 deltakarar. Universitetet i Bergen tilbyr vidareutdanning (fjernundervising) i norsk som andrespråk retta mot lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk.

Eit nettbasert opplæringstilbod i samfunnskunnskap er under utvikling. I 2011 starta Vox arbeid med å utvikle digitale avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap og å revidere læreplanen. Utkast til revidert læreplan i norsk og samfunnskunnskap har vore på alminneleg høyring.

Asylsøkjarar over 16 år som bur på mottak, kan få inntil 250 timar norskopplæring. Så å seie alle i målgruppa får tilbod om norskopplæring, viser ei undersøking som TNS-Gallup har gjort for IMDi. Mange nyttar tilbodet, men ikkje alle. Ved halvparten av opplæringsstadene er det ni av ti som deltek, og ved tre av fire er det meir enn 75 prosent som deltek. Dei fleste gjennomfører 250 timar, ved 61 prosent av opplæringsstadene gjennomfører deltakarane vanlegvis 250 timar eller meir. Dette viser at gjeninnføringa av norskopplæring for asylsøkjarar har vore vellykka. Norskopplæringa er viktig både for asylsøkjaren, mottaket og lokalmiljøet.

Gode økonomiske rammevilkår for kommunane er viktig for å sikre eit godt opplæringstilbod. Inntil 2010 blei tilskotet fordelt over fem år.

Bakgrunnen for det er at kommunane har plikt til å tilby opplæring i inntil fem år frå den enkelte har fått opphalds- eller arbeidsløyve første gong. Tilbakemeldinga frå kommunane viser at dei fleste gjennomfører opplæringa dei første to–tre åra i Noreg, og det er da kommunane har utgiftene. I samsvar med dette blei det i 2010 innført utbetaling over tre år. Tilskotsordninga er omtalt under kap. 822, post 60.

Strategiar og tiltak for 2012

Gode norskkunnskapar og grunnleggjande kjennskap til det norske samfunnet er ein føresetnad for å kunne skaffe seg arbeid og utdanning. Opplæring i norsk og samfunnskunnskap er derfor eit sentralt integreringstiltak, og introduksjonslova gir innvandrarar rett og/eller plikt til slik opplæring.

For å leggje enda betre til rette for at innvandrarar skal lære norsk og få kunnskap om det norske samfunnet, har Stortinget vedteke at retten og plikta til opplæring skal utvidast frå 300 til 600 timar, at alle som er omfatta av rett og plikt til opplæring, skal avslutte opplæringa med ei prøve i norsk og samfunnskunnskap, at staten skal føre tilsyn med kommunane, og at kommunane skal ha plikt til internkontroll. Auken i timetalet skal gjelde dei som blir omfatta av rett og plikt eller rett til opplæring etter 1. januar 2012. Fylkesmanntilsyn og kommunal internkontroll vil bli innført i løpet av 2012.

Ny læreplan skal gjelde frå og med skoleåret 2012–2013. Våren 2012 vil Vox informere opplæringsstadene om endringane. I utkast til ny læreplan er det gjort framlegg om mål for opplæring i samfunnskunnskap, mål for digital kompetanse og mål for alfabetisering.

Arbeidet med å utvikle digitale prøver vil halde fram i 2012.

Det er viktig for samfunnet og den enkelte at kunnskapane blir dokumenterte. Utvidinga av timetalet vil medverke til at fleire lærer meir norsk, og statleg tilsyn og kommunal internkontroll vil medverke til betre kvalitet og opplæring i samsvar med lova. Kommunane skal tilby opplæring i samfunnskunnskap på eit språk deltakaren forstår. Dette kravet har ikkje alle kommunane oppfylt. Innføring av obligatorisk prøve i samfunnskunnskap saman med læringsmål for denne opplæringa i læreplanen og tilbod om nettbasert opplæring på fleire språk er tiltak som har som mål at opplæringa i samfunnskunnskap skal bli gjennomført i samsvar med lova.

Delmål 2.3: Rask overgang til arbeid eller utdanning etter gjennomført introduksjonsprogram

Resultatrapport 2010/2011

Introduksjonsordninga skal gi deltakarane eit individuelt kvalifiseringstilbod som skal medverke til rask overgang til arbeid eller vidare utdanning. Introduksjonslova gir nykomne innvandrarakar mellom 18 og 55 år både rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram om dei har behov for grunnleggjande kvalifisering. Personkrinsen for rett og plikt til introduksjonsprogram er personar som har fått asyl, kollektivt vern i masseflyktsituasjon, er overføringsflyktingar eller har fått opphaldsløyve på humanitært grunnlag etter søknad om asyl. I tillegg kjem familiemedlemmer til personar i desse gruppene. Frå 1. juli 2011 er også personar som etter samlivsbrot har fått opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag på grunn av mishandling i samlivet, omfatta av rett og plikt til introduksjonsprogram.

På oppdrag frå departementet utarbeider SSB kvart år ein monitor for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Tala viser at 57 prosent av dei som gjekk ut av introduksjonsordninga i 2008, var selsette eller under utdanning i november 2009. Delen for menn var 67 prosent, medan delen for kvinner var 48 prosent. 16 prosent var registrerte arbeidsledige eller på tiltak, og 27 prosent hadde anna eller inga registrering. Tilsvarende tal for dei som gjekk ut av programmet i 2007, var 63, 13 og 24 prosent, og for dei som gjekk ut i 2006, var dei tilsvarende tala 65, 10 og 25 prosent. Resultata har dermed hatt ei negativ utvikling frå 2006 til 2009.

Resultata varierer når ein bryt ned tala med bakgrunn i kjønn, landbakgrunn og kva kommune deltakarane bur i. I underkant av 80 prosent av menn frå Eritrea gjekk over til ordinært arbeid eller utdanning etter introduksjonsprogrammet, medan i overkant av 40 prosent av kvinner frå Somalia klarte det same. Kvinner sett under eitt, har likevel hatt ei positiv utvikling over tid.

Departementet vil skaffe meir kunnskap om kvifor resultata ikkje er like gode som før, slik at det kan setjast i verk tiltak.

I 2010 og 2011 har det blitt gjennomført to FOU-prosjekt. Fafo har, i samarbeid med Institutt for samfunnsforskning (ISF), undersøkt kvifor enkelte grupper av kvinner i liten grad kjem i arbeid eller utdanning etter at dei er ferdige med programmet. Undersøkinga gir meir kunnskap om kvalifiseringa til programdeltakarar, og særleg om kvalifiseringa til kvinner frå utvalde land, om

erfaringar i kommunane, om kva som gir progresjon til kvinnene i programmet, og om overgangen deira til arbeid eller utdanning. Rapporten dokumenterer at det er store skilnader i kommunanes programtilbod til introduksjonsdeltakarane, og kvinner med lita utdanning og store omsorgsoppgåver får eit svært ulikt programtilbod. Intensiteten på, innhaldet i og moglegheitene i programtilbodet avhenger av kva for ein kommune kvinnene bur i. Rapporten frå Fafo viser at tida i introduksjonsprogrammet kan vere ulik for kvinner og menn. Fordi kvinner er overrepresenterte i opplæringsprogram med langsam progresjon, har dei i gjennomsnitt kome kortare enn menn ved avslutta programtid. Kvinner har hyppigare fråvær grunna sjukdom hos barn, eiga helse og særleg på grunn av graviditet og barnefødsalar. Kvinner deltek i mindre grad enn menn i arbeids- eller språkpraksis og andre arbeidsretta tiltak. Kvinner med låg utdanning og mange barn får i mange tilfelle ikkje heiltidsprogram.

Rambøll Management har analysert resultata i introduksjonsprogrammet. Eit sentralt element i analysen har vore ei kartlegging av konsekvensane NAV-reforma har for organisering av introduksjonsprogrammet. Undersøkinga viser at 43 prosent av kommunane som var med i undersøkinga, har valt å leggje forvaltinga av introduksjonsprogrammet inn i NAV. Det kjem fram at ei organisering av introduksjonsprogrammet innanfor NAV ikkje nødvendigvis fører til betre og meir koordinerte tenester for deltakarane. Dette heng først og fremst saman med at dei ønskte gevinstane av ei samorganisering i stor grad ikkje er realiserte. Det gjeld òg integrering av flyktingarbeid i NAV og samarbeid mellom programrådgivarar og andre NAV-tilsette.

Det er store skilnader i kva resultat kommunane oppnår. Samanfatta viser rapporten at det er ei rekkje faktorar som spelar inn på resultatoppnåinga til kommunane. Undersøkinga gir grunn til å tru at fleire deltakarar vil kunne gå over til arbeid eller utdanning etter avslutta program dersom kommune og stat samordnar innsatsen. Dette gjeld både når introduksjonsordninga er organisert i NAV, og når ho er organisert utanfor NAV. Undersøkinga viser vidare at god leiarforankring aukar sjansane for god resultatoppnåing i introduksjonsprogrammet. Å ha mål og resultatstyring i arbeidet vil kunne medverke til at fleire deltakarar har overgang til arbeid eller utdanning. Auka tilgang til kommunale og statlege tiltak vil kunne medverke til meir arbeidsretting av programmet. Undersøkinga viser òg at leiarar for introduk-

sjonsprogrammet i ein del kommunar vurderer at norskopplæringa ikkje held høg nok kvalitet.

I 2010 deltok 11 800 personar i introduksjonsprogrammet. Dette var nesten 20 prosent fleire enn året før.

Strategiar og tiltak for 2012

Det er viktig å oppnå gode resultat i introduksjonsprogrammet. Introduksjonsprogrammet er eit av dei sentrale integreringstiltaka for nykomne innvandrarakar, og kvaliteten skal vere best mogleg. Fafos rapport om *Kvinner i kvalifisering* stadfester det tidlegare evalueringar har vist, nemleg at det er behov for statleg tilsyn og plikt til kommunal internkontroll med kommuneplikter etter introduksjonsloven. Regjeringas forslag om statleg tilsyn og plikt til internkontroll blei vedteke av Stortinget i juni 2011, og ordningane blir satt i verk i 2012. Dette skal medverke til auka kvalitet i introduksjonsordninga og betre resultat. Samstundes er det stort behov for kunnskapsutvikling og erfaringsformidling for å oppnå betre resultat i fleire kommunar, og dette vil stå sentralt i den oppfølginga IMDi har av kommunane.

Departementet har fått mange innspel til korleis introduksjonsordninga kan styrkjast i framtida. Forslag til tiltak frå både Inkluderingsutvalet, Brochmann-utvalet, Fafo og Rambøll vil bli viktige innspel til arbeidet med stortingsmeldinga om integrering som blir lagt fram i 2012.

Delmål 2.4: Kjennskap til og oppslutning om lover og grunnleggjande rettar og plikter

Resultatrapport 2010/2011

Ordninga med frivillig statsborgarseremoni blei innført i samband med at ny lov om statsborgarskap tok til å gjelde frå september 2006. Seremonideltakarar får boka *Velkomen som ny statsborgar*. Under seremonien gir deltakarar over 18 år eit truskapsløfte. Ansvar for å arrangere seremoniane er lagt til fylkesmannsembeta. IMDi har ansvar for å gi rettleiing til fylkesmennene.

Målet for 2010 var at fleire skulle delta i seremonien. Deltakinga i 2010 var på 21,8 prosent, noko som er ein auke på 0,1 prosentpoeng frå 2009. I 2010 blei det til saman gjennomført 25 seremoniar i alle fylka med i alt 1 758 deltakarar.

Om lag halvdel av dei 11 192 nye norske statsborgarane i 2010 kom opphavleg på grunn av familieinnvandring, medan fire av ti kom som asylsøkjjarar. Personar frå Somalia, Irak og Afghanistan var dei største gruppene i 2010.

Oxford Research AS evaluerte statsborgarregelverket på oppdrag frå departementet. Det går fram av rapporten *Rettigheter og tilhørighet* (november 2010) at meir forskning på samanhengen mellom statsborgarskap og integrering er nødvendig. Dessutan føreslår forfatarane ein brei analyse av formåla med statsborgarskapet og med statsborgarskapslovgivinga.

Dokumentasjon av identitet er framleis ei utfordring i statsborgarsakene. Dei fleste av avslaga er grunna i at kravet til klarlagd identitet ikkje er oppfylt. Dette gjeld mange flyktningar og personar frå land utan ein sentral administrasjon. Dei kan like fullt bli norske statsborgarar dersom det ikkje er grunn til å tvile på opplysningane dei har gitt. Der søkjaren gir motstridande opplysningar om eigen identitet, kan ein ikkje gi norsk statsborgarskap.

Det er eit mål at valdeltakinga blant personar med innvandrarakgrunn skal vere den same som for gjennomsnittet i befolkninga. IMDi har, på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet, i samarbeid med KIM, frivillige organisasjonar og politiske parti, gjennomført ei rekkje informasjons- og mobiliseringstiltak for å auke valdeltakinga ved kommune- og fylkestingsvalet i 2011. Tiltaka retta seg særskilt mot unge veljarar og grupper med innvandrarakgrunn med låg eller minkande valdeltaking.

Ved stortingsvalet i 2009 låg valdeltakinga for innbyggjarane sett under eitt på 76 prosent, medan ho låg på 52 prosent for personar med innvandrarakgrunn. Deltakinga blant innvandrarakar har gått marginalt ned samanlikna med vala i 2001 og 2005 (53 prosent).

Valdeltakinga blant innvandrarakar heng saman med kor lenge dei har budd i landet. Dei med lengst butid, har høgast valdeltaking. Både blant innvandrarakar og innbyggjarane elles aukar valdeltakinga med alder. Noko av forskjellen i valdeltakinga mellom innvandrarakar og gjennomsnittet for befolkninga kan derfor forklarast med ulik alderssamansetjing.

Sidan 2007 har Universitetet i Oslo, på oppdrag frå departementet, halde kurset *Å vere religiøs leiar i det norske samfunnet*. Det er gjennomført to kursrekker, og den siste blei avslutta hausten 2010. Det har vore om lag 20 deltakarar på kvart kurs, og dei har kome frå forskjellige trussamfunn. Alle har hatt utanlandsk bakgrunn, og dei fleste har vore muslimar og kristne.

Handlingsplan mot kjønnslemlesting (2008–2011) og *Handlingsplan mot tvangsekteskap (2008–2011)* har som mål å motverke og forebygje kjønnslemlesting og tvangsekteskap. Hand-

lingsplanane er eit samarbeid mellom seks departement, der BLD koordinerer arbeidet. Det er i stor grad underliggjande etatar som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka. Rapportane viser at tiltaka i planane blir gjennomførte som planlagt.

Handlingsplan mot kjønnslemlesting (2008–2011)

Per april 2011 er alle tiltak i handlingsplanen sette i verk, av desse er 13 tiltak avslutta.

Nasjonalt kompetansesenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) har ein nasjonal kompetansefunksjon i arbeidet mot kjønnslemlesting. Senteret skal formidle kunnskap, drive kompetanseheving, byggje nettverk, utføre forskings- og utviklingsarbeid og gi råd til yrkesutøvarar og tilsette som jobbar på feltet. NKVTS har kartlagt arbeidet med kjønnslemlesting i Noreg. Kartlegginga viser mellom anna at tre av fire instansar har beredskap på kjønnslemlestingsproblematikk, og at hjelpetenestene har gjennomført kompetanseheving i temaet. Instansane som blei kartlagde, har eit utstrakt samarbeid med andre tenester i arbeidet med kjønnslemlesting, spesielt ulike helsetenester, men også med barnevern og skole. Dei fleste ser likevel behov for å auke samarbeidet med andre tenester. NKVTS tilrår at den noverande beredskapen på denne typen problematikk blir oppretthalden til ein får betre kunnskap om det omfanget problemet har. Vidare har NKVTS utarbeidd ei nettbasert rettleiing for arbeidet mot kjønnslemlesting. Tilbod om samtale og frivillig underlivsundersøking har ikkje vore eit tiltak i handlingsplanen mot kjønnslemlesting, men har vore ei forsøksordning. NKVTS har fått i oppdrag å foreta ein gjennomgang av ordninga.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har ansvaret for fem av tiltaka i planen. Det blir årleg gjennomført regionale nettverks- og erfaringsutvekslingssamlingar mellom ulike etatar og organisasjonar. Kjønnslemlesting er inkludert som tema i foreldrerettleiingsprogrammet og integrert i opplæringa for rettleiarar ved helsestasjonar, i barnehage, i barnevernstenesta, ved PPT, i familiesentra, i flyktningstenesta og i introduksjonsprogrammet.

Frivillige organisasjonar får økonomisk støtte til førebyggjande og haldningsskapande arbeid. I 2011 blei 16 søknadar innvilga. Den nettbaserte spørsmåls- og svartenesta *ung.no* er vidareutvikla, og informasjonen til ungdom om kjønnslemlesting er lagt til rette på ein betre måte.

Bufdir har ansvaret for å greie ut om systematisk registrering av kjønnslemlestings- og tvangsekteskapsaker. Ein rapport er under slutføring.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har ansvaret for alle dei åtte tiltaka for *Tilgjengelege helsetenester* og tre andre tiltak i planen. I tillegg har Helsedirektoratet ansvar for å innføre tilbod om samtaler og frivillige underlivsundersøkingar for jenter frå risikogrupper. Tilbodet blei introdusert på landsbasis frå 2010, men dei fleste stader blei ikkje tiltaket sett i gang før i 2011.

Oxford Research følgjeevaluerer handlingsplanen. Tredje delrapport blei publisert sommaren 2011.

Handlingsplan mot tvangsekteskap (2008–2011)

Per april 2011 er 39 tiltak i handlingsplanen sett i verk, av desse er 11 tiltak avslutta. Eit tiltak er framleis under planlegging.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har tilsett 30 minoritetsrådgivarar som skal hjelpe ungdom som blir utsette for press og tvang i samband med ekteskapsinngåing. Vidare skal dei bidra til å heve kompetansen om tvangsekteskap og relaterte tema på vidaregåande skolar, jf. tiltak fire i handlingsplanen. IMDi har òg tilsett integreringsrådgivarar for å bidra til å styrkje handsaminga av familiesaker og auke kompetansen på tvangsekteskap ved aktuelle utanriksstasjonar, jf. tiltak 31 i handlingsplanen. I 2010 og 2011 var det rådgivarar ved høvesvis seks og fire utanriksstasjonar. I 2010 arbeidde minoritets- og integreringsrådgivarane med til saman 373 saker som omhandla problematikk knytt til tvangsekteskap, vald og ekstrem kontroll. Talet for første halvår 2011 var 194 saker mot 221 saker første halvår 2010.

Minoritetsrådgivarane fangar opp saker tidlegare enn andre delar av hjelpeapparatet og gjer det mogleg å gripe inn og setje i verk førebyggjande tiltak. Erfaringane har vist at det er behov for eit lågterskeltilbod på skolane. I 2011 har fire minoritetsrådgivarar blitt utplasserte ved pedagogisk psykologisk teneste, oppfølgingstenesta og barnevernet i utvalde kommunar for å spreie kompetansen. Integreringsrådgivarane har opparbeidd kompetanse og nettverk som har blitt formidla til dei tilsette ved utanriksstasjonane.

Kompetanseteam mot tvangsekteskap er eit team med representantar frå Utlendingsdirektoratet (UDI), Politidirektoratet (POD), Bufdir og IMDi. IMDi koordinerer teamet. Kompetanseteamet gir førstelinetenesta råd og rettleiing i konkrete saker. Kompetanseteamet arbeidde med 378 saker i 2010, om lag 100 fleire enn i 2009. Talet for første halvår 2011 var 197 mot 200 på same tid i 2010. Auken i førespurnader tyder på at tiltaka i

handlingsplanen er kjende og møter eit behov. Kompetanseteamet tek òg hand om ordninga med refusjon av utanriksstasjonane sine utgifter til heimsending der ungdom er blitt utsette for, eller står i fare for å bli utsette for, tvangsgifte eller kjønnslemlesting i opphavslandet.

I tillegg har kompetanseteamet ansvar for å tildele plassar i det nasjonale butilbodet til unge over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller trugsmål om tvangsgifte, jf. tiltak 27 i handlingsplanen. Butilbod for unge under 18 år er i regi av Bufetat / det statlege barnevernet.

Bufdir har fått i oppdrag å utvikle tilbodet for unge over 18 år. Det er så langt etablert 17 bueiningar med 25–30 plasser. Tre av bueiningane er bufellesskap. I dette inngår dei 11 krisebustadene som dei frivillige organisasjonane tidlegare har disponert. I samband med overtaking av desse krisebustadene etterlyste dei frivillige organisasjonane eit akutttilbod utanom krisesentertilbodet. BLD etablerte derfor ei refusjonsordning for organisasjonane ved plassering på hotell. Ordninga blei forvalta av Bufdir, men ho har ikkje vore nytta i 2011. Ordninga vil bli ført vidare i 2012.

Bufdir har gjennomført kompetanseheving i klinisk arbeid med æresrelatert vald. Elleve familievernkontor deltok i kompetansehevinga. Kontor som er lokaliserte i nærleiken av butilboda for ungdom utsette for tvangsekteskap eller anna æresrelatert vald (tiltak 27 og 28), har blitt prioriterte. Det er eit mål at familievernet skal inngå i støttetilbodet knytt til butilboda. Som ledd i kompetansehevinga har Bufdir òg utarbeidd ei rettleiing om tvangsekteskap særleg retta mot det kommunale barnevernet.

IMDi har i 2011 gitt støtte til fire kommunar, Stavanger, Kristiansand, Skien og Trondheim, for å etablere lokale tverrfaglege og tverretatlege prosjekt om arbeidet mot tvangsekteskap og æresrelatert vald. I tillegg har IMDi, på oppdrag frå BLD, utvikla ein modell for formidling av erfaringar frå eit tilsvarande treårig prosjekt i Drammen, *Vold i nære relasjonar – æresrelatert vold*, som blei slutført i 2010. Prosjektet hadde som mål å hente inn aktuell og utvikle ny kompetanse, å utarbeide tiltakskjeder og å utvikle og implementere rutinar for samarbeid mellom relevante etatar og verksemdar.

IMDi har i 2010 og 2011 gitt støtte til frivillige organisasjonar som driv førebyggjande arbeid mot tvangsekteskap. I 2010 blei det gitt støtte til 24 prosjekt og i 2011 til 26 prosjekt. IMDi har erfart at organisasjonane utgjer eit viktig supplement til offentlege tiltak. Organisasjonane representerer viktige kanalar inn i eigne miljø.

Institutt for samfunnsforskning (ISF) følgjeevaluerer tiltaka i handlingsplanen mot tvangsekteskap. ISF har publisert to av i alt tre delrapportar. Desse stadfester i stor grad IMDi sine funn og resultat, og funn frå evalueringa har blitt vektlagde i vidareføringa av arbeidet. Sluttrapporten frå ISF vil liggje føre i november 2011.

I samband med tiltak 11 i *Handlingsplan mot tvangsekteskap*, tiltak 18 i *Handlingsplan mot kjønnslemlesting* og tiltak 45 i Justis- og politidepartementet sin *Handlingsplan mot vald i nære relasjonar* har Vox halde kurs for lærarar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar om korleis dei kan ta opp temaet tvangsekteskap, kjønnslemlesting og vald i barneoppsedinga i klasene.

Strategiar og tiltak for 2012

Gjennom statsborgarseremonien skal ein sikre ei høgtidleg og verdig markering av overgangen til norsk statsborgarskap. Seremonien skal markere at nye statsborgarar sluttar seg til dei grunnleggjande verdiane som statsborgarskapet kviler på, med like rettar og plikter. Seremonien vil også gi lokalsamfunnet og storsamfunnet høve til å ønskje nye statsborgarar velkomne. Det er eit mål at deltakinga i statsborgarseremonien skal auke. Fylkesmannsembeta har ansvaret for å arrangere seremoniane. Midlar til å arrangere seremoniane går inn i fylkesmannsembeta sine årlege tildelingar frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. IMDi har ein rettleiarfunksjon overfor fylkesmennene.

Det er viktig at leiarar med innvandrarbakgrunn i trussamfunn har kunnskap om det norske samfunnet og innsikt i dei grunnleggjande verdiane det norske samfunnet byggjer på, og at dei har tenkt over kva det vil seie å vere leiar i eit trussamfunn i Noreg. Kurset *Å vere religiøs leiar i det norske samfunnet* vil derfor bli vidareført og vidareutvikla med eit tydelegare fokus på tvangsekteskapsproblematikk enn i dag.

Tilbodet om samtale og frivillig underlivsundersøking som førebyggjande tiltak mot kjønnslemlesting blei innført på landsbasis frå 2010, i praksis frå 2011. Departementet har gitt Nasjonalt kunnskapssenter mot vald og traumatisk stress (NKVTS) i oppdrag å vurdere nytten av tilbodet som førebyggjande tiltak, praktiseringa av og erfaringar med ordninga. Det vidare arbeidet vil byggje på ein rapport frå NKVTS.

Regjeringa vil vidareføre og vidareutvikle arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting gjennom ein ny handlingsplan mot tvangsektes-

skap for 2012 og ein ny handlingsplan mot kjønnslemlesting for 2012. Dei nye handlingsplanane vil byggje på tiltak som er sette i gang, og ha fokus på førebygging, vern og straffeforfølgning gjennom samarbeid og samordning og kunnskap og kompetanse. Dei lokale, tverrfaglege og tverretatlege prosjekta om arbeid mot tvangsekteskap, æresrelatert vald og kjønnslemlesting vil bli vidareførte og utvikla i ny handlingsplanperiode.

Delmål 2.5: Høgare sysselsetjing blant innvandrarak

Resultatrapport 2010/2011

Talet på sysselsette innvandrarak auka med 23 700 frå 4. kvartal 2009 til 4. kvartal 2010. Fordi innvandrarakbefolkninga òg auka, var delen sysselsette likevel nesten uendra, på 61,6 prosent. I heile befolkninga gjekk delen sysselsette ned, frå 69,7 til 69,1 prosent det siste året.

Høgast var sysselsetjinga blant dei nordiske innvandrarakane med 74,6 prosent. Dernest kom dei frå EU-landa i Aust-Europa med 70,9 prosent og dei frå Vest-Europa elles med 70,8 prosent. For innvandrarakgruppene elles var sysselsetjingsprosentane slik: Nord-Amerika og Oseania 64,1 prosent, Sør- og Mellom-Amerika 62,9 prosent, Aust-Europa utanom EU 61,5 prosent, Asia 53,3 prosent og Afrika 43,9 prosent.

Den registrerte arbeidsløysa blant innvandrarak gjekk ned frå 7,8 prosent i februar 2010 til 7,7 prosent i februar 2011. I resten av befolkninga gjekk den registrerte arbeidsløysa ned frå 2,5 til 2,3 prosent. Når det gjeld talet på registrerte ledige, er det enno ein viss auke blant innvandrarak, på 1 650. Når prosentdelen ledige i denne gruppa likevel går litt ned, er årsaka at talet på sysselsette har auka. Veksten i arbeidsinnvandreringa er ei viktig årsak til dette. Størst nedgang i arbeidsløysesprosenten var det blant dei frå EU-landa, 0,5 prosentpoeng. Elles var det ein svak nedgang på under 0,5 prosentpoeng i dei fleste gruppene, med unntak av den asiatiske, som hadde ein svak auke på 0,4 prosentpoeng.

Ser vi på prosentdelen av registrerte ledige i dei ulike gruppene, har den afrikanske gruppa enno høgast arbeidsløysa, på 13,4 prosent. Deretter kjem innvandrarak frå EU-landa i Aust-Europa, med 10,2 prosent ledige. Vidare ser vi at innvandrarak frå Asia hadde 8,8 prosent ledige, dei frå Sør- og Mellom-Amerika 7,8 prosent og innvandrarak frå Aust-Europa utanom EU 7,5 prosent ledige. Innvandrarak frå Norden og Vest-Europa hadde i same følgd 3,0 og 3,7 prosent ledige.

Talet på innvandrarak som deltok på ordinære arbeidsmarknadstiltak, gjekk ned frå 8 250 i 1. kvartal 2010 til 6 548 i 1. kvartal 2011, ein nedgang på 20 prosent. Blant deltakarane utanom innvandrarakgruppa gjekk talet ned frå 13 572 til 9 700 deltakarar, noko som er ein nedgang på 28 prosent.

Undersøkingar viser at personar med innvandrarakbakgrunn oftare er overkvalifiserte for stillinga si enn befolkninga generelt. Auka arbeidserfaring gir mindre overkvalifisering for alle. Med ti års arbeidserfaring er delen overkvalifiserte blant tilsette med bakgrunn frå Afrika, Asia mv. redusert med 12 prosentpoeng, og i heile folket er delen redusert med 15 prosentpoeng. Sjølv om auka arbeidserfaring har nesten like stor effekt blant innvandrarak frå Afrika, Asia mv. som for folket i alt, minkar ikkje gapet mellom dei to gruppene nemneverdig. Etter ti års arbeidserfaring er framleis 37 prosent av innvandrarakane frå Afrika, Asia mv. overkvalifiserte for den jobben dei har, mot 11 prosent i heile folket.

Introduksjonsordninga for nykomne innvandrarak og opplæring i norsk og samfunnskunnskap er viktige ordningar som skal medverke til å auke deltakinga i yrkes- og samfunnslivet. Departementet har allereie innført fedrekvote i omsorgspermisjonen for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Kvoten er innført for fedrar med barn som er fødte etter 1. september 2010. Frå og med 1. juli 2011 blei òg målgruppa for introduksjonsordninga utvida. Kvinner som har kome på grunnlag av familiesameining, og som så får opphald på sjølvstendig grunnlag ved samlivsbrot eller mishandling, kan få ta del i introduksjonsordninga. Sjå også omtale under delmål 2.3 *Rask overgang til arbeid eller utdanning etter gjennomført introduksjonsprogram*.

Det er eit mål at delen av personar med innvandrarakbakgrunn som er tilsette i staten, skal auke. Innan statsforvaltninga er det innført ei ordning med at minst éin søkjar med innvandrarakbakgrunn skal kallast inn til intervju dersom han eller ho er kvalifisert for stillinga. Ei kartlegging som Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet gjorde i 2008, syner at 33 prosent av dei med innvandrarakbakgrunn som blei kalla inn til intervju, blei tilsette i stillinga. Nokre kommunar har også teke i bruk tilsvarende intervjuordningar. Regjeringa ønskjer at fleire kommunar tek i bruk ordninga, og har gitt IMDi i oppdrag å støtte kommunesektoren i dette arbeidet. IMDi undertekna i mars 2011 ei avtale med Sarpsborg kommune om innføring av intervjuordninga. IMDi er i dialog med KS om intervjuordninga.

I 2008 starta eit toårig forsøk med moderat kvotering av personar med innvandrarbakgrunn i stillingar i 12 statlege verksemdar. Sluttevalueringa syner at verkemiddelet i liten grad er nytta og er dårleg implementert i nokre av verksemdene. Det kan sjå ut som om to år er for lite til å implementere og sjå effekten av tiltaket. Samstundes viser evalueringa at tiltaket har skapt auka merksemd og medvit kring rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet vurderer korleis dei skal følgje opp forsøket.

Sidan 2006 har arbeids- og inkluderingsministeren, no barne-, likestillings- og inkluderingsministeren, halde årlege møte med leiarane i dei statlege heileigde verksemdene for å diskutere korleis ein kan auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. Verksemdene er mellom anna blitt oppmoda til å auke talet på leiarar med innvandrarbakgrunn og til å motverke at innvandrarar fell først ut i samband med nedbemanning. IMDi følgjer opp verksemdene mellom møta og lagar statusrapport over arbeidet. Rapporten for 2010 syner at verksemdene har oppretthalde aktivitetsnivået. Delen leiarar med innvandrarbakgrunn har halde seg stabil frå 2009, og det har vore ein liten auke i delen toppleiarar med innvandrarbakgrunn. Fleire jobbsøkjjarar med slik bakgrunn som har blitt kalla inn til intervju, har blitt tilsett. Statsrådens møte med dei statleg heileigde verksemdene i 2011 vil markere avslutninga på statsrådets møter av denne typen. IMDi held fram med å dokumentere dei statlege heileigde verksemdene sine aktivitetar for auka rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn, samt tilrettelegging for mangfald og inkludering på arbeidsplassen. I tillegg blir arbeidet styrkt gjennom oppstart av IMDis nettverk for mangfald i desse verksemdene, med fokus på HR-fagleg oppfølging og kompetansetilførsel frå IMDi.

Prosjektet *Mangfaldsløft* blei utvikla i samarbeid mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet og IMDi i 2008, etter forslag frå ei arbeidsgruppe som var sett saman av partane i arbeidslivet. Hovudmålet har vore å auke rekrutteringa av innvandrarar til arbeidslivet med særleg vekt på ikkje-vestlege innvandrarar. Det har vore lokale samarbeidsprosjekt i Fredrikstad, Skien/Grenlandsregionen og Søndre Nordstrand i Oslo, med deltakarar frå kommunane, NAV-kontor, IMDi og partane i arbeidslivet. *Mangfaldsløft* blei avslutta i desember 2010 og har blitt evaluert undervegs og til slutt i prosjektperioden. Sluttrapporten gir ei oversikt over aktivitetar og samla funn frå evalueringa. Dei lokale prosjekta kan vise til ulik grad av

måloppnåing i form av overgang til arbeid for deltakarane; frå 0 til 90 prosent. Skilnaden i måloppnåing heng saman med dei lokale prosjekta sine val av målgruppe, målgruppa sine bakgrunnsvariablar, behov og føresetnader, i tillegg til val av arbeidsmetode. Utover sprikande kvantitative resultat har dei lokale prosjekta samla sett oppnådd kvalitative resultat i form av auka kunnskap, erfaringar om målgruppa og suksessfaktorar i arbeidet. Evalueringa viser at dei lokale prosjekta særleg har lykkast med kartlegging, rettleingsmetodikk, oppfølging og arbeidsgivarkontakt. I tillegg har *Mangfaldsløft* synleggjort utfordringar knytte mellom anna til målgruppa sin heterogenitet og behovet for varierte tiltak og metodar. Intensjonen er no at erfaring og læring frå prosjekta skal spreia til heile NAV og til andre aktørar på integreringsfeltet (flyktingtenesta, vaksenopplæringa, dei regionale kontora til IMDi, arbeidsgivarar mv.). Sluttrapporten frå evalueringa kan lesast på ramboll-management.no.

Mangfaldsportalen.no blei lansert i mars 2009, i samarbeid med partane i arbeidslivet. Portalen rettar seg mot arbeidsgivarar, tillitsvalde og ansvarlege for opplæring og HR i verksemdar i offentleg og privat sektor. Han gir informasjon og rettleiing om rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn og om mangfaldsarbeid. IMDi er ansvarleg for portalen. Besøket til portalen har halde seg stabilt sidan lanseringa. I 2010 var det i snitt 39 besøk / 126 visingar kvar dag. Gjennomsnittleg lengde på besøka var seks minutt, noko som tyder på at dei besøkande tek seg tid til å lese innhaldet. Portalen er vidareutvikla med ny modul i nettkursa (e-læring) og med database med oversikt over relevante lover og reglar. Nye fagartiklar og fleire gode eksempel er publiserte.

Det er store variasjonar i deltaking i arbeidslivet blant innvandrarane. Ei særleg utfordring er låg sysselsetjing i nokre grupper av kvinner med innvandrarbakgrunn. Mange kvinner som ikkje tek del i arbeidslivet, er heimeverande og blir økonomisk underhaldne av ein mann som er i arbeid. Desse kvinnene er derfor ikkje i kontakt med NAV eller i gang med noka form for kvalifisering, og ein må jobbe særskilt for å finne og motivere dei til å ta del i kvalifisering til arbeid. Resultatrapporten frå IMDi for 2010 viser at 529 personar frå 59 land tok del i *Ny sjanse* i 2010. Meir enn 35 prosent av deltakarane hadde bakgrunn frå Somalia og 18 prosent frå Irak. Av alle deltakarane var 77 prosent kvinner. I snitt gjekk 23 prosent av alle deltakarane til arbeid eller utdanning i 2010. Dette resultatet er lågare enn åra før. Resultata har frå starten i 2005 og fram til 2009 halde seg på eit sta-

bilt og høgt nivå. Frå starten i 2005 og fram til 2009 gjekk totalt 43 prosent av deltakarane over til arbeid eller utdanning.

Det er stor variasjon når det gjeld resultat for dei ulike målgruppene i *Ny sjanse*. 43 prosent av deltakarane i ungdomsprosjekta går over til arbeid eller utdanning og 16 prosent av deltakarane i prosjekta retta mot heimeverande kvinnene. Av dei heimeverande kvinnene blir 20 prosent overførte til anna tiltak, og 12 prosent søker arbeid gjennom NAV. IMDi forklarar nedgangen i resultat med fleire forhold som kan ha påverka kor mange som gjekk over i arbeid eller utdanning etter avslutte program. Dette er mellom anna situasjonen på arbeidsmarknaden, utdanningsnivået og arbeidserfaringa til deltakarane og forhold ved gjennomføringa av prosjekta. Få heimeverande kvinner går over til arbeid eller utdanning, og IMDi forklarar at mange av kvinnene som ikkje tidlegare har teke del i noka form for kvalifisering, har ein lenger veg å gå enn dei som har vore deltakarar i *Ny sjanse* dei tidlegare åra. *Ny sjanse* er òg omtalt under kap. 821, post 62.

Erfaringar frå forsøksverksemda tyder på at innvandrarar har særlege utfordringar når dei skal etablere eiga bedrift fordi dei har manglande kjennskap til norske rutinar og prosessar og vanskar med å få lån. Det er få målretta tilbod om rettleiing for etablerarar som tek omsyn til dei særlege behova denne gruppa har. For 2011 blei det løyvd 3,25 mill. kroner til ei styrking av entreprenørskap for innvandrarar. Departementet ba IMDi setje i gang ein pilot for å teste ut utforminga av ei meir permanent ordning som gjev støtte, i form av delfinansiering, til ein kommune, interkommunalt samarbeid, eller ein fylkeskommune som vil opprette eit regionalt etablerarsenter for innvandrarar. Eit regionalt etablerarsenter skal ha to kjerneoppgåver. Det skal tilby opplæring og individuell rettleiing og oppfølging til innvandretablerarar, og det skal vere eit kunnskapssenter med kompetanse- og rettleiingstenester for andre kommunar og aktørar i regionen. Kommunen vil elles få fri-dom til å utforme og tilpasse tilbodet til lokale behov. Det blei sett av 3 mill. kroner til dette formålet. Det blei òg sett av midlar til evaluering av dette prøveprosjektet og til ei utgreiing av korleis IMDi, med sine regionalkontor, kan fyllerolla som eit nasjonalt kunnskapssenter om etablerarverksemd for innvandrarar.

Det er viktig at arbeidsinnvandrarar som har busett seg i landet, får dei same høva til å ta del i yrkes- og samfunnslivet som resten av folket. Startpakka *Ny i Norge* for arbeidsinnvandrarar om nøkkelspørsmål ved arbeid og opphald i landet er

utarbeidd av IMDi og har vore distribuert sidan 15. september 2009. Tilbakemeldingane tyder på at *Ny i Norge* har treft informasjonsbehovet.

I Stortingsmelding nr. 18 (2007–2008) *Arbeidsinnvandring* såg regjeringa eit behov for tiltak som kan leggje til rette for at arbeidsinnvandrarar blir kjende med pliktene sine og kan bruke rettane sine på linje med resten av folket. Mellom anna blei det føreslått å greie ut om innføring av norskopplæring som eit generelt tilbod for alle arbeidsinnvandrarar og dei vaksne familiemedlemmene deira. Velferds- og migrasjonsutvalet (NOU 2011:7) har vurdert tilbodet om norskopplæring til innvandrarar. Fleirtalet i utvalet tilrår ikkje noko generelt tilbod om gratis norskundervisning til vaksne EØS-borgarar som busett seg i Noreg. Samstundes har Inkluderingsutvalet (NOU 2011:14) tilrådd gratis norskopplæring til arbeidsinnvandrarar som busett seg i Noreg, og til familiesameinte med desse. Dei ulike vurderingane til utvala viser at vi må vurdere dette grundig før vi konkluderer.

Strategiar og tiltak for 2012

Regjeringa vil hindre at vi får eit samfunn der systematiske skilnader i levkår følgjer etniske skiljelinjer. Arbeid er det viktigaste verkemiddelet for å sikre den enkelte gode levkår. Auka deltaking i arbeidslivet skal vere hovudstrategien for å sikre ei god samfunnsutvikling. Eit godt kvalifiserings-tilbod er nødvendig for å oppnå målet om auka deltaking i arbeidslivet for innvandrarar. Regjeringa vil også i 2012 ha sterkt fokus på vidareutvikling av kvalifiseringstilbodet for innvandrarar med behov for kompetanse for norsk arbeidsliv. Regjeringa vil parallelt arbeide vidare mot diskriminering og for ein inkluderande rekrutteringspolitikk, mellom anna i samarbeid med partane i arbeidslivet, slik at innvandrarane sin kompetanse kjem betre til nytte på alle nivå i arbeidslivet.

Over fleire år har vi registrert ein tendens der enkelte innvandrarar har dårlegare levkår og i større grad er avhengige av offentlege velferdsordningar enn resten av befolkninga. Dette gjeld særleg innvandrarar frå land i Asia og Afrika som har kome som flyktningar og familieinnvandrarar. Lågare sysselsetjing og høgare arbeidsløse samanlikna med befolkninga elles er ein viktig grunn til skilnadene. Det er særleg viktig å få fleire i denne gruppa i arbeid og motverke utstøying frå arbeidslivet. Det er viktig å auke sysselsetjinga blant kvinnene og at ungdommen får arbeid på lik linje med annan ungdom og i samsvar med kvalifikasjonane sine.

Det er lagt opp til ein brei innsats for å få personar som står utanfor arbeidsmarknaden, deriblant innvandrarak, over i arbeid. Denne innsatsen er omtalt i Prop. 1 S (2011–2012) for Arbeidsdepartementet.

Låg kompetanse og svake grunnleggjande ferdigheiter samanlikna med krava i arbeidsmarknaden er ei utfordring og gjer at ein del innvandrarak òg i 2012 vil ha behov for tilpassa opplæring og særskild hjelp for å kome i varig arbeid.

Det er viktig å oppnå gode resultat i introduksjonsprogrammet. Introduksjonsprogram er eit av dei sentrale integreringstiltaka for nykomne innvandrarak, og kvaliteten skal vere best mogleg. Departementet har fått mange innspel til korleis introduksjonsordninga kan styrkjast i framtida frå mellom anna Inkluderingsutvalet og Velferds- og migrasjonsutvalet. Sjå også delmål 2.3 Rask overgang til arbeid eller utdanning etter gjennomført introduksjonsprogram.

Forsøket med *Ny sjanse* blir ført vidare i 2012. Det blir retta særleg inn mot utvalde landgrupper med spesielt høg arbeidsløyse eller låg sysselsetjing. Kvinner frå desse utvalde landgruppene vil vere hovudmålgrupper.

Det er viktig med ein medviten og aktiv politikk blant alle arbeidsgivarar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarakgrunn og for at dei får arbeid i tråd med kvalifikasjonane sine. Regjeringa ser det som viktig at offentleg sektor skal gå føre med eit godt eksempel. Plikta i staten til å intervjuje minst éin søkjar med innvandrarakgrunn dersom han eller ho er kvalifisert for stillinga, vil bli ført vidare. IMDi vil også i 2012 arbeide for at fleire kommunar og fylkeskommunar skal innføre ei tilsvarande ordning.

Auka gründerverksemd blant innvandrarak vil vere eit positivt bidrag til målet om auka sysselsetjing. Arbeidet med å utvikle eit tilbod om rettleiing for etablerarak som tek omsyn til dei særlege behova denne gruppa har, vil halde fram.

Ei kartlegging har gitt betre oversikt over godkjenningsordningane for lovregulerte yrke og eit betre grunnlag for å vurdere om det er behov for tiltak for å unngå at desse ordningane skaper utilsikta hindringar for innpass på arbeidsmarknaden for innvandrarak. Regjeringa vil følgje opp kartlegginga.

Delmål 2.6: Høg deltaking i samfunnslivet blant innvandrarak og barna deira

Resultatrapport 2010/2011

For all slags deltaking i organisasjonar, unnateke religiøse, har innvandrarak lågare grad av organisering enn befolkninga i alt. Kvinner med innvandrarakgrunn er sterkast underrepresenterte.

Tilskot til innvandrarakorganisasjonar og anna frivillig verksemd skal bidra til å styrkje frivillige organisasjonar si rolle i integreringsarbeidet, jf. rapportering på kap. 821, post 71. Det blir gitt støtte til lokale innvandrarakorganisasjonar, til aktivitet i lokalsamfunn, til landsdekkjande organisasjonar som arbeider på integreringsfeltet, til arbeid mot tvangsekteskap og til organisasjonar og grupper som gir målretta informasjon om det norske samfunnet til nye innvandrarak. Samla legg dette tilskotet grunnlag for aktiv samfunnsdeltaking for personar med innvandrarakgrunn.

Målet med tilskotsordninga til landsdekkjande organisasjonar har vore å leggje til rette for organisasjonar som arbeider for å sikre at alle har dei same moglegheitene, rettane og pliktene når det gjeld å ta del i samfunnet og å ta i bruk egne ressursar. Tilskotsordninga skal mellom anna bidra til å byggje opp kunnskap basert på erfaring og kompetanse om kva som fremmar inkludering og auka deltaking frå innvandrarakbefolkninga i samfunnet. Målet med tilskotet til lokale organisasjonar er å medverke til å styrkje innvandrarakbefolkningas deltaking i organisasjonslivet lokalt og å auke tilgjenge til sosiale nettverk for denne delen av befolkninga.

IMDi har samarbeidsavtaler med til saman seks frivillige organisasjonar med mål om å gjere det lettare for kommunar å ta imot og busette nykomne innvandrarak. Desse organisasjonane er Frivillighet Norge, Norges Fotballforbund, Raudekrossen i Noreg, Norske Kvinners Sanitetsforening, Norsk Folkehjelp og Redd Barna. Gjennom avtalene er det gitt støtte til ei rekkje lokale prosjekt over heile landet som skal bidra til utvikling av lokalt integreringsarbeid og lokale møteplassar mellom minoritets- og majoritetsbefolkninga. Avtalene skal i tillegg bidra til metodeutvikling og auka kunnskap om frivillig integreringsarbeid og til at det blir rekruttert fleire innvandrarak som medlemmer, tillitsvalde og tilsette i organisasjonane.

Kontaktutvalet mellom innvandrarakbefolkninga og myndighetene (KIM) er ein viktig reiskap for å få fleire stemmer med innvandrarakgrunn inn i samfunnsdebatten. Utvalet gir råd til styresmak-

tene i saker som vedkjem innvandrarak. KIM vedtek sjlv sine satsingsområde. I 2011 var desse likeverdige offentlege tenester, likestilling og deltaking og arbeid med rettar. Sjå eiga omtale av KIM under kap. 823.

I 2010/2011 har departementet sett i gang ein analyse av tilskotsordningane over kap. 821, post 71. Departementet har fått innspel frå ei rekkje ulike miljø. Det er spurt om innretninga av posten kan bli justert, slik at formåla med tilskota blir oppnådd på ein god måte. Departementet har hatt eit tett samarbeid med IMDi som har gitt fleire innspel. Innspela viser mellom anna at det er viktig å styrkje frivillig arbeid lokalt. Departementet har motteke få synspunkt på rolla til dei landsdekkjende organisasjonane. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor har, på oppdrag frå departementet, utarbeidd eit notat basert på forskning om frivillig sektor og innvandrarak. Departementets analyser byggjer òg på evalueringar av dei ulike ordningane på posten. Vidare byggjer han på omtala av frivillig deltaking i NOU 2011:14 *Bedre integrering – mål, strategier og tiltak*.

Når innvandrarak er tilknytte frivillige organisasjonar, bidreg dette til utvikling av tillit på individnivå. Foreiningar i nærmiljøet er viktige arenaer for brubygging mellom minoritet og majoritet. Deltaking på felles møteplassar i nærmiljøet kan bidra til å styrkje fellesskapskjensla og å auke tillitsband mellom minoritets- og majoritetsbefolkninga.

Barnehagen er ein viktig arena for inkludering og språkstimulering. Forsøk med gratis kjernetid i barnehage i område med ein høg del minoritetspråklege barn inneber tilbod om gratis opphald i barnehage fire timar om dagen, totalt inntil 20 timar per veke. Formålet med forsøket med gratis kjernetid er, gjennom auka deltaking i barnehage, å førebu barna på skolestart, å betre norskkunnskapane for minoritetspråklege barn og å medverke til sosialiseringa generelt. Ei målsetjing med forsøket er å sikre ei målretta oppfølging av dei føresette med innvandrarbakgrunn, slik at dei kan medverke til at barna kan følgje ordinær undervising på skolen. Forsøket har også som formål å auke forståinga hos foreldra for at norsk språk er viktig, og for deltaking i sosiale aktivitetar. Vidare skal tiltaket medverke til å sikre at barnehagepersonalet har god kompetanse i fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering. Forsøket med gratis kjernetid i barnehage omfattar område i Oslo, Drammen og Bergen.

Rapporteringa frå Oslo kommune om forsøket for fire- og femåringar syner at barnehagedeltakinga her har auka år for år fram til 2009, og at

fleire søker heildagsplass. I 2010 var det derimot ein liten nedgang i deltakinga i Oslo. Kommunen melder at dei tilsette har fått meir kompetanse til å jobbe systematisk med språkutviklinga til det enkelte barnet. Skolar i dei aktuelle bydelane melder at det språklege nivået og dei sosiale dugleikane til barna som startar på skolen, er betre enn tidlegare. Skolar seier også at dei opplever at foreldre er meir engasjerte i barnas skolegang enn tidlegare.

Forsøka med gratis kjernetid, som er sette i gang seinare i bydelen Gamle Oslo og i Drammen og Bergen, har medverka til at barnehagedeltakinga har auka i områda der det er forsøk. Særleg stor auke har det vore i Drammen. Det er sett i gang ei treårig ekstern evaluering av forsøket med gratis kjernetid.

Staten og Oslo kommune gjorde i januar 2007 avtale om ei brei og heilskapleg satsing for å betre miljø- og levekåra i Groruddalen over ein periode på ti år. BLD har det overordna ansvaret for statens innsats på programområde 4 i satsinga, som omhandlar oppvekst, utdanning, levekår, kulturaktivitetar og inkludering. IMDi samordnar det statlege arbeidet.

Til Groruddalssatsinga blei det på programområde 4 i 2011 sett av 48,6 mill. kroner frå staten til ekstraordinære tiltak på fleire departement sine ansvarsområde. Ei følgjeevaluering blei gjennomført i perioden 2008–2010. I sluttrapporten frå 2010 blir det peikt på at dei mange tiltaka i satsinga kvar for seg gir mange effektar og peiker fram mot måla. Satsinga blir vurdert å vere på rett kurs. Følgjeevalueringa har ikkje sett på resultat av satsinga. Det er òg starta ei midtvegsevaluering som på grunnlag av gjennomførte tiltak skal vurdere kva effektar satsinga har hatt etter dei fire første åra. Evalueringa skal vere ferdig i 2011. Det er blitt arbeidd kontinuerleg med å få ny kunnskap om forskjellane i levekår i Groruddalen og om tiltak som kan betre levekåra.

Det viktigaste enkelttiltaket i programområde 4 er gratis kjernetid i barnehage. I tillegg er det gitt midlar til *Språkløftet* og *Utviklingsprosjektet i skolar med meir enn 25 prosent minoritetspråklege elevar*. Desse to prosjekta blir avslutta i 2011. *Språkløftet* har medverka til at ein har fått eit meir systematisk og fagleg samarbeid mellom skolane og barnehagane som deltek. Folkehelseprosjekt som skal bidra til å redusere helseforskjellane i befolkninga i Groruddalen, er gjennomført i alle dei fire bydelane. Prosjekta dreier seg mellom anna om fysisk aktivitet, kosthald og førebygging av livsstilsrelaterte sjukdommar som diabetes.

I 2008 underteikna staten ved Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Oslo kommune ei intensjonsavtale om *Handlingsprogram Oslo Sør*. *Handlingsprogram Oslo Sør* er eit forpliktande samarbeid for å betre oppvekst- og levekåra i bydelen Søndre Nordstrand dei nærmaste ti åra. I tillegg til dei ordinære midlane som går til bydelen, har staten gitt i underkant av 15,2 mill. kroner i ekstraordinære midlar til dette handlingsprogrammet i 2011. Også i *Handlingsprogram Oslo Sør* har ein arbeidd med barn og oppveksttiltak, særleg når det gjeld språk og skole, og med styrking av foreldrerolla, i tillegg til auka deltaking i arbeidslivet. IMDi samordnar den statlege innsatsen innanfor satsinga.

Strategiar og tiltak for 2012

Frivillige organisasjonar har ei sentral rolle i demokratiet. I Noreg tek innbyggjarane del i frivillig verksemd i langt større grad enn i dei fleste andre land. Foreiningar i sivilsamfunnet er viktige arenaer for inkludering, produksjon av fellesskapskjensle, tillit og tilhøyrslø. Dei bidreg til at menneske kan utfalde seg, til sjølvrealisering og trivsel, og dei reduserer isolasjon og passivitet. Dei bygger òg nettverk og kompetanse som kan vere eit springbrett vidare ut i utdanning og arbeid.

Det er eit problem når innvandrarakar fell utanfor frivilligheita som opplæringsarena for fellesskapsverdiar. Lågare deltaking i frivillig verksemd gjer at innvandrarakar i mindre grad enn andre får tilgang til ressursar i form av kunnskap, fellesskap og nettverk. Mange organisasjonar har ein tendens til å rekruttere dei som er like dei som alt er i organisasjonen. Skil dette endrast, må ein utvide dei sosiale nettverka på lokalt nivå til også å fanne minoritetar.

Departementet vil auke fokuset på lokal aktivitet og på arbeid mot diskriminering i organisasjonane. Vidare vil ein halde fram med formidling av informasjon og rettleiing til innvandrarakar og med innsats mot tvangsekteskap.

Organisasjonane som tidlegare har fått støtte som landsdekkjande, er særskilte ulike når det gjeld formål, arbeidsform og organisering, slik at det er vanskeleg å vurdere måloppnåing og støttebeløp. For å sikre ei fleksibel ordning som gir rom for fornying og breidde i organisasjonslandskapet, og som sikrar innvandrarbefolkninga ei stemme, vil departementet leggje om ordninga. Tilskotsordninga til landsdekkjande organisasjonar vil bli lagt ned. I staden vil ein sikre støtte til nokre organisasjonar gjennom direkte øyremerking i statsbudsjettet. Ordninga vil heretter bli kalla *støtte til*

nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet, som er ei meir dekkjande nemning.

Målet med tilskotet til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet vil vere å bidra til auka deltaking i og tillit til samfunnet blant innvandrarbefolkninga. Tilskotet skal bidra til å sikre at alle har dei same moglegheitene, rettane og pliktene når det gjeld å delta i samfunnet og å ta i bruk eigne ressursar. I tida framover vil det vere eit særskilt fokus på arbeid mot diskriminering.

Premissen for å gi støtte vil vere at organisasjonane jobbar utoverretta, er inkluderande, driv brubygging og samarbeider med andre organisasjonar. Tilskota må bidra til å byggje relasjonar baserte på respekt, tillit og aksept mellom ulike aktørar på integreringsfeltet. Organisasjonane må kunne vise til planlagde mål og oppnådde resultat for å få støtte.

Midlane til arbeid mot tvangsekteskap vil bli vurderte i budsjettet for 2013. Det er gjennomført ei eiga evaluering av denne tilskotsordninga. Det vil ikkje bli gjort endringar i støtta til informasjons- og rettleiingstiltak.

Enkelte område i større byar har særskilte utfordringar med levekår av eit slikt omfang at det er behov for særlege satsingar. Personar med innvandrarbakgrunn er ofte overrepresenterte i desse områda. Områdesatsing kan vere eit viktig verkemiddel for å betre levekåra i avgrensa geografiske område. Ei områdesatsing er eit samarbeid mellom stat og kommune som skal bidra til å betre levekåra ved å sjå fleire verkemiddel i samanheng og til å skape synergieffektar av statlege og kommunale middel. Ei slik heilskapleg satsing kan òg vere viktig for å snu ei negativ sosial eller økonomisk utvikling i eit område og for å stimulere til sosial inkludering i lokalsamfunnet og deltaking i samfunnet elles. Regjeringa har gjort langsiktige samarbeidsavtaler med Oslo kommune om felles områdesatsingar for å betre levekåra i fire bydelar i Groruddalen og bydelen Søndre Nordstrand.

Å meistre språk er ein viktig føresetnad for deltaking i samfunnet. Deltaking i barnehage førebear barn på skolestarten, betrar norskkunnskapane deira og medverkar til sosialisering generelt. Forsøksordninga med gratis kjernetid i barnehage vil derfor bli ført vidare i 2012. Sjølv om *Språkløftet* og *Utviklingsprosjektet i skolar med meir enn 25 prosent minoritetsspråklege elevar* blir avslutta i 2011, vil Kunnskapsdepartementet vidareføre skolesatsinga i Groruddalen og Oslo Sør i ei anna form i 2012. Kunnskapsdepartementet har sett av 10 mill. kroner årleg til nye skoletiltak i områda i perioden 2012–2016.

Delmål 2.7: God kunnskap om integrerings- og inkluderingspolitikken i befolkninga

Resultatrapport 2010/2011

BLD har i kunnskapsarbeidet sitt i 2011 vidareført samarbeidet med SSB om utvikling og vedlikehald av statistikk og analysar om migrasjon, integrering og levekår, jf. *ssb.no/innvandring*. Statistikken er ei plattform for vidare analyse og for politikktutforming, men er òg viktig for å oppnå ein faktabasert og konstruktiv debatt om integrering.

BLD støttar òg programmet for forskning på *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* (VAM) i regi av Noregs forskingsråd og forskingsprogrammet *Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor*, jf. omtale i Del III.

IMDi har ei sentral rolle i å spreie informasjon om integrerings- og inkluderingspolitikken og bidra med kunnskapsutvikling. IMDi sine viktigaste informasjonskanalar til brukarar, samarbeidspartnarar og samfunnet elles er nettportalen *imdi.no* og nyhendebrevet *i-nytt*.

Informasjonsverksemda til IMDi har i 2010 og 2011 særleg vore retta mot tiltak innan busetjing, introduksjonsordninga/norskopplæring, sysselsetjing av kvinner, arbeid mot tvangsekteskap, arbeidsinnvandring, statsborgarseremoni og val. Fremming av fagrelatert informasjon er prioritert framfor hyppig nyhendeproduksjon.

Andre viktige informasjonskanalar er nettstader som *nyinorge.no*, Mangfalds- og migrasjonsbiblioteket og kunnskapsformidling i form av medium og publikasjonar. Ein av desse publikasjonane er iFAKTA, som IMDi har publisert både i 2010 og 2011. Dette er eit faktahefte om innvandrarar og integrering som rettar seg mot befolkninga generelt. I IMDis rapportserie blei det i mai 2011 publisert ein rapport som omhandla norskopplæring for vaksne innvandrarar. Hausten 2011 lanserte BLD eit hefte som inneheld tal og fakta på område som er sentrale for integreringa. Heftet er òg å finne på *regjeringa.no*.

I 2008 sette regjeringa av midlar for å prøve ut ei ordning der frivillige organisasjonar gir målretta informasjon og rettleiing til innvandrarar for å styrkje deltakinga deira i lokalsamfunn og utvikle nettverk. Denne ordninga blei styrkt i 2009 og vil bli ført vidare i 2012, jf. omtale under kap. 821, post 71 *Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd*.

Strategiar og tiltak for 2012

Politikkutviklinga på integrerings- og inkluderingsområdet skal byggje på kunnskap, gjennom evalueringar av verkemidla på området, utvikling av nasjonale grunnlagsdata og generell forskning og kunnskapsutvikling nasjonalt og internasjonalt.

Samarbeidet med SSB om statistikk som gjeld innvandring, integrering og inkludering av innvandrarar og barna deira, blir ført vidare, og BLD vil gi støtte til programmet for forskning på *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* (VAM) også i 2012.

Gjennom å produsere kunnskap og gjere kunnskapen tilgjengeleg legg ein til rette for ein brei offentleg debatt om integrering og inkludering. Målgruppa for slik kunnskap er både heile befolkninga og innvandrarar spesielt. IMDi har ein viktig funksjon i produksjon og formidling av kunnskap, metodar og verkemiddel som kommunar og statlege etatar kan nytte i arbeidet overfor innvandrarar. I tillegg vil ein i 2012 fokusere på å formidle resultatata av integreringspolitikken til heile befolkninga.

Gjennom støtte til landsdekkjande organisasjonar blir det bygd opp ulike kompetansemiljø når det gjeld kva som fremmar, og kva som hindrar inkludering. Slike miljø formidlar òg erfaringar og kompetanse når det gjeld dette, til styresmaktene og til innbyggjarane elles. Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkning og myndighetene (KIM) bidreg til å få fram ulike erfaringar og få til ein brei offentleg debatt om integrering og inkludering.

Delmål 2.8: Offentlege tenester som er tilpassa mangfaldet i befolkninga

Resultatrapport 2010/2011

På direktoratsnivå har IMDi ei sentral rolle i å koordinere arbeidet for at personar med innvandrarakgrunn skal få tilbod om likeverdige offentlege tenester. IMDi har også samarbeidsavtaler med fleire direktorat og etatar som har ansvaret for viktige velferdsoppgåver. Kommunane har ansvaret for ein vesentleg del av velferdstenestene.

Per 31. desember 2010 var det registrert 1 206 tolkar i 66 språk i Nasjonalt tolkeregister. Av desse har 58 prosent statsautorisasjon og/eller tolkeutdanning. Departementet vil sikre at dei som er førte opp i registeret, har minimumskompetanse i tolking. Praktiserande tolkar som ønskjer å bli registrerte, og som ikkje har fullført utdanning eller har statsautorisasjon, må ta ei

språkprøve og gjennomføre eit innføringskurs i kva for ansvar tolken har. Det er mogleg å kvalifisere seg til registeret i 73 språk. IMDi oppfordrar offentlege tolkebrukarar og tolkeformidlarar til å sende personar som blir brukte som tolkar, til språkprøve og utdanning. Hittil har 3 956 personar som tolkar på 70 språk, teke språkprøva. Av desse var det 65 prosent som ikkje greidde krava.

Universitetet i Oslo administrerer statsautorisasjonsordninga for tolkar. Autorisasjonsprøva er krevjande, og 91 prosent av kandidatane strauk i 2010. Strykprosenten er noko lågare for kandidatar med grunnutdanning i tolking. Per 31. desember 2010 har 178 tolkar i 21 språk fått løyve som statsautorisert tolk, 61 prosent av dei er kvinner.

Satsinga på utdanning for tolkar dei siste åra har medverka til at fleire tolkar har auka kompetansen sin. I 2007 blei det etablert ei permanent tolkeutdanning ved Høgskolen i Oslo (HiO). Per 31. desember 2010 har totalt 317 studentar i 45 språk bestått grunnutdanninga *Tolking i offentlig sektor* (30 studiepoeng) ved høgskolen. Dei første påbyggingsmodulane (*Tolking i retts- og nemnds-møte og Tolking av monologar – hugs og notattek-nikk*) i retning av eit bachelorstudium blei tilbydde ved HiO i 2009 og 2010. Til saman har 147 tolkar teke desse to modulane og bestått eksamen. IMDi samarbeider med høgskolen for å sikre at utdanningstilbodet er tilpassa det behovet samfunnet har for tolkar på ulike språk.

Det er ei utfordring at ulike sektorar ikkje bruker kvalifiserte tolkar i tilstrekkeleg grad. Ei undersøking om bruk av tolk i straffesakskjeda (IMDi-rapport 6-2009) viser at berre éin av tre i kriminalomsorga bruker tolk når det er behov for det, og sjølv om domstolane som oftast bruker tolk ved behov, har berre éin av tre i domstolane faste rutinar for å kontrollere kvalifikasjonane til tolken. I ei undersøking om bruk av tolk i grunnskolen i Oslo svarer éin av tre at barn av og til eller ofte blir nytta som tolk for foreldra.

Som eit ledd i arbeidet for personar med somalisk bakgrunn i Noreg er det sett i verk eit prosjekt for å vidareutvikle ei ordning med bruk av såkalla linkarbeidarar – det vil seie personar med det same språket og den same erfaringsbakgrunnen som brukarane – i formidlinga av informasjon til somaliarar som kjem i kontakt med det offentlege hjelpeapparatet. Formålet er å finne gode metodar som sikrar at brukarar med somalisk bakgrunn får den informasjonen dei har krav på. Forsøket blei starta opp i bydelen Gamle Oslo hausten 2010 og vil vare i to år.

Gjennom *Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrarbefolkninga* (2007–

2010) styrkte regjeringa innsatsen for at innvandrarar raskt kan kome ut i inntektsnivande arbeid og delta aktivt i samfunnet. Handlingsplanen inneheldt tiltak innanfor ansvarsområda til sju departement, og innsatsområda var arbeid og busetjing, oppvekst, utdanning og språk, likestilling og delta-king. 2010 var det siste året med styrking av *Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrarbefolkninga*, men tiltaka i planen blei førte vidare i 2011.

Regjeringa har i 2011 ført vidare *Mål for inkludering av innvandrarbefolkninga*, som måler effektar av inkluderingspolitikken over tid på dei ulike samfunnsområda. Det er også eit formål med ordninga at ho skal tydeleggjere for det enkelte sektororganet kva ansvar det har overfor innvandrarbefolkninga. I alt er det 17 mål som omfattar ansvarsområda til åtte departement. Kvart mål har éin eller fleire indikatorar som skal vise kva retning utviklinga går i. I statsbudsjettet for 2012 rapporterer departementa på måloppnåing for sjuande året på rad. Den samla rapporteringa på måla er å finne i Del III. Måla for inkludering, indikatorane og kor treffsikre dei er, er analyserte av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Analysen viste at ordninga har rom for forbetring. Mellom anna meinte Difi at ein bør sjå nærmare på måla.

Strategiar og tiltak for 2012

Likeverdige offentlege tenester må vere tilpassa behova til befolkninga. Dette inneber at dei enkelte fagstyresmaktene har ansvar for tenestetilboda til alle gruppene innanfor sitt område, også innvandrarar og barna deira. Oppgåver knytte til helse, utdanning, bustad og arbeidsliv, ligg innanfor ansvarsområda til andre departement.

For å sikre ei heilskapleg og målretta politikkutvikling har BLD eit særskilt samordnings- og pådrivaransvar i integrerings- og inkluderingspolitikken. På direktoratsnivå er det IMDi som har denne oppgåva.

Med bakgrunn mellom anna i Difi sin analyse av *Mål for inkludering av innvandrarbefolkninga* vil BLD vurdere korleis ordninga kan gjerast betre.

Rapporteringa frå dei ansvarlege departementa syner mellom anna at det har blitt vanskeleg for mange innvandrarar å kome inn på arbeidsmarknaden. Samstundes er auken i arbeidsløyse blant innvandrarar den same som auken i den samla arbeidsløysa.

Talet på minoritetsspråklege barn i barnehagar har auka dei siste åra. For femåringar er delen minoritetsspråklege nesten like høg som for andre barn.

IMDi har eit særskilt ansvar for å utvikle og formidle kunnskap om og metodar for å tilpasse offentlege tenester for alle brukargruppene. Det inneber mellom anna å leggje til rette for bruk av tolk dersom brukarar har behov for det.

Arbeidet for at likeverd og rettsvern i offentleg tenesteyting ikkje blir svekt ved språkbarrierar, vil bli ført vidare. Tilgang på kvalifiserte tolkar medverkar til å styrkje rettstryggleiken til individet. Sjølv om norskopplæringa for nykomne innvandrarar er styrkt, vil behovet for tolking vare ved. Innsatsen blir retta mot desse områda:

- kvalifiserte tolkar som er tilgjengelege over heile landet, og som dekkjer behovet
- god utdanningskapasitet som held høg kvalitet og dekkjer behovet
- god kunnskap om bruk av tolk i offentleg sektor
- formålstenleg og kunnskapsbasert regulering av tolkefeltet

For å auke tilgangen på kvalifiserte tolkar og stimulere tolkane til å dokumentere og auke kompetansen sin blei det i 2005 oppretta eit nasjonalt tolkeregister. Registeret skal også leggje til rette for at dei som bestiller tolk, bruker kvalifiserte tolkar. Det langsiktige målet er at flest mogleg av tolkane i registeret skal ha statsautorisasjon og tolkeutdanning. IMDi er nasjonal fagstyresmakt for tolking i offentleg sektor og eig og driv registeret. Nasjonalt tolkeregister blei evaluert i 2011. På bakgrunn av tilrådingane i evalueringa vil IMDi vurdere utviklingstiltak for å styrkje registeret.

Utdanningstilbodet for tolkar skal vere godt og funksjonelt. Tolkeutdanning blei eit permanent tilbod ved Høgskolen i Oslo frå hausten 2007, og oppbygging av eit bachelorstudium vil bidra til å profesjonalisere tolkeyrket enda meir. Arbeidet for auka kunnskap i offentleg sektor om samanhengen mellom rettsvern og kvaliteten på tol-

kinga held fram. Sektorstyresmaktene og kommunane har sjølvstendig ansvar for å utvikle gode rutinar for bestilling, betaling og bruk av kvalifisert tolk.

IMDi har leidd ei arbeidsgruppe som har sett på behovet for å regulere tolkefeltet. Arbeidsgruppa har kome med forslag til korleis det offentlege kan betre praksisen for bruk av tolk. Eit tiltak i handlingsplanen for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering er at ein skal vurdere å innføre felles retningslinjer for bruk av kvalifisert tolk i offentleg sektor. Det skal vidare vurderast å innføre sektorspesifikke retningslinjer for dei delane av offentleg sektor som har mykje å seie for velferda til brukarane. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helse- og omsorgsdepartementet, Domstoladministrasjonen, Utlendingsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet er i gang med å utarbeide eller har utarbeidd slike retningslinjer. Retningslinjene må gjerast kjende i kommunane. Arbeidsgruppa tilrår òg at opplæring i kommunikasjon via tolk går inn som ein del av opplæringa til tilsette i offentleg sektor. Høgskolen i Oslo har fått midlar frå IMDi til å utvikle kursopplegg for kommunikasjon via tolk.

For å sikre eit breiare og meir stabilt fagleg miljø, kunne bruke sensorar felles og kunne gi autorisasjon i alle språka det blir gitt utdanning i, skal statsautorisasjonsordninga for tolkar overførast frå Universitetet i Oslo til Høgskolen i Oslo.

I samarbeid med relevante myndigheiter gjennomfører IMDi ei årleg undersøking om bruk av tolk i ulike delar av offentleg sektor. Desse undersøkingane syner at barn blir nytta som tolk i ulike delar av offentleg sektor som til dømes hos fastlegar, i straffesaker og i grunnskolen. Departementet skal setje ned ei gruppe som skal vurdere moglege verkemiddel som kan nyttast for å unngå at barn blir nytta som tolk i offentleg sektor.

Nærmere om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.05 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
820	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	178 038	179 939	186 554	3,7
821	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrere	4 102 165	4 781 244	5 118 994	7,1
822	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for voksne innvandrere	1 479 775	1 664 649	1 727 031	3,7
823	Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmakter	6 192	6 312	6 441	2,0
Sum kategori 11.05		5 766 170	6 632 144	7 039 020	6,1

Inntekter under programkategori 11.05 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
3820	Inkluderings- og mangfalds- direktoratet	5 780			
3821	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrere	77 670	101 334	95 224	-6,0
3822	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for voksne innvandrere	82 872	94 320	116 614	23,6
3823	Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmakter	176			
Sum kategori 11.05		166 498	195 654	211 838	8,3

Utgifter under programkategori 11.05 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
01-23	Drift	244 887	268 049	278 694	4,0
50-59	Overføringer til andre statsrekneskap	6 000	6 000	6 186	3,1
60-69	Overføringer til kommunar	5 462 777	6 298 624	6 696 326	6,3
70-98	Overføringer til private	52 506	59 471	57 814	-2,8
Sum kategori 11.05		5 766 170	6 632 144	7 039 020	6,1

Kap. 820 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	178 038	179 939	186 554
	Sum kap. 0820	178 038	179 939	186 554

Status for verksemda

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er BLD sitt utøvande organ for statens integrerings- og inkluderingspolitikk og er ein premissleverandør for utvikling av politikken på feltet.

Dei viktigaste oppgåvene til IMDi er:

- å bidra til at kommunane buset flyktningar som får opphald i Noreg i tråd med intensjonane i busetjingsordninga
- å bidra til rask overgang frå introduksjonsprogram til arbeid eller utdanning
- å bidra til å utvikle og setje i verk integrerings- og inkluderingspolitikken
- å vere eit kompetansesenter for kommunane og andre samarbeidspartnarar som arbeider med integrering og inkludering
- å ta initiativ overfor sektorstyresmakter om kva høve og barrierar ulike grupper av innvandrarar står overfor, og å gi departementet råd og rettleiing
- å bidra til å førebyggje og motverke tvangsekteskap
- å ta initiativ overfor og å samarbeide med næringsliv og organisasjonar for å auke innvandrarar si deltaking i arbeids- og samfunnsliv

IMDi sitt arbeid skal byggje opp under fagstyresmaktene si ivaretaking av sektoransvaret.

IMDi er organisert med kontor i Oslo, Gjøvik, Kristiansand, Bergen, Trondheim og Narvik.

Målgrupper

Kommunane er den viktigaste målgruppa og samhandlingspartnaren til IMDi. Andre målgrupper er mellom anna næringsliv og arbeidsgivarar, statlege sektororgan på både direktoratsnivå og lokalt nivå, ulike organisasjonar, nykomne innvandrarar og meir etablerte innvandrargrupper, innbyggjarane generelt og personar i utlandet som skal busetje seg i Noreg.

Verkemidla

Dei viktigaste verkemidla til IMDi er lover og forskrifter, kunnskap og kunnskapsutvikling, dokumentasjon, spreing av erfaring, informasjon og haldningsskapande arbeid. I tillegg disponerer direktoratet økonomiske verkemiddel som tilskotsordningar, prosjektmidlar og utviklings- og forskingsmidlar.

I 2012 vil IMDi møte dei største utfordringane på desse områda:

Busetjing

IMDi skal, i samarbeid med KS og kommunane, bidra til rask busetjing av personar som har fått vedtak om opphald i Noreg etter søknad om asyl, jf. omtale under delmål 2.1. Busetjing av einslege mindreårige vil vere ei særleg utfordring. IMDi satsar på å utvikle det systematiske samarbeidet med kommunane for å bidra til at kommunane sitt arbeid med integrering og inkludering er godt integrert i den overordna og heilskaplege planlegginga deira.

Arbeid og kvalifisering

Det er viktig med innsats frå relevante sektorstyresmakter for å få god måloppnåing.

Dei største utfordringane i 2012 vil vere:

- auka sysselsetjing blant innvandrarar, særleg blant kvinner med låg sysselsetjing
- rask overgang frå introduksjonsprogram til arbeid og/eller utdanning

Særlege satsingar

- tiltak for å motverke og førebyggje tvangsekteskap
- områdesatsingar i Groruddalen og bydelen Søndre Nordstrand i Oslo
- ein auke i talet på kvalifiserte tolkar og sikring av tilgang til tolkar som dekkjer fleire språk

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift av IMDi. Departementet føreslår å flytte 3 mill. kroner til posten frå kap. 821, post 73 til arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Innanfor ramma ligg oppgåver knytte til arbeidet med uttak og busetjing av overføringsflyktningar, mellom anna til kulturorienteringsprogram og til informasjonsverksemd om flyktningar.

Departementet føreslår ei løyving på 186,6 mill. kroner i 2012.

Kap. 3820 Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Diverse inntekter	1 312		
15	Refusjon av arbeidstiltak	26		
16	Refusjon av foreldrepengar	1 877		
18	Refusjon av sykepengar	2 565		
	Sum kap. 3820	5 780		

Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
21	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, <i>kan overførast</i>	31 430	45 218	49 020
50	Noregs forskingsråd	6 000	6 000	6 186
60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	3 926 034	4 304 872	4 563 218
61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindre-årige flyktningar, <i>overslagsløyving</i> ¹		258 504	334 262
62	Kommunale innvandrartiltak	86 195	107 179	108 494
70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	3 560	4 020	4 145
71	Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd	45 924	48 460	49 462
72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.m.	1 952	2 369	2 442
73	Tilskot	1 070	4 622	1 765
	Sum kap. 0821	4 102 165	4 781 244	5 118 994

¹ Ordninga låg under kap. 854 fram til 2011. Rekneskapstalet for 2010 er ført på kap. 854.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – kunnskapsutvikling, integrering og mangfald, kan overførast

Målet for løyvinga er å få god og relevant kunnskap om integrering og inkludering i samfunnet,

bidra til formidling av slik kunnskap og utvikle gode metodar og god praksis til bruk for kommunar og statleg forvaltning. Både departementet, IMDi og VOX nyttar midlar under denne posten.

Rapport 2010/2011

I 2010 og 2011 har mykje av midlane vore nytta til utvikling og vedlikehald av statistikk og nye analysar om migrasjon, integrasjon og levekår, jf. *ssb.no/innvandring*. Andre sentrale tema for prosjekt og utviklingsarbeid har vore analysar av årsaker til resultatnedgang i introduksjonsprogrammet og kvifor nokre grupper får svake resultat i dette programmet, bruk av tolk i offentlege etatar, busetjing av flyktingar, kartlegging av faktorar som avgjer om innvandrarar blir buande i distriktkommunar, og fråfall i vidaregåande opplæring. Det er vidare nytta midlar til utvikling av kunnskap og metodar for å hindre tvangsekteskap og ekstrem kontroll, og til lokale prosjekt for å prøve ut modellar for samarbeid blant offentlege etatar i nokre kommunar i arbeidet for å motverke tvangsekteskap. Det er utvikla ei handbok for korleis brukarundersøkingar kan gjerast. Det blir nytta midlar i eit samarbeidsprosjekt mellom velferdsetatar med mål om å oppsummere kunnskap om tverretatlege tema. Delar av midlane blir brukte i regionane til utviklingsprosjekt der prosjekta skal ha overføringsverdi for kommunar og andre etatar lokalt.

Det er starta utvikling av eit opplæringsopplegg om velferdssamfunnet retta mot opplæringa på 50 timar i samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, utvikling av metodar for alfabetisering av vaksne innvandrarar som ikkje kan lese og skrive på noko språk, og utprøving av modellar for norskopplæring på arbeidsplassen

Det er starta ei kartlegging av kommunane sine utgifter knytte til busetjing og integrering av flyktingar og einslege mindreårige.

Vidare er det nytta midlar til evaluering av *Groruddalssatsinga* og av statsborgarreglane. Det er òg gitt midlar til deltaking i forskingsprogrammet *Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor*. Det er starta ei evaluering av tiltaket med gratis kjernetid i barnehage i Oslo. Det er òg starta eit forsøk med å busetje einslege mindreårige direkte i ein kommune.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår ei løyving på 49,0 mill. kroner i 2012. Løyvinga vil bli nytta til faste prosjekt, evalueringar, statistikkprosjekt innanfor samarbeidsavtala med SSB om utvikling og vedlikehald av statistikk og analysar om migrasjon, integrering og levekår, utviklingsarbeid, utvikling av dataverktøy og til formidling av kunnskap. Evalueringar, statistikkprosjekt og prosjekt knytte til

handlingsplanar og satsingar, skal prioriterast. I kunnskapsarbeidet skal det vere eit kjønnsperspektiv.

Posten er auka med 2 mill. kroner som er flytta frå post 62 og post 71. Auken skal vere ein del av finansieringa av fylkesmannstilsyn med ordningane i introduksjonslova.

Post 50 Noregs forskingsråd

Midlane på posten skal nyttast til programmet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* (VAM) under Noregs forskingsråd.

Departementet føreslår ei løyving på 6,2 mill. kroner i 2012.

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Formål

Formålet med integreringstilskotet er å medverke til rask busetjing. Målet er at flyktningane skal bli busette i ein kommune innan seks månader etter at dei har fått opphaldsløyve (innan tre månader for einslege mindreårige). Tilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningane i busetjingsåret og dei fire neste åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane har eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid, slik at flyktningane snarast mogleg får arbeid og kan forsørge seg sjølve. Tilskotet skal også medverke til rask busetjing av eldre og flyktingar med alvorlege, kjende funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar.

Tildelingskriterium

Integreringstilskot

Kommunane får utbetalt integreringstilskot ved busetjing av flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag og familiesameining med flyktingar i fem år. For familiesameining med personar som har opphald på humanitært grunnlag, får kommunane utbetalt integreringstilskot for dei tre første åra.

Integreringstilskotet kan, i enkelte tilfelle og når særlege grunnar taler for det, bli utbetalt for personar som blir busette frå mottak sjølv om dei ikkje har opphald på grunnlag av søknad om asyl, er overføringsflyktingar eller har kollektivt vern. Ein føresetnad er at dei blir busette etter avtale med kommunen.

Alle kommunane får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Kommunane får eit høgare tilskot for einslege vaksne enn for andre vaksne. Kommunane får òg eit høgare tilskot for einslege

mindreårige enn for andre barn. Satsane er viste i tabellen under. Tilskotet blir utbetalt uavhengig av kva behov den enkelte flyktingen måtte ha for oppfølging, tiltak og tilrettelegging i kommunen.

Tabell 3.5 Satsar for integreringstilskotet

Busetjingsår	Satsar 2008	Satsar 2009	Satsar 2010	Satsar 2011	Satsar 2012
År 1 (einslege vaksne)				200 000	210 000
År 1 (andre vaksne)	130 000	143 500 ²	147 500	150 000	156 500
År 1 (einslege mindreårige)				150 000	156 500
År 1 (barn)	110 000	123 500	127 500	130 000	135 000
År 2	123 400 ¹	142 000 ²	146 400	150 000	156 500
År 3	99 600 ¹	126 000 ²	130 400	131 500	135 000
År 4	73 000	75 000	80 000	80 000	80 000
År 5	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000
Sum (einslege vaksne)	496 000	556 500	574 300	631 500	651 500
Sum (andre vaksne)				581 500	598 000
Sum (einslege mindreårige)				581 500	598 000
Sum (barn)	476 000	536 500	554 300	561 500	576 500

¹ I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2008 blei satsane for integreringstilskotet i år 2 og år 3 auka til høvesvis 130 000 kroner og 112 000 kroner. Aukane hadde halvårseffekt og gjaldt frå 1. juli 2008.

² I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 blei satsane for integreringstilskotet i år 1, år 2 og år 3 auka til høvesvis 143 500 kroner, 142 000 kroner og 126 000 kroner. Aukane hadde heilårseffekt.

Tilskot ved busetjing av personar over 60 år og personar med alvorlege, kjende funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar

Ved busetjing av personar som har fylt 60 år, får kommunen eit ekstra eingongstilskot. Satsen for 2012 er føreslått til 143 000 kroner.

Ved busetjing av flyktingar med alvorlege, kjende funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar kan kommunane få ekstra tilskot på grunnlag av dokumenterte behov. Ordninga har to delar, og personar som kommunane søker tilskot for, kan utløyse anten tilskot 1 eller tilskot 2. Departementet føreslår å setje satsen for tilskot 1 til 160 000 kroner (eingongstilskot) for 2011 og satsen for tilskot 2 til inntil 800 100 kroner per år i inntil 5 år, det vil seie for same perioden som integreringstilskotet. Tilskota blir ikkje trekte frå ved fastsetjing av tilskot under toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester, jf. kap. 575, post 60.

Skoletilskot

Ved busetjing av barn i grunnskolealder får kommunane eit tilskot til språkopplæring. Tilskotet skal dekkje den kommunale eigendelen til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring. Satsen for 2012 er føreslått til 11 000 kroner.

Tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktingar

Kommunane får eit særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktingar, jf. kap. 821, post 61. Kommunane kan også få refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak knytte til einslege mindreårige flyktingar, jf. kap. 854, post 65.

Barnehagetilskot

Ved busetjing av barn i barnehagealder (0–5år) får kommunane eit eingongstilskot til særskild tilrettelegging for barn av nykomne flyktingar, som til dømes utgifter til tospråklege assistentar. Satsen for 2012 blir føreslått til 21 800 kroner.

Overføringsflyktningar

Regjeringa føreslår ein kvote på 1 200 overføringsflyktningar for 2012. Integreringstilskotet er dimensjonert for busetjing av 1120 overføringsflyktningar. I tillegg blir det løyvd midlar til tiltak for gjenbusetting av flyktningar på kap. 820, post 01 og kap. 490, post 73 *Gjenbusetjing av flyktningar – støttetiltak*. Sjå eiga omtale under postane. Midlane på kap. 490, post 73 kan nyttast under kap. 821, post 60.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje leggje fram særskild rekneskap for integreringstilskotet. Berekningsutvalet kartlegg kommunane sine utgifter til busetjing og integrering, jf. kap. 821, post 70 *Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging*.

Integreringstilskotet er mellom anna med på å finansiere introduksjonsprogramma til kommunane. Deltaking i introduksjonsordninga og i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap i kommunen skal registrerast i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR), sjå rapportering under delmål 2.3 *Rask overgang til arbeid eller utdanning etter gjennomført introduksjonsprogram*.

Rapport for 2010/2011

I 2010 blei det betalt ut integreringstilskot for 3 926 mill. kroner. Det blei betalt ut eldretilskot for 12,5 mill. kroner, tilskot ved busetjing av flyktningar med alvorlege, kjende funksjonshemmingar og åtferdsvanskar på 160 mill. kroner og skoletilskot på 63 mill. kroner.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår ei løyving på 4 563,2 mill. kroner i 2012.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje det særskilde tilskotet som blir utbetalt til kommunane når einslege, mindreårige flyktningar blir busette. Tilskotet er flytt til dette kapitlet i 2011.

Tildelingskriterium

Alle kommunar er inkluderte i ordninga ved busetjing av einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Tilskotet blir differensiert frå den månaden vedkomande blir busett. Tilskotet blir utbetalt til og med det året den einslege mindreårige fyller 20 år. IMDi betaler ut tilskotet til kommunane basert på talet på barn som blir busette i dei respektive kommunane.

Oppfølging og kontroll

I rundskrivet frå IMDi om tilskotet blir det teke atterhald om at BLD eller IMDi og Riksrevisjonen skal ha tilgang til å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnaden, jf. løyvingsreglementet § 10, 2. ledd og riksrevisjonslova § 12, 3. ledd.

Budsjettforslag 2012

Det er føreslått å auke tilskotet frå 123 144 kroner per barn per år i 2011 til 126 840 kroner i 2012, tilsvarende prisjustering.

Departementet føreslår ei løyving på 334,3 mill. kroner i 2012.

Post 62 Kommunale innvandrartiltak

Formålet med tilskotsordninga er å styrkje integreringsarbeidet i kommunane. Midlane skal mellom anna brukast til desse tiltaka:

- forsøk med gratis kjernetid i barnehagar i område med ein stor del minoritetspråklege barn
- forsøksordninga *Ny sjanse*. Formålet med denne forsøksordninga er å prøve ut kvalifisering etter same modellen som introduksjonsordninga for innvandrarak som ikkje har tilknytning til arbeidslivet. Forsøket rettar seg mot innvandrarak frå utvalde land med særleg høg arbeidsløyse eller låg sysselsetjing (Pakistan, Marokko, Tyrkia, Somalia, Afghanistan og Irak). Kvinner frå desse landgruppene er ei hovudmålgruppe. Forsøket rettar seg òg mot kvinner som er heime, som ikkje tek del i noka opplæring eller kvalifisering, og som ikkje får sosialhjelp. Målet med forsøket er kvalifisering og formidling til ordinært arbeid.

Rapport for 2010/2011

Gratis kjernetid i barnehagar

Midlane til forsøket skal dekkje 20 timar gratis kjernetid i barnehage per veke til alle barna i målgruppa for forsøket. Midlane skal også brukast til arbeid med å rekruttere barn som ikkje har søkt barnehageplass, til arbeid med systematisk språkstimulering i barnehagane, til å heve kompetansen til barnehagepersonalet og til tiltak retta mot foreldre.

Forsøket med gratis kjernetid i barnehagar i område med ein stor del minoritetsspråklege barn starta i bydelen Stovner i Oslo i 2006 og er gradvis utvida. Dei fire bydelane i Groruddalen og bydelen Søndre Nordstrand i Oslo har vore med i forsøket sidan 1. august 2007, og forsøket der omfattar fire- og femåringar. I 2010 blei forsøket med gratis kjernetid utvida til bydelen Gamle Oslo og område i Drammen (Fjell og delar av Strømsø), men da med treåringar som målgruppe. I 2011 blei forsøket i Drammen utvida til fireåringar, og forsøket i Gamle Oslo blei endra til å omfatte fireåringar i staden for treåringar. I tillegg blei det i 2011 starta eit forsøk for fire- og femåringar i tre skolekrinsar i Årstad i Bergen, og frå 1. august 2011 også eit forsøk for femåringar i Drammen i dei same områda der det allereie er forsøk for tre- og fireåringar. Satsinga i Bergen heng saman med ei områdesatsing same stad. Den tidlegare utprøvinga av forsøket i Drammen med eit gratis korttidstilbod berre for minoritetsspråklege barn og tilbod om norskopplæring og fysisk aktivitet for mødrer blei avslutta frå og med barnehageåret 2010/2011.

Løyvinga til forsøket var 60 mill. kroner i 2010 og 68,8 mill. kroner i 2011. I 2010 fekk Oslo kommune tildelt 56 mill. kroner. Restmidlar på 1,322 mill. kroner frå forsøket i 2010 i bydelen Gamle Oslo er brukt til vidare utvikling av forsøket i Oslo. I 2011 har Oslo kommune fått 57,6 mill. kroner. Drammen kommune har fått tildelt 2,4 mill. kroner for 2010 og 6,6 mill. kroner for 2011. Bergen kommune har fått 1,6 mill. kroner til oppstart av eit forsøk i 2010 og 4,6 mill. kroner til forsøket i 2011. Forsøket er omtalt under delmål 2.6.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår å løyve 108,5 mill. kroner på posten for 2012:

- 69,4 mill. kroner til forsøk med gratis kjernetid i barnehagar. Gratis kjernetid for alle fire- og femåringar i Groruddalen og Søndre Nord-

strand i Oslo kommune blir ført vidare. Forsøket i bydelen Gamle Oslo, forsøket i Drammen for tre-, fire- og femåringar og forsøket i tre skolekrinsar i Bergen blir òg førte vidare.

- 27 mill. kroner til vidareføring av *Ny sjanse*. Ein del av løyvinga til *Ny sjanse* nyttast til prosjekt der hovudmålet er metodedokumentasjon.
- 10,5 kroner til arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting.
- 0,5 mill. kroner til styrking av integreringsarbeidet for ustette grupper av innvandrarak.
- 1,1 mill. kroner settes av til prosjekt for direkteplassering av einslege, mindreårige asylsøkkarak.

Post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging

Berekningsutvalet kartlegg kommunane sine utgifter til busetjing og integrering. Sosialkontor/sosialtenester, introduksjonsprogram/introduksjonsstønad, barne- og ungdomsverntenester, innvandrarak- og flyktningkontortenester, tolketenester, omsorg for personar med rusproblem, støttekontakt, bustad- og bustadadministrasjonstenester, sysselsetjingstiltak, yrkeskvalifisering og arbeidstrening, integreringstiltak i grunnskolen, kultur- og ungdomstiltak, barnehagar, utgifter til den kommunale helsetenesta og felleskostnader blir rekna som integreringstiltak.

Rapport for 2010/2011

I 2011 har IMDi disponert ei løyving på 4,0 mill. kroner. Av desse er 2,27 mill. kroner nytta til kartlegginga Berekningsutvalet gjer av kommunane sine utgifter knytte til busetjing av flyktningar, og 1,75 mill. kroner til det samla arbeidet KS gjer på flyktningfeltet.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår ei løyving på 4,1 mill. kroner for 2012. Av desse skal 2,3 mill. kroner nyttast til kartlegginga Berekningsutvalet gjer av kommunane sine utgifter, og 1,8 mill. kroner til det samla arbeidet KS gjer på flyktningfeltet.

Post 71 Tilskot til innvandrarakorganisasjonar og anna frivillig verksemd

Tilskotsordninga på post 71 er delt i 1) tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunn som medverkar til deltaking, dialog og samhandling, 2) tilskot til drift av nasjonale ressursmiljø på integreringsfel-

tet, 3) tilskot til frivillige organisasjonar sitt haldningsskapande/førebyggjande arbeid mot tvangs-ekteskap og 4) informasjons- og rettleiingstiltak retta mot innvandrarar. I tillegg blir det gitt midlar over denne posten til innsats for særleg utsette innvandrargrupper i samsvar med tiltaksplanen mot fattigdom og til kontakt mellom innvandrarorganisasjonar og styresmakter.

1. Frivillig verksemd i lokalsamfunn som medverkar til deltaking, dialog og samhandling

Ordninga er todelt og gjeld støtte til a) drift av lokale innvandrorganisasjonar og b) frivillig verksemd. Delar av løyvinga er øymerkt organisasjonar og aktivitetar i Groruddalen og bydelen Søndre Nordstrand i Oslo. Hovuddelen av midlane blir fordelt av fylkeskommunane på bakgrunn av rundskriv frå IMDi. Midlane blir fordelte mellom fylkeskommunane ut frå talet på utanlandskfødde personar og barna deira som er fast busette i fylket, og som er fødde utanfor Norden, Sveits, USA, Canada, Australia og New Zealand. Tal frå Statistisk sentralbyrå per 1. januar det føregåande året ligg til grunn for berekninga av tilskotet. Fylkeskommunane får 10 prosent av tilskotsramma i administrasjonstilskot.

Mål

Formålet med driftstilskot til lokale innvandrorganisasjonar er å medverke til å styrkje innvandrarbefolkningas deltaking i organisasjonslivet lokalt og til å auke tilgjengelegheita til sosiale nettverk for denne delen av befolkninga. Formålet med tilskotet til frivillig verksemd er å skape møteplassar og aktivitetar i lokalsamfunn på tvers av ulike grupper i befolkninga. Tiltaka skal vere knytte til integrering og inkludering av personar med innvandrarakgrunn.

Begge tilskota skal bidra til å skape auka tillit til og tilhøyrse i det norske samfunnet.

Rapport for 2010/2011

I 2010 blei 14,35 mill. kroner sette av til fylkeskommunane på denne tilskotsposten. Av desse

blei 1,5 mill. kroner brukte til administrasjon og 12,8 mill. kroner til fordeling.

Det blei tildelt 3,7 mill. kroner (3,2 mill. kroner)² til drift av lokale innvandrorganisasjonar, fordelte på 254 (273) organisasjonar. Det blei tildelt 7,5 mill. kroner (8,9 mill. kr) i prosjektstøtte til 761 (804) organisasjonar. Av desse er 470 (495) innvandrorganisasjonar og 291 (309) andre aktørar.

For 2011 blei det sett av 14,35 mill. kroner til denne tilskotsordninga. Det blei sett av 1,25 mill. kroner til lokalt arbeid i samband med *Groruddalsatsinga* og *Handlingsprogram Oslo Sør*.

2. Nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Målet med tilskotet til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet er å bidra til auka deltaking i og auka tillit til samfunnet blant innvandrarbefolkninga. Tilskotet skal bidra til å sikre at alle har dei same moglegheitene, rettane og pliktene når det gjeld å delta i samfunnet og ta i bruk egne ressursar. Det skal vere eit auka fokus på arbeid mot diskriminering.

Departementet føreslår at det i 2012 blir gitt øymerkte tilskot til nasjonale ressursmiljø slik det framgår av tabell 3.6.

Departementet vurderer at desse organisasjonane, stiftingane og sentra vil gi den nødvendige balansen mellom breidde, fornying og kontinuitet, jf. formålet med ordninga.

Dei nasjonale ressursmiljøa vil ha ei viktig rolle i å følgje innvandrings- og integreringsfeltet. Dei skal, mellom anna, vere ei kjelde til alternativ kunnskap, formidling av erfaringar og synspunkt frå innvandrarbefolkninga. Miljøa skal samle og formidle kunnskap og kompetanse på integreringsfeltet basert på forskning, erfaring, brei kontaktflate og solid forankring i ulike innvandrarmiljø. Miljøa skal dekkje ulike behov i arbeidet med integrering.

² Tala i parentesar er for 2009.

Tabell 3.6 Tilskot til nasjonale ressursmiljø

Organisasjon	Tilskot 2011	Tilskot 2012
Antirasistisk senter (ARS)	1 700 000	2 175 000
Human Rights Service (HRS)	1 835 000	900 000
Innvandrerne Landsorganisasjon (INLO)	907 000	850 000
Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)	1 265 000	1 265 000
Minotenk – minoritetspolitisk tenketank (ny i 2010)	750 000	750 000
MiRA – ressurscenter for innvandrere- og flyktningkvinner	1 291 000	1 300 000
Multikulturelt Initiativ- og Ressursnettverk (MiR) (ny i 2011)	500 000	500 000
Norsk Organisasjon for Asylsøkere (NOAS)	1 967 000	1 970 000
Organisasjonen mot offentlig diskriminering (OMOD)	1 438 000	1 440 000
Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF)	1 844 000	1 850 000
LIM – Likestilling, integrering og mangfold (ny i 2012)		500 000
Utrop (ny i 2012)		500 000
Totalt	13 497 000	14 mill. kr

3. Frivillige organisasjonar sitt haldningsskapande/førebyggjande arbeid mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Mål

Målet med ordninga er å stimulere frivillige organisasjonar til å førebyggje tvangsekteskap og kjønnslemlesting gjennom å arbeide for endring i holdningar og praksis i aktuelle miljø. Gjennom dette vil ein auke sjansane for at dei unge kan ta sjølvstendige val og å hindre at kjønnslemlesting blir gjennomført på barn som har opphald i Noreg.

Frivillige organisasjonar kan søkje om støtte til haldningsskapande og førebyggjande arbeid mot tvangsekteskap og mot kjønnslemlesting. Dette er fellestiltak i handlingsplanane mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting for 2012. Ordninga blir forvalta av IMDi. Tilskot til frivillige organisasjonars haldningsskapande/førebyggjande arbeid mot kjønnslemlesting har tidligare vore forvalta av Bufdir, men blir no innarbeidd i tilskotsordninga på kap. 821, post 71. Ein del frivillige organisasjonar jobbar med begge tema, til dels overfor same målgrupper. Ein samla tilskotsforvaltning for frivillige organisasjonars arbeid mot tvangsekteskap og mot kjønnslemlesting vil gi betre moglegheiter til standardisering og effektivisering for tilskotsforvaltar.

Det blir gitt støtte til haldningsskapande og førebyggjande arbeid, inkludert informasjonstiltak, nettverksbygging og andre former for dialog og kontakt retta mot unge med innvandrarbakgrunn og foreldra deira.

Rapport for 2010/2011

IMDis erfaringar med snart fire års forvaltning av tilskotsordninga mot tvangsekteskap er at organisasjonane utgjer eit viktig supplement til offentlege tiltak. Organisasjonane er viktige kanalar inn i eigne miljø. Erfaringane med forvaltninga av midlane til kortsiktige prosjekt innanfor kvart budsjettår er at det ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar langsiktig arbeid og kompetansebygging. Bruken av midlane bør i større grad planleggjast for fleire år om gangen.

I 2010 blei det gitt støtte til 24 prosjekt. I 2011 har 26 søknader fått prosjektstøtte med til saman 8,95 mill. kroner. Av desse er 21 prosjekt vidareføringar, og fem prosjekt er nye. Åtte søknader har fått avslag. Organisasjonane som har teke imot støtte i 2011, er Afrikansk helse- og sosial utvikling organisasjon, Drammen Røde Kors, Internasjonal helse- og sosialgruppe (IHSG), Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) Trondheim, Kirkens Bymisjon Bergen, Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner (LLH) Trondheim, Minhaj Konfliktråd (MKR), Minotenk, MiRA – ressurscenter for innvandrere- og flykt-

ningkvinner, Norsk Folkehjelp, Palestinaforening Bergen, Primærmedisinsk verksted (PMV), Det norske råd for kurdernes rettigheter (RKR), Tyrkisk Kvinneforening, Selvstendig Demokratisk Kurdisk Kvinneforening (SDKK), Shilo, Sisters of Lillesand, Skeiv verden Oslo og Akershus, Stiftelsen Internasjonalt Hus, Ungdom mot Vold og Utrop.

Nye prosjekt som har teke imot støtte i 2011, er Det Felles Innvandrerråd i Hordaland (DFIRH), Dost Eli, Furuset Idrettsforening og Oslo Krisesenter.

IMDi har i perioden 2009–2011 gitt støtte til fem pilotprosjekt i utlandet i regi av organisasjonar med base i utlandet. Integreringsrådgvivarane følgjer opp prosjekta som er i land der integreringsrådgvivarane er stasjonerte, eller land som dei dekkjer. Prosjekta skal prøve ut førebyggjande og haldningsskapande tiltak og metodar i målgruppes opphavsland som også kan vere aktuelle å bruke i Noreg. Erfaringa tilseier at ein bør vidareføre støtta til slike transnasjonale prosjekt.

4. Informasjon og rettleiingstiltak retta mot innvandrarar

Mål

Innvandrarar skal få informasjon som er tilpassa behova deira. Særleg nykomne treng kunnskap om og innføring i det norske samfunnet. Mange treng også rettleiing for å styrkje deltakinga i lokalsamfunnet. Sidan 2008 har det blitt sett av midlar til ei ordning der frivillige organisasjonar kan gi målretta informasjon og rettleiing til innvandrarar. Innanfor denne ordninga blir det òg tildelt midlar til frivillige organisasjonar sitt arbeid med busetjing og integrering av flyktingar og med inkludering av innvandrarar i lokalsamfunnet. I 2010 blei ordninga med tilskot også utvida til å omfatte vidareføring av samarbeidsavtaler mellom IMDi og frivillige organisasjonar som medverkar til integrering av busette flyktingar i kommunane. Ordninga blir forvalta av IMDi.

Rapport for 2010/2011

For 2011 var det sett av 7,06 mill. kroner. 24 organisasjonar har fått støtte i 2011. Av desse er det ni vidareføringar frå 2010. Støtta har mellom anna gått til ulike frivilligsentralar, Oslo katolske bispedømme og eit prosjekt retta mot polske arbeidsinnvandrarar i regi av Tømrer og Byggfagforening. I tillegg har dei seks frivillige organisasjonane som IMDi har samarbeidsavtaler med, mot-

teke støtte i 2011. Desse er Raudekrossen i Noreg, Norsk Folkehjelp, Norges Fotballforbund, Norske Kvinners Sanitetsforening, Redd Barna og Frivillighet Norge.

Innsats for særleg utsette innvandrargrupper og dialog mellom innvandrorganisasjonar og styresmaktene

Rapport for 2010/2011

For 2010 var det sett av 2 mill. kroner til innsats for særleg utsette innvandrargrupper i samsvar med tiltaksplanen mot fattigdom. Av dette gjekk 1,4 mill. kroner til Primærmedisinsk verksted. Resten av midlane blei nytta til tiltak retta mot somaliarar i Noreg, primært i regi av Oslo kommune.

Det er tildelt 300 000 kroner til dialog mellom innvandrorganisasjonar og styresmakter. Midlane er mellom anna nytta til workshop for unge somaliarar.

For 2011 blei det tildelt 1,5 mill. kroner til innsats for særleg utsette innvandrargrupper.

Budsjettforslag for 2012

Departementet foreslår ei løyving på 49,5 mill. kroner på posten for 2012. Av dette er 14 mill. kroner sette av til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet og 0,3 mill. kroner til kontakt mellom innvandrorganisasjonar og styresmakter. 16,6 mill. kroner er sette av til lokale innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd i lokalsamfunn, av dette 2,25 mill. kroner til organisasjonar og aktivitet i Groruddalen og på Søndre Nordstrand. Det er sett av 10 mill. kroner til frivillige organisasjonar sitt haldningsskapande/førebyggjande arbeid mot tvangsekteskap og 7,06 mill. kroner til informasjon og rettleiingstiltak retta mot innvandrarar.

På posten er det òg sett av 1,5 mill. kroner til innsats for særleg utsette innvandrargrupper i samsvar med tiltaksplanen mot fattigdom.

Post 72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.m.

Løyvinga skal finansiere den faglege og administrative gjennomføringa av autorisasjonsprøva for tolkar. Gjennom autorisasjonsordninga kan tolkar få dokumentert at dei har den grunnkompetansen i tolking som er nødvendig for å utføre tolkearbeid på ein fullgod måte. Tilgang på godt kvalifiserte tolkar er avgjerande for å sikre at fagpersonar og

offentleg tilsette skal kunne informere, rettleie og høyre partane trass i språkbarrierar, slik at innvandrarak får eit likt tilbod som resten av innbyggjarane. Tilgangen på kvalifiserte tolkar er i dag lågare enn behovet, og det må autoriserast tolkar med fleire språk.

Løyvinga skal også nyttast til å følgje opp den forpliktinga Noreg har etter Nordisk språkkonvensjon. Oppfølgingsarbeidet er delegert til Finnmark fylkesbibliotek, som rapporterer til IMDi. Biblioteket har ei norsk-finsk tolke- og omsetjar-teneste og ligg i Finnmark fylkeskommune. Tolketenestene er primært regionale, medan omsetjingstenestene er landsdekkjande. Biblioteket driv i tillegg informasjonsverksemd. IMDi bidreg med å gjere språkkonvensjonen kjend og følgjer opp det nordiske samarbeidet rundt konvensjonen, som ligg under Nordisk råd.

Departementet føreslår ei løyving på 2,4 mill. kroner.

Post 73 Tilskot

Løyvinga blir nytta til tilskot til deltaking i internasjonale kunnskapsforum om migrasjon, integrering og inkludering av innvandrarak og til prosjekttilskot. Ho vil også bli nytta til å finansiere kurset *Å vere religiøs leiar i det norske samfunnet* ved Universitetet i Oslo.

Rapport for 2010/2011

Løyvinga er mellom anna nytta til tilskot til deltaking i *Transatlantic Council on Immigration*, til Universitetet i Oslo sitt opplæringsprogram for religiøse leiarar med utanlandsk bakgrunn og til tiltak i *Handlingsplan mot tvangsekteskap*.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår å flytte 3 mill. kroner frå posten til kap. 820, post 01, knytt til arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Departementet føreslår ei løyving på 1,8 mill. kroner.

Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012
		2010	budsjett 2011	
01	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter	77 670	79 887	82 100
02	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter ¹		21 447	13 124
	Sum kap. 3821	77 670	101 334	95 224

¹ Ordninga låg under kap. 3854 fram til 2011. Rekneskapstalet for 2010 er ført på kap. 3854.

Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar i kommunane kan, i samsvar med statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development Assistance Centre), bli godkjent som offisiell utviklingshjelp. Departementet føreslår at 82,1 mill. kroner av utgiftene på kap. 821, post 60 blir rapporterte inn som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp blir ført som inntekt på kap. 3821, post 01.

Post 02 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjarak og flyktningar kan, i samsvar med statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development Assistance Centre), bli godkjent som offisiell utviklingshjelp. Departementet føreslår at 13,1 mill. kroner av utgiftene på kap. 821, post 61 blir rapporterte inn som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp blir ført som inntekt på kap. 3821, post 02.

Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
21	Spesielle driftsutgifter, opplæring i norsk og samfunnskunnskap, <i>kan overførast</i>	16 206	21 682	22 354
22	Norskprøver for vaksne innvandrarar	13 021	14 898	14 325
60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	1 450 548	1 628 069	1 690 352
	Sum kap. 0822	1 479 775	1 664 649	1 727 031

Post 21 Spesielle driftsutgifter – opplæring i norsk og samfunnskunnskap, kan overførast

Løyvinga skal nyttast til å utvikle kompetanse, metodar, lærebøker og andre læringsressursar for den obligatoriske opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Løyvinga skal òg nyttast til dekkje lønn og driftsutgifter i Vox– Nasjonalt fagorgan for kompetansopolitikk, som ivaretek dette arbeidet.

Rapport for 2010/2011

I 2010 blei det tildelt 16,18 mill. kroner til fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid. Midlane er fordelte mellom Vox, IMDi og fylkesmennene med respektive 11,83 mill. kroner, 2,45 mill. kroner og 1,9 mill. kroner. I 2010 blei det gjennomført leiar-samlingar, todagars etterutdanningskurs for lærarar og pedagogiske fagdagar. Vox har òg ansvaret for ei godkjenningssordning for private tilbydarar av opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. I 2010 er det gitt støtte til læremiddel i språkpermmetodikk, teiknspråklege læremiddel, læremiddel for deltakarar med lese- og skrivevanskar og for analfabetar. I 2011 er det gitt støtte til arbeidsretta læremiddel. Arbeidet med å utvikle digitale prøver i norsk og samfunnskunnskap starta i 2011.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår ei løyving på 22,4 mill. kroner for 2012. Løyvinga skal mellom anna nyttast til å vidareføre arbeidet med å utvikle digitale prøver i norsk og samfunnskunnskap.

Post 22 Norskprøver for vaksne innvandrarar

I læreplanen for norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar er det fastsett at det skal vere to avsluttande prøver i norsk, Norskprøve 2 og 3. Formålet med denne løyvinga er å sikre gode prøver og ei effektiv gjennomføring av prøvene.

Rapport for 2010/2011

Kvar norskprøve består av ein munnleg og ein skriftleg del. I 2010 blei det gjennomført 29 000 munnlege og skriftlege prøver. Det er Folkeuniversitetet / Norsk språktest som er ansvarleg for å gjennomføre prøvene på grunnlag av ei avtale med Vox.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår ei løyving for 2012 på 14,3 mill. kroner, som omfattar utgifter til å utvikle oppgaver, til å gjennomføre prøvene, til sensur og tilbagemelding til opplæringsstadene om resultatata.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Målet med tilskotsordninga er å sikre at kommunane tilbyr opplæring til vaksne innvandrarar med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk dei første fem åra dei er i landet til at dei kan fungere i yrkes- og samfunnslivet. Tilskotet blir òg nytta til norskopplæring for asylsøkjjarar.

Opplæringa skal skje i samsvar med introduksjonslova med forskrifter og retningslinjer for norskopplæring for asylsøkjjarar. Tilskotet skal stimulere kommunane til å fremme effektivitet, gjen-

nomstrøyming og resultat i opplæringa, mellom anna gjennom interkommunalt samarbeid. Kommunane kan behalde eit eventuelt overskot av tilskotet dersom dei effektiviserer opplæringa gjennom formålstenleg organisering og god kvalitet innanfor ramma av lov, føresegner og retningslinjer.

Tildelingskriterium

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova omfattar tre delar: persontilskot, resultattilskot og grunntilskot.

Persontilskot

Kommunen vil få tilskot for kvar person i målgruppa med rett og plikt eller rett til opplæring

som har fått opphalds- eller arbeidsløyve som danar grunnlag for permanent opphaldsløyve. Tilskotet har to satsar, éin for personar frå Afrika, Asia, Oseania (eksklusiv Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika og ein lågare sats for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. Grunngivinga for å ha to satsar er at dei som har morsmål som ligg nærmare norsk og meistarar det latinske alfabetet, lærer norsk raskare enn andre. Frå og med 2010 blei det lagt om frå ei utbetaling over 5 år til ei utbetaling over tre år. I ein overgangsperiode medfører det at ein må ha forskjellige satsar for dei som er omfatta av rett og plikt / rett til opplæring før og etter 1. januar 2010.

Tabell 3.7 Satsar for persontilskotet

Tilskots- år	2010 Utbetaling over 5 år		2010 Utbetaling over 3 år		2011 Utbetaling over 5 år		2011 Utbetaling over 3 år		2012 Utbetaling over 5 år		2012 Utbetaling over 3 år	
	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Låg sats	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats
År 1	9 000	24 400	10 400	27 000	9 000	24 400	11 300	28 800	9 000	24 400	11 700	30 300
År 2	13 200	34 200	18 200	48 500	13 200	34 200	19 200	50 600	13 200	34 200	19 800	52 000
År 3	11 100	30 000	11 700	31 900	11 100	30 000	11 700	31 900	11 100	30 000	12 000	32 800
År 4	3 500	9 400			3 500	9 400			3 500	9 400		
År 5	3 500	9 400			3 500	9 400			3 500	9 400		
Sum	40 300	107 400	40 300	107 400	40 300	107 400	42 200	111 300	40 300	107 400	43 500	115 100

Resultattilskot

Formålet med dette tilskotet er å stimulere til resultat og gjennomstrøyming i opplæringa. Tilskotet omfattar innvandrarak som har rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. I 2012 vil tilskotet vere på 6 500 kroner per bestått munnleg og skriftleg del av Norskprøve 2 og 3. Det inneber at resultattilskotet vil kunne variere frå 6 500 til 26 000 kroner per person, avhengig av kor mange prøver den enkelte går opp til og består.

Grunntilskot

For å betre dei økonomiske rammevilkåra for dei små og mellomstore kommunane er det etablert

eit grunntilskot for kommunar med 150 personar eller færre i personkrinsen for rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova. Tilskotet blir utbetalt i to satsar; høg sats til dei kommunane som har 4–150 personar i personkrinsen, og låg sats til dei som har 1–3 personar i personkrinsen. Høg sats vil vere om lag 420 000 kroner og låg sats om lag 165 000 kroner. Talet på personar i personkrinsen registrerte i NIR per 15. januar 2012, vil liggje til grunn for den endelege fastsetjinga av satsane og utbetalinga til kommunane i 2012. Tilskotet gjer det også lettare for kommunar som ikkje har busett flyktningar tidlegare, å etablere opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Norskopplæring for asylsøkjjarar i mottak

Norskopplæringa omfattar asylsøkjjarar i ordinære mottak som er over 16 år, og som ikkje har fått endeleg vedtak. Ordninga gjeld ikkje personar over 18 år som er omfatta av Dublin-prosedyren. Asylsøkjjarar som er lenge i transittmottak fordi dei har store helseproblem, kan få norskopplæring. Asylsøkjjarar kan få inntil 250 timar opplæring. Opplæringa skal avsluttast når den enkelte har fått 250 timar, eller når ho eller han har fått avslag utan utsetjande verknad. Asylsøkjjarar som får positivt vedtak, har rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova.

Kommunane får tilskot per person som er omfatta av norskopplæring for asylsøkjjarar. Heile tilskotet for den enkelte blir utbetalt det året asylsøkjaren kjem til eit ordinært mottak. Satsen for 2012 er 17 500 kroner.

Oppfølging og kontroll

IMDi har ansvaret for å forvalte dette tilskotet på nasjonalt nivå, og fylkesmennene har ansvar for tilskotsforvaltninga på regionalt nivå. Kommunane skal ikkje leggje fram særskild rekneskap verken for tilskot til opplæring etter introduksjonslova eller tilskot til norskopplæring for asylsøkjjarar. Gjennom den årlege kartlegginga frå Berekningsutvalet vil ein få oversikt over om det er eit rimeleg samsvar mellom kommunane sine utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap og stats-tilskotet. Gjennomført norskopplæring for den enkelte som er omfatta av rett og plikt til opplæring, blir registrert i NIR. Norskopplæring for

asylsøkjjarar blir også registrert i NIR. Dersom kommunane gjennomfører opplæring etter introduksjonslova og norskopplæring for asylsøkjjarar til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har motteke, beheld dei tilskotet uavkorta. Dersom tilskotet er utbetalt på feilaktig grunnlag, vil det bli gjort ei avrekning. Kommunane er ikkje forplikta gjennom lov til å gi asylsøkjjarar norskopplæring, men når dei har motteke tilskot til norskopplæring for asylsøkjjarar, må dei gi opplæring i samsvar med retningslinjene for dette tilskotet. Dersom norskopplæring for asylsøkjjarar ikkje er gjennomført som forventa, vil det etter ei konkret vurdering kunne bli aktuelt å krevje tilskotet tilbakebetalt.

Berekningsutvalet si kartlegging for 2010 viser at utgiftene har stige frå 2009 til 2010. Berekningsutvalet kartlegg utgifter med og utan utgifter til lokale. Dersom ein reknar med utgifter til lokale, har utgiftene auka med 3,6 prosent, og utan lokalutgifter har dei auka med 3,7 prosent. I og med at utgiftsveksten er lågare enn prisauken som er kompensert gjennom statsbudsjettet, tyder det på at tilskotet dekkjer om lag ein like stor del av utgiftene som tidlegare. I 2009 dekte tilskotet og andre inntekter 86,2 prosent av kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere, medrekna utgifter til lokale.

Budsjettforslag for 2012

Departementet føreslår ei løyving på 1 690,4 mill. kroner til opplæring i norsk og samfunnskunnskap i samsvar med introduksjonslova og til norskopplæring for asylsøkjjarar.

Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	82 872	94 320	116 614
	Sum kap. 3822	82 872	94 320	116 614

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktingar kan, i samsvar med statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development

Assistance Centre), bli godkjent som offisiell utviklingshjelp. Departementet føreslår at 116,6 mill. kroner av utgiftene på kap. 822, post 60 blir rapporterte inn som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp blir ført som inntekt på kap. 3822, post 01.

Kap. 823 Kontaktutvalet mellom innvandrere og myndighetene

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	6 192	6 312	6 441
	Sum kap. 0823	6 192	6 312	6 441

Status for verksemda

Kontaktutvalet mellom innvandrabefolkninga og myndighetene (KIM) er eit rådgivande og uavhengig organ for styresmaktene og eit forum som kan fremme synspunkt frå innvandrabefolkninga til offentlegheita.

Utvalet skal vere ein kompetent høyringsinstans på dei politikkområda som vedkjem innvandrere og barna deira, og skal sjølv ta initiativ til å setje aktuelle saker på den politiske og offentlege dagsordenen. KIM skal, gjennom medlemmene sine, vere i kontakt med og utveksle synspunkt og erfaringar med innvandrorganisasjonar og -miljø i regionane.

For å fylle rolla si som rådgivande organ har KIM kontakt med offentlege styresmakter, fag- og forskingsmiljø, politiske parti, interesseorganisasjonar og andre samarbeidspartnarar. Utvalet møtest minst fire gonger i året.

KIM vedtek sjølv satsingsområda sine for kvar utvalsperiode. Satsingsområda indikerer kva saker KIM vil prioritere i utvalsperioden, men utvalet vil også setje søkjelyset på andre saker om nødvendig.

KIM består av éin leiar og 23 medlemmer med innvandrarakgrunn frå alle fylka i Noreg. Alle fylka har éin representant og éin vararepresentant i utvalet, med unntak av Oslo og Akershus, som har høvesvis fire og to representantar og tilsvarende tal for vararepresentantar. Medlemmene i

KIM skal representere breidda blant innvandrabefolkninga.

Rapport for 2010/2011

Frå 1. januar 2010 var det nye utvalet for perioden 2010–2013 på plass. For denne perioden har KIM valt å prioritere desse områda: 1) likeverdige offentlege tenester, 2) likestilling og deltaking og 3) rettar og arbeid knytt til rettar.

Prinsippet om likeverdige offentlege tenester har i 2010 vore hovudbodskapen i høyringar som KIM har delteke i knytt til skoleverket, trygdesystemet, barnevernet, helsestyresmaktene og politivesenet. I samarbeid med andre aktørar inviterte KIM til dagskonferansen *Helse og helsetenester i eit multietnisk samfunn*. KIM nytta innspela frå konferansen i arbeidet med oppfølging av samhandlingsreforma.

KIM deltek i referansegrupper og utval og held fleire foredrag og innlegg, også internasjonalt. Viktige saker i 2010 var mellom anna problemstillingar knytte til statsborgarregelverket, diskrimineringslova og forbod mot hovudplagg, og dialogarbeid overfor det offentlege.

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår ei løyving på 6,4 mill. kroner til drift av KIM i 2012.

Kap. 3823 Kontaktutvalet mellom innvandrere og myndighetene

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Diverse inntekter	173		
18	Refusjon av sykepengar	3		
	Sum kap. 3823	176		

På post 01 *Diverse inntekter* vil det bli rekneskapsført enkelte inntekter av mindre omfang.

Programkategori 11.10 Tiltak for familie, likestilling og ikkje-diskriminering

Hovudinnhald og prioriteringar

Regjeringa har som mål at kvinner og menn skal kunne delta i arbeidslivet og dele på omsorgsoppgåvene i heimen. Slik kan samfunnet få nytte av all den kompetansen som finst blant innbyggjarane, og både kvinner og menn kan få brukt og utvikla evnene sine på ulike arenaer.

Noreg har ein stor del av den vaksne befolkninga i arbeid samanlikna med andre land. Delen kvinner som er i arbeidsstyrken, er blant dei aller høgaste i OECD-området og ligg vesentleg over snittet for EU-landa.

Likelønn mellom kvinner og menn er ein føresetnad for likestilling. Likelønn er først og fremst eit ansvar for partane i arbeidslivet, men mangelen på likelønn er eit problem som krev ei brei tilnærming. I Meld. St. 6 (2010–2011) *Likestilling for likelønn* er det gjort nærmare greie for lønnskilnadene mellom kvinner og menn og kvinners deltaking i arbeidslivet. Meldinga drøftar tiltak som kan bidra til å minske lønnsgapet.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval, Likestillingsutvalet, som har fått i mandat å greie ut norsk likestillingspolitikk med utgangspunkt i livsløp, etnisitet og klasse. Målet med utgreiinga er å leggje grunnlaget for ein heilskapleg og kunnskapsbasert likestillingspolitikk for framtida. Utvalet skal levere utgreiinga til BLD innan 1. august 2012. Ei delutgreiing om likestillingsapparatet skal liggje føre seinhaustes 2011.

For å nå målet om likestilling mellom kvinner og menn i familie-, arbeids- og samfunnsliv er det nødvendig å sjå familie-, likestillings- og arbeidslivspolitikken i samheng. Noreg har ein av dei høgaste fødselsratane i den industrialiserte delen av verda, kombinert med høg sysselsetjing blant kvinner. Dette er eit resultat av ein langsiktig politikk for at kvinner og menn skal kunne kombinere arbeid og familie. Det er viktig med tilrettelegging, slik at kvinner kan halde ved lag tilknytninga til arbeidslivet og ikkje får for lange avbrekk i småbarnsfasen.

Gode barnehagar til alle er eit sentralt verkemiddel. I tillegg er det bygd ut ei rekkje velferds-tenester som har styrkt kvinners tilknytning til

arbeidslivet og lagt til rette for at kvinner kan kombinere yrkesaktivitet med barn og familie.

Ein strategi for å styrkje kvinnene sin posisjon i arbeidslivet ytterlegare er å stimulere fedrane til å ta ein større del av omsorgsoppgåvene heime. Regjeringa har dei seinare åra gjort fleire endringar i foreldrepengeordninga som betrar fedrane sine rettar og legg til rett for auka fedreuttak. Samtidig har ein òg auka den totale stønadsperioden for foreldrepengear. Departementet vil i samråd med Arbeids- og velferdsetaten arbeide for god informasjon til fedrar om rettane deira. Departementet samarbeider òg med dei største organisasjonane i arbeidslivet for å skape merksemd om fedrane sine rettar og om behovet for å stimulere fedrar til å ta rettane i bruk. Dette arbeidet vil halde fram.

Kontantstøtta kan bidra til at kvinner trekkjer seg ut av arbeidslivet for ein periode, og til at barn ikkje kjem i barnehage. Dette kan vere uheldig, mellom anna med tanke på barn og kvinner si integrering og barn si språkutvikling. Regjeringa foreslår derfor endringar i kontantstøtteordninga frå 1. august 2012. Regjeringa foreslår å avvikle kontantstøtta for toåringar. Forslaget må sjåast i samheng med at det er innført rett til barnehageplass. Barn som fyller eitt år innan utgangen av august månad, har rett til barnehageplass frå august same år. Barn som fyller eitt år frå og med september, vil ha rett til plass frå august påfølgjande år. Det inneber at alle barn vil ha fått rett til barnehageplass innan dei fyller to år. Forslaget om å avvikle kontantstøtta for toåringar må òg sjåast i samheng med at fleire offentlege utval har peika på uheldige sider ved kontantstøtteordninga, jf. NOU 2011: 7 *Velferd og migrasjon* og NOU 2011: 14 *Bedre integrering*.

I tråd med regjeringas politiske plattform blir det foreslått ei styrking av kontantstøtta for dei yngste barna. Satsen for barn i alderen 13–18 månader blir foreslått auka til 5 000 kroner per månad. Dette vil vere ei vesentleg betring for småbarnsforeldre som har eit inntektsbortfall i tidsrommet mellom utløpet av foreldrepengeperioden og oppstart i barnehage. For barn i alderen 19–23

månader foreslår ein at dagens sats på 3 303 kroner per måned blir ført vidare

Kontantstøtta skal fortsatt vere avhengig av barnehagebruk, men det foreslås ei forenkling ved at det berre skal vere to satsar for kontantstøtte; heil og halv sats. Dersom barnet ikkje har plass i barnehage, blir det gitt full kontantstøtte. Dersom barnet har ei avtalt opphaldstid i barnehage på inntil 20 timer i veka, blir det utbetalt 50 prosent kontantstøtte.

Når kontantstøtta blir avvikla for toåringane, vil etterspurnaden etter barnehageplassar auke. Kommunane vil derfor få kompensert for forventa auke i kostnadane til barnehagesektoren. Endringa av kontantstøtta inneber ei nedsetjing av løyvinga til kontantstøtte på 135 mill. kroner i 2012. Det er avsett knappe 92 mill. kroner til kompensasjon til kommunane for forventa auka i etterspurnaden etter barnehageplassar.

Foreldre og kommunar må få tid til å innrette seg etter endringane. Departementet foreslår derfor at endringane trer i kraft 1. august 2012, og vil fremme ein proposisjon for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringar. Til og med juli 2012 blir det utbetalt kontantstøtte etter gjeldande regler.

Departementet legg stor vekt på tiltak for å styrkje samliv i parforhold, skape gode relasjonar og slik førebyggje samlivsopløysing. I samband med samlivsbrot skal barn og foreldre ha tilbod om hjelp for å redusere verknader for barna av konflikthar mellom foreldra, mellom anna i form av samtalegrupper for barn, samstundes med at foreldra får eit tilbod om hjelp frå familievernnet. Det skal også arbeidast med å stimulere til auka tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester for å gjere det mogleg å fange opp barn og unge som treng særskild oppfølging på eit tidleg tidspunkt.

Familievernkontora som finst over heile landet, har ei viktig rolle når det gjeld parterapi og konfliktløysing. Familievernnet sitt samarbeid med instansar som barnevern og domstolar skal styrkjast.

Vald mot kvinner er eit alvorleg og omfattande samfunnsproblem, og regjeringa arbeider både for å førebyggje valden og for å sikre tilbod til personar som er utsette for vald i nære relasjonar. Ein ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar vil gjelde frå 2012, der BLD vil ha ansvaret for gjennomføringa av ei rekkje tiltak, mellom anna retta mot krisesentertilbodet i kommunane.

BLD utarbeider ei rettleiing til krisesenterlova med presiseringar og tolkingar av lova og retningslinjer og tilrådingar til kommunane.

Regjeringa skal ha ein tydeleg profil når det gjeld likestilling og ikkje-diskriminering på grunn-

lag av kjønn, seksuell orientering, etnisitet og nedsett funksjonsevne, både nasjonalt og internasjonalt. Sentralt i dette arbeidet står oppfølging av *Handlingsplan for betre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar* (2009–2012), *Handlingsplan for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering* (2009–2012), *Handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge* (2009–2013) og *Likestilling 2014*; regjeringa sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna.

Diskriminering er eit brot på menneskerettane som råkar både den enkelte og samfunnet. Utvikling og effektiv handheving av diskrimineringslovgivinga er sentralt i arbeidet med å fremme gode verkemiddel mot diskriminering på ulike grunnlag. Departementet vil arbeide med å sjå dei ulike diskrimineringsgrunnlag meir i samanheng. Arbeidet med ny diskrimineringslovgiving i oppfølginga av forslaget i NOU 2009:14 og arbeidet med å sikre at aktivitets- og rapporteringspliktene i likestillingslova, diskrimineringslova og diskriminerings- og tilgjengelova blir følgde opp av aktørane som er omfatta av pliktene, er viktige oppgaver.

Departementet foreslår å auke løyvinga til Likestillings- og diskrimineringsnemnda med 1 mill. kroner til arbeidet med å handheve reglar om diskriminering.

Regjeringa har vedteke å feire 100-årsjubileet for at Stortinget 11. juni 1913 vedtok å innføre allmenn røysterett (kvinnestemmeretten). Dei sentrale fellesverdiane demokratiet vårt byggjer på, som stemmerett, likestilling, deltaking og representasjon, skal danne ramma rundt feiringa. BLD har fått sekretariatsfunksjonen.

Regjeringa skal også i 2012 halde fram med å auke innsatsen for å sikre rettane til lesbiske og homofile. Det vil bli sett i verk eit arbeid for å vurdere behovet for ein revidert handlingsplan for lhbt-politikken. Oppbygginga av det nasjonale kompetansesenteret om lhbt-spørsmål som blei sett i gang i 2011, skal halde fram i 2012. Løyvinga til formålet er styrkt med 2 mill. kroner.

God forskingsbasert kunnskap er eit viktig grunnlag for politikktutforminga, og departementet disponerer midlar til forskning, både programløyvingar til Noregs forskingsråd og prosjektløyvingar med sikte på å styrkje kunnskapsgrunnlaget på dei ulike saksområda. Departementet driv òg informasjonsverksemd retta mot allmenta og gir tilskot til frivillige organisasjonar som arbeider for likestilling og mot diskriminering. Barne-, ungdoms- og familieetaten og Arbeids- og velferdsetaten forvaltar ei rekkje verkemiddel på saksområdet.

Mål

For 2012 blir desse måla prioriterte:

<p>3. Likestilling mellom kvinner og menn i familie-, arbeids- og samfunnsliv</p>	<p>3.1: Likeverdig foreldreskap og godt samarbeid til beste for barna</p> <p>3.2: Ei velfungerande og tilgjengeleg familievern teneste</p> <p>3.3: Eit godt grunnlag for å vidareutvikle likestillingspolitikken i eit livsløps-, klasse- og etnisitetsperspektiv</p> <p>3.4: Eit familievennleg arbeidsliv</p> <p>3.5: Likelønn mellom menn og kvinner</p> <p>3.6: Gode og tilgjengelege tilbod til personar utsette for vald i nære relasjonar</p>
<p>4. Eit ikkje-diskriminerande samfunn for alle uavhengig av m.a. kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne og etnisitet</p>	<p>4.1: Gode verkemiddel mot diskriminering på grunnlag av kjønn, seksuell orientering, etnisitet og nedsett funksjonsevne</p> <p>4.2: Full deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne</p>

Resultatrapport og strategiar

Delmål 3.1: Likeverdig foreldreskap og godt samarbeid til beste for barna

Resultatrapport 2010/2011

Likeverdig foreldreskap og samarbeid til beste for barna i delte familiar

Godt regelverk for delte familiar og for fastsetjing av foreldreskap

Endringar i barnelova som Stortinget vedtok den 23. mars 2010, jf. Prop. 14 L (2009–2010) og Ot.prp. nr. 104 (2008–2009), blei følgde opp i 2010 gjennom ulike informasjonstiltak. I tillegg er det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Justis- og politidepartementet og BLD for å greie ut i kva for situasjonar barn treng betre vern enn det dagens lovgiving gir, og korleis ein bør gi slikt vern. Arbeidsgruppa skal særskilt vurdere korleis ein kan sikre seg at domstolane handsamar spørsmålet om foreldreansvar, fast bustad og samvær der ein forelder blir dømd for vald og/eller overgrep mot egne barn, og at det blir teke omsyn til barnet ved vurderinga.

Regjeringa har som mål å leggje til rette for samvær mellom barn og foreldre i tilfelle der desse ikkje bur saman. Det er av sentral verdi for barnet å ha kjennskap til opphavet sitt. Samvær under tilsyn kan nyttast når det er vanskeleg med vanleg samvær. Tilsynsordninga er ei lovpålagd oppgåve heimla i barnelova, og det offentlege betaler for tilsyn opp til 16 timar årleg. Departementet foretar ei gjennomgang av ordninga.

Barnebidrag

Talet på foreldre som ordnar barnebidraget mellom seg utan å bruke tilbodet frå det offentlege, held fram med å auke, men ikkje like raskt som tidlegare. Det er grunn til å tru at bidragsrettleiing, gebyrordninga og informasjon frå NAV samla sett bidreg til at ca. 50 prosent av foreldra avtaler bidraget privat.

Tabell 3.8 viser at det framleis i hovudsak er menn som er bidragspliktige, og kvinner som er bidragsmottakarar. Mannlege bidragsmottakarar og kvinnelege bidragspliktige utgjør mellom sju og åtte prosent av høvesvis alle bidragsmottakarar og bidragspliktige.

Tabell 3.8 Talet på bidragspliktige og bidragsmottakarar med offentleg fastsett bidrag fordelt på kjønn 2002, 2004, 2006, 2008, 2009 og 2010*

	Totalt	Menn prosent	Kvinner prosent	Kjønn ikkje oppgitt
<i>Bidragspliktige</i>				
2002	128 587	86,6	9,2	4,2
2004	107 805	86,8	8,1	5,1
2006	101 685	86,3	8,2	5,5
2008	91 374	86,3	7,7	6,0
2009	87 092	86,3	7,7	6,0
2010	83 835	86,2	7,6	6,2
<i>Bidragsmottakarar</i>				
2002	135 033	9,2	89,5	1,3
2004	114 799	8,1	90,4	1,5
2006	109 167	8,1	90,7	1,2
2008	98 738	7,7	91,2	1,1
2009	94 412	7,5	91,3	1,2
2010	91 056	7,5	91,3	1,2

* Statistikken frå Arbeids- og velferdsdirektoratet omfattar ikkje gruppa av bidragspliktige/bidragsmottakarar som har gjort privat avtale utan offentleg innkrevjing. Tala på kvinner og menn er ufullstendige, sidan det ikkje er oppgitt kjønn i alle tilfella. Dette kjem av utanlandske personar utan norsk fødselsnummer.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet, tal per 31/12

Eit av dei viktige måla med omlegginga av bidragsregelverket i 2003 var at bidragsreglane skulle leggje betre til rette for samvær mellom barnet og den av foreldra barnet ikkje bur fast saman med. Bidragsstatistikken frå NAV viser at samværet som ligg til grunn for fastsetjinga av barnebidrag, ikkje har endra seg særleg dei siste åra. Det er ein svak tendens til at gruppa med mest samvær har auka noko. Sidan fleire foreldre gjer private avtaler om barnebidrag, blir NAV-statistikken på dette området stadig mindre representativ for oppløyse familiar generelt. Departementet ser det derfor som heilt nødvendig å gjennomføre intervjuundersøkingar om dette temaet i åra framover.

Stans av offentlege ytingar ved barne bortføring

Utgreiinga om å halde tilbake offentlege ytingar, medrekna barnetrygd, kontantstøtte, foreldrepenge og barnebidrag, ved barne bortføring blei sendt på høyring med frist 1. november 2009. Høyringa viste at det var støtte for forslaga, men at det var nødvendig med meir utgreiing av menneske-

rettar. Departementet følgjer opp med utgreiing av desse spørsmåla.

Sikker fastsetjing av farskap

Rettsmedisinsk institutt (RMI) ved Universitetet i Oslo gjennomfører DNA-analysar i farskapssaker på oppdrag frå det offentlege (NAV og domstolane). I 2010 blei det utført 829 analysar, medan det i 2009 blei utført 847 analysar. Talet på oppdrag er altså stabilt og er lågt i høve til talet på fødte barn.

Godt tilbod til barn som lever i konfliktfylte familiar etter samlivsbrot

Det blei i 2010 delt ut 3 mill. kroner for å styrkje tilbodet til barn som lever med høg konflikt mellom foreldra etter samlivsbrot. Midlane finansierer eit pilotprosjekt i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Prosjektet har tre hovud-element: auka tilbod om samtalegrupper for barn og unge i kommunane, parallelle tilbod til foreldra om konfliktløysing ved familievernkontora og

utvikling av betre samarbeidsrutinar mellom ulike kommunale tenester for barn og unge for å fange opp dei som treng særskild oppfølging på eit tidleg tidspunkt.

Alle kommunar i landet fekk tilbod om stimuleringsmidlar for oppstart eller auking av tilbod om samtalegrupper for barn. Totalt 50 kommunar fekk til saman om lag 1,5 mill. kroner til dette formålet. I tillegg er det starta eit samarbeid mellom fire pilotkommunar (Hamar, Bærum, Larvik og Levanger) og deira lokale familievernkontor for betre oppfølging av barn og familiar i målgruppa. Om lag 600 nye barn deltok i samtalegrupper i 2010.

Bufdir har teke over kursopplegget *Fortsatt foreldre*, som er utvikla av Modum Bad, og har starta arbeidet med å få familievernkontora til å ta kursopplegget i bruk. *Fortsatt foreldre* inngår som ein viktig del av pilotprosjektet *Ser du meg?* om betre tilbod til barn og foreldre som lever i høg konflikt etter samlivsbrot.

Målet med meklingsordninga er at foreldra skal kome fram til ei avtale om barna etter samlivsbrot, og meklaren skal hjelpe foreldra med dette. Der saka er eigna for det, vil det vere til barnet sitt beste at foreldra blir samde om ei avtale på eit tidleg stadium, som alternativ til handsaming ved domstolane.

I 2010 blei det utført 20 550 meklingar, 365 fleire meklingar enn året før. 37 prosent av meklingane skjedde i samband med separasjon eller skilsmisse, 31 prosent var i samband med samlivsbrot mellom sambuarar, medan 32 prosent var meklingar før barnefordelingssaker for retten. Prosentfordelinga var om lag den same i 2009.

Ei brei evaluering av meklingsordninga (SINTEF, 2009–2011) viser at dei fleste foreldra opplever at dei blir møtte av meklarane på ein profesjonell og god måte. Funna frå evalueringa viser vidare at om lag 75 prosent av foreldra har ei avtale om kvar barnet skal bu, og om samvær etter gjennomført mekling. Avtaleoppnåinga er såleis om lag som ved tidlegare evaluering av meklingsordninga, men slik at tidsbruken under mekling er korta vesentleg ned. Det er ei utfordring å få fleire foreldre med høgt konfliktnivå til å nyttiggjere seg den frivillige delen av meklingsstilbodet der saka er eigna for det, som alternativ til å reise sak for domstolen. Samstundes tyder funn frå evalueringa på at mange av sakene der foreldra ikkje blir samde, har særleg høgt konfliktnivå. Vidare synest det å vere ein overrepresentasjon av problematikk knytt til vald, rus og psykiatri blant desse sakene.

Det har i 2010 vore arbeidd vidare med tiltak som skal bidra til at fleire foreldre med høgt konfliktnivå kjem fram til ei avtale om kvar barnet skal bu, og om samvær etter å ha gjennomført mekling. I 2010 har den regionvise opplæringa for meklarar mellom anna hatt merksemd på samarbeid med tingrettane og metodisk tilnærming i høgkonfliktsaker. Forskingsprosjektet *Metodeutvikling i saker med høgt konfliktnivå*, som blei utført av Universitetet i Oslo og var ferdig i februar 2011, har mellom anna undersøkt kjenneteikn ved saker med høgt konfliktnivå og freista å beskrive framgangsmåtar under mekling som er særleg eigna i saker med høgt konfliktnivå.

Domstoladministrasjonen har, i samarbeid med departementet, gjennomført fire regionale kompetansehevingsseminar for dommarar, advokatar, sakkunnige og meklarar ved familievernkontor i 2010. Seminara (2009–2011) skal bidra til tverrfaglege drøftingar av utfordringar og gode framgangsmåtar ved handsaminga av barnelovsaker ved domstolane. Samlingane skal òg bidra til at rettsaktørane får auka kjennskap til og samhandlar meir med familievernkontora, og kan bidra til at fleire foreldre kjem fram til avtaleløsning på eit tidleg stadium.

BLD har i 2010 leidd ei arbeidsgruppe med representantar frå Dommerforeningen, Advokatforeningen, Psykologforeningen, Domstoladministrasjonen, Justisdepartementet og Bufdir. Gruppa har sett på kva slags tiltak som bør gjennomførast for å nå målet om færre saker for domstolane, og førebyggje og handsame oppattekte søksmål på ein god måte. Ein har særleg sett på tiltak knytte til informasjon, haldningar og kompetanse. Tilrådingane til arbeidsgruppa vil bli følgde opp vidare internt og overfor eksterne aktørar.

Tilbod om samlivskurs

Målsetjinga med tilskotsordninga er å styrkje samliv i parforhold, skape gode relasjonar og førebyggje samlivsoppløysing. Eit viktig mål er å gi barna trygge og stabile oppvekstvilkår. I marknadsføring og gjennomføring av samlivskurs er det viktig at kursa skal appellere til både kvinner og menn, og at begge kjønn skal ha utbytte av kursa.

I 2010 blei det delt ut 4,5 mill. kroner til tilskotsordninga. Organisasjonar som arbeider for å styrkje og vedlikehalde parforhold, kan søkje om midlar. Det blir gitt stønad til både lokale samlivskurs og utviklingstiltak på samlivsområdet. Det blei gitt støtte til 182 lokale samlivskurs og 22 utviklingstiltak i 2010.

Kontantstøtte til eitt- og toåringar utan fulltids barnehageplass

Kontantstøtta blei ført vidare utan endringar i satsar eller regelverk i 2010.

Tabell 3.9 Barn i kontantstøttealder og barn med kontantstøtte

Gjennomsnitt					Endring
	2007	2008	2009	2010	2009/2010 (%)
Barn i kontantstøttealder	112 498	114 470	116 315	119 209	+2 894 (+2,5 %)
Barn med kontantstøtte	55 890	47 815	42 351	38 999	-3 352 (-7,9 %)
Eittåringar med kontantstøtte	33 439	29 119	26 035	24 584	-1 451 (-5,6 %)
Toåringar med kontantstøtte	22 452	18 696	16 317	14 415	-1 902 (-11,7 %)

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet, målt i månadlege gjennomsnittstal

Nedgangen i talet på barn med kontantstøtte frå 2009 til 2010 på 3 352 barn kjem av at 6 246 fleire barn hadde heiltidsplass i barnehage, medan det var 2 894 fleire barn i aldersgruppa. Av barn med kontantstøtte hadde 22,6 prosent redusert støtte. Det er 0,4 prosentpoeng færre enn i 2009. Dei fleste har lang deltid i barnehage med 20 eller 40 prosent kontantstøtte. Det er flest toåringar med redusert støtte. Kontantstøtta blir utbetalt til den

av foreldra som søker om støtte. I om lag 87 prosent av tilfella er dette mødrene.

Barnetrygd

Barnetrygda blei ført vidare utan endringar i satsar eller regelverk i 2010. Tabell 3.10 viser utviklinga i talet på mottakarar.

Tabell 3.10 Mottakarar av barnetrygd etter kjønn. Gjennomsnittstal for 2006, 2008, og 2010

	I alt	Ordinær stønad	Utvida stønad	Ekstra småbarnstillegg
2006				
I alt	617 485	487 102	130 383	7 177
Prosentdel kvinner:	94,0 %	97 %	82,5 %	98,0 %
Prosentdel menn:	6,0 %	3,0 %	17,5 %	2,0 %
2008				
I alt	629 224	503 379	125 845	6 194
Prosentdel kvinner:	92,8 %	95,6 %	81,6 %	97,9 %
Prosentdel menn:	7,2 %	4,4 %	18,4 %	2,1 %
2010				
I alt	646 177	514 874	131 303	6 169
Prosentdel kvinner:	91,5 %	94,3 %	80,6 %	97,5 %
Prosentdel menn:	8,5 %	5,7 %	19,4 %	2,5 %

Det er ein auke i talet på menn som barnetrygd-mottakarar; i 2006 og 2010 var prosentdelen høvesvis 6 og 8,5. Dette har nok samanheng med ein

auke i delen familiar med delte løysingar for barna etter samlivsbrot.

Strategiar og tiltak for 2012

Nedanfor er ein gjennomgang av strategiar og tiltak for å fremme likeverdig foreldreskap og godt samarbeid til beste for barna.

Departementet vil følgje opp NOU 2009:5 *Farskap og annen morsskap. Fastsetting og endring av foreldreskap.*

Norske rettsreglar regulerer ikkje surrogati direkte. Personar busette i Noreg, gjer i aukande omfang avtaler med surrogatmødrer i andre land. Dette fører til komplekse juridiske problemstillingar. Departementet sette i mars 2010 ned ei interdepartemental arbeidsgruppe for å gå gjennom og vurdere lovverket og internasjonale konvensjonar som vedrører surrogati, og kome med tilrådingar til prosedyrar for handsaming av denne typen saker i framtida. Det er sendt brev om fastsetjing av farskap i surrogatitilfelle, brev om reglane om foreldrepengear ved surrogati og rundskriv om registrering i folkeregisteret. Det ligg no betre til rette for ei einsarta og korrekt praktisering av regelverket. Regjeringa vil vurdere lovendringar på området.

Regjeringa har som mål å auke vernet av barn og styrkje rettane til foreldre i internasjonale saker om foreldreansvar og tiltak for vern av barn. Stadig fleire barn og foreldre har forankring i fleire land på grunn av global mobilitet. Regjeringa vil halde fram med arbeidet for å leggje til rette for gjennomføringa av Haagkonvensjonen frå 1996 om foreldreansvar og tiltak for vern av barn.

Det er eit internasjonalt mål å hindre barne bortføring og påskunde tilbakeføring av bortførte barn. Regjeringa ønskjer å ta i bruk nye verkemiddel for å oppnå dette. Departementet vil i 2011 følgje opp utgreiinga om å halde tilbake offentlege ytingar og barnebidrag ved internasjonal barne bortføring og Justis- og politidepartementet si vurdering av utgreiinga sett i samband med Noregs plikter etter menneskerettane, sjå omtale under resultatrapporteringa.

Det er eit mål at fleire foreldre med høgt konfliktnivå rundt samvær og kvar barnet skal bu fast, får hjelp frå familievernkontora til å løyse usemja gjennom eit godt og tilgjengeleg meklingstilbod, i staden for å reise sak for domstolane. Det vil normalt dempe konfliktnivået mellom foreldra og vere til barnet sitt beste at foreldra kjem fram til ei avtale på eit tidleg stadium. Meklinga etter ekte-skapslova og barnelova og det heilskaplege tilbodet på familievernkontora (sjå omtale under delmål 3.2) er godt eigna til å hjelpe foreldra med å kome fram til gode avtaler og til å betre foreldre-

samarbeidet om barna etter samlivsbrot. For å sikre betre utnytting av det frivillige meklingstilbodet og andre tilbod i regi av familievernet skal det arbeidast vidare med informasjons- og haldningsendrande tiltak, utviklingsarbeid knytt til saker med høgt konfliktnivå, og auka kompetanse. Familievernet sitt samarbeid med instansar som barnevernet og domstolane skal styrkast. Det vil bli sett i gang eit prøveprosjekt hausten 2011. Vidare må det arbeidast for at det i større grad blir teke i bruk gode framgangsmåtar for høyring av barn under mekling. Tiltaka som skal gjennomførast vil mellom anna byggje på tilrådingar frå ei arbeidsgruppe leia av departementet og funn frå evalueringa av meklingsordninga som blei ferdigstilt hausten 2011, sjå omtale under resultatrapporteringa.

Eit pilotprosjektet retta mot barn og foreldre som har store samarbeidskonfliktar etter samlivsbrot, som starta opp hausten 2010, har blitt svært godt teke imot. Tiltaket har styrkt tilbodet om samtalegrupper for barn og unge som opplever samlivsbrot, samstundes med at foreldra får tilbod om hjelp frå familievernkontoret til å betre samarbeidet om barna gjennom avtaler til beste for dei. Ein arbeider òg med å stimulere til auka tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester. Siktemålet er å fange opp barn og unge, som treng særskild oppfølging, på eit tidleg tidspunkt. Dette skjer gjennom etablerte koordinerande team eller eit direkte samarbeid mellom to eller fleire tenester. Den generelle kunnskapen om konsekvensane for barn og unge av samlivsbrot og andre vanskelege endringar i livssituasjonen skal styrkjast hos tilsette i barnehagar, skolar, helsestasjonar og andre tenesteområde som møter barn og foreldre. Familievernkontora kan tilby rettleiing til dei kommunale tenestene.

Det er viktig å sikre ein god prosess og robuste avgjerder i dei tilfella der det er nødvendig at domstolane handsamar saka. Departementet vil ha særleg merksemd på tiltak som kan sikre ei best mogleg handsaming av saker der det er problematikk knytt til vald og overgrep. Det skal derfor gjennomførast forskning for å få meir kunnskap om domstolane si handsaming av desse sakene, i regi av Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS). Departementet har også initiert eit utviklingsprosjekt som mellom anna skal identifisere korleis ein kan handsame saker med valdsproblematikk på ein god måte – frå sakene kjem inn til mekling, og ved eventuell seinare domstolshandsaming. Vidare vil departementet framleis samarbeide med Domstoladministrasjonen om kompetanseheving for dom-

marar og andre profesjonelle aktørar i barnelovsaker. Komande kompetanseheving skal særleg gjelde handsaminga av saker med valds- og overgrepssproblematikk.

Det er behov for ny kunnskap om korleis familiane i dag innrettar seg etter samlivsbrot. Departementet vil derfor ta initiativ til ei ny samværsundersøking i 2012. Undersøkinga vil sjå på utviklinga av delt bustad som løysing, kartleggje konfliktnivå, omfanget av samvær og økonomiske ordningar og avtaler. Ei undersøking må sikre at ein får samanlikning over tid, samtidig som det blir gitt plass til nye problemstillingar. Resultata vil bli brukte til å vurdere om utviklinga mot betre samarbeid i dei delte familiane går i riktig retning.

Omlagging av kontantstøtteordninga

Det er eit mål for regjeringa å sikre høg deltaking i arbeidslivet, også blant foreldre i småbarnsfasen. Kontantstøtta kan bidra til at kvinner trekkjer seg ut av arbeidslivet for ein periode, og til at barn ikkje kjem i barnehage. Dette kan vere uheldig, mellom anna med tanke på barn og kvinner si integrering og barn si språkutvikling. Det blir derfor føreslått endringar i kontantstøtteordninga frå 1. august 2012.

Kontantstøtta blir føreslått avvikla for toåringar. Forslaget må sjåast i samheng med at det er innført rett til barnehageplass. Barn som fyller eitt år innan utgangen av august månad, har rett til barnehageplass frå august same år. Barn som fyller eitt år frå og med september, vil ha rett til plass frå august påfølgjande år. Det inneber at alle barn vil ha fått rett til barnehageplass innan dei fyller to år. Forslaget om å avvikle kontantstøtta for toåringar må og sjåast i samheng med at fleire offentlege utval har peika på uheldige sider ved kontantstøtteordninga, jf. NOU 2011: 7 *Velferd og migrasjon* og NOU 2011: 14 *Bedre integrering*.

I tråd med regjeringas politiske plattform føreslås ei styrking av kontantstøtta for dei yngste barna. Satsen for barn i alderen 13–18 månader foreslås auka til 5 000 kroner per månad. Dette vil vere ei vesentleg betring for småbarnsforeldre som har eit inntektsbortfall i tidsrommet mellom utløpet av foreldrepengeperioden og oppstart i barnehage. For barn i alderen 19–23 månader føreslår ein at dagens sats på 3 303 kroner per månad blir beholden.

Heil kontantstøtte blir utbetalt dersom barnet ikkje har plass i barnehage. Har barnet plass i barnehage i mindre enn 33 timar per veke, blir det i dag utbetalt delvis kontantstøtte etter fire ulike satsar (20, 40, 60 og 80 prosent kontantstøtte

avhengig av avtalt opphaldstid i barnehage). Desse satsane har vore knytte til satsane for statleg tilskot til barnehagar. Etter at tilskotet til barnehagar er blitt innlemma i rammetilskotet til kommunane, har desse satsane falle bort, og noko av grunngivinga for det finmaska kontantstøttesystemet vi har i dag, fell òg bort. Det er dessutan slik at ein del foreldre har uttrykt misnøye med den gjeldande ordninga fordi dei får mindre kontantstøtte enn dei hadde forventa. Departementet føreslår derfor at det berre skal vere to satsar for kontantstøtte; heil og halv støtte. Dersom barnet ikkje har plass i barnehage, blir det gitt heil kontantstøtte. Dersom barnet har ei avtalt opphaldstid i barnehage på inntil 20 timar i veka, blir det utbetalt 50 prosent kontantstøtte.

Når kontantstøtta blir avvikla for toåringane, vil etterspurnaden etter barnehageplassar auke. Kommunane vil derfor få kompensert for forventa auke i kostnadane til barnehagesektoren. Endringa av kontantstøtta inneber ei nedsetjing av løyvinga til kontantstøtte på 135 mill. kroner i 2012. Det er avsett knappe 92 mill. kroner til kompensasjon til kommunane for forventa auka i etterspurnaden etter barnehageplassar i 2012.

Foreldre og kommunar må få god tid til å innrette seg på endringane. Departementet føreslår derfor at endringane trer i kraft 1. august 2012. Til og med juli 2012 blir det utbetalt kontantstøtte etter gjeldande regler. Departementet vil fremme ein proposisjon for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringar.

Arbeids- og velferdsetaten si forvaltning på BLDs ansvarsområde

Arbeids- og velferdsetaten har ansvar for forvaltning av ytingane barnetrygd, kontantstøtte og foreldrepenger og regelverket for barnebidrag. Etaten har hatt utfordringar både når det gjeld talet på saker til behandling (tidlegare omtala som restansar) og med å sikre rett utbetaling til den enkelte mottakar.

Frå våren 2009 fram til årsskiftet 2010/2011 var det ein betydeleg reduksjon i talet på saker til behandling i etaten. Saksbehandlingsstida for ei rekkje ytingar gjekk også ned. I 1. tertial 2011 har talet på ubehandla saker vore stabilt. Framleis er omfanget av saker som ikkje behandlast innan rett tid høgt, særleg for enkelte ytingar på familieområdet.

Utfordringa knytt til å utbetale rett yting blei mellom anna peika på ved revisjonen av rekneskapa for 2008 og 2009. Mot slutten av 2009 og gjennom 2010 har Arbeids- og velferdsdirektora-

tet sett i verk eit systematisk arbeid for å betre kontroll og kvalitet i forvaltinga av ytingane. Det er utarbeidd ein kontrollstrategi for perioden 2009-2015 og ein handlingsplan for intern kontroll for åra 2010-2011, jf. nærmare omtale i Arbeidsdepartementet sin budsjettproposisjon.

BLD har lagt vekt på at utfordringene knytt til Arbeids- og velferdsetaten si forvalting på departementet sitt ansvarsområde, må sjåast i samanheng med det samla utfordringsbildet for etaten. Det er viktig å ha ei heilskapleg tilnærming til utfordringane. BLD har derfor hatt ein tett dialog med Arbeidsdepartementet og etaten sjølv. Denne dialogen vil bli ført vidare.

Det skal arbeidast vidare med konkrete tiltak for å betre forvaltinga av sakene og informasjonen til brukarane på BLDs ansvarsområde. På sentrale område som barnebidrag og kontantstøtte har etaten sjølv gjort undersøkingar som viser betring av kvaliteten. Det er framleis nødvendig med tiltak. Forbetringsarbeidet vil stå sentralt i BLDs dialog med Arbeidsdepartementet og Arbeids- og velferdsetaten.

Delmål 3.2: Ei velfungerande og tilgjengeleg familievernteneste

Resultatrapport 2010/2011

Ei velfungerande og tilgjengeleg familievernteneste

Dei siste åra har det vore ein betydeleg auke i etterspurnaden etter tenester frå familievernet. Aktivitetsveksten frå 2008 og 2009 har halde fram

Tabell 3.11 Årsverk i familievernet

År	2006	2007	2008	2009
Årsverk	387	433	424	432

Kjelde: SSB, familievernstatistikk

Om lag halvparten av leiarane i familievernet i perioden 2006–2009 var kvinner. Kjønnfordelinga blant dei tilsette har halde seg stabil med om lag $\frac{3}{4}$ kvinner og $\frac{1}{4}$ menn. Det er relativt høg gjennomsnittsalder blant dei tilsette i familieverntenesta. Mange tilsette vil nå pensjonsalderen innan få år, og dette kan innebære ein fare for tap av mykje erfaring og kompetanse. Det er viktig at denne kompetansen blir overført til nye medarbeidarar i tenesta, og det må utarbeidast planar og tiltak som kan verke positivt overfor seniorane. Bufdir har utarbeidd ein tiltaksplan for seniorpolitikk i familievernet 2010–2014.

i 2010. Det er ein auke i talet på konsultasjonar både for meklingar og kliniske tenester.

Årsrapporten frå Bufetat for 2010 syner at det blei gjennomført knapt 116 000 konsultasjonar i familievernet, 5,2 prosent fleire enn i 2009. Av desse var om lag 94 000 knytte til behandling og 22 000 til meklingar. Dette er ein auke frå 2009 på 4,1 prosent i behandlingssamtaler og 1,1 prosent i meklingar.

78,2 prosent av tidsbruken i familievernet på landsbasis går til behandlingssaker, 14,4 prosent til mekling og 7,5 prosent til førebyggjande verksemd. Fordelinga er om lag som i 2009.

Talmaterialet frå 2009 viser at i 69 prosent av dei nye sakene var det ei kvinne som bestilte time, om lag som i 2008.

Eit nyttig, variert og tilpassa tilbod til brukarane

Bufdir har utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi for familievernet 2010–2012, *Et synlig familievern*. Bufdir planlegg å gjennomføre ei opinionsundersøking hausten 2011 for å kartlegge effektane av kommunikasjonsstrategien hittil.

Bufdir arbeider med å utvikle ein offentleg familieportal, *familie.no*, som skal syte for brei og kvalitetssikra kunnskap om samliv og foreldrerettlegg til befolkninga generelt, og særleg familiar som har barn med nedsett funksjonsevne. Det er òg gitt ut to nummer i familievernets skriftserie som er distribuert internt og til eksterne samarbeidspartnarar, eitt om vald i nære relasjonar og eitt om brukarmedverknad i familievernet.

Bufdir starta i 2010 implementering av Klient- og resultatstyrt praksis (KOR), eit system for brukarretta kvalitetsutvikling, som ein integrert del av terapiarbeidet for å vidareutvikle kvaliteten og tilpasse tilbodet direkte til den det gjeld. Det er valt ei trinnvis implementering av KOR, med vekt på opplæring og rettleiing. I 2010 har 16 familievernkontor teke i bruk KOR.

Implementering av KOR er det viktigaste tiltaket for å få betre brukarmedverknad i familievernet. Brukarmedverknad var òg temaet på den nasjonale fagkonferansen for familievernet i 2010. Metodikken er godt motteken av tilsette og klie-

tar, og implementeringsarbeidet har så langt vore vellykka. I 2011 vil halvparten av familievernkontora ha teke i bruk metoden. Etter planen skal alle dei 64 familievernkontora ha teke i bruk KOR innan utgangen av 2012.

Tilboda til familiar med valdsproblem er integrerte i familieverntenesta. Undersøkingar syner at kontora årleg møter mellom fire og seks tusen familiar der vald er eit problem. Familievernet har utvikla eit metodeopplegg, *Tryggare barndom*, for familiar med valdsproblemer som ønskjer å halde fram samlivet. Metoden legg stor vekt på tryggleik og er eit terapeutisk tilbod. Det tidlegare *Brubbyggjarprosjektet* i familievernet har utvikla ein terapeutisk metode i møte med ungdom som er utsette for tvangsekteskap, og for familiar deira. Bufdir gjennomfører – i samarbeid med RVTS Øst – ei kompetanseheving i klinisk arbeid med æresrelatert vald i 2010–2011. Det faglege innhaldet er basert på erfaringane frå *Brubbyggjarprosjektet* ved Aker familievernkontor og kultur- og traumesensitiv behandling i arbeid med æresrelatert vald. Familievernтерапевtar ved 11 familievernkontor deltek i kompetansehevinga, i tillegg til RVTS-ane og Bufdir. Familievernkontor som er lokaliserte i nærleiken av butilboda for ungdom utsette for tvangsekteskap og annan æresrelatert vald, har blitt prioriterte. Det er eit mål at familievernet skal inngå i støttetilbod til unge knytte til butilboda. I tillegg deltek alle RVTS-ane i kompetansehevinga, med tanke på at dei vil få ei viktig rettleiingsrolle overfor familievernet i denne typen arbeid på lengre sikt, og for å leggje til rette for regionale nettverk.

Familievernet gir tilbod om sinnemeistringskurs, gruppetilbod for valdsoffer og grupper for barn som har vore vitne til eller utsette for vald. Kompetansen på arbeid med vald i nære relasjonar skal framleis styrkjast i tenesta, og samarbeidet med andre tenesteytarar skal førast vidare.

Det er starta eit prosjekt som heiter *Kunnskap om vold – familievernets arbeid med vold i nære relasjonar i Finnmark*. Alle familievernkontora i Finnmark har gjennomført kompetansehevande tiltak. Alle terapeutane har fått opplæring i terapeutisk arbeid med par der den eine er valdsutøvar. Alternativ til vold (ATV) har gitt rettleiing og halde kurs for familievernkontora.

Strategiar og tiltak for 2012

Nedanfor er forslag til tiltak og strategiar for korleis familievernet kan utviklast til ei teneste mest mogleg i samsvar med brukarane sine behov.

Familievernkontora har som ei sentral målsetjing å styrkje parforholda og førebyggje samlivsbrot. Tidleg hjelp kan minske pågangen i helsetenestene, barnevernet, rettsstellet og NAV. Vidare er det ei viktig målsetjing at foreldre med eit høgt konfliktnivå får hjelp til å samarbeide om barna, både før og etter samlivsbrot. Målet er eit familievern som sikrar eit likeverdig tenestetilbod til brukarane, har høg kvalitet på det faglege arbeidet og utnyttar ressursane effektivt.

Det er varierende dekningsgrad for familieverntenesta i ulike delar av landet. Bufdir vurderer kontinuerleg drifta av familievernet og vil halde fram arbeidet for å sikre eit mest mogleg likeverdig tilbod i regionane.

Det er eit mål at enda fleire foreldre med eit høgt konfliktnivå får hjelp til å kome fram til ei avtale hos familievernkontora, og at det frivillige meklingsstilbodet blir betre utnytta slik at foreldra kan få til ei avtale om barna på eit tidleg stadium, utan at konflikten blir eskalert. Samarbeidet med domstolane i meklings saker vil bli ført vidare, og arbeidet med å sikre ein god fagleg meklingspraksis held fram i 2012. Samstundes skal tilbodet om samarbeidssamtaler i familievernet utviklast vidare. Tilskotsordninga til samlivskurs blir ført vidare som eit førebyggjande og likestillingsfremmande tiltak. Målet med samlivskurs er å styrkje parforhold, skape gode relasjonar og førebyggje samlivsopløysing. Familievernkontora vil halde fram med eit tilbod om samlivskurs retta mot foreldre til barn med nedsett funksjonsevne. Bufdir vil halde fram med å tilby kommunane kursmaterieill for samlivskurset *Godt Samliv*, som er eit parkurs for førstegangsforeldre. Dei ulike tilboda om samlivskurs i regi av familieverntenesta må sjåast i samanheng med resten av Bufdir si verksemd retta mot kommunane. Regionkontora i Bufetat har ansvaret for å utvikle eit systematisk og forpliktande samarbeid med kommunane på dette området.

Som ein del av Bufdir sitt samla tilbod mot kommunane inngår informasjon og rettleiing om samtalegrupper for fedrar, kalla *Papparingen*. Tilbodet gir fedrar høve til å snakke om det å vere far på menn sine egne premisser.

For å sikre brukarane sin medverknad i utviklinga av kvaliteten på tenestene innfører familievernet eit gjennomgåande felles system for tilbakemeldingar frå klientane som skal nyttast i alle terapi- og rettleiingssamtaler. Bufdir skal vidareføre implementeringa av KOR, med sikte på at heile familievernet skal bruke han ved utgangen av 2013.

Familievernkontoret skal vere den naturlege staden å søkje hjelp for samlivsproblem, mekling eller samarbeidsproblem om felles barn. For å sikre eit heilskapleg perspektiv i familievernet sitt arbeid skal det stimulerast til auka samarbeid med andre delar av tenesteapparatet. Ein føresetnad for ei tilgjengeleg teneste er at familievernet er kjent blant folk flest. Oppfølging av kommunikasjonsstrategien for familievernet skal medverke til at allmenta får større kjennskap til familievernkontora og tilboda deira. Bufdir skal arbeide vidare med utviklinga av ein offentleg familieportal, *familie.no*, som skal gi brei, kvalitetssikra kunnskap til publikum generelt om samliv og foreldrerettleiing, og særleg overfor familiar som har barn med nedsett funksjonsevne.

Tilboda til familiar med valdsproblem er ein integrert del av familievern tenesta. Familievernet vil halde fram med å styrkje kompetansen på arbeid med vald i nære relasjonar, mellom anna i samarbeid med stiftinga Alternativ til vold (ATV).

Delmål 3.3: Eit godt grunnlag for å vidareutvikle likestillingspolitikken i eit livsløps-, klasse- og etnisitetsperspektiv

Resultatrapport 2010/2011

Likestillingsutvalet fekk i oktober 2010 ei presisering av mandatet for å vurdere verkemiddelapparatet knytt til likestillings- og diskrimineringsfeltet. Utvalet skal levere delutgreiinga si til BLD innan 15. november 2011.

Kvinnepanelet blei etablert av barne-, likestillings- og inkluderingsministeren i 2010. Panelet var breitt samansett og kom med ein rapport i september 2010. Målet med panelet var at det skulle medverke til debatt og modernisering av kjønnslikestillinga i Noreg. Tiltaka som blei føreslåtte i rapporten til panelet, retta seg mot arbeidsliv, like lønn, forebygging av vald, likestilt foreldreskap, utdanning og helse.

Forskningsrapporten *Kjønnsforskjeller i arbeidsmarkedet i 1999 og 2009* frå NIFU-STEP viser at det har vore ein sterk vekst i talet på uteksaminerte kandidatar med høgare grad frå 1999 til 2009. Kvinner står for den sterkaste veksten og utgjør fleirtalet av kandidatar med høgare grad. Dei fleste fagområda er kvinnedominerte. Fleire uteksaminerte kvinner enn menn arbeider i det offentlege. Departementet har bestilt ein tilleggsanalyse om lønnsnivået blant kandidatar med høgare grad.

Departementet finansierte delar av prosjektet *Det gode liv på Sørlandet og tradisjonelle kjønnsroller*, som blei gjennomført av Universitetet i Agder,

Senter for likestilling, i 2010. Prosjektet viser at det er fleire tradisjonsbundne menn i Agder enn elles i landet, og at dei er meir religiøst orienterte. Det kan også sjå ut som om dei er med på å prege regionen sin identitet i stor grad.

SINTEF er tildelt eit prosjekt som skal gi eit oppdatert og samla bilete av den norske arbeidsmarknaden i eit kjønnsperspektiv ved å kartlegge graden av horisontal og vertikal kjønnssegregering i det norske arbeidslivet 1988–2010 og samanlikne graden av horisontal og vertikal kjønnssegregering blant unge og eldre yrkesaktive og blant innvandrarakar samanlikna med ikkje-innvandrarakar.

Det er viktig at den omfattande databasen *Livsløp, generasjon og kjønn* (LOGG) blir brukt til vidare forskning, jf. Prop. 1 S (2010–2011) for BLD. Departementet har sett i gang prosjektet *Likestilling heime*, som NOVA/ISF utfører. Målet med prosjektet er å få meir kunnskap om kjenne-teikna for par som har likedeling heime, i eit livsløps- og klasseperspektiv, og å sjå på i kor stor grad haldningar til likestilling påverkar likestilling heime, og om det kan ha noko å seie kvar folk bur. Resultata blir presentert i Likestillingsutvalet si utgreiing.

BLD har delteke i OECD-prosjektet *The Future of Families to 2030* både finansielt og som medlem i prosjektet si styringsgruppe. Formålet har vore å samle saman data og utforske trendar i hushalds- og familiestrukturar for dei neste to tiåra (framskrivingar) og å undersøkje kva for implikasjonar desse trendane har for ulike politikkområde. Rapporten tek for seg utviklinga og utfordringar framover for einpersonhushald, eineforsørgjarfamiliar og for familiar med og utan barn. Oppsummert tyder dataa på store endringar i hushalds- og familiestrukturen i alle OECD-land. Rapporten peiker deretter på faktorar som formar dette familielandskapet fram til 2030; demografiske endringar, samfunnsmessige og sosiale trendar, teknologi og den økonomiske utviklinga. Oppsummert vil familielandskapet i OECD-land fram mot 2030 sannsynlegvis forandre seg markert og krevje omfattande endringar i alle familiepolitikkrelevante område frå sosiale stønader og utdanning til bustadbygging og arbeid.

Rapporten peiker på ulike politiske utfordringar og moglege måtar å møte desse på. Nokre døme på slike utfordringar er at det i dei fleste OECD-landa vil vere vanskeleg å oppretthalde dagens universelle sosiale ordningar dei neste to tiåra (meir målretting må til), og at utviklinga vil føre til ei annleis ansvarsdeling mellom individ, familie og stat. Vidare blir det viktig med ei heil-

skapleg tilnærming til ulike problem, i staden for ei stykkevis og delt tilnærming. Det blir peikt på at ein må prioritere å få individ og familie ut av langvarige dysfunksjonelle situasjonar (gjennom målretta tidleg utdanning for barn), at det bør leggast vekt på bruk av ny teknologi (telearbeid og -utdanning), at endringar i hushaldet og familien sannsynlegvis vil resultere i høgare mobilitet (familiar bur langt frå kvarandre), og til sist at eit vedvarande trykk på vidare likestilling er viktig (fleksibilitet for foreldre, utbygging av foreldrepermisjonar). BLD har omfattande internasjonal samhandling, og rapporten gir eit godt inntak til framtidige utviklingsstrekk i andre OECD-land.

Departementet har, saman med Kunnskapsdepartementet, medverka til *Barnetilsynsundersøkinga 2010*, som er gjennomført av Statistisk sentralbyrå. Undersøkinga tek for seg fleire sider ved barnefamiliars tilsynsordningar for barn mellom 0 og 9 år. Både prioriteringane deira i val av hovudtilsynsordning, synet deira på kvalitet og ei kartlegging av kva dei betaler for tilsynet, er del av undersøkinga. Departementet har sett i gang forskning som skal setje søkjelyset på foreldre sin bruk av permisjonen til både far og mor og overgangen til barnehagen for eitt- og toåringar.

Strategiar og tiltak for 2012

Regjeringa skal ha ein tydeleg profil når det gjeld likestilling mellom kjønna, både nasjonalt og internasjonalt, og har ei rekkje tiltak og strategiar for å nå desse måla.

Hausten 2011 legg regjeringa fram ein ny handlingsplan for likestilling mellom kjønna, *Likestilling 2014*. Handlingsplanen gjeld for perioden 2011–2014 og er sektorovergripande. I handlingsplanen inngår politiske strategiar og tiltak innanfor ei rekkje samfunnsfelt, som det segregerte arbeidslivet, utdanning, økonomisk makt, det likestilte foreldreskapet, vald i nære relasjonar, kjønnsstereotypiar, kvinner i leiing, demokratisk deltaking og helse. Arbeidet med å følgje opp St.meld. nr. 8 (2008–2009) *Om menn, mansroller og likestilling* vil bli ført vidare i 2012. Målsetjinga vil framleis vere å få menn meir aktivt med i utviklinga av eit kjønnslikestilt samfunn. Stiftinga Reform yter viktige bidrag i dette arbeidet, mellom anna ved å utvikle og spreie kunnskap om menns likestillingspolitiske utfordringar, og gjennom sine aktive innspel til politikken. BLD yter driftstilskot til Reform.

Det offentlege Likestillingsutvalet, leidd av professor Hege Skjeie, skal levere ei utgreiing om framtidens likestillingspolitikk august 2012. Utgrei-

inga skal gjennomførast i eit livsløps-, klasse- og etnisitetsperspektiv. Målet med utgreiinga er å leggje grunnlaget for ein heilskapleg og kunnskapsbasert likestillingspolitikk for framtida. Som ei oppfølging av utgreiingane frå Kvinnepanelet og Likestillingsutvalet vil regjeringa starte arbeidet med ei stortingsmelding om likestilling mellom kjønna.

BLD vil føre vidare og styrkje samarbeidet med fylkesmennene om kommunal oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene. BLD og fylkesmennene er i dialog for å konkretisere korleis fylkesmennene sitt oppdrag på likestillingsområdet skal gjennomførast.

BLD og Kommunal- og regionaldepartementet har i perioden 2008–2011 gitt prosjektmidlar til regionale senter for likestilling og mangfald. Likestillingsutvalet vil levere ei delutgreiing seinhaustes 2011. Delutgreiinga skal gi forslag til regjeringa om organiseringa av verkemiddelapparatet. I påvente av dette vil BLD forlengje prosjektløvinga til tre regionale sentra for likestilling og mangfald med eitt år. Dette gjeld Likestillingssenteret i Hamar, KUN senter for kunnskap og likestilling i Steigen og Senter for likestilling i Kristiansand. Dei tre regionale sentra skal følgje opp lokale og regionale verksemder gjennom rettleiing, opplæring og erfaringsutveksling i arbeidet for å fremme likestilling.

BLD leier eit interdepartementalt utval som skal greie ut ei eventuell regulering av balansen mellom kjønna i styra i dei store aksjeselskapa med private eigarar. Utvalet skal leggje fram ein rapport innan utgangen av 2011.

For å fremme likestilling og mangfald i det samiske samfunnet har BLD, saman med Sametinget og Fornyings-, administrasjons- og kyrkje-departementet, i 2010 oppretta ei stilling ved Gáldu – Kompetansesenteret for urfolks rettigheter. Dette er eit treårig prøveprosjekt fram til 2013 og ei oppfølging av Sametinget sin handlingsplan for likestilling. Prosjektet har som mål å styrkje kompetansen og kunnskapen i likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeidet i det samiske samfunnet.

BLD vil styrkje arbeidet for likestilling og mot diskriminering gjennom nordisk samarbeid, mellom anna gjennom arbeidet i Ministerrådet for likestilling. Det er eit mål å utvide omgrepet *likestilling* i det nordiske samarbeidet til å omfatte fleire diskrimineringsgrunnlag enn kjønn og nedsett funksjonsevne, så som etnisitet og seksuell orientering, og sjå desse i samanheng. Under det norske formannskapet for Nordisk ministerråd i 2012 vil det bli teke initiativ til ein politisk debatt

om desse spørsmåla i Ministerrådet for likestilling (MR-JÄM).

Arbeidet med å implementere ein aktiv Europa-politikk vil halde fram. Departementet vidarefører dette arbeidet gjennom å delta i ei høgnivågruppe for ikkje-diskriminering, EU-programmet *PROGRESS*, som omfattar arbeid mot diskriminering og for mangfald, EFTA si arbeidsgruppe for kjønnslikestilling, ikkje-diskriminering og familiepolitikk og gjennom ei rådsstilling ved Noregs EU-delegasjon i Brussel med barne-, ungdoms-, familie-, likestillings- og ikkje-diskrimineringspolitikken som arbeidsområde.

Europarådet skal omorganiseras frå 2012. Målet er å redusere talet på styringskomitear og ekspertgrupper. Dette vil mellom anna medføre endringar for styringskomiteane for likestilling (CDEG), sosiale tilhøve (CDCS) og forumet for funksjonshemma (CAHPAH). Departementet er representert i desse komiteane i dag. Ny komitéstruktur og nye mandat skal fastsetjast endeleg hausten 2011. Ein vil tilpasse seg den nye strukturen i 2012 og handsame representasjon i ulike komitear med bakgrunn i dei pliktene Noreg har og den nytteverdien ein ser i deltaking.

Gjennom ei rekkje FN-konvensjonar er Noreg forplikta til å fremme likestilling og hindre diskriminering på ulike grunnlag. Departementet prioriterer arbeidet i 3. komité under FN's generalforsamling og vil gi innspel frå eige fagområde. Departementet vil vidareføre den årlege nasjonale kontaktkonferansen mellom styresmaktene og frivillige organisasjonar. Konferansen tek opp FN-prosessane om likestillings- og ikkje-diskriminerings spørsmål. Noreg vil bli eksaminert av FN's kvinnediskrimineringskonvensjon (CEDAW) i 2012. Noreg vil leggje fram ein statusrapport om oppfølgingsarbeidet med tilrådingane frå FN's rasediskrimineringskomité i 2012.

Regjeringa har vedteke å feire 100-årsjubileet for at Stortinget 11. juni 1913 vedtok å innføre allmenn røysterett (kvinnestemmeretten). Regjeringa ønskjer at jubileet skal ta vare på det historiske perspektivet, samstundes som det engasjerer og er framtidsretta. Til å leie arbeidet har regjeringa sett ned ein komité som blir leidd av fylkesmannen i Buskerud, Kirsti Kolle Grøndahl. Komiteen ønskjer at dei sentrale fellesverdiane som demokratiet vårt byggjer på, som stemmerett, likestilling, deltaking og representasjon, skal danne ramma rundt feiringa. I tillegg til nokre få, større offisielle arrangement, håpar komiteen å inspirere til lokale arrangement over heile landet, i tillegg til markeringar internasjonalt. Det har vore eit mål å sjå Stemmerettsjubileet i saman-

heng med Grunnlovsjubileet 2014, og det er oppretta eit godt samarbeid. Regjeringa vil styrkje løyvinga til arbeidet med stemmerettsjubileet i 2012. BLD har fått sekretariatsfunksjonen.

Delmål 3.4: Eit familievennleg arbeidsliv

Resultatrapport 2010/2011

I regjeringas handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner, har BLD ansvar for to tiltak. Det eine tiltaket er å gi sjølvstendig næringsdrivande same rett til svangerskapspengar og foreldrepengar som arbeidstakarar. Dette er gjennomført med verknad frå 1. juli 2008. Det andre tiltaket er ei satsing for å få fleire menn til å ta ut meir enn fedrekvoten. Å få fedrar til å ta ut meir foreldrepengar vil gjere det enklare for kvinner å kombinere entreprenørskap og familieliv. NIFU, i samarbeid med Østlandsforskning, har gjennomført ei midtvegsevaluering av handlingsplanen. I rapporten (NIFU rapport 2010/2011) blir det tilrådd at planen anten blir spissa og får eit sterkare fokus på entreprenørskap, eller at han blir lagt breiare opp med fokus på kvinner som entreprenørar og leiarar. Nærings- og handelsdepartementet, som har ansvaret for planen, vil saman med mellom anna BLD og KRD ta stilling til kva strategi som skal veljast.

I St.meld. nr. 8 (2008–2009) *Om menn, mannsroller og likestilling* går det fram at regjeringa vil samarbeide med partane i arbeidslivet for å styrkje informasjonen om arbeidstakarane sine rettar til å tilpasse arbeid til familieliv, og for å utforme tiltak som stimulerer arbeidsgivarar til å ha ein personalpolitikk med strategiar for dei som tek permisjon, og for arbeidstakarar med barn. På bakgrunn av dette, arrangerte BLD, i samarbeid med dei største organisasjonane i arbeidslivet, ein nasjonal og to regionale konferansar om familievennleg arbeidsliv i 2010, sjå nærmare omtale under delmål 3.4 i Prop. 1 S (2010–2011) for BLD.

I samarbeid med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet har BLD utarbeidd brosjyren *Anbefalinger for en familievennlig personalpolitikk i staten*. Brosjyren blei lansert i 2010 og gir statlege arbeidsgivarar gode råd om korleis dei kan gjere verksemda meir familievennleg. I tillegg gir brosjyren ei oversikt over dei viktigaste rettane som foreldre har i arbeidslivet.

Strategiar og tiltak for 2012

For å nå målet om eit familievennleg arbeidsliv er det nødvendig å sjå familie-, likestillings- og arbeidslivspolitikken i samanheng.

Regjeringa arbeider for at både kvinner og menn skal kunne delta i yrkeslivet gjennom ulike livsfasar. Noreg har høg yrkesdeltaking blant kvinner. Dette har mykje å seie for verdiskaping og økonomisk vekst. Det å sikre høg sysselsetjing blant foreldre krev tilrettelegging i arbeidslivet og likestilling mellom kvinner og menn i fordelinga av omsorgsoppgåvene i heimen. Noreg har ei rekke ordningar retta mot familien som har til formål å styrkje fedrane si omsorgsrolle og kvinnene si deltaking i yrkeslivet og gjere det mogleg for begge foreldra å halde ved lag tilknytninga til arbeidslivet i småbarnsfasen. Gode barnehagar for alle og fleksible permisjonsordningar er viktige verkemiddel.

Det er eit mål å skape merksemd kring familie- og arbeidsliv i alle delar av landet og i heile arbeidslivet. Departementet tek sikte på å støtte gode tiltak regionalt som kan støtte opp om og vidareutvikle dei gode erfaringane frå arbeidslivskonferansane i 2010 og 2011. I samband med at Noreg har formannskapet i Nordisk ministerråd, vil departementet arrangere ein nordisk konferanse om familievennleg arbeidsliv i 2012.

Departementet vil utvikle den gode dialogen med arbeidslivet vidare. Saman med partane i arbeidslivet vil departementet sjå på korleis vi kan utvikle ein mal for livsfasesamtaler mellom vertande fedrar og mødrer og arbeidsgivarane deira. Målet med livsfasesamtala er auka medvit om korleis jobb og familie kan balanserast, og å informere om rettar og moglegheiter. For å bidra til likare arbeidsdeling i heimen vil departementet styrkje kompetansen om fedrar og likestilt foreldreskap i NAV, på helsestasjonane og for lærarar i introduksjonsprogram.

I Meld. St. 6 (2010–2011) *Likestilling for likelønn* går det fram at regjeringa vil vurdere ei ordning med rett til lønn under ammeferie. Meldinga skisserer ei plikt for arbeidsgivarar til å betale lønn éin time per dag fram til barnet fyller eitt år til mødrer som har behov for fri frå arbeidet for å amme barnet. Det er lagt til grunn at kvinner som arbeider deltid i form av heile arbeidsdagar med eit redusert tal på dagar, vil ha behov for ammeferie dei dagane dei arbeider, medan kvinner som arbeider deltid i form av kortare arbeidsdagar ikkje har det same behovet.

Delmål 3.5: Likelønn mellom kvinner og menn

Resultatrapport 2010/2011

Hausten 2010 la regjeringa fram Meld. St. 6 (2010–2011) *Likestilling for likelønn*. Meldinga blei handsama av Stortinget våren 2011. Meldinga

syner korleis politikken for likestilling kan medverke til å minske lønnsgapet mellom kvinner og menn. Meldinga gjer greie for problema knytte til skilnadene i lønn for kvinner og menn, peiker ut politiske mål og legg fram konkrete tiltak som vil styrkje likestillinga i arbeidslivet og familien.

Meldinga omtaler skilnadene i lønn og inntekt og årsakene til at kvinner framleis tener mindre enn menn. Biletet er stabilt, sjølv om det har vore ei viss utjamning det siste tiåret. Kvinner har investert sterkt i yrkesarbeid og utdanning og har i eit kvart hundreår vore i fleirtal i høgare utdanning. Utdanning og yrkesdeltaking har likevel ikkje ført til tilsvarande lønns- og inntektsutjamning mellom kjønna. Lønnsgapet følgjer kjønnsdelinga i arbeidslivet. Med atterhald for kvinner i høgare utdanning er ungdom enno tradisjonelle i sine val av yrke. Familiane er meir jamstelte, men ei hevdvunnen arbeidsdeling gjeld i dei fleste høva. Desse tilhøva påverkar kvinner si deltaking i arbeidslivet og inntekta deira. I tillegg kjem diskriminering og lågare verdsetjing av kvinner sitt arbeid.

Gjennom fakta og analysar grunngir meldinga kvifor regjeringa legg vekt på to verkefelt i sin politikk for utjamning av lønnsgapet. Det er nødvendig å hindre lønnsdiskriminering på arbeidsplassen gjennom å halde lovverket i hevd. Samstundes vil ei jambyrdig arbeidsdeling i familien vere ein styrke for kvinner i arbeidslivet. I meldinga diskuterer regjeringa fleire tiltak som vil bli følgde opp i 2012, sjå omtale under strategiar og tiltak.

Strategiar og tiltak for 2012

Det inntektspolitiske samarbeidet er ein grunnleggjande del av den økonomiske politikken i Noreg, og ein dialog mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet er ein føresetnad for dette samarbeidet. Den viktigaste arenaen for lønnsutjamning er lønnsoppgjera gjennom forhandlingar mellom partane. Lønnsoppgjera er partane sitt eige ansvar, men regjeringa er i dialog med partane og medverkar til at likelønn blir sett på dagsordenen under oppgjera.

Stortingsmeldinga om likelønn, som blei behandla i Stortinget våren 2011, syner korleis konkrete tiltak for likestilling òg er viktige bidrag til lønnsutjamning.

Det første gjeld ei slagkraftig oppfølging av likelønn etter gjeldande rettsreglar, slik dei er nedfelte i likestillingslova §§ 3 og 5. Regjeringa vil sikre at det blir utarbeidd lønnsstatistikk på den enkelte arbeidsplassen. Statistikken skal syne

lønn fordelt på kjønn og stillingskategoriar. Vidare vil regjeringa sikre ei plikt for arbeidsgivarar til å opplyse om lønn til tillitsvalde ved mistanke om diskriminering. Sjå omtale under delmål 4.1.

Det er òg eit mål å hindre at tilsette får svekte vilkår og svakare lønnsutvikling på grunn av foreldrepermisjon. Regjeringa vil derfor vurdere om det er nødvendig med ei presisering av arbeidstakar sine rettar under og etter foreldrepermisjon. Sjå omtale under delmål 4.1.

I tillegg dreier seg om korleis tilhøve mellom familie- og arbeidsliv har innverknad på kvinner si lønn. Stortingsmeldinga om likestilling for like lønn syner at kvinner taper i lønn når dei får barn og tek lange permisjonar. Ei jamnare deling av permisjonen mellom foreldra vil mellom anna styrkje kvinner sin posisjon i arbeidslivet og lønnsutviklinga deira samanlikna med menn. Eit av tiltaka i meldinga er at regjeringa vil vurdere ei meir jamstelt foreldrepengeordning gjennom ei tydelegare tredeling av permisjonstida, med like store delar reserverte for mor og far.

Eit anna tiltak er at regjeringa vil vurdere å innføre ei plikt for arbeidsgivarar til å dekkje lønn under ammeferie til barnet er eitt år. Sjå omtale under delmål 3.4.

God og tilgjengeleg lønnsstatistikk og gode lønnsindikatorar er eit nødvendig verkemiddel i regjeringa sitt arbeid for å redusere lønnsforskjellane mellom kvinner og menn. Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera gir ut lønnsstatistikk for kvinner og menn kvart år, etter næring, alder og utdanning. EU har utvikla eit meir djuptgåande sett av indikatorar og analysar av lønnsutviklinga for kvinner og menn.

Regjeringa vil vurdere å nytte dette verktøyet frå 2012 for ei systematisk og årvisst oversikt over utviklinga i Noreg.

Delmål 3.6: Gode og tilgjengelege tilbod til personar utsette for vald i nære relasjonar

Resultatrapport 2010/2011

Tilgjengelege tilbod til personar utsette for vald

Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova), jf. Ot.prp. nr. 96 (2008–2009), blei sett i kraft frå 1. januar 2010. Krisesenterlova inneber at kommunane har plikt til å sikre at personar som er utsette for vald eller trugsmål om vald i nære relasjonar, får vern, hjelp og oppfølging. Frå 2011 blei statstilskotet til krisesentertilbodet lagt inn i rammetilskotet til kommunane, medan 2010 var eit overgangsår der staten bidrog med 80 prosent av driftstilskotet til krisesentertilbodet etter søk-

nad frå vertskommunane. I overgangsåret blei den statlege, øyremerkte løyvinga lagt om frå ei overslagsløyving til ei rammestyrt løyving. I tillegg blei den statlege løyvinga i 2010 styrkt med 45 mill. kroner til nødvendige endringar for å tilpasse tilbodet til krava i lova og 19 mill. kroner som ei eingongsløyving i overgangsåret.

Stortinget løyvde 15 mill. kroner i øyremerkt tilskot til kommunane til krisesentertilboda i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2011. Tilskotet blei fordelt til kommunar med store omstillingsutfordringar som følgje av krisesenterlova og ny finansieringsordning for krisesentertilbodet.

Kommunen skal føre internkontroll med krisesentertilbodet, og fylkesmannen skal føre tilsyn med at kommunane oppfyller pliktene dei er pålagde etter krisesenterlova §§ 2, 3, 4 og 8. Departementet har utarbeidd ei rettleiing i internkontroll av det kommunale krisesentertilbodet for kommunane og har i samarbeid med representantar frå fylkesmennene utarbeidd ei rettleiing for fylkesmannen sitt tilsyn med krisesentertilbodet. For å hjelpe kommunane med implementeringa av krisesenterlova gjennomførte BLD, i samarbeid med fylkesmennene, 10 regionsamlingar om krisesenterlova i 2009/2010. Til saman deltok 190 kommunar på desse samlingane.

Tryggleik mot vald i nære relasjonar og menneskehandel

Med bakgrunn i Nordlandsforskning si evaluering av incestsentra frå 2009 har departementet tydeleggjort krava til incestsentra og valdtektssentra i rundskriv Q-22/2011 med retningslinjer for statstilskot til incestsentra og valdtektssentra. Bufdir gir årlege tilskot og set vilkår for drifta til Landsdekkjande telefon for offer for incest og seksuelt misbrukte. Den landsdekkjande incesttelefonen tok imot til saman 22 100 oppringingar i 2010, 9 240 av desse kom frå utsette jenter/kvinner, 4 215 frå utsette gutar/menn og 776 frå pårørande. I 2010 har det vore arbeidd med å etablere felles møtepunkt mellom Landsdekkjande telefon og incestsentra for å fremme kontakt og samarbeid og såleis gi brukarane eit best mogleg tilbod. Telefonen blir drifta av Incestsenteret i Vestfold. Bufdir gir også årleg driftstilskot til stiftinga Fellesskap mot seksuelle overgrep (FMSO), som er ein paraply- og interesseorganisasjon for senter mot incest og seksuelle overgrep. Fem organisasjonar fekk tilskot til valdsførebyggjande tiltak i 2010.

Tabell 3.12 Krisesentra. Talet på tilsette fordelt på kvinner og menn i perioden 2006–2010. I tillegg kjem tilsette som arbeider kun i tilbodet for menn

Tilsette	2006	2007	2008	2009	2010
Kvinner	369	383	416	478	492
Menn	9	10	10	18	17
I alt	378	393	426	496	509

Kjelde: Tala for 2008, 2009 og 2010 er utarbeidde av Sentio Research AS.

Tabell 3.13 Aktiviteten ved krisesentra 2006–2010

	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på registrerte krisetelefonar	12 811	13 796	12 008	12 357	14 533
Talet på dagvitjingar	8 817	7 640	7 310	7 546	8 154
Tal på bebuarar					
- kvinner	1 899	1 790	1 742	1 869	2 038
- barn	1 488	1 420	1 506	1 734	1 994
- menn	0	7	4	9	37
Gjennomsnittleg opphaldstid på krisesentra for bebuarar (talet på døgn), av desse for	24	28	30	30	29
- kvinner utan innvandrarakgrunn	18	24	22	22	24
- kvinner med innvandrarakgrunn	31	34	36	36	35
- bebuarar med etnisk minoritetsbakgrunn (i %)	56	58	59	61	63

* Personar med innvandrarakgrunn er personar som er fødte i utlandet eller har to utanlandsfødte foreldre.

Kjelde: Oversikta for 2008 og 2009 er utarbeidd av Sentio Research AS.

Tabell 3.14 Incestsentra. Talet på brukarar og tilsette fordelt på kvinner og menn i perioden 2006–2010

	2006	2007	2008	2009	2010
Førstegongs kontakt med incestutsette*					
Kvinner	1 610	1 462	1 569	1 039	1 104
Menn	450	501	574	337	445
I alt	2 060	1 963	2 143	1 376	1 549
Tilsette					
Kvinner	87	104	131	120	126
Menn	10	10	16	18	13
I alt	97	114	147	138	139

* Tala for 2009 og 2010 gjeld berre førstegongs telefonkontakt.

Kjelde: Tala for 2009 og 2010 er utarbeidde av Sentio Research AS.

For å bidra til at menn får eit betre tilbod, har BLD finansiert etablering av ein eigen nettstad for gutar og menn som er utsette for seksuelle overgrep; *utsattmann.no*. Nettsida har hatt rundt 1 100 treff og 300 faste brukarar i månaden. Departementet har også støtta to prosjekt i regi av Kirkens ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep med føremål om å gi utsette gutar og menn eit betre tilbod. Det er eit godt samarbeid mellom dei ulike organisasjonane og sentra som arbeider på dette feltet.

BLD har ansvaret for gjennomføringa av ei rekkje tiltak i regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar (2008–2011), *Vendepunkt*. Bufdir har utvikla vidare eit prøveprosjekt for vidaregåande skole om kommunikasjon og hand-saming av konflikthar med særleg vekt på parforhold og familierelasjonar. Som eit samarbeid mellom familievern og skole er det utvikla eit undervisningsopplegg som i 2010 blei prøvd ut i tre vidaregåande skolar med godt resultat. Vidare utprøving skjer i 10 skolar i 2011.

Tilboda til familiar med valdsproblem er integrerte i familieverntenesta. Familievernet gjennomfører fleire prosjekt der vald i familien er tema. I tillegg gir ein tilbod om sinnemeistringskurs, gruppetilbod for valdsoffer og grupper for barn som har vore vitne til eller utsette for vald.

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS), dei Regionale ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmo-rdsforebygging (RVTS) og Reform – ressurscenter for menn er viktige instansar på feltet. Dei utgjer rapportar, brosjyrar og gjennomfører ulike opplæringsprogram.

Det er hovudsakleg menn som utøver alvorleg vald i nære relasjonar, og det er nødvendig å få menn til å seie frå til menn som utøver vald at slik åtferd ikkje er akseptert. Med mål om å nå fram til menn med denne budskapet lanserte departementet kampanjen *Fotball mot vald* våren 2011. Kampanjen er eit samarbeid med *Hvitt Bånd*, som er ein internasjonal kampanje mot vald mot kvinner driven av Reform – ressurscenter for menn. Kampanjen *Fotball mot vald* rettar seg mot fotballklubbar og -spelarar på alle nivå. Gjennom kampanjen blir mennene i fotball-Noreg oppfordra til å ta eit aktivt standpunkt mot vald mot kvinner. Kampanjen blir i stor grad drifta gjennom aktiviteten på nettsida *fotballmotvold.no*.

Regjeringa arbeider for å etablere eit landsdekkande hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvarar, der Alternativ til vold (ATV) har ei viktig rolle. I 2010 blei det gjort eit arbeid for å motivere kommunar til å etablere ATV-tilbod. I Finnmark

blir det utvikla eit tilbod til valdsutøvarar i samarbeid mellom Bufetat/familievern og ATV. Frå 2011 tok BLD over forvaltinga av heile statstilskottet til ATV. ATV fekk til saman 864 klientar til behandling i 2010. 540 av desse var vaksne valdsutøvarar.

BLD deltek i eit samarbeid og ei samfinansiering mellom fleire departement og direktorat av eit alternativ butiltak for offer for menneskehandel, *Lauras hus*, som blei vidareført i 2010. Tiltaket femner om alle som er utsette for menneskehandel, men med særleg vekt på dei som føder barn, og som har særskilt behov for ein trygg busituasjon der dei òg får tett oppfølging. Til saman ti kvinner og seks barn budde på Lauras hus i 2010. I samarbeid med Justisdepartementet er informasjon og haldningspåverknad i vidaregåande skole ført vidare i 2010. Forsvaret har integrert menneskehandel som eit tema i etikkundervisninga.

Informasjonstiltak har stått sentralt i BLDs oppfølging sidan 2007. Det blei òg gitt støtte i 2010 til Reforms arbeid med å vidareutvikle sin informasjon til menn som kjøper og sel sex. BLD har i 2010 delteke i arbeidet med regjeringas nye handlingsplan mot menneskehandel, *Saman mot menneskehandel* (2011–2014).

Strategiar og tiltak for 2012

For å nå målet om gode og tilgjengelege tilbod til personar som er utsette for vald i nære relasjonar, skal departementet setje i verk og føre vidare ei rekkje tiltak.

I tillegg til støtte til hjelpetiltak for offer er utviklinga av eit landsdekkjande hjelpetilbod til valdsutøvarar eit viktig tiltak for å kjempe mot vald i nære relasjonar. Menn skal også med i kampen mot vald mot kvinner gjennom eigne tiltak retta mot menn på mennene sine eigne arenaer.

Departementet utarbeider ei rettleiing til kritesenterlova med presiseringar og tolkingar av lova og retningslinjer og tilrådingar til kommunane. Bufdir skal ha ansvaret for at det blir utarbeidd eigen statistikk om kritesentertilbodet også i 2012. Departementet tek òg sikte på innrapportering av enkelte nøkkeltal i KOSTRA-skjema 7 (personell og verksemd i kommunale sosiale tenester). Departementet tek vidare sikte på å setje i gang med å evaluere implementeringa av kritesenterlova i 2012.

Betre tilgang til incestsentera og valdtektssentera for alle aktuelle brukargrupper, inkludert personar med nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarbakgrunn, er eit viktig mål. Tilbo-

det til gutar og menn som er utsette for incest og seksuelle overgrep, skal framleis vere eit prioritert område for sentra.

Ein ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar vil vere gjeldande frå 2012, og BLD vil ha ansvar for gjennomføringa av ei rekkje tiltak. Det skal sytast for nødvendig og relevant kompetanseheving av det kommunale krisesentertilbodet i 2012 i samarbeid med KS. RVTS-ane vil spele ei viktig rolle når det gjeld kompetanseheving, informasjon, rettleiing og etablering av nettverk innan det kommunale krisesentertilbodet og i incestsentra og valdtektssentra.

I 2012 vil NKVTS arbeide vidare med oppdraget om å initiere prosjekt om vald i nære relasjonar i innvandrarfamiliar. Resultata frå desse forskingsprosjekta vil gå inn i arbeidet med den vidare utviklinga av hjelpe-tilbodet til kvinner og menn som er utsette for vald i nære relasjonar.

Undervisingsopplegget om kommunikasjon og konflikthandtering, utvikla i samarbeid mellom familievernnet og skolen, skal bli gitt som tilbod til alle vidaregåande skolar.

Frå 2011 overtok BLD forvaltninga av det statlege tilskotet til Alternativ til vold (ATV). Tidlegare blei ATV samfinansiert av Justis- og politidepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og BLD. Utbygginga av tilbod i regi av ATV vil halde fram i 2012, med ei målsetjing om at fem nye kontor som er under planlegging og etablering, skal vere i drift seinast frå 2013. Samarbeidet mellom ATV og Bufetat/familievernnet om eit tilbod til valdsutøvarar i Finnmark skal halde fram. Departementet vil setje i gang eit arbeid med å vurdere endringar i tilskotsordninga til ATV. I dialogen med ATV blir behovet for eit samarbeid med andre hjelpeinstansar, mellom anna familievernnet, sterkt understreka.

Regjeringa lanserte ein ny handlingsplan mot menneskehandel i 2010. Ei sentral utfordring knytter seg framleis til behovet for trygge bustader for personar som er utsette for menneskehandel, og som søker refleksjonsperiode for å vurdere om dei skal røpe bakmenn og vitne i ei mogleg rettsak. Dei fleste dette gjeld, blir utnytta til prostitusjon.

Det skal greiast ut nærmare korleis regelverk og finansiering av for eksempel trygge bustader skal utformast for dei som vekslar mellom refleksjons- og asylstatus. Departementet vil i 2012, i samarbeid med aktuelle departement, bidra til å avklare framtidige løysingar for personar som søker refleksjonsperiode.

Delmål 4.1: Gode verkemiddel mot diskriminering på grunnlag av kjønn, seksuell orientering, etnisitet og nedsett funksjonsevne

Resultatrapport 2010/2011

Inga diskriminering på grunnlag av kjønn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn

Godt regionalt og lokalt likestillings- og antidiskrimineringsarbeid

BLD har ei pådrivar- og rettleiingsrolle for å fremme likestilling og hindre diskriminering på ulike grunnlag overfor andre departement. Samstundes har kvart departement eit særskilt ansvar for å utvikle mål og strategiar på sine eigne fagområde. Å integrere arbeidet for likestilling i det ordinære daglege arbeidet og sikre at arbeidet blir forankra i leiinga i den enkelte verksemda er viktige verkemiddel for å lykkast i arbeidet for å fremme likestilling på ulike grunnlag.

BLD ønskjer, i samarbeid med partane i arbeidslivet og LDO, å stimulere til ein auka innsats i arbeidslivet for å fremme likestilling på grunn av kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne gjennom utlysing av prosjektmidlar. Midlane skal bidra til god oppfylling av aktivitets- og rapporteringsplikta. Private og offentlege arbeidsgivarar, organisasjonane i arbeidslivet, frivillige organisasjonar og stiftingar har kunna søkje. I tildelinga har ein vore oppteken av tiltak som har forankring i verksemdene sjølve, som utviklar rutinar og verktøy, og som set i gang nye prosessar når det gjeld å analysere likestillings situasjonen i verksemdene.

BLD har planar om å publisere resultata frå prosjekta i eit samla hefte i 2012.

BLD har også ein rådgivarfunksjon overfor dei andre departementa mellom anna når det gjeld integrering av kjønns- og likestillingsperspektivet i statsbudsjettet. I 2010 er det utarbeidd ei rettleiing til utgreiingsinstruksen for likestillingsutgreiingar knytte til kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Departementet har ført vidare innsatsen for det regionale likestillingsarbeidet. Offentlege og private verksemdar har plikt til å ta hand om likestillings- og mangfaldsperspektivet både som tenesteytar og arbeidsgivar på lokalt og regionalt nivå. Det er i 2010 gitt midlar til vidareføring av dei regionale likestillingssentra. Dei regionale sentra for likestilling og mangfald har ei informasjons- og pådrivarrolle for aktivitets- og rapporteringsplikta etter likestillingslova, diskrimineringslova og diskriminerings- og tilgjengelova. Sentra

har ytt rettleiing, opplæring og erfaringsutveksling til lokale og regionale verksemdar. Dei regionale sentra for likestilling og mangfald blei evaluerte i 2010 av Arbeidsforskningsinstituttet (AFI).

Evalueringa viser mellom anna at det er brei semje om at det er behov for regionale aktørar som kan drive meir pådriving og rettleiing på likestillingsfeltet. Fleire framhevar fordelene ved sentra sin geografiske nærleik og kjennskap til dei lokale kontekstane. AFI konkluderer med at sentra har behov for meir ressursar, dels for å kunne prioritere fleire område enn kjønn og kjønnslikestilling og dels for å kunne vere så aktive i regionane som mogleg. Rapporten gir ingen konkrete tilrådingar med omsyn til framtidig organisering av det regionale arbeidet for likestilling og mangfald.

Dei regionale prosjekta som departementet i tidlegare år har tildelt pengar til, har levert sine rapportar. Agder-fylka si 10-årssatsing på likestilling, *Fritt Valg*, er vidareført. Prosjektet bidreg til metodeutvikling for likestillingsarbeid og metodar som kan gi større variasjon i val av utdanning. Metodane som blir utvikla, rettar seg både mot barnehagar, grunnskole og høgare utdanning.

Departementet har fungert som pådrivar overfor fylkesmennene og deira rettleiing av kommunane i aktivitets- og rapporteringspliktene. Departementet har mellom anna sendt brev til fylkesmennene med presiseringar av korleis departementet vil at fylkesmennene skal utøve si rettleiingsrolle overfor kommunane i likestillingsarbeid. Fylkesmennene sitt arbeid med rettleiing av kommunane på dette feltet varierer i omfang og innhald. Departementet planlegg kurs for fylkesmennene i rettleiing og oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene.

I 2010 leverte Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) utgreiinga *Medievald avler vold – reell frykt eller moralsk panikk?*. Prosjektet var ei oppfølging av stortingsmeldinga om menn. Utgreiinga konkluderer med at ein på bakgrunn av den forskinga som ligg føre, ikkje kan slå fast om det er ein samanheng mellom gutar sin bruk av medievald, haldningane deira til og bruken deira av vald. Forskarane kjem òg med tilrådingar om framtidig forskning på området.

Løyvinga til Reform – ressursenter for menn blei ført vidare. Innsatsen var i 2010 knytt til synleggjering av senteret, forskning på menn, eit meir familievennleg arbeidsliv og synleggjering av menn som fedrar, satsing på menn med innvandringsbakgrunn og sosial inkludering, oppvekst og sosialisering for gutar og dessutan valdsførebyggjande arbeid.

Reform har mellom anna arbeidd med barnehageprosjektet *Gender loops* og utviklinga av *Papparingen* – eit gruppe- og samtaleopplegg for fedrar med små barn. Reform har også viktige lågterskeltilbod retta mot menn i ulike krisesituasjonar, i form av telefontenester, grupperettleiing og ulike samtale- og rettleiingsopplegg.

Inga diskriminering på grunn av seksuell orientering

Den auka innsatsen til regjeringa for å sikre rettane til lesbiske og homofile, støtte homofile og lesbiske i å leve ope og aktivt arbeide mot diskriminering blei ført vidare i 2010. Regjeringa sin *Handlingsplan for betre livskvalitet blant lesbiske, homofile, bifile og transpersonar* (2009–2012) dannar basisen for arbeidet.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) fordelte i 2010 ca. 1,4 mill. kroner til 26 prosjekt og tiltak som kan bidra til betre livskvalitet for lhbt-personar. Prosjekt som er knytte opp mot lhbt-personar og haldningsarbeid i bedrifter og arbeidsliv, eller som er knytte til fleire diskrimineringsgrunnlag, lhbt-ungdom, eldre lhbt-personar og lhbt-personar i idrettsmiljø, er blitt prioriterte.

På bakgrunn av ei brei utgreiing som BLD la fram i 2010, har BLD etablert eit ressursenter for lhbt-spørsmål. Senteret er knytt til Bufdir. Senteret skal etablere samarbeid med dei ulike sektorane, organisasjonar og partane i arbeidslivet og støtte arbeidet med å tilpasse tenester og tilbod og utvikle betre kunnskap om behov og utfordringar blant lhbt-personar.

FAFO-rapporten *Behov for helse- og omsorgstenester blant lesbiske og homofile* blei publisert i 2010. Rapporten greier ut om tilgjengeleg kunnskap om eldre lesbiske og homofile sine behov for helse- og omsorgstenester. Det kan vere grunnlag for å tru at ei veksande gruppe eldre lesbiske og homofile vil stille det offentlege hjelpeapparatet innanfor pleie og omsorg overfor nye utfordringar. Rapporten gir grunnlag for tenesteutvikling og vidare kunnskapsinnhenting i regi av helsestyresmaktene.

Rokkan-senteret sin rapport *Kartlegging av barne- og familievernets tilbod til lhbt-personar* kom i 2010. Det kom mellom anna fram eit behov for styrkt kunnskap blant Bufetat sine tilsette om kva utfordringar og behov lhbt-personar har. Rapporten vil bli følgd opp av Bufdir i 2011.

Det er behov for nye analysar av lesbiske og homofile som har inngått partnerskap og ekteskap. Dei siste analysane blei gjorde i 2001. Departementet har sett i gang ein studie som vil

omfatte alle som inngjekk registrert partnerskap frå 1993 til 2008 og likekjønna ekteskap i 2009 og 2010. Studien vil mellom anna gi svar på aldersavstanden mellom dei to partane, kvar i landet dei bur, erfaring frå tidlegare ekteskap / registrert partnerskap, og om det auka talet på likekjønna par som vel å få barn dei siste åra, kan ha endra den betydelege overrisikoen for skilsmisse som tidlegare forskning har vist for par av to kvinner samanlikna med par av to menn og ulikekjønna par.

Aktiv innsats for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering

Regjeringa sin *Handlingsplan for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering* (2009–2012) er retta mot å motverke diskriminering som særleg innvandrarar og barna deira, samar og nasjonale minoritetar kan oppleve. Regjeringa samarbeider med partane i arbeidslivet om felles tiltak som inngår i planen. Ein statusrapport per 1. januar 2011 syner at 57 av dei 66 tiltaka i planen er sette i verk i 2010. Av desse er 23 tiltak gjennomførte.

Departementet har utarbeidd ein eigen strategi for korleis aktørane som er omfatta av aktivitets- og rapporteringsplikta, skal få auka kjennskap til pliktene. I 2010 er det mellom anna utarbeidd eit rundskriv til § 9 i diskriminerings- og tilgjengelova og sett i gang arbeid med utvikling av ei standard opplæringspakke for leiarar i privat og offentleg verksemd.

I 2010 har Statistisk sentralbyrå på oppdrag frå departementet utvikla statistikkgrunnlag som kan brukast til å gjennomføre ei kartlegging av talet på innvandrarar i bedrifter.

Likestillings- og diskrimineringsombodet har i 2009 og 2010 fått støtte frå *PROGRESS*-programmet til å gjennomføre kampanjen *Mangfold på ordentlig!* for å auke kompetansen blant norske arbeidsgivarar, partane i arbeidslivet og allmenta generelt om krava og moglegheitene som ligg i dei nye reglane om aktivitets- og rapporteringsplikt. I 2009 og 2010 har om lag 1 500 personar delteke på seminar og ekspertkonferanse. Nesten 100 tilsette i Posten Norge og 150 tilsette i Asker kommune har delteke på ein spesialtilpassa workshop om likeverdige tenesteyting.

FAFO har gjennomført undersøkinga *Mangfold og likestilling i arbeidslivet. Holdninger og erfaringer blant arbeidsgivere og tillitsvalgte*. Studien viser mellom anna at halvparten av arbeidsgivarane har sett opp konkrete mål for likestilling, men det er stor variasjon mellom ulike bransjar. Dei fleste bedriftsleiarar i undersøkinga

er kjende med at dei har ei aktivitets- og rapporteringsplikt, sjølv om tiltrua til lovpålegget er låg.

Oslo kommune har, med støtte frå departementet, gjennomført kontrollar av utestader for å sjå om dei følgjer forbodet mot diskriminering. Departementet har saman med LDO, Oslo kommune og Oslo politidistrikt oppretta ei referansegruppe mot diskriminering i utelivet.

Hausten 2010 samla departementet og Reform – ressurscenter for menn ei rekkje organisasjonar og menn med innvandrarakgrunn til utveksling av idear for å få innspel til departementet sitt vidare arbeid for auka likestilling med fokus på menn med innvandrarakgrunn som ressurs i arbeidet med likestilling.

Departementet har tidlegare støtta mentorprogram på etnisitetsfeltet. I 2010 har Likestillings-senteret på Hamar med støtte frå BLD kartlagt mentorordningar i arbeidslivet knytte til likestilling på fleire grunnlag. Senteret har også utarbeidd ei rettleiing for mentorar.

Departementet har oppretta ei tverrdepartemental arbeidsgruppe for å vurdere ikkje-rettslege verkemiddel for å få fleire personar med innvandrarakgrunn inn i styrer i offentleg eigde føretak. Det vil bli arbeidd vidare med tiltaket i handlingsplanperioden.

Senter for studier av holocaust og livssynsminoriteter har fått i oppdrag å undersøkje kva haldningar befolkninga har til jødar og jødedom, muslimar og romfolk. Studien skal gjennomførast i samarbeid med internasjonale ekspertar på feltet og skal vere ferdig i 2012.

Internasjonalt samarbeid på samlivs-, likestillings- og likebehandlingsområdet

Noreg har i 2010 fremma kjønnspektivet og likebehandling på ulike diskrimineringsgrunnlag i FN og andre faste organ for internasjonalt samarbeid.

FN-samarbeidet

Noreg har i 2010 halde ein høg profil i FN-forum for kvinnespørsmål og ikkje-diskriminerings-spørsmål. Departementet deltok i arbeidet i 3. komité under FN's generalforsamling, som omhandlar familiepolitikk, barn og unge, likestilling mellom kjønna, etnisk likestilling og personar med nedsett funksjonsevne.

I mars 2010 forplikta Noreg seg til å følgje opp 66 tilrådingar frå FN's medlemsland som blei mottekne under høyringa i FN's menneskerettsråd (*Universal Periodic Review*) i desember 2009.

Departementet arbeider i 2011 med å følgje opp dei tilrådingane som gjeld barn, likestilling og ikkje-diskriminering og inkludering.

Noreg leverte sin 8. rapport om oppfølging av FNs kvinnediskrimineringskonvensjon (CEDAW) i september 2010. Hausten 2010 førebudde Noreg seg på eksaminasjonen ved FNs rasediskrimineringskomité (CERD). Eksaminasjonen blei gjennomført i februar 2011, og overvåkingskomiteen (CERD) la fram sine konkluderande merknader i mars 2011. I 2011 startar departementet arbeidet med å følgje opp tilrådingane frå CERD. BLD har i 2010 følgd opp sluttokumentet frå FNs tilsynskonferanse mot rasisme (Durban II), som blei halde i Genève i april 2009.

Samarbeidet i Europarådet

Styringskomiteen for likestilling (CDEG) arbeider for like moglegheiter og like rettar for kvinner og menn og for å styrkje integrering av kjønnslikestilling i medlemslanda og i Europarådet som institusjon, og har etablert eit samarbeid på tvers av ulike komitear. I 2010 blei samarbeid innan utdanning og om media si rolle prioritert.

Komiteen har hatt eit sterkt fokus på arbeidet mot vald mot kvinner og bidrege til å starte arbeidet for ein konvensjon om vald mot kvinner og vald i heimen; verdas første internasjonale rettslege instrument på dette området. Arbeidet blei slutført frå ekspertkomiteen si side i 2010. Den 7. april blei den viktige konvensjonen vedteken av Ministerkomiteen.

Komiteen la i 2010 fram to rapportar; ein analytisk og samanliknande studie av arbeid med vald mot kvinner og ein rapport over statusen i dei 47 medlemslanda når det gjeld demokratisk deltaking for kvinner. Den siste rapporten viste at det ikkje har vore nokon vesentleg framgang når det gjeld kvinner si deltaking i politiske styringsorgan dei seinare åra.

BLD har, saman med Justis- og politidepartementet, delteke i ein adhockomit  i Europarådet i perioden 2009–2010. Komiteen har utarbeidd utkast til Europarådskonvensjonen om forebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i n re relasjonar.

Departementet har i 2010 koordinert oppfølginga av tilr dingane fr  den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI) i kommisjonens fjerde rapport om Noregs arbeid p  feltet. I 2011 leverer Noreg ein midtvegsrapport om oppfølginga av hovudtilr dingane.

Europar dets arbeid med rettane for personar med nedsett funksjonsevne er n rmare omtalt under delm l 4.2.

Norden og n romr da

Departementet tek del i det nordiske samarbeidet p  kj nnslikestillingsområdet. Dette inneber deltaking i Ministerr det for likestilling (MR-J M). Ministerr det har vedteke eit nytt fire rig samarbeidsprogram for perioden 2011–2014; *Likestilling skaper et b rekraftig samfunn*. Prioriterte område i det nye samarbeidsprogrammet er utdanning, kj nn, etnisitet og likestilling, likestilling p  arbeidsmarknaden og nulltoleranse mot kj nnsrelatert vald.

Samarbeid i EU og E S

BLD oppretta i 2010 ei r dsstilling ved Noregs delegasjon i Brussel med barne-, ungdoms-, familie-, likestillings- og ikkje-diskrimineringspolitikken som arbeidsomr de. Departementet f rte vidare ordninga med ein nasjonal ekspert i kommisjonen. Noreg deltek i det fleir rige rammeprogrammet *DAPHNE III* (2007–2013). Dette er EUs handlingsprogram om vald mot barn, ungdom og kvinner. BLD har ansvaret for   koordinere den norske deltakinga i programmet. Arbeidet held fram i 2011.

BLD f lgjer opp dei utlysingane som kjem under *PROGRESS*-programmet, og har gitt Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) i mandat   s kje st tte fr  programmet. I 2009 og 2010 gjennomf rte LDO kampanjen *Mangfold p  ordentlig!* for   auke kompetansen blant norske arbeidsgivarar, partane i arbeidslivet og allmenta generelt om dei nye reglane om aktivitets- og rapporteringsplikt.

I 2010 deltok Noreg for andre  ret p  rad i EUs h gniv gruppe om ikkje-diskriminering som observat r. H gniv gruppa rapporterer om verksemda si til EUs  rlege *Equality Summit*. Blant temaa som har vore oppe i gruppa i 2010, er tiltak for   kjempe mot diskriminering og fremme likebehandling for lhbt-personar, tiltak mot etnisk diskriminering i arbeidslivet og ei betring av situasjonen for romfolket. Aldersdiskriminering i arbeidslivet blir tema for 2011.

Bilateralt samarbeid

I 2010 blei det starta eit samarbeid p  departementsniv  med Vietnam. M let er   styrkje kunnskapen om og erfaringa med arbeid med likestil-

ling mellom menn og kvinner. Samarbeidet varer fram til 2014.

Ei samla lov mot diskriminering på alle grunnlag er greidd ut.

BLD har i 2010 arbeidd med oppfølginga av NOU 2009:14 *Et helhetlig diskrimineringsvern*. Arbeidet held fram i 2011.

Strategiar og tiltak for 2012

Regjeringa skal ha ein tydeleg profil når det gjeld likestilling og ikkje-diskriminering på grunnlag av kjønn, seksuell orientering, etnisitet og nedsett funksjonsevne, både nasjonalt og internasjonalt.

Sentralt i arbeidet med å fremme gode verkemiddel mot diskriminering på grunnlag av kjønn, seksuell orientering, etnisitet og nedsett funksjonsevne står oppfølging av *Handlingsplan for betre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar* (2009–2012), *Handlingsplan for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering* (2009–2012), *Likestilling 2014* – regjeringa sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna (2011–2014) og *Handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge* (2009–2013).

BLD vil arbeide med å sjå dei ulike diskrimineringsgrunnlag meir i samanheng. Arbeidet med ny diskrimineringslovgiving i oppfølginga av forslaget i NOU 2009:14 og arbeidet med å sikre at aktivitets- og rapporteringspliktene i likestillingslova, diskrimineringslova og diskriminerings- og tilgjengelova blir følgde opp av aktørane som er omfatta av pliktene, er viktige oppgåver.

Regjeringa skal auke innsatsen for å sikre rettane til lesbiske og homofile, støtte homofile og lesbiske i å leve ope og aktivt motarbeide diskriminering. Regjeringa sin handlingsplan *Betre livskvalitet blant lesbiske, homofile, bifile og transpersonar* (2009–2012) dannar grunnlaget for arbeidet.

Behovet for ein revidert plan vil bli vurdert. Det vil bli vurdert om det er behov for å vidareføre tiltak, og om det også bør utformast mål og tiltak på sektorar som ikkje har hatt dette til no. Dette skal vere med på å sikre ei offensiv utvikling av dette politikkområdet også utover den gjeldande planperioden.

Oppbygginga av det nasjonale kompetansesenteret om lhbt-spørsmål, som blei sett i gang i 2011, skal halde fram i 2012. Sentrale aktivitetar for senteret i 2012 vil mellom anna vere å følgje opp mål og tiltak i regjeringa sin handlingsplan, deriblant gjennomføring av FoU-prosjekt, etablering av eit kontaktnettverk på tvers av sektorane og utvikling av ein kunnskapsbase på Internett.

Det skal i 2012 leggjast opp til eit større paraply-prosjekt med merksemd på levekår blant lhbt-personar og haldningar i den norske befolkninga, basert på representative, kvantitative data.

Departementet vil støtte forskingsprosjektet *Frå registrerte partnerskap til ny ekteskapslov: Nye grupper og mindre skilsmisserisiko?* også i 2012.

Evalueringa av innføringa av ei felles ekteskapslov, som blei starta i 2011, skal fullførast i 2012.

Innsatsen for å fremme likestilling og hindre diskriminering av personar med innvandrarbakgrunn blir ført vidare i 2012, og regjeringa sin handlingsplan på feltet er det viktigaste grunnlaget for innsatsen. BLD koordinerer arbeidet med å følgje opp planen og samarbeider med dei åtte hovudorganisasjonane i arbeidslivet om felles tiltak for å hindre diskriminering i arbeidslivet. Eit av hovudmåla med handlingsplanen er å bidra til ei god implementering av dei nye aktivitets- og rapporteringspliktene. Eit anna hovudmål er å auke kunnskapen om arten av, omfanget av og årsakene til diskriminering for å kunne setje i verk meir treffsikre tiltak. Dei viktigaste tiltaka for BLD i 2012 er å etablere eit forum for likestillingsdata som vil gi betre oversikt over kva som finst av statistikk som kan belyse likestilling og diskriminering på ulike grunnlag. Ein vil og føre vidare arbeidet med å auke prosentdelen personar med etnisk minoritetsbakgrunn i styra i offentleg eigde føretak, gjennomføre forskingsprosjekt om antisemittisme og gi midlar til LDOs prosjekt retta mot å sikre likeverdige offentlege tenester.

Noreg tek over formannskapet i Nordisk ministerråd frå 1. januar 2012. Hovudtemaet i det norske formannsprogramsprogrammet er *Velferdsstaten i eit nordisk perspektiv*. Prioriterte undertema som fell innanfor ramma av BLDs politikkområde, er likestilling, universell utforming, integrering og inkludering og andre tverrgående tema som utfordringar på barne- og ungdomsområdet. Dette er viktige element i utforminga av ein berekraftig nordisk velferdsmodell.

Innanfor ramma av hovudprogrammet er det utarbeidd sektorprogram på likestillingsområdet, på området universell utforming og på området barn og unge, som også omfattar familiestøttande tiltak. Norden er på mange måtar blitt fleirkulturelt, og utfordringar knytte til integrering og inkludering står på dagsordenen i alle dei nordiske landa. Både innanfor dette og andre politikkområde legg det norske formannskapet vekt på gjensidig samarbeid, læring og utvikling. Det er stor interesse i alle dei nordiske landa for korleis

ulike velferdspolitiske utfordringar kan løysast. Det vil under det norske formannskapet mellom anna bli halde nordiske/internasjonale konferansar både på likestillingsområdet og på området universell utforming.

Europarådet vedtok i 2010 ei tilråding om medlemslanda sin politikk for å sikre lesbiske, homofile, bifile og transpersonar grunnleggjande rettar og ein rimeleg livskvalitet for gruppa. Europarådet skal gå gjennom arbeidet med tilrådinga i dei ulike landa innan 2013. Oppfølginga av tilrådinga i Noreg blir koordinert av BLD.

Delmål 4.2: Full deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne

Resultatrapport 2010/2011

Inga diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne

Regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge (2009–2013) har som visjon at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. 16 departement er involverte med over 200 tiltak.

Tiltaka har ei tidsramme på frå eitt til 15 år, og fleire er større, langsiktige program som leverer resultat årleg.

Nær 20 tiltak blei avslutta i 2010. Tiltak innanfor mellom anna kommunalt utviklingsarbeid, informasjon, opplæring og utdanning, standardisering og indikatorutvikling fekk støtte frå stimuleringsmidlar til handlingsplanen i 2010.

Regjeringa er i gang med å få fram indikatorar for tilgjenge som både kan måle grad av tilgjenge og effekt av innsats for auka tilgjenge over tid. Indikatoren for planlegging syner at universell utforming i aukande grad er ein del av den kommunale planlegginga. I 2010 hadde 30 prosent av kommunane og 37 prosent av fylkeskommunane ein gjeldande plan med universell utforming, noko som er høvesvis 4 prosentpoeng fleire og uendra sidan 2009.

Det er oppretta ei referansegruppe med deltaking frå interesse- og fagorganisasjonar. Referansegruppa blir orientert om arbeidet og gir innspel til vidare innsats. Gruppa har to møte i året.

Det er under arbeid standardar på fleire område. Ein omfattande standard for byggverk blei gjort ferdig og publisert i 2010, saman med ein standard for tilgjengelege reiselivsmål.

For å auke merksemda om dei moglegheiter og behov for nyskaping som finst, er det sett i gang arbeid med ein innovasjonspris for universell utforming. Prisen er òg ein del av arkitektur-

satsinga *arkitektur.no*, som Kulturdepartementet samordnar. Prisen skal delast ut i 2011.

For å styrkje det internasjonale samarbeidet, tilgangen på informasjon og kompetanse er det sett i gang arbeid med ein internasjonal konferanse om universell utforming. Konferansen blir halden i Oslo i 2012. Deltasenteret er prosjektansvarleg for konferansen.

Deltasenteret i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet bidreg med ei rekkje arbeid for å støtte målsetjinga i handlingsplanen. Arbeida dekkjer eit breitt spekter av tema, mellom anna verktøy for å utarbeide handlingsplanar for universell utforming i statsetatar, ein rettleiar for tilgjengelege nettsider, ei utgreiing av vegfinning i bygg, ei samordning av arbeidet med indikatorar og fagleg hjelp til å utvikle standardar. Deltasenteret samarbeider breitt med andre statlege faginstitusjonar, forskingsinstitutt, kommunar og interesseorganisasjonar.

Handlingsplanen for universell utforming skal evaluerast i tidsrommet frå våren 2011 til våren 2013.

IT Funk (2007–2013) er ei tverrgående satsing knytt til personar med nedsett funksjonsevne og ny teknologi under Noregs forskingsråd. Gjennom fleire år har satsinga utvikla ei arbeidsform basert på tett samarbeid mellom næringsliv, FoU-miljø, brukarorganisasjonar og offentlege instansar.

Mennesker med utviklingshemming skal heller ikke diskrimineres! Informasjons- og utviklingsprogram 2010–2013 blei lagt fram i oktober 2010. Programmet er utarbeidd i samarbeid mellom BLD og andre departement, interesseorganisasjonar, fagorganisasjonar og fagmiljø. Det inneheld hovudretningslinjene for politikken for menneske med utviklingshemming, som blei fastlagde i samband med reforma for 20 år sidan: omtale av viktig lovgiving på området og informasjon om korleis departementa arbeider for å gjennomføre intensjonane i reforma.

I juni 2010 blei Statens råd for likestilling av funksjonshemma, Deltasenteret, fordelingsnemnda for tilskot til funksjonshemma sine organisasjonar og antidiskriminerings- og levekårsarbeidet (medrekna forvaltninga av FoU-midlar som skal betre situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne) flytte over frå Helsedirektoratet til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Statens råd for likestilling av funksjonshemma, som har til oppgåve å gi råd mellom anna til departement og direktorat, vidareførte i 2010 sysselsetjing for personar med nedsett funksjonsevne som hovudsatsingsområde. Rådet har delteke i depar-

tementa sitt arbeid med å auke yrkesdeltakinga for personar med nedsett funksjonsevne.

Det blir gitt driftstilskot til funksjonshemma sine organisasjonar, tilskot til ferie- og velferdstiltak for personar med nedsett funksjonsevne og tilskot til likemannsarbeid. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet forvaltar ordninga, og midlane blir fordelte av ei eiga nemnd. Direktoratet har fått i oppdrag å foreta ein gjennomgang av regelverket for tilskot til funksjonshemma sine organisasjonar.

Som ansvarleg departement for å koordinere politikken for personar med nedsett funksjonsevne deltok BLD i 2010 i nordisk samarbeid gjennom Ministerrådet for sosial og helse (MR-S) og Det nordiske handikappolitiske rådet.

BLD deltek som observatør i EUs høgnivå-gruppe for personar med nedsett funksjonsevne. I 2010 vedtok EU ein ny europeisk strategi for personar med nedsett funksjonsevne for 2010–2020.

Ministerrådet i Europarådet vedtok i 2006 ein eigen handlingsplan for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2006–2015. Det er etablert eit eige forum (CAHPAH) som følgjer opp handlingsplanen. Noreg er med i dette forumet. I 2010 blei det gjennomført ei midtvegsevaluering av handlingsplanen.

Strategiar og tiltak for 2012

For å fremme deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne støttar BLD opp under den vidare implementeringa av diskriminerings- og tilgjengelova. Viktige verkemiddel på området er oppfølging av handlingsplanen for universell utforming og auka tilgjenge for 2009–2013, informasjons- og utviklingsprogrammet om politikken for personar med utviklingshemming og revideringa av strategiplanen for familiar med barn som har nedsett funksjonsevne.

Arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne i alle aldersgrupper må sjåast i samanheng med andre diskrimineringsgrunnlag som kjønn, seksuell legning og innvandrarbakgrunn. God kunnskap om levekåra og livssituasjonen til personar med nedsett funksjonsevne i alle aldrar er eit viktig underlag i utforminga av politikken. Arbeid med å utvikle verktøy for dokumentasjon av levekårsituasjonen vil bli sett i gang.

Målretta informasjons-, forskings- og utviklings-tiltak skal bidra til å betre levekår- og livssituasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.

Tilskot til kunnskapsutvikling skal stimulere til auka innsats i forskinga om levekår og livssituasjonen til personar med nedsett funksjonsevne.

Regjeringas handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge for 2009–2013 skal støtte opp under implementeringa av diskriminerings- og tilgjengelova, ny plan- og bygningslov og anna ny lovgiving som handlar om universell utforming.

Deltasenteret er staten sitt kompetansesenter for deltaking og tilgjenge. Visjonen til Deltasenteret er deltaking og tilgjenge for alle. Målet er at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i samfunnet på linje med andre. Senterets arbeid er basert på at universell utforming, tilrettelegging, teknologi og hjelpemiddel saman fører til auka deltaking og tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne.

Deltasenteret arbeider tett opp mot tiltaka i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge for 2009–2013. Deltasenteret skal identifisere funksjonshemmande barrierar og vise korleis desse hindringane kan fjernast eller reduserast. Senteret skal utvikle kunnskap og vere rådgivar i spørsmål som gjeld tilgjenge. Vidare skal senteret synleggjere nytten av tverrfagleg innsats.

Regjeringas visjon er at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. Visjonen skal ein nå gjennom ulike sektortilpassa verkemiddel. Det blir nytta tidfeste mål. Sentrale innsatsområde i planen er bygg, uteområde/planlegging, transport og IKT. Ein raud tråd i planen er auka sysselsetjing for personar med nedsett funksjonsevne. Gjennom handlingsplanen skal departementet arbeide for at sektorstyresmaktene skal implementere universell utforming som standard i regelverk og praksis. 15 departement tek del med tiltak i planen. Det er knytt stimuleringsmidlar til planen. Desse blir nytta til prioriterte og tverrsektorielle tiltak. Det er oppretta eit forum med deltaking frå interesseorganisasjonar, faglege organisasjonar og faginstitusjonar for informasjon og tilbakemelding om tiltak og framdrift i handlingsplanen. Regjeringa er i gang med å utvikle nasjonale indikatorar for tilgjenge på dei sentrale innsatsområda. Det vil bli gjennomført samfunnsøkonomiske analysar for å klarleggje dei verknadene universell utforming har for den enkelte og for sosial og økonomisk berekraft. Analysane inngår i evalueringa av handlingsplanen. Det vil bli lagt vekt på å styrkje kompetansen i kommunane for å gjennomføre tiltak i tråd med intensjonane i handlingsplanen og lover på feltet.

Det er teke initiativ til å arrangere ein stor internasjonal konferanse om universell utforming i Oslo i 2012 for å styrkje kontakten med internasjonale fagmiljø på feltet.

Det er sett i gang eit arbeid for å gjennomgå status i oppfølging av *Strategiplanen for familier med barn med nedsett funksjonsevne* frå 2005. I denne samanhengen er det innhenta eit omfattande kunnskapsgrunnlag om situasjonen for barn og unge med nedsett funksjonsevne og deira familiar. Kontakt med ulike myndigheiter, brukar- og yrkesorganisasjonar på feltet inngår som ein del av arbeidet. Prosessen blir leia av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

BLD vil, i samarbeid med andre departement, følgje opp arbeidet med informasjons- og utviklingsprogrammet *Mennesker med utviklingshemming skal heller ikke diskrimineres!*. Mellom anna skal det gjennomførast regionale konferansar i 2012 for alle kommunar, aktuelle organisasjonar, fagmiljø og departement.

BLD vil i 2012 bidra til jobbstrategien for unge med nedsett funksjonsevne mellom anna gjennom fleire av tiltaka i regjeringas handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge (2009–2013) og gjennom oppfølging av likestillings- og diskrimineringslovgivinga.

Statens råd for likestilling av funksjonshemma er eit regjeringsoppnemnt rådgivande organ for offentlege styresmakter, særleg departementa, og statsforvaltinga elles. Rådet skal gi rom for drøfting mellom rådet sine medlemmer og offentlege organ og skal kunne ta initiativ og kome med tilrådingar. Rådet har eit sekretariat. Mandatet til rådet går ut i mars 2012. Departementet vil i den samanhengen revurdere den framtidige rolla og funksjonen til rådet.

Det er utarbeidd ein strategi for IT Funk sitt arbeid med forskning og innovasjon. Strategien ligg til grunn for arbeidet i perioden 2010–2012. Ei evaluering av IT Funk vil starte opp hausten 2011.

Arbeidet for likestilling og mot diskriminering i nordisk samanheng held fram, mellom anna gjennom det norske formannskapet i Nordisk ministerråd i 2012. Universell utforming er ei av satsingane under formannskapet.

Noreg tek del som observatør i EUs høgnivågruppe for personar med nedsett funksjonsevne. Departementet vil følgje opp EUs arbeid med rettane til personar med nedsett funksjonsevne, mellom anna gjennom EUs strategi for funksjonshemma for perioden 2010–2020.

Noreg tek aktivt del i Europarådet sitt arbeid med rettane til personar med nedsett funksjonsevne.

BLD vil følgje opp arbeidet i FN om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. BLD deltek mellom anna i oppfølginga av konvensjonen om rettane for menneske med nedsett funksjonsevne, og BLD deltek som observatør i FN's kommisjon for sosial utvikling, som er eit organ under ECO-SOC. BLD stiller ressursar til disposisjon for arbeidet til FN's spesialrapportør for personar med nedsett funksjonsevne.

Regjeringa vil førebu verjemålsreforma i løpet av 2012 med sikte på at lova kan tre i kraft frå 1. juli 2013 (jf. nærmare omtale i Justis- og politidepartementet sin budsjettproposisjon).

Når verjemålsloven trer i kraft sørgjer Regjeringa for at Noreg får eit regelverk og ein organisasjon for verjemål som gir auka rettstryggleik og rettslikskap for svake grupper som har behov for bistand til å ivareta sine interesser. Iverksettinga av lova er ein føresetnad for eventuell ratifisering av FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD).

Nærmere om budsjettforslaget:

Utgifter under programkategori 11.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
840	Krisetiltak	330 853	114 000	107 237	-5,9
841	Samliv og konfliktløsning	31 469	33 476	33 179	-0,9
842	Familievern	335 039	339 730	348 026	2,4
843	Likestillings- og diskriminerings- nemnda	2 283	2 363	3 409	44,3
844	Kontantstøtte	1 401 455	1 437 000	1 223 000	-14,9
845	Barnetrygd	14 849 462	14 950 000	15 030 000	0,5
846	Forsknings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	59 239	69 556	72 338	4,0
847	Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne	207 908	213 613	218 310	2,2
849	Likestillings- og diskriminerings ombodet	51 128	52 713	54 347	3,1
Sum kategori 11.10		17 268 836	17 212 451	17 089 846	-0,7

Utgifter under programkategori 11.10 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
01-23	Drift	297 282	295 066	303 915	3,0
50-59	Overføringar til andre statsrekne- skapar	65 099	64 813	66 823	3,1
60-69	Overføringar til kommunar	305 633	78 659	70 000	-11,0
70-98	Overføringar til private	16 600 822	16 773 913	16 649 108	-0,7
Sum kategori 11.10		17 268 836	17 212 451	17 089 846	-0,7

Inntekter under programkategori 11.10 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
		2010	Saldert budsjett 2011		
3842	Familievern	4 664	577	595	3,1
3846	Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	436		500	
Sum kategori 11.10		5 100	577	1 095	89,8

Kap. 840 Krisetiltak

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012	
		2010	Saldert budsjett 2011		
21	Spesielle driftsutgifter		13 803	5 547	5 719
60	Tilskot til krisesenter		236 717	15 000	
61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i>		61 427	63 659	70 000
62	Tilskot til kommuner		7 489		
70	Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., <i>kan nyttast under kap. 858 post 01</i>		11 417	29 794	31 518
Sum kap. 0840			330 853	114 000	107 237

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga blir nytta til finansiering av tiltak i handlingsplanen mot vald i nære relasjonar (tiltak knytt til implementering av krisesenterlova), tiltak mot menneskehandel og andre valdsførebyggjande tiltak.

Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving

Mål

Løyvinga dekkjer tilskot til incestsenter for incestutsette og pårørande til incestutsette barn og til valdtektssenter for valdtektsutsette og deira pårørande.

Kriterium for tildeling

Vertskommunen for det enkelte incestsenteret eller valdtektssenteret skal godkjenne budsjettet og har ansvar for økonomioppfølging. Det blir gitt egne retningslinjer for statstilskotet for incestsentera og valdtektssentra i rundskriv Q-22. Statstil-

skotet er øyremerkt. Finansieringa er delt mellom stat og kommune, slik at 20 prosent kommunalt tilskot, og eventuelt tilskot frå helseføretak eller fylkeskommune, utløyser 80 prosent statleg tilskot.

Oppfølging og kontroll

Incestsentra og valdtektssentra skal utarbeide årsrapport og statistikk for verksemda.

Budsjettforslag 2012

Løyvinga dekkjer tilskot til 20 incestsenter og to valdtektssenter. Tilskotsordninga blir forvalta av Bufdir etter retningslinjer gitte av departementet i rundskriv Q-22/2012.

Post 70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., kan nyttast under kap. 858, post 01

Løyvinga dekkjer mellom anna driftstilskot til Alternativ til vold (ATV), NKVTS, Landsforenin-

gen for seksuelt misbrukte, stiftinga Fellesskap mot seksuelle overgrep (FMSO) og landsdekkjande hjelpetelefon for incestutsette. Midlane til FMSO og incesttelefonen og tilskot til valdsførebyggjande tiltak og forsøks- og utviklingstiltak blir forvalta av Bufdir.

Heile tilskotet til NKVTS for 2012 er samla under post 70, etter at 0,8 mill. kroner til dette formålet er overført frå kap. 847, post 21. NKVTS sine tiltak retta mot personar med nedsett funksjonsevne, blir dermed også finansierte over denne løyvinga.

Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i>	12 032	13 832	14 261
22	Opplæring, forskning, utvikling mv.	6 593	6 010	4 861
23	Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i>	6 243	6 437	6 637
70	Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 858 post 01</i>	4 251	4 344	4 479
71	Tiltak etter samlivsbrot for barn i konfliktfylte familiar	2 350	2 853	2 941
	Sum kap. 0841	31 469	33 476	33 179

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving

Posten omfattar godtgjersle til meklarar utanom familievernet, dekking av reiseutgifter til foreldra i særlege tilfelle og utgifter til tolk når slike utgifter fell inn under refusjonsordninga for tolketenesta. Godtgjersle til meklarar utanom familievernet blir gitt etter tilsvarande satsar som for fri retts hjelp. Stortinget bestemmer satsen etter forslag frå Justis- og politidepartementet. Satsen er føreslått til 925 kroner per time frå 1. januar 2011. Ordninga blir forvalta av Bufdir.

Post 22 Opplæring, forskning, utvikling mv.

Posten omfattar midlar til opplæring av nye meklarar og til kompetanseheving for meklar-korpset. Bufdir forvaltar midlar til opplæring av meklarar. Midlane under posten skal mellom anna nyttast til å følgje opp ei evaluering av meklingsordninga, til utviklingsprosjekt knytt til saker med høgt konfliktnivå, og til kompetanseheving i barnelovsaker med valds- og overgrep-problematikk.

Det er flytta høvesvis 135 000 kroner og 1,2 mill. kroner til kap. 858, postane 01 og 21, til ord-

ninga med godtgjersle ved tilsyn under samvær etter barnelova i saker med høgt konfliktnivå.

Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, overslagsløyving

Rettsmedisinsk institutt (RMI) ved Nasjonalt folkehelseinstitutt (FHI) utfører alle DNA-analysar som er rekvirerte av domstolane og Arbeids- og velferdsdirektoratet ved fastsetjing av farskap, og departementet refunderer utgiftene dette medfører. Utgiftene til DNA-analysar følgjer automatisk av reglane i barnelova om fastsetjing og endring av farskap.

Post 70 Tilskot til samlivstiltak, kan nyttast under kap. 858, post 01

Posten omfattar tilskot til lokale samlivskurs og utviklingstiltak. Løyvinga blir forvalta av Bufdir.

Post 71 Tiltak etter samlivsbrot for barn i konfliktfylte familiar

Posten skal nyttast til ulike tiltak for å styrkje tilboda til barn som opplever sterke konflikter i heimen i samband med samlivsbrot. Mellom anna

skal midlane gå til tilbod om samtalegrupper for barn og unge som opplever samlivsbrot, dei skal stimulere til auka samarbeid mellom kommunale tenester for barn og unge og dei skal brukast til å

fange opp barn og unge som treng særskild oppfølging på eit tidleg tidspunkt. Midlane skal òg nyttast til å utvikle parallelle tilbod om samarbeidssamtaler for foreldra ved familievernkontora.

Kap. 842 Familievern

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	202 722	202 860	206 913
21	Spesielle driftsutgifter	5 468	6 916	7 130
70	Tilskot til kyrkja si familievernsteneste mv., <i>kan nyttast under post 01</i>	126 849	129 954	133 983
	Sum kap. 0842	335 039	339 730	348 026

Status for verksemda

Familievernet er ei spesialteneste som har familierelaterte problem som sitt fagfelt. Familievernet er den einaste delen av hjelpeapparatet som har familien som hovudarbeidsområde og parbehandling som spesialfelt. Kjerneoppgåvene er behandling og rådgiving ved vanskar, konflikhtar eller kriser i familien og mekling etter § 26 i lov om ekteskap og § 51 i barnelova. Familievernkontora driv utoverretta verksemd om familierelaterte tema, medrekna rettleiing, informasjon og undervising retta mot hjelpeapparat og publikum.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Posten dekkjer lønn til faste stillingar, engasjement, ekstrahjelp og godtgjersle og utgifter til varer og tenester i det offentlege familievernet. Løyvinga omfattar også tilskot til oppgåvene dei offentlege familievernkontora har i samband med samlivstiltaket *Hva med oss?* (kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, post 01), og dekkjer administrasjonsutgifter knytte til familievernet ved regionkontora i Bufetat.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til forskning, utviklingsarbeid og kompetanseheving i familievernet. Midlane blir hovudsakleg forvalta av Bufdir, mellom anna til oppfølging av tiltak i Kompetanseplanen for familievernet, og til vidareføring av arbeidet med brukarretta kvalitetsutvikling i tenesta.

Post 70 Tilskot til kyrkja si familievernsteneste mv., kan nyttast under post 01

Midlane blir nytta til å finansiere drifta av dei kyrkjelege familievernkontora. Dei kyrkjelege familievernkontora får midlar til drifta ved tilskotsbrev frå Bufetat i samsvar med inngått avtale om drift av familievernkontor. Posten dekkjer også tilskot til oppgåvene dei kyrkjelege familievernkontora har i samband med samlivstiltaket *Hva med oss?* (kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, post 01).

Kap. 3842 Familievern

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Diverse inntekter	1 066	577	595
15	Refusjon av arbeidsmarkedstiltak	76		
16	Refusjon av foreldrepengar	470		
18	Refusjon av sykepengar	3 052		
	Sum kap. 3842	4 664	577	595

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene skriv seg frå ulike prosjekt og tiltak. Storleiken på inntektene varierer frå år til år.

Kap. 843 Likestillings- og diskrimineringsnemnda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	2 283	2 363	3 409
	Sum kap. 0843	2 283	2 363	3 409

Status for verksemda

Likestillings- og diskrimineringsnemndas kompetanse og oppgåver er regulerte i diskrimineringsombudslova med tilhøyrande forskrift. Nemnda handhevar reglar om diskriminering i desse lovene: likestillingslova, diskrimineringslova, diskriminerings- og tilgjengelova, arbeidsmiljølova kap. 13 og bustadlovene. Nemnda er eit sjølvstendig forvaltingsorgan som er administrativt underlagt departementet. Departementet kan ikkje gi instruks om eller gjere om nemnda si utøving av styringsmakt i handsaming av enkeltsaker.

Nemnda er eit kollegialt organ med 12 medlemmer: éin leiar, éin nestleiar, seks andre medlemmer og fire varamedlemmer. På kvart møte deltek fem medlemmer. Nemnda har eit eige sekretariat som førebur møta, legg fram saker for nemnda, lagar utkast til vedtak etter rådslaging i nemnda og administrerer ordninga med tvangsfullmakt. Departementet har det administrative ansvaret for nemnda, med mellom anna tilsetjing i sekretariat.

Alle saker i nemnda blir først handsama av Likestillings- og diskrimineringsombodet, som gir ei fråsegn i saka. I hastesaker kan ombodet gjere bindande vedtak etter diskrimineringsombudslova § 4. Da blir nemnda ordinær klageinstans.

Nemnda kan gjere vedtak eller gi fråsegn om at det ligg føre brot på dei lovene nemnda er sett til å handheve. Likestillings- og diskrimineringsnemnda kan gi påbod om at det diskriminerande tilhøvet skal stansast eller rettast.

Nemnda fekk 62 nye saker til handsaming frå Likestillings- og diskrimineringsombodet i 2010. 14 av sakene er saker etter diskriminerings- og tilgjengelova av 1. januar 2009. Nemnda hadde ti ordinære møte og eitt konstitueringsmøte i 2010. Det blei handsama til saman 41 saker i 2010.

I arbeidet med å sikre at nemnda sine vedtak og fråsegner blir følgde, har sekretariatet i hovudsak prioritert å følgje opp vedtak. Sekretariatet har motteke tilbakemelding i fem saker om at vedtaket frå nemnda er følgt. Nemnda har gjort vedtak om pålegg i tre saker.

I framkant av kvart møte blir sakene annonserte på nemnda si heimeside. Vedtak og fråseg-

ner blir gjorde tilgjengelege for alle på heimesida og på annan måte i dei miljøa som har særleg interesse av dei. I saker av særleg interesse for media blir det samstundes med nemnda sine vedtak og fråsegner sendt ut ei pressemelding.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til medarbeidarar og andre driftsutgifter for sekretariatet, dessutan godtgjersle og utgifter til nemndmedlemmer og eventuelle vitne og sakkunnige som blir innkalla. Nemnda hadde to faste stillingsheimlar per 1. juli 2011.

Løyvinga er føreslått auka med 1 mill. kroner.

Kap. 844 Kontantstøtte

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	1 401 455	1 437 000	1 223 000
	Sum kap. 0844	1 401 455	1 437 000	1 223 000

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Mål

Kriterium for tildeling

Kontantstøtteordninga er heimla i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre. Målet med ordninga og tildelingskriteria går fram av lova.

Til og med juli 2012 blir det utbetalt kontantstøtte etter dei gjeldande reglane og etter dei same satsane som i 2011.

Frå og med august 2012 vil retten til kontantstøtte vare til og med månaden før barnet fyller to år. Heil kontantstøtte vil utgjere 5 000 kroner for barn i alderen 13–18 månader, sjå tabell 3.17. For barn i alderen 19–23 månader vil heil kontantstøtte utgjere 3 303 kroner per måned. Heil kontantstøtte blir utbetalt viss barnet ikkje har plass i barnehage. Dersom barnet har ei avtalt opphaldstid i barnehagen på inntil 20 timar i veka, blir det utbetalt 50 prosent kontantstøtte. Har barnet ei avtalt opphaldstid på 20 timar eller meir i veka, blir det ikkje utbetalt kontantstøtte.

Endringa av kontantstøtta inneber isolert sett ei nedsetjing av løyvinga til kontantstøtte på 135 mill. kroner i 2012.

Oppfølging og kontroll

Kontantstøtteordninga blir forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, som administrativt er under-

lagt Arbeidsdepartementet. Det er etablert rutinar for samhandling mellom Arbeidsdepartementet og BLD om mellom anna årlege tildelingsbrev og etatsstyring generelt. Som ledd i resultatoppfølging og økonomikontroll blir det halde etatsstyringsmøte og faglege kontaktmøte mellom dei nemnde departementa og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Sjå nærmare omtale av Arbeids- og velferdsetatens forvaltning på BLD sitt ansvarsområde under delmål 3.1.

Budsjettforslag 2012

Budsjettforslaget byggjer på endra regelverk og satsar, jf. Kriterium for tildeling, og prognosar over

- forventa tal på barn i kontantstøttealder basert mellom anna på SSBs siste befolkningsframskrivning
- forventa utvikling i bruk av kontantstøtteordninga basert på statistikken til Arbeids- og velferdsdirektoratet
- måltal for nye barn i barnehage i 2011 og 2012, jf. omtale i Kunnskapsdepartementet sin Prop. 1 S (2011–2012) under kap. 231 *Barnehagar*

Forslag til satsar for 2012 står i tabell 3.16 og 3.17 nedanfor.

Tabell 3.15 Talet på barn med rett til stønad. 2010. Prognosar for 2011 og 2012

	Gjennomsnitt 2010	Gjennomsnitt 2011*	Gjennomsnitt 2012
Eitt- og toåringar med kontantstøtte	38 999	39 887	30 800

Kjelde: * Saldert budsjett

Tabell 3.16 Forslag til satsar for kontantstøtte fram til og med 31. juli 2012 (kroner)

Avtalt opphaldstid per veke	Kontantstøtte i prosent av full yting	Beløp per barn per år	Beløp per barn per måned
Ikkje bruk av barnehageplass	100	39 636	3 303
Til og med 8 timar	80	31 704	2 642
9–16 timar	60	23 784	1 982
17–24 timar	40	15 852	1 321
25–32 timar	20	7 932	661
33 timar eller meir	0	0	0

Tabell 3.17 Forslag til satsar for kontantstøtte for eittåringar frå og med 1. august 2012 (kroner)

Avtalt opphaldstid per veke	Kontantstøtte i prosent av full yting	Beløp per barn	Beløp per barn
		per måned	per måned
		Barn i alderen 13–18 månader	Barn i alderen 19–23 månader
Ikkje bruk av barnehageplass	100	5 000	3 303
Til og med 19 timar	50	2 500	1 652
20 timar eller meir	0	0	0

Kap. 845 Barnetrygd

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	14 849 462	14 950 000	15 030 000
	Sum kap. 0845	14 849 462	14 950 000	15 030 000

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Mål

Barnetrygda skal bidra til å dekkje utgifter til forsørging av barn.

Kriterium for tildeling

Barnetrygda er heimla i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd. Tildelingskriteria går fram av lova.

Oppfølging og kontroll	(barnetrygd for eitt barn meir enn det faktiske barnetalet)
Barnetrygda blir forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, jf. tilsvarende punkt under kap. 844 Kontantstøtte.	– talet på småbarnstillegg for einslege forsørgjarar med barn 0–3 år – talet på barn med finnmarks- og svalbardtillegg – forventa utgifter til etterbetalingar
Budsjettforslag 2012	Prognosane byggjer mellom anna på den siste befolkningsframskrivinga til SSB, jf. tabellane under.
Budsjettforslaget byggjer på uendra stønadssatsar frå 2011 og prognosar over	
– talet på barn med rett til barnetrygd og talet på stønadsmottakarar med rett til utvida stønad	

Tabell 3.18 Forslag til satsar for barnetrygd frå 2012 (i kroner)

	Satsar per måned	Satsar per år
Ordinær barnetrygd	970	11 640
Småbarnstillegg til einslege forsørgjararmed barn 0–3 år	660	7 920
Finnmarkstillegg for barn 0–18 år	320	3 840
Svalbardtillegg 0–18 år	320	3 840

Tabell 3.19 Talet på barn med rett til barnetrygd i 2010. Prognosar for 2011 og 2012

	Gjennomsnitt 2010	Gjennomsnitt 2011	Gjennomsnitt 2012
Barn med barnetrygd	1 106 692	1 114 300	1 119 544
Barn med finnmarkstillegg	20 684	20 334	20 336
Barn med svalbardtillegg	410	425	410

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Tabell 3.20 Talet på stønadsmottakarar i 2010. Prognosar for 2011 og 2012

	Gjennomsnitt 2010	Gjennomsnitt 2011 ¹	Gjennomsnitt 2012
Stønadsmottakarar med barnetrygd for			
- eitt barn	296 439	294 018	299 881
- to barn	249 552	251 224	252 450
- tre barn	83 600	85 101	84 571
- fire barn	13 682	14 061	13 841
- fem eller fleire barn	3 578	3 606	3 620
Sum stønadsmottakarar	646 851	648 010	654 363
Stønadsmottakarar med utvida stønad	131 636	133 522	134 704
Stønadsmottakarar med småbarnstillegg til einsleg forsørgjar	6 114	6 410	5 808

¹ Saldert budsjett 2011

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet. Tala for stønadsmottakarar etter kor mange barn dei får utbetalt barnetrygd for, er eksklusiv stønadsmottakarar som mottok ei ekstra barnetrygd (utvida stønad). Nokre av barna blir det utbetalt delt barnetrygd for; både mor og far får barnetrygd.

Utrekning av utgifter til barnetrygd basert på talet på barn, satsar mv. i tabellane ovanfor, vil gi eit noko lågare utgiftsnivå enn budsjettforslaget for 2012. Avviket kjem av etterbetalingar, som særleg

gjeld EØS-borgarar med arbeid i Noreg, der saks- handsaminga tek vesentleg lengre tid enn i ordi- nære barnetrygdsaker.

Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50</i>	19 177	23 967	28 435
50	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	8 371	6 500	6 702
70	Tilskot	13 247	16 587	14 501
71	Særlege familiepolitiske tiltak	1 053		
72	Tiltak for lesbiske og homofile	7 341	9 069	9 350
73	Tilskot til Likestillingssentre	5 304	5 468	5 638
79	Tilskot til internasjonalt familie- og likestillings- arbeid, <i>kan overførast</i>	4 746	7 965	7 712
Sum kap. 0846		59 239	69 556	72 338

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50

Forskings- og utviklingsmidlane på denne posten blir i hovudsak nytta til finansiering av større og mindre enkeltprosjekt av særleg relevans på områda samliv, likestilling og ikkje-diskriminering.

Det er mellom anna sett av midlar til gjennomføring av regjeringa sine handlingsplanar *Betre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar 2009–2012, Handlingsplan for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering og Likestilling 2014*, regjeringa sin handlingsplan for kjønnslikestilling. Posten dekkjer også utgifter knytte til ei rådsstilling ved EU-delegasjonen i Brussel med ansvar for barne-, familie-, likestillings- og ikkje-diskrimineringspolitikken og til ein nasjonal ekspert i Europarådet.

Løyvingane til ressurscenter for lhbt-spørsmål og arbeidet med 100-årsjubileet for allmenn røy- sterett i 2013 er styrkte.

Post 50 Forsking, kan nyttast under post 21

Midlane skal nyttast til *Kjønnsforskningsprogrammet* og programmet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* i regi av Noregs forskingsråd.

Post 70 Tilskot

Posten blir nytta til tiltak og prosjekt til å fremme kjønnslikestilling, og til tilskot til frivillige organisasjonar. Mellom anna blir løyvinga på 4 mill. kroner nytta til grunnfinansiering av Reform – ressurscenter for menn.

Tilskotet til familie- og likestillingspolitiske organisasjonar blir vidareført. Målet med tilskotsordninga er å bidra til debatt, auka kunnskap og synleggjering av familie- og likestillingspolitiske tema. Ordninga skal leggje til rette for at dei frivillige organisasjonane kan supplere og korrigere det offentlege familie- og likestillingspolitiske arbeidet.

Det blir gitt tilskot til drift av frivillige organisasjonar som arbeider med familie- og likestillingspolitikk og til tiltak/prosjekt som er i tråd med formålet for tilskotsordninga. Midlane blir lyste ut, og tildeling skjer ein gong i året på grunnlag av søknad. Tilskotsordninga blir forvalta av Bufdir etter retningslinjer gitte av departementet i årleg rundskriv Q-1.

Post 72 Tiltak for lesbiske og homofile

Løyvinga vil bli nytta til driftstilskot til lhbt-organisasjonane LLH, Skeiv ungdom og Skeiv verden og bladet BLIKK. Midlane skal også nyttast til tilskot

til relevante prosjekt/tiltak i regi av ulike interesseorganisasjonar.

Post 73 Tilskot til likestillingscenter

Løyvinga går til delfinansiering av verksemda ved Likestillingssenteret, som blir drifta av stiftinga Kvinneuniversitetet i Hamar og verksemda ved KUN senter for kunnskap og likestilling, som blir drifta av stiftinga Kvinneuniversitet Nord.

Post 79 Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid, kan overførast

Noreg deltek i det fleirårige EU-programmet *PROGRESS* (2007–2013). Programmet inkluderer desse områda: sysselsetjing, sosialt vern og inkludering, arbeidsvilkår, arbeid mot diskriminering og for mangfald.

Kap. 3846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Prosjektinntekter	436		500
	Sum kap. 3846	436		500

Kap. 847 Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	28 961	27 134	26 550
50	Forsking	5 600	5 600	5 774
70	Tilskot til funksjonshemma sine organisasjonar	155 471	161 400	166 403
71	Tiltak for auka tilgjenge og universell utforming, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	17 876	19 479	19 583
	Sum kap. 0847	207 908	213 613	218 310

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Løyvinga blir nytta til målretta informasjons-, forskings- og utviklingstiltak som bidreg til å betre situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne.

Post 50 Forsking

Løyvinga skal nyttast av Noregs forskingsråd (NFR) til *IT Funk*, som er ei tverrgående satsing knytt til personar med nedsett funksjonsevne og ny teknologi under Noregs forskingsråd.

Post 70 Tilskot til funksjonshemma sine organisasjonar

Formålet med tilskotsordninga er å gi dei funksjonshemma sine organisasjonar betre høve til å drive interessepolitisk arbeid og yte service til eigne medlemmer i form av mellom anna lokale velferdstiltak. I tillegg skal ordninga styrkje dei høva paraplyane Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO) har til å drive interessepolitisk arbeid og yte service til medlemsorganisasjonane. Tilskotsordninga skal også medverke til å styrkje organisasjonane når det gjeld sjølvhjelpsarbeid. Tilskotet skal bidra til å styrkje dei høva organisasjonane til funksjonshemma har til å gjennomføre gode velferds-, fri-

tids- og ferietiltak for personar med nedsett funksjonsevne.

Post 71 Tiltak for auka tilgjenge og universell utforming, kan nyttast under post 21, kan overførast

Løyvinga skal nyttast til målretta og tverrsektorielle tiltak i regjeringa sin handlingsplan for univer-

sell utforming og auka tilgjenge (2009–2013). Tiltaka skal mellom anna støtte opp under implementeringa av diskriminerings- og tilgjengelova, ny plan- og bygningslov og anna ny lovgiving som handlar om universell utforming mellom anna på områda utdanning, transport og IKT.

Kap. 849 Likestillings- og diskrimineringsombodet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
50	Basisløyving	51 128	52 713	54 347
	Sum kap. 0849	51 128	52 713	54 347

Status og hovudoppgåver for verksemda

Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) blei etablert 1. januar 2006 og er eit forvaltingsorgan med særskilde fullmakter, administrativt tilknytt BLD. Likestillings- og diskrimineringsombodets formål og oppgåver går fram av diskrimineringsombodslova §§ 1 og 3.

Hovudoppgåva til ombodet er å fremme likestilling og kjempe mot diskriminering uavhengig av mellom anna kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering og alder. Ombodet handhevar diskrimineringsforboda i lovverket, gir rettleiing og er ein pådrivar for likestilling og mangfald. Ei fråsegn frå ombodet er ikkje rettsleg bindande. Ombodet kan likevel gjere bindande vedtak om å stanse diskriminerande handlingar dersom eit slikt vedtak ikkje kan vente til Likestillings- og diskrimineringsnemnda kan handsame saka, jf. diskrimineringsombodslova § 4.

LDO skal føre tilsyn med og handheve likestillingslova, diskrimineringslova, diskriminerings- og tilgjengelova, arbeidsmiljølovas ikkje-diskrimineringskapittel og diskrimineringsforboda i bustadlova. Ombodet skal vere eit alternativ til domstolshandsaming av saker om diskriminering og vere eit lågterskeltilbod som er lett tilgjengeleg for brukarane.

I tillegg har ombodet ansvar for å overvake at norsk rett samsvarer med FN's kvinnekonvensjon og rasediskrimineringskonvensjonen.

Resultatrapport og strategiar

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i delmåla presenterte i Prop. 1 S (2009–2010).

Høg kvalitet i lovhandhevinga

Korrekt og effektiv sakshandsaming

Talet på handsama klagesaker

I 2010 registrerte ombodet 1631 rettleiings- og klagesaker. Av dei var 301 (18,5 prosent) klagesaker.

Ombodet handsama 314 klagesaker i 2010. Av desse blei 13 saker registrerte i 2009. I desse sakene gav ombodet anten ei fråsegn, avviste saka eller la bort saka. I tillegg kom ombodet med 21 fråsegner i samband med kontroll av aktivitets- og rapporteringsplikta til kommunane og to utvalde departement, Fiskeri- og kystdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Av dei 301 klagesakene som ombodet tok imot i 2010, omhandla 24 klager fleire enn eitt diskrimineringsgrunnlag. Funksjonsevne med 137 saker (45,5 prosent) og kjønn med 75 saker (24,9 prosent) er dei to diskrimineringsgrunnlaga ombodet fekk flest klager på i 2010, dernest kjem etnisitet m.m med 56 saker (18,6 prosent). På grunnlag som alder, religion, språk og medlemskap i fagforining o.a. var det heller få saker.

Talet på saker som er handsama etter hasteparagrafen

Likestillings- og diskrimineringsnemnda kan gi pålegg om å rette opp eller stanse ein diskriminerande praksis. Formålet er å stanse ei diskriminerande handling eller ein diskriminerande praksis raskt. Det er særleg ved ulovlege stillingsannonser ombodet har nytta høvet til dette.

I 2010 varsla ombodet om hastevdtek i 13 saker. Dei fleste gir tilbakemelding om at dei rettar seg etter ombodets fråsegn og varsel om hastevdtek.

Sakshandsamingstid

Det er eit mål at ombodet skal gi personar som opplever diskriminering, rask tilbakemelding og avgjerd ved klage. Formålet med opprettinga av eit ombod var òg at det skulle vere reelt domstolsavlastande ved å sikre ei enklare og raskare handsaming.

Dei som vender seg til ombodet gjennom e-post eller brev med spørsmål om rettleiing, får normalt svar etter nokre dagar, godt innanfor den forvaltingsrettslege fristen på tre veker. For klagesaker er gjennomsnittleg sakshandsamingstid om lag 42 veker.

Tala viser at handsamingstida for fråsegn (etter klage) har auka med bortimot to veker frå 2009 til 2010. Det kan vere fleire forklaringar på dette. Mellom anna er talet på fråsegner nesten dobla frå året før. Ombodet har i nokre saker om manglande tilkomst venta med å avgjere saka til verksemda har forsøkt å rette opp tilhøvet. I nokre saker dreg avgjerda ut i tid fordi klagemotparten ikkje svarer.

Den auka pågangen til ombodet, både når det gjeld rettleiingssaker og klagesaker, heldt fram også i 2010. Frå 1. januar 2011 har LDO ei ny organisering og nye rutinar for sakshandsaming. Formålet er mellom anna å korte ned sakshandsamingstida.

Eit lågterskeltilbod som er lett tilgjengeleg for brukarane

God rettleiing

Talet på registrerte rettleiingssaker

I 2010 gav ombodet rettleiing i til saman 1330 saker.

Dei fleste sakene har normalt vore saker om diskrimineringsgrunnlaga kjønn og etnisitet. I 2010 gav derimot ombodet langt fleire rettleiingar

i spørsmål om grunnlaget nedsett funksjonsevne enn om etnisitet, høvesvis 368 saker (27,7 prosent) versus 171 saker (12,9 prosent). Flest rettleiingar i saker blei gitt på grunnlaget kjønn; 483 saker (36,3 prosent). Rekna etter område, var arbeidsliv med 625 saker (47 prosent) og varer og tenester med 234 saker (17,6 prosent) dei to største.

Ombodet vil leggje større vekt på god rettleiing, slik at førespurnader blir svart på så tidleg som mogleg. Ei eiga rettleiingsavdeling er derfor oppretta frå januar 2011.

Ein stor del av rettleiinga blir gitt i samband med rettleiing om aktivitets- og rapporteringspliktene og kontrollen av utgreiingane frå kommunane i årsrapportane.

I 2010 starta LDO eit samarbeid med Alna bydel om leiaropplæring innanfor leiing i eit mangfaldsperspektiv.

LDO har for andre gong halde kurs for leiarar og tilsette i staten om mangfald og likestilling i arbeidslivet. Kurset er i regi av Direktoratet for forvaltning og IKT, og LDO står for innhaldet.

Antirasistisk senter, British Council og LDO samarbeidde om konferansen *Et mangfoldig og likestilt arbeidsliv*. Viktige formål med konferansen var aktivitets- og rapporteringspliktene i lovverket, dagens praksis og utkastet til ei ny, heilskapleg diskrimineringslov.

LDO var operatør for det EU-finansierte informasjonsprosjektet *Fostering good practices in the workplace*. Formålet var å auke kompetansen om aktivitets- og rapporteringspliktene og generell diskrimineringsjuss blant arbeidsgivarar, HR-tilsette, juristar og partane i arbeidslivet. LDO har utvikla vidare nettbasert informasjon om likestilling og mangfald i arbeidslivet, set i gang målretta informasjonstiltak i ulike medium, gjennomført ein landsdekkjande informasjonsturné og tilby workshops på ulike stader omkring i landet for å auke medvitet om likeverdig tenesteyting. Til saman deltok 630 personar.

Rettleiingsmateriell

I 2010 utarbeidde LDO heftet *Overser du kompetanse? Nedsett funksjonsevne – full arbeidsevne* saman med Helsedirektoratet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Ombodet har òg gitt ut ei handbok om religion på arbeidsplassen. Generelle brosjyrar om LDO på 12 språk er blitt vidareutvikla og distribuerte, mellom anna brosjyren *Sei ifrå*.

Offensiv og synleg pådrivar for likestilling og mot diskriminering

Godt påverknadsarbeid retta mot relevante styresmakter, kompetansemiljø og interesseorganisasjonar

Talet på saker som er tekne opp på eige initiativ

I 2010 tok LDO opp tre klagesaker i spørsmål om ulovlege stillingsannonser. Erfaringa er at dei fleste arbeidsgivarar ikkje er klar over at dei bryt lova, og at dei rettar opp annonsen når LDO gjer dei merksame på at dei bryt lova.

Ombodet sine kontrollar av likestillingsutgreiingane er tekne på eige initiativ.

LDO har òg teke initiativ overfor ulike styresmakter for å sikre ein meir likestilt praksis, til dømes betre studiefinansiering for studentar med nedsett funksjonsevne.

Vidare har LDO fremma konkrete endringsforslag gjennom innspel og kommentarar til handlingsplanar, rettleiingsdokument og andre dokument som blir utarbeidde av departement og direktorat.

Aktivitets- og rapporteringspliktene

Fram til 2010 kontrollerte LDO berre offentleg sektor. I 2010 valde LDO å satse meir på privat sektor i tillegg til å følge opp det offentlege.

Gjennom Hovudorganisasjonen for handel og tenester si avdeling for arbeidslivspolitikkk er det inngått eit samarbeid med eit par større private verksemdar om rettleiing i systematisk likestillingsarbeid og opplæring i aktivitets- og rapporteringspliktene.

LDO har òg teke kontakt med store aktørar innan revisjonsbransjen med sikte på å sikre at verksemdene dei reviderer, rettar seg etter rapporteringspliktene, og at dette går fram i årsmeldingane.

Innan det offentlege har ein følgd opp dei sektorane som allereie er kontrollerte: kommunar, departement og universitet, høgskolar og forskingsinstitutt. Arbeidet syner eit stort behov for informasjon om pliktene og korleis det skal rapporterast.

Av dei 21 kommunane LDO kontrollerte, blei 9 godkjende og 12 ikkje godkjende. Likestillingsutgreiingane til to kommunar blei bringa inn for Likestillings- og diskrimineringsnemnda. I 2010 oppsummerte LDO erfaringane etter tre år (2007–2009) med kontroll av kommunane sine likestillingsutgreiingar i ein eigen rapport. Ei hovuderfa-

ring er at kombinasjonen av kontroll og rettleiing gir best resultat og størst forståing for rapporteringsplikta som eit verktøy for likestilling.

Etter kontroll av likestillingsutgreiingane til Fiskeri- og kystdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet i Prop. 1 S (2009–2010) konkluderte LDO med at ingen av utgreiingane oppfylte krava i likestillingslova.

LDO medverka til å utarbeide ein standardisert mal for likestillingsutgreiingar for statleg sektor.

Talet på registrerte føredrag, høyringsfråsegner, rapportar og anna dokumentasjonsarbeid, arrangement, medieoppslag mv.

Det var i 2010 i overkant av 4 000 treff på omtale av LDO i nettbaserte medium, i tillegg artiklar i papiravisene og innslag i radio og fjernsyn. LDO har hatt eit femtitals kronikkar og innlegg i ulike aviser over heile landet – også i nokre fagblad.

I 2010 kunne ein måle om lag 85 000 treff på LDO sine nettsider, den viktigaste kanalen for kunnskapsdeling om LDO. Samstundes nyttar LDO også sosiale medium.

Førekomsten av diskriminering og graden av likestilling i samfunnet blir i hovudsak dokumentert oppsummerande gjennom publikasjonane *SalDO* og *Praksis*. Samfunnsrekneskapan for likestilling og diskriminering, *SalDO*, syner at det framleis er likestillingsutfordringar i det norske samfunnet. På området funksjonsevne er det òg stor mangel på statistikk.

I 2010 hadde LDO ei stor satsing på utelivsdiskriminering med debattmøte både i Oslo og i Bergen og eit større seminar saman med BLD og Oslo kommune. Satsinga blei ført vidare i 2011.

LDO deltek i ulike internasjonale forum som tek opp spørsmål om likestilling og diskriminering, både i Norden, EU, Europarådet og FN, mellom anna i eit nordisk og eit europeisk nettverk av likestillings- og diskrimineringsorgan. Ombodet har eit særskilt ansvar for å sjå til at norsk forvaltingspraksis er i tråd med kvinnekonvensjonen og rasediskrimineringskonvensjonen i FN. I 2010 førebudde LDO sin supplerande rapport til FN's rasediskrimineringskomité, CERD, i samband med at regjeringa skulle eksaminera av rasediskrimineringskomiteen i Genève i februar 2011. Ombodet starta òg arbeidet med den supplerande rapporten til FN's kvinnediskrimineringskomité. Noreg som statspart skal eksaminera i februar 2012.

Strategiar og tiltak for 2012

LDO sitt overordna mål for perioden 2011–2013 er eit meir likestilt samfunn der makt og innverknad er jamnare fordelt, fridomen er tilgjengeleg for alle og enkeltmennesket sitt verd er ukrenkeleg. Meir konkret vil det seie at alle får same tilgangen til viktige samfunnsområde som utdanning, arbeidsliv og fritid. Ombodet skal vidare utfordre kulturelle barrierar for å hindre at myter, fordommar og stereotypiar får avgrense folk sine moglegheiter. Ombodet vil prioritere arbeidet mot stereotypiar og arbeide for å implementere styresmaktenes aktivitetsplikter.

God kommunikasjon og lett tilgjenge er såleis viktige føresetnader for at dei som opplever diskriminering, skal bruke LDO og få hjelp.

LDO har intensjonar om ein forsterka innsats dei neste fire åra for å auke verksemder sine kunnskapar om dei lovfeste aktivitets- og rapporteringspliktene gjennom informasjon og kunnskapsspreiing til arbeidsgivarar og andre.

I 2012 vil LDO arbeide særleg med desse områda:

- eit reelt mangfaldsamfunn
- rett til rettar – målretta arbeid for at alle skal kjenne til diskrimineringsvernet

- likeverdige offentlege tenester
- eit likestilt arbeidsliv med aktivitets- og rapporteringsplikta som verkemiddel
- eit heilskapeleg diskrimineringsvern
- eit universelt utforma samfunn

LDO sine innspel til rapporten frå FNs kvinnekomité i 2011 vil vere ein del av grunnlaget for eksaminasjonen av korleis norske styresmakter handhevar FNs kvinnekonvensjon, *Committee on the Elimination of Discrimination against Women* (CEDAW), våren 2012. LDO vil følgje opp tilrådingane frå både kvinnekomiteen og rasediskrimineringskomiteen, *Committee on the Elimination of the Racial Discrimination* (CERD), etter eksaminasjonane i 2011 og 2012. Konvensjonsovervakinga er ei ståande oppgåve for ombodet, tett knytt til enkeltsaker og avleidd pådrivingsarbeid.

Post 50 Basisløyving

Løyvinga skal dekkje lønn til medarbeidarane og andre driftsutgifter.

Programkategori 11.20 Tiltak for barn og unge

Hovudinnhald og prioriteringar

Eit overordna mål for barne- og ungdomspolitikken er å sikre at alle barn og unge har gode og trygge oppvekst- og levekår. Dette inneberer at alle skal ha eit likeverdig tilbod og like moglegheiter. Sentralt står arbeid for å motverke marginalisering, å bidra til å jamne ut forskjellar i levekår og å fremme medverknad og deltaking for barn og unge på ulike område i samfunnet.

Departementet har ansvaret for utforminga og samordninga av den generelle barne- og ungdomspolitikken. Politikktutforminga skjer i samspel mellom ulike departement, andre statlege styresmakter, kommunesektoren og frivillige organisasjonar. Departementet forvaltar fleire tilskotsordningar retta mot barn og unge, mellom anna ei ordning for barn, unge og familiar som er råka av fattigdomsproblem.

Departementet foreslår å auke løyvinga til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane med 5 mill. kroner.

Departementet har ansvar for utvikling av barnevern- og adopsjonspolitikken, etatsstyring av det statlege barnevernet og forvaltninga av barnevernlova. Departementet har eit overordna ansvar på adopsjonsfeltet og ansvar for forvaltninga av adopsjonslova. Departementet har òg ansvaret for Noregs oppfølging av FNs barnekonvensjon om barnerettane.

Barneombodet arbeider for at barns behov, rettar og interesser blir tekne tilbørleg omsyn til på alle område i samfunnet. Barneombodet følgjer med på at lovgiving til vern om barns interesser blir følgt, og at norsk rett samsvarer med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettane.

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker har avgjerdsrett i dei såkalla tvangssakane etter barnevernlova, som mellom anna omfattar saker om overtaking av omsorg og plassering av ungdom med alvorlege åtferdsvanskar. Løyvinga

blei kraftig styrkt i 2011, og departementet foreslår å styrkje satsinga på fylkesnemndene ytterlegare med 2,35 mill. kroner i 2012. Den auka løyvinga skal nyttast til å auke sakshandsamingskapasiteten og styrkje den administrative styringa av verksemda.

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) forvaltar det statlege barnevernet. Hovudoppgåva til barnevernet er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Etaten har òg ulike oppgåver på adopsjonsfeltet, forvaltar tilskotsordningar og har ansvar for at Noreg følgjer opp EUs ungdomsprogram Aktiv ungdom. Bufetat består av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og fem regionale einingar. Sjå delmål 1.2 effektiv organisering og drift av tilknytte verksemdar for nærare omtale.

Talet på barn som får hjelp frå barnevernet, har auka kvart år over lang tid. Sjølv om kommunane har sette i verk førebyggjande tiltak og i betydeleg grad auka ressursbruken i barnevernet, har veksten i saksmengda overgått veksten i tal på stillingar. I tillegg viser rapportar frå fylkesmennenes tilsyn at det i mange av landets kommunar er problem med å oppfylle alle lovkrav. For å sikre at alle utsette barn og unge får riktig hjelp til riktig tid, er det viktig å rette ein innsats mot sviktområda. Den statlege finansieringa av dei kommunale barnevernstenestene skjer gjennom kommunens frie inntekter. I 2011 blei dette supplert med øyremerka midlar. Regjeringa vil i 2012 øyremerke ytterlegare 50 mill. kroner til det kommunale barnevernet. Saman med satsinga på 240 mill. kroner frå 2011, vil til saman vel 290 mill. kroner vere øyremerkete det kommunale barnevernet i 2012. Fylkesmannsembeta vil handsame søknadene frå kommunane om dei nye stillingane som satsinga i 2012 gir rom for.

Mål

For 2012 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
5. Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom	5.1 Høgt kunnskapsnivå og god kompetanse om barn og ungdom 5.2 Deltaking og like moglegheiter for alle barn og unge 5.3 Målretta tiltak mot fattigdom blant barn og unge 5.4 Makt og påverknad for barn og unge
6. Eit barnevern som gir barn og ungdom omsorg og vern slik at dei meistrar liva sine og utviklar evnene sine	6.1 Gode tiltak og høg kompetanse i statleg og kommunalt barnevern 6.2 Høg rettstryggleik for barn, unge og familiane deira 6.3 Heilskaplege og samordna tilbod og tenester 6.4 Auka kapasitet i det kommunale barnevernet

Resultatrapport og strategiar

Delmål 5.1: Høgt kunnskapsnivå og god kompetanse om barn og ungdom

Resultatrapport 2010/2011

Godt samarbeid mellom ulike departement, mellom statlege og lokale styresmakter og med frivillig sektor

Samarbeidet mellom departementa om ein gjennomgåande politikk for barn og unge blei ført vidare gjennom ulike politiske forum, samarbeidsgrupper og arbeid med mellom anna handlingsplanar, felles strategiar og forsøks- og utviklingsarbeid. Publikasjonen *Satsing på barn og ungdom*, som gir eit oversyn over mål og innsatsområde i statsbudsjettet, blei gitt ut i februar 2010.

Trondheim kommune blei kåra til Årets barne- og ungdomskommune 2010. Kåringa skjedde på Barne- og ungdomskonferansen 2010.

BLD har gjennom 2010 stimulert til auka dialog og samspel mellom styresmaktene og frivillig sektor. Det har vore systematisk kontakt med frivillige organisasjonar og grupper, mellom anna gjennom møte og konferansar. Det har vore god kontakt med forskingsmiljø omkring frivillig arbeid og deltaking frå ungdom. Departementet har oppfordra kommunar som departementet er i kontakt med gjennom tilskotsordningar, til å styrkje samspelet med barn, ungdom, foreldre og frivillig sektor.

Departementet har i 2010 arbeidd med oppfølginga av forslag frå ei ekspertgruppe som blei sett ned for å greie ut unges høve til eit positivt fritidsmiljø og deltaking og innverknad lokalt. Mellom anna har Nordlandsforskning, på oppdrag frå BLD, gjennomført ei kartlegging av opne møteplassar som fritidsklubbar og ungdomshus. Rapporten blei offentleggjort i april 2011. Departementet si oppfølging av alle forslaga frå ekspertgruppa er samla i eit eige orienteringsdokument som er lagt ut på BLD sine nettsider.

Betre informasjon om og oppfølging av FNs konvensjon om barnerettane på alle forvaltingsnivå

Noreg blei eksaminert av FNs barnekomité i januar 2010 på bakgrunn av fjerde rapport til FN om oppfølging av barnekonvensjonen. Merknadene frå komiteen inneheldt tilrådingar på alle områda for barnerettane og blei omsette til norsk og distribuerte til kommunane, statlege styresmakter med fleire. BLD har vidare sett i gang eit systematisk arbeid for å gå gjennom merknadene og tilrådingane. Kontaktforumet for betre oppfølging av barnekonvensjonen mellom dei aktuelle departementa held òg fram og har i 2010 mellom anna samarbeidd om å følgje opp merknadene og tilrådingane. Dette har resultert i ein rapport om departementa si oppfølging som blei gjord offentlig i juni 2011. Redd Barna har, med økonomisk støtte frå BLD, utarbeida ein barnevennleg ver-

sjon av merknadane frå barnekomitéen som blei lansert i august 2011.

Det blei gjennomført eit dialogforum mellom ungdomsrepresentantar frå fylka og Barne-, likestillings- og inkluderingsministeren i mai 2010. Tema for forumet var ungdoms helse, ungdoms innverknad og stemmerett for 16-åringar.

Fylkesmannen i Troms lanserte i 2009 satsinga *Sjumilssteget – for barn og unges beste*. Gjennom å fokusere på sju sentrale rettar i barnekonvensjonen har fylkesmannen funne ein reiskap for å kvalitetssikre kommunane sitt tilbod til barn og unge. BLD har i 2010 løyvd midlar til fylkesmannen for å formidle Sjumilssteg-modellen til andre fylkesmenn i Noreg.

Målretta forskning, kompetanseoppbygging og erfaringsformidling

BLD har ført vidare samarbeidet med Noregs forskingsråd gjennom forskingsprogrammet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* (VAM). Det er òg gitt tilskot til ulike forskingsmiljø til oppdrag og undersøkingar. Departementet har ført vidare samarbeidet med Kulturdepartementet om *Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor*, for å sikre forskning på barn og unges frivillige engasjement, mellom anna innanfor barne- og ungdomsorganisasjonane.

Samarbeidet med Statistisk sentralbyrå (SSB) om å utarbeide aktuell statistikk om barn og ungdom blei ført vidare. BLD har òg tildelt midlar til delfinansiering av *Barnebarometeret*, der SSB har utarbeidd eit indikatorsett for barns miljø og helse. Helse- og omsorgsdepartementet er ansvarleg for prosjektet. BLD har òg delfinansiert tilrettelegginga av grunnlagsdata og analysearbeidet til boka *Risiko og marginalisering – norske barns levekår i kunnskapssamfunnet*. Boka er ein studie av levekåra til barn og unge. Grunnlagsarbeidet er òg nyttig i form av å fungere som indikatorsett for risiko og marginalisering.

Medie- og informasjonskanalar tek omsyn til barn og ungdoms særskilde rettar og behov

BLD har ført vidare støtta til nettportalen *ung.no*. Nettportalen har som målsetjing å vere ein samla informasjonskanal frå departementa til ungdom. I 2010 har *ung.no* nådd ut til 2,8 mill. unike brukarar.

Våren 2010 arrangerte Bufdir to regionale ungdomsinformasjonskonferansar. Temaet for konferansane var korleis informasjonsarbeidet retta mot ungdom kan etablerast, gjennomførast

og styrkjast i kommunane. Innhaldet var spissa mot nye nettbaserte medium og korleis offentlege aktørar, kommunane især, kan nå ungdom via elektroniske kanalar.

Tiltaksplanen *Barn, unge og Internett* blei ført vidare. Tiltaksplanen er ein del av *Trygg bruk-prosjektet*, som arbeider for trygg bruk av digitale medium for barn og unge. Medietilsynet har koordinert tiltaksplanen og prosjektet. Gjennom prosjektet er det bygt opp eit nettverk der departement, statlege etatar, forskingsinstitusjonar, frivillige organisasjonar, bransjeorganisasjonar og føretak arbeider saman om kunnskap, ressursar og informasjon om trygg bruk av teknologi for barn og ungdom. Ein ny *Trygg bruk-undersøkelse* om barn og digitale medium blei òg presentert i 2010. Undersøkinga syner at godt over halvparten av barna har fått informasjon om trygg bruk av Internett, og at det er ein større del som har fått informasjon om trygg bruk av mobiltelefon no enn ved undersøkinga i 2008. BLD tok òg del, saman med aktuelle departement, i oppfølginga av EU-programmet *Sikrere Internett (2009–2013)*.

BLD gav i 2010 tilskot til organisasjonen Barnevakten. Tilskotet skal nyttast til organisasjonens informasjonsarbeid om media og ny teknologi gjennom foreldremøte i skole og barnehage. Barnevakten møter i sitt arbeid mellom 10 000 og 12 000 foreldre i foreldremøte i skole og barnehage kvart år.

Strategiar og tiltak for 2012

Godt samarbeid mellom ulike departement, mellom statlege og lokale styresmakter og med frivillig sektor

BLD vil arbeide for at samarbeidet mellom ulike departement om ein gjennomgåande politikk for barn og ungdom blir ført vidare. Dette skjer mellom anna gjennom samarbeid om handlingsplanar, felles strategiar, forsøks- og utviklingsarbeid, informasjonsarbeid og konferansar. BLD fører òg vidare samarbeidet mellom departementa om utgiving av publikasjonen *Satsing på barn og ungdom*, som gir oversikt over mål og innsatsområde i statsbudsjettet.

Som ledd i arbeidet med å stimulere kommunane til å auke satsinga på barn og ungdom utnemner BLD kvart år Årets barne- og ungdomskommune. Kåringa skjer på Barne- og ungdomskonferansen, ein årleg konferanse for tilsette i kommunar, ungdom og politikarar frå heile landet. I tillegg til denne faste konferansen blir dialogen med kommunane og fylkeskommunane ført

vidare gjennom andre konferansar, samlingar og møte.

BLD vil òg i 2012 stimulere til dialog og samspel mellom styresmaktene og frivillig sektor. Frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar spelar ei viktig rolle, både som ein arena for læring om demokrati og likebehandling og som tilbydarar av verdifulle aktivitetstilbod for barn og unge. Det vil bli lagt opp til kontakt med ungdomsmiljøa gjennom systematisk kontakt med frivillige organisasjonar og grupper, mellom anna gjennom høyringar og møte. Det vil òg bli lagt vekt på kontakt med forskingsmiljø som forskar på frivillig arbeid og deltaking blant ungdom.

BLD har ansvaret for å fremme og koordinere arbeidet med ei betre overvaking av gjennomføringa av FNs konvensjon om barnerettane. Arbeidet med oppfølginga av merknadene og tilrådingane frå FNs barnekomité frå januar 2010 vil halde fram i 2012, mellom anna gjennom dialog mellom statlege organ, frivillige organisasjonar og Barneombodet. På enkelte område har regjeringa bedt om ytterlegare oppfølging. Det er sett i gang ein dialog mellom BLD og aktuelle departement for å kome fram til konkrete forslag til tiltak på dei aktuelle områda. Det vil òg bli halde jamlege møte med frivillige organisasjonar. Som eit ledd i å styrkje barn og unges høve til medverknad på statleg nivå blir dialogforumet mellom barne-, likestillings- og inkluderingsministeren og ungdomsrepresentantar òg ført vidare.

Stimulere til målretta forskning, kompetanseoppbygging og erfaringsformidling

BLD ser det som viktig å stimulere til forskning, kompetanseoppbygging og erfaringsformidling som ledd i arbeidet med å sikre ein god politikk for barn og ungdom. Samarbeidet med Noregs forskingsråd om forskingsprogrammet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* (2009–2018) blir ført vidare. Departementet vil òg føre vidare samarbeidet med Kulturdepartementet om Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, for å sikre forskning på barn og unges frivillige engasjement, mellom anna innanfor barne- og ungdomsorganisasjonane. I tillegg vil samarbeidet med SSB om statistikk om barn og ungdom bli ført vidare. Det vil bli gitt tilskot til forskingsmiljø, til oppdrag og undersøkingar og til utarbeiding av eksempelsamlingar. Det vil òg bli gitt tilskot til konferansar og anna kompetanseoppbygging om barn og ungdom.

Trygg bruk av digitale medium

BLD vil framleis ta del i den tverrdepartementale tiltaksplanen *Barn, unge og Internett*. Her blir barn og foreldres haldningar til og bruk av Internett jamleg kartlagde. Tiltaksplanen er ein del av Trygg bruk-senteret (tidlegare *Trygg bruk-prosjektet*) som blir koordinert av Medietilsynet. Departementet tek del i ei tverrdepartemental kontaktgruppe for å fremme barn og ungdom sine interesser og behov i utviklinga av informasjonssamfunnet. BLD vil, saman med andre aktuelle departement, føre vidare arbeidet med oppfølginga av EU-programmet *Sikrere Internett* (2009–2013).

Delmål 5.2: Deltaking og like moglegheiter for alle barn og unge

Resultatrapport 2010/2011

Gode oppvekst- og levekår for ungdom i større bysamfunn

BLD forvaltar tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*, som i 2010 omfatta 23 bykommunar. I 2010 var ordninga på om lag 48,9 mill. kroner. Innsatsen er todelt: ei satsing retta mot ungdom (ungdomstiltak), og ei særskild satsing retta mot barn, unge og familiar som er råka av fattigdomsproblem (fattigdomstiltak). Satsinga retta mot ungdom, utgjorde 17,4 mill. kroner, og fattigdomssatsinga utgjorde 31,5 mill. kroner. Fattigdomssatsinga er nærmare omtalt under resultatrapporten for delmål 5.3 Målretta tiltak mot fattigdom blant barn og unge.

Midlane til ungdomstiltak er nytta til tiltak og prosjekt retta mot ungdom i alderen 12–25 år med særskilde behov og utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø. Dei fire største byane og sju prioriterte bydelar i Oslo disponerer sjølv ei ramme til ungdomstiltak. Dei 19 andre bykommunane søker departementet om midlar. Om lag 82 prosent av midlane blei fordelte mellom dei fire store byane Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Oslo fekk samla om lag 50 prosent av desse midlane. Om lag 18 prosent blei fordelte på dei resterande bykommunane etter søknad. Det blei i 2010 gitt tilskot til 100 ungdomstiltak i dei 23 bykommunane.

Om lag fem prosent av løyvinga blei forvalta av departementet og nytta til strakstiltak og utviklingsarbeid. Departementet har hatt to kontaktmøte med bykommunane som er omfatta av ordninga. Det blei utarbeidd ei ny rettleiing for søknadshandsaminga for 2011.

Departementet har òg teke del i arbeidet med *Groruddalssatsinga*. Det blei mellom anna sett av 13 mill. kroner på kap. 857 *Barne- og ungdomstiltak*, post 73 *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* i 2010, øyremerkte arbeidet med Grorud fleirbrukshall. Arbeidet med hallen er forseinka, og det er ikkje utbetalt midlar i 2010 som følgje av arkeologiske funn på tomta.

Eit oppvekstmiljø fritt for vald, mobbing, rus, kriminalitet og diskriminering

Innsatsen for å motverke vald, mobbing, rus, kriminalitet og diskriminering i barne- og ungdomsmiljøa blir ført vidare mellom anna gjennom regjeringa sin handlingsplan om førebygging av kriminalitet, *Gode krefter*, som kom i 2009. BLD har fleire tiltak i handlingsplanen og har i 2010 arbeidd med oppfølginga av desse.

Gjennom tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* er det gitt stønad til prosjekt som arbeider for å motverke vald, kriminalitet, rus, rasisme og diskriminering blant ungdom. Det er gitt stønad til fleire strakstiltak for å løyse akutte problem i ungdomsmiljøa, mellom anna prosjekt retta mot belasta kriminelle unge og kriminelle ungdomsgrupper.

BLD tok del som partner i *Manifest mot mobbing (2009–2010)*. Arbeidet har særskilt handla om mobbing i dei organiserte fritidsmiljøa. Mobbing på den digitale arenaen blei sett på dagsordenen gjennom Medietilsynets arbeid med barn og unges mediebruk i *Trygg bruk-prosjektet*, som òg omhandlar kjønnsrelatert mobbing, seksuell trakassering og anna risikoåtfærd på Internett. Det blei gitt støtte til Medietilsynet og til Ungdom & Fritid for å arrangere seminar om digital mobbing. BLD støtta òg forskning om mobbing og antisosial åtfærd i 2010. Eit nytt *Manifest mot mobbing (2011–2014)* blei underteikna i februar 2011.

Gjennom tilskotsordninga *Mangfold og inkludering* støttar BLD lokale ungdomsprosjekt som fokuserer på mangfald, haldningar og deltaking. Prosjekta blir gjennomførte av frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, fritidsklubbar, ungdomshus og lokale ungdomsmiljø. I 2010 fekk 53 prosjekt støtte. Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) forvaltar ordninga på vegne av BLD.

Eit inkluderande oppvekstmiljø og like levekår for alle grupper barn og ungdom

Satsinga *Unge utenfor* blei avslutta i 2010. Utviklingsarbeidet starta i 2007, og åtte kommunar og

bydelar har gjennom arbeidet utvikla arbeidsmåtar og samarbeidsformer retta mot ungdom som fell utanfor opplæring og arbeidsliv. Eksempelsamlinga *Veier tilbake til skole og arbeid* skildrar erfaringar og resultat frå utviklingsarbeidet. Hausten 2010 gav BLD i tillegg ut rettleingsmaterialet *Det magiske øyeblikket*, som handlar om korleis ein betre kan kome i kontakt med unge som slit, slik at ungdom som treng hjelp, blir oppdaga og får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

På initiativ frå departementet blei det i 2010 òg gjennomført utgreiingar og evalueringar som fortel om resultat og gevinstar av tiltak retta mot ungdom i målgruppa. Vista Analyse gav mellom anna ut ein rapport som viser samfunnsøkonomiske konsekvensar av marginalisering blant ungdom. Rapporten slår fast at tiltak som gjer at fleire unge kjem i arbeid, gir betydelege økonomiske gevinstar for samfunnet.

Kunnskap frå utviklingsarbeid og forskning om tiltak retta mot marginalisert ungdom, ligg til grunn for vidare arbeid. BLD starta hausten 2010 opp *Losprosjektet* for å styrkje oppfølginga av utsett ungdom. Førebels deltek eit utval kommunar frå åtte fylke i prosjektet. Prosjektet blei utvida med kommunar frå to nye fylke i 2011. Formålet er å betre tilknytninga til skole og arbeid blant særleg risikoutsette unge i alderen 14–23 år. Gjennom prosjektet skal ungdom få ein kontaktperson – ein los – som skal følgje dei opp og hjelpe dei med å nyttiggjere seg tilbod som blir gitte i skolen eller av andre instansar. BLD samarbeider med Kunnskapsdepartementet og Arbeidsdepartementet om prosjektet.

Barn og ungdom med innvandrarbakgrunn er ei prioritert målgruppe i arbeidet for å betre oppvekst- og levekåra. Gjennom tilskotsordningane *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* og *Mangfold og inkludering* er det gitt støtte til ei rekke aktivitetar og tiltak retta mot barn og unge i denne gruppa. Prisen *Årets forbilde* blei delt ut for sjette gong til ein vaksen med innvandrarbakgrunn som gjer sær mykje for barn og ungdom.

BLD fekk utarbeidd rapporten *Religiøse grupper og brotprosessar* i 2008. Som oppfølging har Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølv-mordsførebygging i region vest (RVTS Vest) i 2009/2010 fått i oppdrag av BLD å kartlegge kunnskapen i hjelpeapparatet og omfanget av førespurnader. Det blei skriva ein rapport og halde ein fagkonferanse om temaet i 2010.

BLD førte i 2010 vidare arbeidet med Sametinget for å fremme utviklinga av tilbod i kommunane som skal styrkje samisk identitet og tilknytning for barn og ungdom i lokalsamfunnet. BLD

har teke del i arbeidet med *Handlingsplan for samiske språk*, som blei lagd fram i 2009. BLD har i 2010 òg gitt tilskot til informasjonsfilmar om samisk oppvekst og kultur.

For å styrkje arbeidet med å skape eit meir inkluderande oppvekstmiljø for barn og unge med nedsett funksjonsevne fekk BLD utarbeidd ei eksempelsamling for alle kommunar om korleis ein kan inkludere barn og unge med nedsett funksjonsevne i fritidsaktivitetar. BLD har òg gitt driftstilskot og hatt halvårige kontaktmøte med samanslutninga Unge funksjonshemma. Fleire organisasjonar for barn og unge med nedsett funksjonsevne har fått grunnstønad gjennom BLD si tilskotsordning til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, og lokale tiltak har fått støtte gjennom tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*.

Arbeid med likeverd og like høve for jenter og gutar blei følgt opp gjennom ulike tilskotsordningar, mellom anna *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*, og gjennom kontakt med organisasjonar og ungdomsmiljø. Nordisk ministerråd initierte i 2009 ei undersøking om nordiske ungdommars haldningar til mellom anna likestilling, fritid og familieforhold. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) fekk midlar av BLD til å gjennomføre den norske delen av datainnsamlinga. Som ei oppfølging av denne datainnsamlinga fekk NOVA i 2010 midlar til eit forskingsprosjekt om ungdom, kjønn og likestilling i Norden. Forskingsprosjektet vil vere ferdig hausten 2011.

Internasjonalt arbeid

Ei omtale av det internasjonale barne- og ungdomsarbeidet finst i del III, Omtale av særlege tema.

Strategiar og tiltak for 2012

Gode oppvekst og levekår for barn og ungdom i større bysamfunn

Fleire barn og ungdom blir råka av dårlege oppvekst- og levekår i storbyane enn i andre delar av landet. Det er derfor behov for ei særskild satsing retta mot barn og ungdom i større byar.

BLD vil bidra til at barn og ungdom i område med levekårsproblem kan få høve til å delta på lik linje med andre. Tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* vil bli ført vidare og vil i 2012 omfatte 23 bykommunar og sju prioriterte bydelar i Oslo. Målet er å medverke til å

betre oppvekst- og levekår og bidra til sosial inkludering. Ordninga er retta inn mot barn og ungdom. Løyvinga skal nyttast til tiltak og prosjekt for barn og ungdom med spesielle behov og for utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø. Sjå òg omtale under kapittel 857 Barne- og ungdomstiltak, post 60 Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn.

Gjennom *Grorudalssatsinga og Handlingsprogram Oslo Sør* vil departementet framleis bidra til å styrkje barn og ungdoms oppvekstvilkår.

Informasjon til barn og ungdom

Det er viktig for styresmaktene å leggje til rette for samla og lett tilgjengeleg informasjon til barn og unge. Nettstaden *ung.no*, som blir drifta av Bufdir, tilbyr ungdom mellom 14 og 20 år informasjon om det dei lurar på, og bidreg til å sikre barn og unge sine rettar og interesser på informasjons- og medieområdet. *Ung.no* skal vere den nettstaden offentlege instansar bruker for å nå ut til ungdom. *Ung.no* skal i 2012 føre vidare samarbeidet med fleire offentlege etatar og nettsider for å sikre ungdom relevant informasjon gjennom fleire kanalar. *Ung.no* går i 2012 frå å vere prosjekt til å bli innlemma i Bufdir sitt ordinære informasjonsarbeid. Løyvinga blir samstundes auka med 0,5 mill. kroner.

Bufdir administrerer også det norske Eurodesk-kontoret, som publiserer informasjon og svarer på spørsmål om stipendordningar og moglegheiter for å jobbe og studere i Europa.

Innsats mot vald, mobbing, rus, kriminalitet og diskriminering

Innsatsen for å motverke vald, mobbing, rus, kriminalitet, rasisme og diskriminering i barne- og ungdomsmiljøa blir ført vidare. Departementet har fleire tiltak i handlingsplanen *Gode krefter – kriminalitetsforebyggjande handlingsplan* (2009–2012). Gjennom tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* vil det òg i 2012 bli gitt stønad til tiltak som har som mål å motverke vald, kriminalitet, rus, rasisme, diskriminering og andre negative trekk i ungdomsmiljøa.

Manifest mot mobbing (2011–2014) er eit forpliktande samarbeid mellom regjeringa og sentrale aktørar i arbeid mot mobbing. BLDs innsats mot mobbing rettar seg særskilt mot dei organiserte fritidsmiljøa. BLD vil halde fram arbeidet for at fritidsklubbar og frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar skal stå fram som opne og inkluderande møteplassar. BLD vil òg arbeide særskilt

mot mobbing og trakassering via digitale medium og mobbing relatert til kjønn.

BLD vil gjennom tilskotsordninga *Mangfold og inkludering* støtte opp om lokale ungdomsprosjekt som legg vekt på mangfald, haldningar og nye former for deltaking. Tilskotsordninga blir forvalta av Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU), og målgruppa er frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, fritidsklubbar, ungdomshus og lokale ungdomsmiljø.

Eit inkluderande oppvekstmiljø og like levekår for alle grupper barn og ungdom

BLD vil styrkje den særskilde innsatsen retta mot ungdom som står i fare for å falle utanfor opplæring og arbeidsliv, gjennom *Losprosjektet* med 1 mill. kroner. Målet med prosjektet er å betre tilknyttinga til skole og arbeid blant særleg risikoutsette unge i alderen 14–23 år. Ein må sjå innsatsen i samanheng med Kunnskapsdepartementet si satsing for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring – *Ny GIV*.

BLD har sett i gang eit forskingsprosjekt for å evaluere måloppnåinga i *Losprosjektet*, og rapport skal leverast til BLD i 2014. Resultata frå evalueringa skal nyttast som grunnlag for å vurdere ei eventuell nasjonal spreiring av prosjektet.

Barn og ungdom med innvandrarbakgrunn er ei prioritert målgruppe i arbeidet med å sikre gode oppvekst- og levekår for alle. Verkemidla ligg særleg innanfor tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* og innanfor barnevernet, sjå omtale under delmål 6.1 *Gode tiltak og høg kompetanse i statleg og kommunalt barnevern*, og gjennom tilskot til forskning og utviklingsarbeid. Departementet vil òg i 2012 dele ut ein pris til ein vaksen med innvandrarbakgrunn som gjer ein særleg innsats for barn og ungdom.

BLD har gitt Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS), region vest, i oppgåve å etablere kompetansetiltak for og rettleing om religiøse miljø og brotprosessar til tilsette i hjelpeapparatet. Det langsiktige målet er å gjere det ordinære hjelpeapparatet betre i stand til å møte menneske med traumatiske opplevingar knytte til religiøse miljø og brotprosessar.

Departementet vil føre vidare samarbeidet med Sametinget for å fremme utviklinga av tilbod i kommunane for å styrkje samisk identitet og tilhørsle og sikre at rettane til barn og unge blir innarbeidde i kommunale planar. BLD samarbeider med Fornyings-, administrasjons- og kyrkje-

departementet og Sametinget om *Handlingsplan for samiske språk*.

BLD vil òg i 2012 bidra til å styrkje integrering og deltaking blant unge med nedsett funksjonsevne gjennom jamleg dialog med samanslutninga Unge funksjonshemma. Vidare får mange frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar for barn og unge med nedsett funksjonsevne grunnstønad frå BLD si tilskotsordning til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar. Lokale tiltak kan òg få stønad gjennom tilskotsordningane *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* og *Mangfold og inkludering*.

Målet om likeverd og like høve for jenter og gutar blir følgt opp mellom anna gjennom ulike tilskotsordningar og gjennom kontakt og dialog med ungdomsmiljøa. Til dømes er likeverd og like høve for jenter og gutar eit kriterium det blir lagt vekt på i tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*.

EUs ungdomsprogram Aktiv ungdom

Ei omtale av programmet finst i del III, Omtale av særlege tema.

Delmål 5.3: Målretta tiltak mot fattigdom blant barn og unge

Resultatrapport 2010/2011

Reduserte konsekvensar av fattigdom blant barn, ungdom og familiar i større bysamfunn

Den særskilde satsinga retta mot barn, unge og familiar som er råka av fattigdomsproblem, blei ført vidare i 2010 gjennom tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*. 31,5 mill. kroner blei fordelte på 184 tiltak i dei 23 bykommunane og dei sju prioriterte bydelane som er omfatta av ordninga. Det blei gitt støtte til ferie- og fritidstiltak og til tiltak som kan fremme tilknytting til arbeidslivet for unge med lite eller mangelfull utdanning. Det blei òg gitt støtte til meir langsiktige og samordna tiltak som skal motverke utstøying av barn og unge som er råka av fattigdomsproblem. Satsinga blei ført vidare i 2011, og løyvinga blei auka med 5 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett. Samla løyving i 2011 er 36,5 mill. kroner.

Evalueringsrapporten av departementets særlege satsing retta mot barn, unge og familiar råka av fattigdom, innanfor tilskotsordninga, blei levert i mai 2010. Evalueringa omhandlar tiltaka og måten ordninga blei forvalta på i byane/bydelane som var omfatta av ordninga i perioden 2003–

2009. Eit viktig oppfølgingspunkt har vore å sikre at tiltaka skal vere opne for alle for å motvirke stigmatisering og styrkje kontrollen med måloppnåinga. I 2010 blei regelverket for tilskotsordninga og rettleiinga justerte for å klargjere ansvaret for oppfølging og kontroll som følgje av tilrådingane i evalueringa. Tilrådingane i rapporten er òg følgde opp mellom anna gjennom utvikling av eit hefte med oversikt over alle tiltaka i byane i 2010.

Strategiar og tiltak for 2012

Reduserte konsekvensar av fattigdom blant barn, ungdom og familiar i større bysamfunn

Ein stor del av barna som lever i familiar med vedvarande låg inntekt, bur i dei store byane. Fattige barn blir oftare råka av sosial og økonomisk ute-stenging frå deltaking på fritida og reiser sjeldnare på ferie med familien sin. Det er nødvendig å ta omsyn til barns behov når det gjeld tiltak mot fattigdom, og leggje til rette for at alle barn og unge skal få delta og utvikle seg uavhengig av for-eldra sin sosiale og økonomiske situasjon.

BLD vil i 2012 føre vidare den særskilde satsinga retta mot barn, unge og familiar råka av fattigdomsproblem, gjennom tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*. Ordninga støttar ferie- og fritidstiltak for barn, ungdom og familiar, tiltak som bidreg til kvalifisering og inkludering, og meir langsiktige og samordnande tiltak som skal motverke utstøying av barn og unge råka av fattigdomsproblem. Samhandling mellom offentlege aktørar og frivillig sektor står sentralt for å fremme dei sosialpolitiske målsetjingane som ligg til grunn for innsatsen mot fattigdom. Arbeidet med tilskotsordninga blir følgd opp ved at departementet årleg har to kontakt- og erfaringsmøte med byane.

BLDs tilskotsordning retta mot fattigdom blant barn, ungdom og familiar i storbyane, inngår i regjeringas samla satsing mot barnefattigdom. Tilskotsordninga vil bli sett i samanheng med andre statlege tilskotsordningar og satsingar. Her kan det særleg visast til Arbeidsdepartementet si nye tilskotsordning *Kompetanse og utviklingstiltak for å forebygge og redusere fattigdom blant barn, unge, og barnefamilier som er kontakt med sosialtjenesten*, sjå omtale under Arbeidsdepartementets Prop 1 S (2011-2012) kapittel 621. Det er eit mål at det skal bli enklare for søkarane å få ei heilskapleg oversikt over ordningane. Ei samla oversikt over regjeringas innsats mot fattigdom finst i Arbeidsdepartementets Prop 1 S (2011-2012).

Delmål 5.4: Makt og påverknad for barn og unge

Resultatrapport 2010/2011

Brei deltaking frå barn og ungdom i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane

BLD støttar det nasjonale og internasjonale arbeidet til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane gjennom tilskotsordninga for nasjonal og internasjonal grunnstønad. Midlane blir fordelte av Fordelingsutvalet. I 2010 blei 85,3 mill. kroner i nasjonal grunnstønad fordelte på 81 organisasjonar. Dette er ein auke på 5 organisasjonar frå 2009, og auken heng hovudsakleg saman med at spesielt organisasjonar for barn og unge med innvandrarbakgrunn eller med nedsett funksjonsevne kjem inn i ordninga. 3,5 mill. kroner i internasjonal grunnstønad blei fordelte på 33 organisasjonar i 2010. Dette er ein auke på 2 organisasjonar frå 2009. Departementet har òg arrangert den årlege kontaktkonferansen for dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Temaet for konferansen i 2010 var deltaking for alle.

Tilskotsordningane skal leggje til rette for barn og unges deltaking i barne- og ungdomsorganisasjonane og sikre organisasjonane som arena for medverknad og demokrati. Dette blir sikra ved at dei organisasjonane som får støtte, må vere demokratisk oppbygde med lik rett til påverknad frå fylte 15 år.

I tillegg fordelte Bufdir 9,6 mill. kroner til nasjonalt driftstilskot og 3,1 mill. kroner til internasjonal driftstilskot til Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar, Ungdom & Fritid og Unge funksjonshemma. 2010 var det første året der Ungdom & Fritid og Unge funksjonshemma fekk tildelt internasjonalt tilskot, noko som har resultert i eit auka internasjonalt engasjement i begge samanslutningane.

Barn og ungdom har innverknad på utviklinga av samfunnet

Departementet heldt i 2010 fram med å stimulere kommunane til å auke barn og unges deltaking i og innverknad på samfunnet. Departementet har følgd opp eit forskingsprosjekt om organ for medverking for barn og ungdom i kommunar og fylke. Tala frå undersøkinga viser at 82 prosent av dei om lag 350 kommunane og bydelane som svarte på undersøkinga, har eit organ der barn og unge har innverknad. Rapporten viser òg at det er fleire saksområde der barn og unge kan bli inviterte til å diskutere lokale avgjerder. Resultata frå prosjektet har vore ein del av kunnskapsgrunnlaget for

departementets vidare arbeid med å styrkje barn og ungdoms deltaking og innverknad i kommunane.

Departementet har spreidd kunnskap om kor viktig det er å involvere barn og ungdom i deira eige lokalmiljø, mellom anna gjennom den årlege barne- og ungdomskonferansen for kommunesektoren. Temaet på konferansen i 2010 var ung makt og lokalt engasjement. BLD har saman med Kommunal- og regionaldepartementet gitt ut eit rundskriv til kommunane som gir ei samla framstilling av barn og unges rettar, lover og regelverk knytte til fritidsmiljø og til deltaking og innverknad. Rundskrivet blei sendt til kommunane i april 2011.

Regjeringa sette hausten 2010 ned eit offentleg utval som skal greie ut unges makt og deltaking. Utvalet skal leggje fram arbeidet sitt 15. desember 2011.

Strategiar og tiltak for 2012

Det er behov for å ha kontinuerleg søkjelys på den retten barn og ungdom av begge kjønn har til deltaking og innverknad i kvardagslivet og i samfunnsutviklinga. Departementet ønskjer å stimulere til at enda fleire kommunar arbeider for brei medverknad frå barn og unge, slik at dette blir ein viktig og innarbeidd del av kommunane si verksemd. BLD vil bidra til utveksling av idear og røynsle, mellom anna gjennom kåringa av Årets barne- og ungdomskommune og ved at temaet blir diskutert på konferansar og samlingar.

Brei deltaking frå barn og ungdom i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er viktige aktørar i barne- og ungdomspolitikken. BLD støttar det lokale, nasjonale og internasjonale arbeidet til organisasjonane gjennom ulike tilskotsordningar. Støtta er eit viktig verkemiddel for å sikre barn og unges deltaking og engasjement. Målet er å bidra til eit levande og mangfaldig organisasjonsliv for og med barn og unge. Departementet føreslår å auke løyvinga til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane med 5 mill. kroner i 2012.

BLD vil føre vidare tilskotsordninga for dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Ordninga omfattar både grunnstønad til nasjonalt og internasjonalt arbeid, jf. forskrifta om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar. For å vurdere måloppnåinga med tilskotsordninga vil Fordelingsutvalet sjå på rapporteringa frå organisasjonane i samband med den årlege søknaden

om tilskot og utføre ei spørjeundersøking i organisasjonane. Resultata vil danne grunnlag for det vidare arbeidet med tilskotsordninga.

Kontakten og dialogen med frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar vil halde fram gjennom jamlege kontaktmøte og den årlege kontaktkonferansen mellom departementet og frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar.

Unges makt og deltaking

Departementet vil i 2012 vurdere forslag frå eit offentleg utval som ser på unges makt og deltaking (*Ungdommens maktutredning*). Utvalet, som blei sett ned hausten 2010, skal ha eit breitt perspektiv på arbeidet og greie ut høve og barrierar for makt og deltaking for ulike grupper. Det skal vurdere forslag som kan bidra til å auke unges makt og deltaking på ulike arenaer. Dessutan skal utvalet greie ut unges makt over og høve for meistring av eigen livssituasjon, forhold knytte til unges makt som forbrukarar og som brukarar av offentlege tenester. Utgreiinga skal i hovudsak konsentrere seg om ungdom i alderen 12–26 år og skal leggast fram for departementet 15. desember 2011.

Departementet vil i 2012 òg vidareføre oppfølginga av forslag frå ei ekspertgruppe som blei sett ned av BLD for å greie ut om ungdom sine høve til eit positivt fritidsmiljø og deltaking og innverknad lokalt. Dette vil bli sett i samheng med forslaga frå *Ungdommens maktutredning*.

Barn har, etter FNs konvensjon om barnerettane, rett til å bli høyrde i saker som gjeld barn. BLD ønskjer derfor å inkludere barn i prosessen med rekruttering av nytt barneombod. Det skal opprettast eit barneutval som skal delta i utforminga av kravspesifikasjonane og ved gjennomføring av intervju. Utvalet skal bestå av åtte barn i alderen frå 12 til 18 år.

Delmål 6.1: Gode tiltak og høg kompetanse i statleg og kommunalt barnevern

Resultatrapport 2010/2011

Det kommunale barnevernet

Alle kommunane har ei barnevernsteneste som er ansvarleg for å utføre dei oppgåvene som etter lova ikkje ligg hos eit statleg organ. Kommunal barnevernsteneste har mellom anna ansvar for å gjere undersøkingar, gjere vedtak om hjelpetiltak i heimen, førebu saker for Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, følgje opp barn som er plasserte utanfor heimen, godkjenne foster-

heim for det enkelte barnet, drive førebyggjande arbeid og gjere akuttvedtak.

I 2010 var det 49 800 barn og unge som mottok tiltak frå barnevernet. Dette var 7,1 prosent fleire enn året før, og auken frå 2008 til 2009 var på 5,3 prosent. Nær 3 300 fleire barn mottok tiltak i 2010 samanlikna med året før. Dette er den største veksten i talet på barn med tiltak vi har sett sidan den nye barnevernlova trod i kraft i 1993.

Talet på barn med tiltak i 2010 auka i alle aldersgruppene. Det er som i tidlegare år fleire gutar enn jenter i barnevernet: 27 400 gutar mot 22 400 jenter tok imot tiltak i 2010. Blant dei barna som var nye i barnevernet i 2010, var det 55 prosent gutar.

Ser ein på barn med tiltak i høve til folketalet, får ein fram eit noko annleis bilete. Det var ein auke i alle aldersgruppene målt per 1 000 barn, men den største auken var i aldersgruppa 13–17 år, der talet på barn med tiltak auka frå 49 til 51 per 1 000 barn siste året. Det er òg i denne aldersgruppa ein finn flest barn med barnevernstiltak per 1 000 barn. Aldersgruppa 3–5 år har den nest største auken, frå 32 til 34 per 1 000 barn frå 2009 til 2010.


I 2010 starta barnevernet nær 32 900 undersøkingar. Dette er 2 700 fleire enn året før og ein auke på 9 prosent frå 2009. Av alle meldingane som førte til at det blei starta undersøking, kom over halvparten frå følgjande fire av tjue moglege

meldingsinstansar: foreldra (mor/far/føresette), skolen, barnevernstenesta og politiet/lensmannen. Meldingar frå barnehagar har auka med 13 prosent frå 2009, men står likevel berre bak rundt 4 prosent av meldingane som førte til undersøking.

Av dei nær 50 000 barna som tok imot tiltak frå barnevernet i 2010, var det 84 prosent som berre fekk hjelpetiltak. Talet på barn som mottok hjelpetiltak, auka med 7,8 prosent frå året før. Talet på barn med omsorgstiltak auka igjen frå 2009 til 2010 med nær 300, etter at det var ein liten nedgang frå 2008 til 2009. Ser ein på dei lange linjene, viser dei at medan 29 prosent av tiltaka var omsorgstiltak i 1993, var berre 16 prosent omsorgstiltak i 2010. Det er altså i stor grad veksten i hjelpetiltak som forklarar veksten i tiltak i barnevernet. Med hjelpetiltak meiner ein både hjelpetiltak i regi av kommunen, hjelpetiltak i regi av kommunen med statleg støtte og hjelpetiltak i statleg regi.

Det statlege barnevernet

Ved utgangen av 2010 fekk 5 000 barn og unge eit tiltak frå det statlege barnevernet. Figur 3.1 viser utviklinga i statlege tiltak dei siste åra.



Figur 3.1 Talet på opphaldsdagar 2008-2010

Samla sett var det 5,1 prosent fleire opphaldsdagar i 2010 enn i 2009 i det statlege barnevernet. Også relativt til barnebefolkninga aukar delen barn som mottok tilbod frå Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Ved utgangen av 2010

fekk om lag 4,5 barn per 1 000 barn i alderen 0–19 år eit tiltak i det statlege barnevernet.

Det er først og fremst omsynet til dei individuelle behova til barnet som er utslagsgivande i val av tiltak. Samstundes er det eit mål å redusere

bruken av institusjon til fordel for stabile familie-plasseringar, fordi det for dei fleste barn er betre å bu i ein familie enn på institusjon. Nedgangen i bruk av institusjon til fordel for auka bruk av fosterheimar held fram i tråd med målsettinga. Det var ein reduksjon i bruk av institusjon på 4,9 prosent frå 2009 til 2010. Bufetat har òg arbeidd med å redusere opphaldstida i institusjon. I 2010 er gjennomsnittleg opphaldstid for aktive saker redusert med tolv dagar for landet samla sett. Det er òg færre barn som har vore lenger enn to år på institusjon. Etersom mange barn er innom institusjonar, er det viktig å få til godt samarbeid og gode overgangar mellom institusjonar og fosterheim.

Nedgangen i bruken av institusjon fører til ein auke i bruk av fosterheim. Særskilt er det ein auke i talet på opphaldsdagar i kommunale fosterheimar med statleg forsterking, det vil seie kommunale fosterheimar som staten støttar økonomisk. Frå 2009 til 2010 var det ein auke på meir enn 30 prosent i fosterheimar med statleg forsterking. Samla sett var auken i fosterheim på 13,6 prosent. Bruken av hjelpetiltak i heimen er samla sett redusert med 7,2 prosent samanlikna med 2009. Dette gjeld hjelpetiltak i statleg regi eller hjelpetiltak i regi av kommunen med statleg støtte. Bruken av *Parental Management Training – Oregon* (PMTO) auka med 20 prosent og bruken av *Multisystemisk terapi* (MST) auka med 13 prosent mellom 2009 og 2010. PMTO og MST er tiltak som er baserte på kunnskap og forskning, og dette støttar opp under målet om å auke bruken av tiltak som er baserte på kunnskap og forskning. Andre hjelpetiltak blei i perioden reduserte.

For å utnytte kapasiteten i dei statlege barnevernsinstitusjonane skal Bufetat først redusere bruken av private institusjonar. Resultata for 2010 viser at etaten lykkast med dette, og nedgangen er størst i private institusjonar. Det var i 2010 ein reduksjon i talet på opphaldsdagar i private institusjonar på 7,2 prosent. Det er framleis fleire opphaldsdagar i private institusjonar enn i statlege. Ved kjøp frå private blir ideelle aktørar prioriterte framfor dei andre private aktørane.

Bufetat har i 2010 implementert standardkontrakt for statlege familieheimar og beredskapsheimar. Standardkontrakten varer i fem år og gir oppdragstakarane mellom anna rett til frihelger, friperiodar mellom oppdrag og medlemskap i Statens pensjonskasse. Alle heimar som hadde kontrakt med Bufetat per 12. februar 2010, fekk tilbod om å gå over på standardkontrakt. Nærmare 90 prosent av fosterheimane har valt å gjere det.

Barnevernets legitimitet i befolkninga

Buudir er rangert som nummer 23 av 50 norske offentlege verksemder i ei måling av offentleg omdømme hausten 2010, og har dermed eit midt-dels godt omdømme i befolkninga.

Barne- og ungdomsundersøkinga 2010 målte kva kjennskap og haldningar barn har til barnevernet. Resultata av undersøkinga viser at dei fleste (68 prosent) knyter barnevernet til noko positivt (å hjelpe barn som har det vanskeleg). Størsteparten veit kva som er oppgåvene til barnevernet, og skolen er den viktigaste kjelda til informasjon om barnevernet, deretter venner og familie. Nesten fire av ti veit om barn eller unge som får eller har fått hjelp av barnevernet. Buudir har laga eit pedagogisk materiell som dei kommunale barnevernstenestene kan bruke når dei fortel barn og unge i grunnskolen om barnevernet.

Forskning og utvikling

BLD og Buudir arbeidde i 2010 med å styrkje kunnskapsgrunnlaget i barnevernet. Satsinga bygde på den langsiktige forskings- og utviklingsstrategien (2009–2012) frå departementet og direktoratet på barnevernsområdet. Støtte til barnevernsforskning blei ført vidare. To større, nye satsingar på forskning blei sette i verk i 2010.

Med stønad frå Buudir blir det gjennomført eit strategisk program for forskning om fosterheimar (2010–2012). Programmet blir gjennomført av tre forskingsmiljø i Noreg (NOVA, noverande BUS Vest / RBUP Vest og Fafo) med samarbeidspartnarar i Sverige og Danmark.

Departementet initierte i 2010 ei evaluering av forvaltingsreforma i barnevernet. Med evalueringa skal departementet få ein heilskapeleg analyse av om måla med reforma er nådde, og evalueringa vil vere sentral i den vidare utviklinga av barnevernet. Evalueringa, som er supplert med resultat frå anna relevant forskning, skal kome i mars 2012.

Helse- og omsorgsdepartementet og BLD samarbeidde i 2010 om å skape meir heilskapelege kompetansmiljø knytte til barn og unge si utvikling og dei behova barn og unge har for samansette tenester. Som eit resultat av dette arbeidet blei Barnevernets utviklingssenter i Nord-Noreg og Regionsenter for barn og unges psykiske helse i Nord-Noreg slått saman i 2011 og fekk namnet Regionalt kunnskapssenter for barn og unge – Nord (RKBU). Ei tilsvarande samanslåing blei gjord i region vest.

Nasjonalt kompetansenettverk for sped- og småbarns psykiske helse er ein del av Regionsenter for barn og unges psykiske helse i aust og sør. Nettverket blir hovudsakleg finansiert av Helsedirektoratet. Utviklingsarbeidet i 2010 var knytt til utprøving i Noreg av internasjonalt kjende kartleggings-, utgreiings- og behandlingsmetodikk for dei minste barna.

Kompetanseheving og spreining av kunnskap

NOU 2009:8 *Kompetanseutvikling i barnevernet* inneheld framlegg om kvalitetsutvikling av studiar og studiemiljø i lys av barnevernet sitt framtidige kompetanse- og kvalifiseringsbehov. Utgreiinga blei sendt på høyring hausten 2009, og høyringsinstansane er i stor grad samde i tilrådingane frå utvalet. I samarbeid med Kunnskapsdepartementet er BLD i ferd med å konkretisere og følgje opp utvalet sine tilrådingar.

God oppfølging av barn i kommunalt og statleg barnevern

Departementet oppretta i 2010 ei arbeidsgruppe under Bufdir som har vurdert tiltak for å styrkje arbeidet med kommunale fosterheimar. Grappa har mellom anna vurdert oppfølging og rettleiing til fosterforeldre, konfliktløysing, utgreiing av barn før plassering, tiltak for biologiske foreldre, tilsynsførarordninga og korleis praksis kan bli meir einskapleg i kommunar og regionar.

Ei ny fosterheimsavtale for kommunale fosterheimar blei ferdig i 2010. Avtala er meir vidfemnande og informativ enn den tidlegare avtala og gir fosterforeldre betre kunnskap om kva rettar og plikter dei har.

Bufetat har oppretta to barnevernsinstitusjonar for ungdom med rusproblem, kvar av dei med 3–5 plassar. Ei kurspakke for å heve kompetansen om rus blant tilsette i institusjonar er distribuert til alle institusjonar. Utover dette har kurset om forskrifta om rettar i institusjonar blitt revidert.

Dei fem institusjonane som nyttar metoden MultifunC, er tilpassa unge med særskilte alvorlege åtferdsvanskar. Rekruttering av ungdommar til ei effektevaluering av denne behandlingsmodellen starta i 2009. Evalueringa blir slutført i 2014.

Tidleg og rett hjelp til grupper av utsette barn, unge og familiane deira

Barnevernet har eit særleg ansvar for utsette barn og unge og bør derfor ha brei kunnskap om barnefattigdom og aktuelle verkemiddel.

Departementet og Bufdir følgjer opp tiltaka som gjeld barn og unge i handlingsplanane mot kjønnslemlesting, tvangsgifte og menneskehandel. Når det gjeld tvangsgifte, arbeider Bufdir særskilt med å etablere eit tilpassa tilbod om bustad i kvar region for unge under 18 år som blir utsette for vald og tvangsekteskap. Arbeidet vil bli avslutta i 2011.

BLD og direktoratet har følgd opp tiltaka som gjeld barn og unge i handlingsplanen. Det er utarbeidd ein ny handlingsplan på området, *Saman mot menneskehandel* (2011–2014). Barneperspektivet i planen er styrkt.

Bufetat styrkte i 2010 det strukturerte samarbeidet på regionalt og lokalt nivå mellom barnevern, psykisk helsevern for barn og unge og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Som ledd i regjeringa si satsing for barn av psykisk sjuke og rusmisbrukande foreldre blei innsatsen i 26 modellkommunar ført vidare. Bufdir og Helsedirektoratet utarbeidde i 2010 eit modulbasert opplæringsprogram i samarbeid med Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP), Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS), Kompetansesenter rus og Bufetat. Målet er å styrkje kompetansen om tidleg intervensjon i kommunane, og å samordne kompetansetilbod på kommunalt nivå.

Satsinga på auka kompetanse om rus blei òg retta mot barn og unge som sjølv rusar seg. Målsetjinga var å avdekkje problema tidlegare og etter det setje i verk tiltak. Det er nødvendig med ei systematisk oppfølging av barna og foreldre/familie over tid for å sikre varig endring. Departementet løyvde midlar til Bergen kommune for å greie ut ein modell for rusførebygging for barn heilt ned til 10 år. Eit slikt lågterskeltilbod skal kunne kartleggje problemet, identifisere barn som er i faresona, og gi behandling til barn og unge som treng det.

Erfaringar frå prosjektet *Barn som lever med vald i familien* (2004–2009) blei formidla gjennom ein landsdekkjande regional konferanse hausten 2010. Prosjektet gav i januar 2011 ut fagboka *Barn som lever med vald i familien*, som byggjer på erfaringar frå prosjektet. Målgruppa for boka er studantar og fagpersonar.

Alarmtelefonen for barn og unge, som er eit nasjonalt kontaktpunkt for barn og unge som treng hjelp, blei ført vidare i 2010. Frå oppstarten i juni 2009 til utgangen av juni 2011 hadde Alarmtelefonen handsama 300 akutte saker. I same tidsrommet hadde Alarmtelefonen i tillegg vidareformidla 373 meldingar til lokale barnevernstenester. Departementet fekk i september 2011 ein evaluering

ringsrapport om Alarmtelefonen frå Rambøll Management. Departementet vil no vurdere forslaga i rapporten.

Planperioden for *Strategi mot seksuelle og fysiske overgrep mot barn* (2005–2009) blei avslutta i 2009. Planperioden for regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar (2008–2011), *Vendepunkt*, blir avslutta i 2011. BLD vurderer no saman med andre aktuelle departement korleis innsatsen mot vald mot barn og seksuelle overgrep skal først vidare i 2012. Sjå omtale under delmål 3.6 *Gode og tilgjengelege tilbod til personar utsette for vald i nære relasjonar*.

Departementet tok i samarbeid med Justisdepartementet del i oppfølginga av NOU 2008:15 *Barn og straff*. Oppfølginga har mellom anna vore knytt til oppretting av ungdomseiningar som er særskilde lukka bustader for unge lovbrutarar, i regi av Kriminalomsorgen. Sjå òg omtale under 6.3 Heilskaplege og samordna tilbod og tenester.

Buudir har hovudansvaret for å følgje opp *Program for foreldrerettleiing* i kommunane i samarbeid med Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet. Sommaren 2011 var det 200 rettleiarar i 110 kommunar i Noreg. *Program for foreldrerettleiing* har eit førebyggjande mål og skal styrkje foreldra si rolle og leggje til rette for ei god utvikling for barn. Samstundes er intensjonen å nå utsette familiar tidleg. Det finst fleire variantar av foreldrerettleiingsprogram, mellom anna basisprogram, program for foreldre med innvandrarbakgrunn og program for foreldre som har barn med nedsett funksjonsevne. Program retta mot fosterforeldre, har òg vore prøvde ut.

Ivaretaking av den fleirkulturelle kompetansen i barnevernet

Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) fekk i 2005 i oppdrag frå BLD og Buudir å innhente kunnskap om fleirkulturelt arbeid i barnevernet. Departementet følgde opp funna i dette arbeidet i 2008 og i 2009 ved å finansiere ei vidareutdanning for kompetanseheving i barnevernet ved fire utvalde høgskular. Vidareutdanninga omhandla òg samisk kultur.

Denne vidareutdanninga er evaluert av NTNU Samfunnsforskning, og sluttrapport blei levert hausten 2010. Evalueringa konkluderte med at vidareutdanninga er fagleg sterk og godt gjennomført frå utdanningsinstitusjonane si side. Rapporten peiker på nokre svake trekk når det gjeld korleis arbeidsgivarane legg til rette for bruk av kompetansen. På bakgrunn av evalueringa vurderer departementet vidare tiltak for framleis styr-

king av den fleirkulturelle kompetansen i barnevernet.

Å auke delen tilsette med innvandrarbakgrunn i barnevernstenesta er eit ledd i arbeidet med å auke den fleirkulturelle kompetansen i barnevernet og å gi arbeidet større legitimitet. Per 1. oktober 2010 var 881 personar med innvandrarbakgrunn tilsette i barnevernstenesta. Dei utgjør 6,1 prosent av alle dei tilsette i barnevernstenesta. Den tilsvarende prosentdelen for 2009 var 5,6. Per 1. oktober 2010 hadde 129 studentar på barnevernsutdanningane innvandrarbakgrunn, det vil seie 5,8 prosent av alle studentane på barnevernsutdanningane. Tilsvarende tal for 2009 var 114 studentar og 5,2 prosent.

Som eit ledd i oppfølginga av NOU 2009:8 *Kompetanse i barnevernet* har departementet gitt stønad til eit treårig pilotprosjekt ved Høgskolen i Oslo. Gjennom å utvikle eit målretta og systematisk rekrutteringsarbeid skal ein auke delen mannlege studentar og studentar med innvandrarbakgrunn ved barnevernspeagogutdanninga.

BLD har sidan hausten 2008 gjennomført mentorordninga *Nattergalen* ved åtte høgskolar og universitet. Målet med ordninga er at dei tilsette i barnevernet skal bli meir kultursensitive i møte med barn, unge og familiar, og at fleire unge med minoritetsbakgrunn fullfører vidaregåande opplæring og tek høgare utdanning. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) evaluerer ordninga, og sluttrapport skal leverast hausten 2011. BLD vil vurdere å vidareføre mentorordninga i 2012.

Gode omsorgstilbod til einslege mindreårige asylsøklarar

Sidan barnevernet overtok ansvaret for einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år, har det kome langt fleire enn prognosane tilsa. Talet på einslege mindreårige asylsøklarar har likevel gått ned sidan toppåret 2009. I juni i 2009 var 212 einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år under barnevernets omsorg. Av desse var 87 i statlege omsorgssenter, medan 125 var plasserte i private tiltak. Ved utgangen av 2010 var det 157 einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år under barnevernets omsorg. Av desse var 130 i statlege omsorgssenter, medan 27 var plasserte i private tiltak. Fylkesmannen har fått oppgåva med å føre tilsyn. Fylkesmannen er òg klageinstans for enkeltvedtak gjorde overfor denne gruppa.

Tala frå 2010 viser at 43 prosent av dei einslege mindreårige asylsøklarane var frå Afghanistan. Det kom òg ein del barn frå Sri Lanka, Eri-

trea, Etiopia og Somalia. Dei aller fleste er gutar, og det er derfor særlege utfordringar knytte til butilboda og kjønn. Bufetat har utarbeidd rutinar for busetjing av einslege mindreårige asylsøkjara under 15 år i samarbeid med Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI). Ei omtale av IMDIs busetjingsarbeid finst under delmål 2.1 *Rask busetjing til kommunane*. Det er eit mål at busetjinga skal skje innan tre månader etter opphaldsløyve. Per 30. juni 2011 var ventetida for busetjing av einslege mindreårige asylsøkjara under 15 år frå omsorgssenter 7,6 månader. Dette er det same som i 2010, men ein auke på 2,3 månader sidan 2009.

Regjeringa har vedteke at ein ikkje vil fremme forslag om å overføre omsorgsansvaret for einslege mindreårige asylsøkjara over 15 år til barnevernet i denne stortingsperioden. Barnevernet har hatt ansvaret for dei einslege mindreårige under 15 år sidan desember 2007, og det er viktig å få kunnskap om korleis reforma har virka. Departementet ønskjer derfor å evaluere omsorgsreforma i 2011/2012.

Kommunane mottok òg i 2010 statsrefusjon for utgifter utover ein eigendel til kommunale barnevernstiltak for einslege mindreårige, for å oppnå målet om å busetje einslege mindreårige asylsøkjara og flyktningar så raskt som mogleg i gode omsorgstiltak. Ordninga med eit særskilt tilskot til kommunane ved busetjing blei ført vidare. I desember 2010 blei det gitt ut eit rundskriv om kommunane sitt ansvar for einslege mindreårige asylsøkjara og andre mindreårige personar i asylmottak og kommunar. BLD vil evaluere dei økonomiske ordningane for flyktningar og einslege mindreårige asylsøkjara i 2011/2012.

I 2010/2011 har departementet, i samarbeid med Bufdir og IMDi, utarbeidd ei handbok til kommunane om arbeidet med busetjing og integrering av einslege mindreårige asylsøkjara og flyktningar. Handboka er meint å vere eit enkelt oppslagsverk for å formidle oppdatert informasjon og er distribuert til alle landets kommunar.

Strategiar og tiltak for 2012

Førebyggjande tiltak og tidleg intervensjon

Regjeringa ønskjer framleis å styrkje det førebyggjande arbeidet retta mot utsette barn, unge og familiane deira, slik at ein kan kome tidleg inn med gode tiltak og på den måten unngå problemutvikling. Det gjeld til dømes å støtte og utvikle tiltak og metodar som kan betre omsorgsevna til for-

eldra for å unngå plassering i fosterheim og på institusjon. Det er òg behov for at det i lokalmiljøa finst førebyggjande lågterskeltilbod for utsette familiar med små barn som er i ein vanskeleg livssituasjon.

BLD fører vidare samarbeidet med Bufdir om tilrettelegging og utvikling av foreldrerettleiingsprogram i kommunane og andre tiltak for utsette familiar og barn med særskilde behov. Ei evaluering av foreldrerettleiingsprogrammet i regi av *International Child Development Programme* (ICDP) viser at programmet gir god støtte for foreldre og gir betre relasjonar mellom barn og foreldre ved å redusere åtferdsproblem. Vidare oppfølging blir vurdert mellom anna på bakgrunn av rapporten.

Kunnskapsutvikling i barnevernet

Eit kunnskapsbasert tenestetilbod er ein grunnleggjande føresetnad for at barn, unge og familiane deira får hjelp av høg kvalitet. Dette krev kunnskapsutvikling gjennom målretta forskingsinnsats og kompetansebygging. BLD og Bufdir har utvikla ein langsiktig forskings- og utviklingsstrategi (2009–2012) på barnevernsområdet. I 2012 vil ein starte arbeidet med ein FoU-strategi for neste periode.

Arbeidet med å utvikle kunnskapsgrunnlaget gjennom konkrete FoU-prosjekt held fram i 2012. Forskingsinnsatsen på fosterheimsområdet og på hjelpetiltaksområdet er av dei prioriterte og langsiktige prosjekta. Departementet vil òg få ein forskingsrapport som skal svare på kvifor og kva som skjer når barnevernet legg bort meldingar og undersøkingar.

Nye tal og ny statistikk om barn med innvandrarbakgrunn i barnevernet vil bli prioriterte. Ein vil òg sjå nærmare på levekåra til einslege mindreårige flyktningar. Vidare skal ein evaluere reforma knytt til barnevernets omsorgsovertaking av einslege mindreårige asylsøkjara under 15 år. Ein tek òg sikte på å initiere eit prosjekt om barn som er offer for menneskehandel.

Det kommunale barnevernet har plikt til å evaluere hjelpetiltaka det set i gang. Dette følgjer av ei lovendring i barnevernlova som trod i kraft 1. juli 2009. I 2012 vil departementet utarbeide materiell som vil hjelpe kommunane i arbeidet når dei skal evaluere hjelpetiltaka dei bruker.

For å skipe meir heilskaplege forskings- og kompetansmiljø knytte til barn og unge si utvikling og behovet deira for samansette tenester, har Helse- og omsorgsdepartementet og BLD arbeidd for at Barnevernets utviklingscenter og Region-

senter for barn og unges psykiske helse skal slåast saman til eit felles senter. I 2012 skal sentra i Midt-Noreg slåast saman.

BLD vil i samarbeid med andre departement styrkje innsatsen for å førebyggje og avdekke vald og overgrep mot barn og unge og for at dei utsette skal få god hjelp og behandling. Departementet vil mellom anna setje i verk tiltak i *Handlingsplan mot vald i nære relasjonar* (2012–2014).

Barns rett til å bli høyrde er eit viktig prinsipp i utviklinga av eit godt barnevern. Regjeringa vil vidareføre arbeidet med brukarundersøkingar og mellom anna diskutere med utdanningsinstitusjonane korleis prinsippet kan sikrast i utdanninga av dei som skal arbeide i barnevernet.

Eit breitt samansett panel gir hausten 2011 råd til regjeringa om utviklinga av barnevernet (Barnevernpanelet). Regjeringa vil vurdere forslaga i 2012 i lys av tilrådingane frå evalueringa av forvaltingsreforma i barnevernet.

Kommunalt barnevern

NOU 2009:8 *Kompetanseutvikling i barnevernet* fremma fleire forslag både for styrking av grunnutdanningane og for kompetansestyrking etter fullført grunnutdanning. Departementet følgjer opp forslaga frå utvalet. I 2012 er desse forslaga nye:

- gjennomføre ein utdanningskonferanse som drøftar behova for eit meir einskapleg studietilbod med høg kvalitet, i samarbeid med utdanningsinstitusjonane og andre involverte instansar
- innføre ei ordning med rettleidd praksis for nyttilsette i barnevernet, jf. omtale delmål 6.4 *Auka kapasitet i det kommunale barnevernet*

Departementet samarbeider tett med Kunnskapsdepartementet om å følgje opp tilrådingane til utvalet, og oppfølginga må òg sjåast i samanheng med Kunnskapsdepartementets stortingsmelding om utdanning for yrka i velferdsstaten.

Regjeringa si satsing på auka kapasitet i det kommunale barnevernet inneber òg ei satsing på auka kompetanse i barnevernstenesta. I 2011 har kommunane fått tildelt om lag 52 mill. kroner til tiltak for å styrkje kompetansen i sakshandsaming, til fagleg kompetanseheving, til rettleidd praksis og til tiltak for å betre organiseringa av tenesta. Sjå òg omtale under delmål 6.4 *Auka kapasitet i det kommunale barnevernet*.

Det er framleis behov for å auke kompetansen i det kommunale barnevernet. Auken i dei øyremerkte midlane til kommunalt barnevern i 2012

vil gi rom for tilbod om rettleidd praksis og andre kompetansetiltak i kommunane.

Utvikle tiltak for å identifisere rusproblem hos barn og unge og utvikle tilbod til barn av rusmisbrukande og psykisk sjuke foreldre

Erfaring viser at mange i barnevernet slit med rusrelaterte problem i vaksen alder. I 2012 vil departementet i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Justisdepartementet og Kunnskapsdepartementet vurdere å setje i gang eit pilotprosjekt på bakgrunn av ei utgreiing av organisering og utvikling av eit rusførebyggjande lågterskeltilbod i Bergen kommune. Målet er å etablere eit tilbod som skal fange opp barn og unge frå 10 til 20 år som er i fare for å utvikle, eller som har utvikla eit rusmiddelmissbruk. Lågterskeltilbodet skal kunne gi rettleiing og informasjon til foreldre og tilgrensande tenester, og det skal tilby forskingsbasert behandling til barn og unge som treng det.

Bufetat har sett i gang eit systematisk arbeid for betre kartlegging av ungdoms livssituasjon og rusproblem gjennom opplæring av tilsette i barnevernet i bruk av kartleggingsverktøyet *Euro-ADAD*. I 2012 vil opplæringa i kartleggingsverktøyet skje i regi av Bufetat.

Regjeringa har sett i gang ei satsing retta mot barn av psykisk sjuke og/eller rusmiddelavhengige foreldre for 2007–2014, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008).

Som ledd i denne satsinga har departementet sett i verk *Modellkommuneprojektet* og oppnemnt 26 kommunar som modellkommunar frå 2007–2014. Departementet vil arbeide vidare saman med modellkommunane for å utarbeide modellar for tverrfagleg samarbeid, tidleg intervensjon, førebyggjande tiltak og heilskapleg og systematisk langsiktig oppfølging av barn i denne målgruppa. For å styrkje kunnskapsutviklinga når det gjeld omsorgssvikt og skeivutvikling, og opplæringa av tilsette i barnevernet gir departementet støtte til Kompetansenettverk for spe- og småbarns psykiske helse ved RBUP søraust. Nettverket utviklar kompetansehevande tiltak i tråd med barnevernets behov og tilbyr kurs over heile landet.

Menneskehandel

BLD og Bufdir har eit særleg ansvar for å sjå til at mindreårige offer for menneskehandel har trygge stader å bu, hjelp og vern. I 2011 blei det lansert ein ny handlingsplan, *Saman mot menneskehandel* (2011–2014). Barneperspektivet i den nye planen

er styrkt, og arbeidet i 2012 vil bli knytt til iverksetjinga av handlingsplanen. Det er i alt fem tiltak i planen som gjeld barn. Eit av dei nye tiltaka er å innhente forskningsbasert kunnskap om situasjonen til mindreårige offer i Noreg. BLD vil i samarbeid med andre departement og direktorat følge opp dei barneretta tiltaka i handlingsplanen både på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Departementet vil fremme eit forslag til lovendring til Stortinget om mellombels plassering av barn utsette for menneskehandel utan samtykke. Sjå omtale under 6.2 *Høg rettstryggleik for barn, unge og familiane deira*.

Utvikle tiltaka i det statlege barnevernet

Arbeidet med å utvikle tiltaka i det statlege barnevernet held fram. Tiltaka skal vere baserte på kunnskap frå ny forskning for å auke kvaliteten på alle tiltak i barnevernet. Dette er for å sikre at tiltaka blir verksame, trygge, sikre, at dei involverer brukarane, er samordna, utnyttar ressursane på ein god måte og er tilgjengelege og rettferdig fordelte. Det er eit mål å halde fram vridinga frå bruk av institusjonar til meir bruk av fosterheimar og hjelpetiltak i heimen.

I 2012 vil departementet særleg arbeide med å:

- utvikle eit meir differensiert institusjonstilbod på bakgrunn av arbeidet med rapporten *Kvalitet i barneverninstitusjoner*
- styrkje arbeidet med å rekruttere nye fosterheimar
- halde fram arbeidet med brukarmedverking i utviklinga av tiltaka i det statlege barnevernet

Ved kjøp av barnevernstenester frå private tiltak vil ideelle aktørar framleis bli prioriterte framfor dei andre private aktørane. Den 13. juli 2011 tok Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA) ei avgjerd i ei sak som gjaldt påstand om ulovlege direkte kjøp av institusjonsplassar for barn i barnevernet. KOFA kom til at enkeltkjøpa ikkje var omfatta av forskrift om offentlege innkjøp og dermed ikkje var underlagde ei kunngjeringsplikt. Denne avgjerda vil kunne gi auka fleksibilitet ved innkjøp. Departementet vil, i samråd med andre aktuelle departement, vurdere kva for handlingsrom avgjerda gir.

Gode omsorgstilbod til einslege mindreårige asylsøklarar og flykningar

Bufetat har det nasjonale ansvaret for koordinering og drift av arbeidet med einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år. Sett i lys av svingingane i

talet på einslege mindreårige asylsøklarar som kjem til Noreg, vil departementet sjå på organiseringa av dette tilbodet framover.

Departementet har sett i gang ei evaluering av refusjonsordninga for kommunale barnevernsutgifter og tilgrensande økonomiske ordningar som kommunane mottok i samband med busetjing av einslege mindreårige asylsøklarar. Dette inneber mellom anna å kartleggje kva utgifter kommunane har til denne gruppa barn. Formålet med evalueringa er å sjå om det er mogleg å forenkle dei økonomiske ordningane utan at det går ut over kvaliteten på bu- og omsorgstilbodet for einslege mindreårige. Departementet vil følge opp evalueringa i 2012.

I samarbeid med Kunnskapsdepartementet utvikle og setje i verk tiltak som medverkar til like høve, inkludert skolerresultat og fullføring av utdanning

BLD fører vidare innsatsen gjennom *Losprosjektet*, der målet er å styrkje skole- og arbeidstilknyttinga til marginaliserte unge, sjå òg omtale under delmål 5.2 *Deltaking og like moglegheiter for alle barn og unge*. Innsatsen må sjåast i samheng med Kunnskapsdepartementet si satsing for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring – *Ny GIV*.

BLD varsla at det ville bli arrangert ein internasjonal konferanse om barnevernsbarns skoleresultat i samråd med Kunnskapsdepartementet i 2011. Av praktiske høve kan ikkje konferansen haldast i 2011. BLD tek sikte på å arrangere konferansen i 2012. Målet med konferansen er å presentere forskning og tiltak som kan bidra til å betre skolerresultata og utdanningssituasjonen for barnevernsbarn. Innspela frå konferansen vil gi bidrag til ein strategisk plan for dette arbeidet i Noreg. Planen vil bli utarbeidd av BLD i samarbeid med Kunnskapsdepartementet.

Delmål 6.2: Høg rettstryggleik for barn, unge og familiane deira

Resultatrapport 2010/2011

Departementet sende ut eit høyringsforslag om revisjon av *forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barneverninstitusjoner* og vil vedta reviderte forskrifter.

BLD vedtok i 2010 ei forskrift om senter for foreldre og barn som mellom anna regulerer godkjenning av og tilsyn med sentra, kvalitet og internkontroll og rettar for dei som bur på sentra.

Stortinget vedtok våren 2011 endringar i barnevernlova i samsvar med lovforslag sette fram i

Prop. 40 L (2010–2011) *Endringer i barnevernloven (krav til politiattester mv.)*. Endringane går ut på at det skal leggast fram meir omfattande politiattestar i barnevernet, i samsvar med reglane om barneomsorgsattestar i politiregisterlova. Endringane blei sette i kraft 1. september 2011. Heimlane for statleg tilsyn med kommunalt barnevern blei òg presiserte i samsvar med føringar gitte i Meld. St. 7 (2009–2010) *Gjennomgang av særlovs-hjemler for statlig tilsyn med kommunene*. Endringane blei sette i kraft 15. april 2011.

Stortinget vedtok i 2010 endringar i adopsjonslova og barnevernlova om å opne for ein rett til kontakt mellom barnet og dei biologiske foreldra etter ein adopsjon utan samtykkje frå foreldra etter barnevernlova § 4-20 der dette er til barnets beste, jf. Prop. 7 L (2009–2010) *Endringer i adopsjonsloven og barnevernloven*. Lovendringane blei sette i kraft 1. oktober 2010.

Rettsferdsvederlag

Det er eit mål med maksimalt eitt års sakshandsamingstid i Bufdir for søknader om rettsferdsvederlag frå tidlegare barneheims- og fosterheimsbarn, jf. St.meld. nr. 24 (2004–2005) *Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar*. Av dei 189 sakene Bufdir handsama etter St.meld. nr. 24 i 2010, blei 149 handsama innanfor kravet på eitt år. Handsamingstida var i snitt sju månader for alle sakene etter St.meld. nr. 24.

Barnesakkunnig kommisjon

Barnesakkunnig kommisjon (BSK) blei oppretta 1. januar 2010. Vedtak i barnevernet har store konsekvensar for barna og andre involverte. Det må derfor vere høge krav til dei sakkunnige rapportane som blir nytta som grunnlag for vedtaka i barnevernet. Barnesakkunnig kommisjon blei oppretta for å sikre eit godt fagleg grunnlag i alle rapportane.

BSK har registrert 577 innkomne rapportar for 2010. Kommisjonen skriv i sin årsrapport for 2010 at hovudinntrykket er at dei fleste rapportane er gode nok til å danne grunnlag for avgjerda til oppdragsgivaren. Få rapportar er av så dårleg kvalitet at dei ikkje bør nyttast som sakkunnig vurdering utan tilleggsundersøking eller ny utgreiing.

I 30 prosent av sakene har kommisjonen merknader til dei sakkunnige rapportane, og i fem prosent av sakene blir det lagt fram krav om tilleggsrapport. Departementet har bede BSK gi informa-

sjon om kva som kjenneteiknar dei rapportane der ein ber om tilleggsrapport. BSK har meldt at rapportane mellom anna kan vere ufullstendige, at dei kan gi ei for dårleg skildring av observasjonane som ligg til grunn for vurderingar og tilrådingar, at dei kan ha lite samsvar mellom premisar og tilrådingar, og at dei berre er baserte på ei gjennomgåing av dokument.


Departementet meiner dette viser eit behov for at ein uavhengig kommisjon går gjennom rapportane.

God, forsvarleg og effektiv handsaming i fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Sjå omtale under delmål 1.2 *Effektiv organisering og drift av tilknytte verksemdar*.

Alle meldingar og undersøkingssaker skal gjennomførast i samsvar med tidsfristane i lova


Etter barnevernlova skal kommunane gå gjennom alle meldingar innan ei veke frå dei har teke imot meldingane. Figuren under viser talet på meldingar i åra frå 2004 til 2010, fordelt på meldingar som er gjennomgatte innan ei veke, og meldingar der fristen på ei veke ikkje er halden.



Figur 3.2 Meldingar 2004–2010

I 2010 blei 97 prosent av meldingane gjennomgatte før det var gått ei veke. Det er om lag på same nivå som 2009. Trass i at talet på meldingar auka i 2010, heldt delen av meldingar som blei gjennomgatte før det var gått ei veke, seg stabil.

I 2010 førte 81 prosent av meldingane til at barnevernet sette i gang undersøkingar. Det skal ikkje gå meir enn tre månader, i særlege tilfelle seks månader, frå ei undersøking er sett i gang, til ho er ferdig. Figuren under viser talet på undersøkingar, fordelt på handsama saker innan fristen og fristoversitjingar.



Figur 3.3 Undersøkingar 2004–2010

Det var fristoversitjingar i litt under 18 prosent av undersøkingssakene i 2010. Dette er om lag på same nivå som i 2009. Det var store skilnader mellom kommunane og variasjonar frå fylke til fylke.

Om lag 52 prosent av dei avslutta undersøkingane blei lagde bort i 2010. Dette er nesten to prosentpoeng høgare enn i 2009.

Effektivt og målretta tilsyn

For å styrkje tilsynet med barnevernsfeltet blei – med verknad frå 1. januar 2010 – det overordna ansvaret for fylkesmannsembetas tilsyn med barnevernsinstitusjonane og barnevernstenesta i kommunane overført til Statens helsetilsyn. Målet med overføringa er å styrkje samordninga av og metodeutviklinga i det statlege tilsynet på sentrale velferdsområde. Statens helsetilsyn skal òg bidra til eit kontinuerleg oppsyn med område der det er fare for svikt. Helsetilsynet har ansvar for at tilsynsstyresmaktene byggjer opp og held ved like kompetanse, og dei har ansvar for å hente inn, oppsummere og formidle erfaringar med tilsynet til aktuelle aktørar.

Fylkesmannen førte i 2010 tilsyn med barnevernsinstitusjonane og barnevernstenesta i kom-

munane. Lovpålagt individtilsyn er gjennomført i 95 prosent av tilfella. Statens helsetilsyn har gått gjennom tilsynsrapportane som fylkesmennene har utarbeidd, for å få auka kunnskap om sårbare område i tenestene og utøvinga av fylkesmennene sitt tilsyn. Spesielt er det lagt vekt på å få kunnskap om omfanget av og innhaldet i fylkesmennenes samtaler med barn som ledd i tilsynet.

Rapporteringar frå kommunane til fylkesmennene viste at kommunane per 31. desember 2010 hadde tilsynsansvar for 7 376 barn i fosterheimar. Av desse hadde 89 prosent tilsynsførarar. Berre 59 prosent av desse barna har fått tilsyn i samsvar med lovkrava. Dette er ein nedgang på fire prosentpoeng frå 2009. BLD sende i desember 2010 ut eit brev til alle kommunane der departementet på nytt stadfeste deira ansvar for å oppnemne tilsynsførarar til alle barn som er i fosterheim. Fylkesmannen er særleg merksam på at fosterbarn manglar tilsynsførarar, og fleire fylkesmenn har gjennom tilsynet sitt lagt vekt på om kommunane har oppnemnt mange nok tilsynsførarar.

Ungdom med tiltak i barnevernet skal ha god oppfølging òg etter fylte 18 år

16 prosent fleire unge mellom 18 og 22 år tok imot tiltak i 2010 sett i høve til 2009. Totalt var det vel 5 500 unge over 18 år som tok imot tiltak i 2010, noko som berre utgjer om lag 11 prosent av alle barn med tiltak det året.

Departementet ga i juni 2011 ut eit rundskriv *Tiltak etter barnevernloven for ungdom over 18 år*. Rundskrivet gjer informasjon om lovendringa som gir denne gruppa eit betre barneverntilbod.

Sjå òg omtale av *Losprosjektet* under delmål 5.2 *Deltaking og like moglegheiter for alle barn og unge*.

Sikre barns interesser ved innanlands- og utanlandsadopsjon

Stortinget vedtok i 2010 ei innstramming i reglane om å anerkjenne utanlandske adopsjonar. Adopsjonar som er gjennomførte i adoptantens statsborgarland, skal ikkje lenger vere automatisk gyldige i Noreg dersom adoptanten var busett her i landet da adopsjonen blei gjennomført. Endringa blei sett i kraft 1. oktober 2010. Utanlandske statsborgarar busette i Noreg vil da, som alle norske statsborgarar busette i Noreg, måtte søkje norske adopsjonsstyresmakter om godkjenning på førehand, jf. Prop. 7 L (2009–2010) *Endringer i adopsjonsloven og barnevernloven*.

Den europeiske konvensjonen om adopsjon av barn er frå 1967. Konvensjonen blei sagt opp av

Noreg i 2009. Den 14. januar 2011 blei den reviderte europeiske konvensjon av 27. november 2008 om adopsjon av barn ratifisert. Den reviderte konvensjonen har som 1967-konvensjonen som formål å oppnå større rettseining mellom medlemsstatane på adopsjonsområdet.

Departementet er i ferd med å følgje opp utgreiinga frå det regjeringsoppnemnde utvalet som leverte si innstilling i oktober 2009, NOU 2009:21 *Adopsjon – til barnets beste*. Utgreiinga har vore på brei høyring i 2010. Utvalet har mellom anna sett nærmare på dei oppgåvene og det ansvaret styresmaktene bør ha i saker om adopsjon. Mellom anna har utvalet føreslått endringar for handsaming av søknad om adopsjon. Utvalet har vidare føreslått endringar i dei krava norske styresmakter stiller til adoptivsøkjjarar, i lys av dei krava utanlandske styresmakter stiller til dei same søkjarane.

Strategiar og tiltak for 2012

Barnevern

Eit forslag til nye reglar i barnevernlova om mellombels plassering av barn som er utsette for menneskehandel utan samtykkje, har vore på høyring og vil bli fremma for Stortinget. Lovendringane inneber at desse barna får eit særleg tilrettelagt institusjonstilbod som gir nødvendig vern mot menneskehandel.

I 2004 tok staten over dei fylkeskommunale oppgåvene i barnevernet. Denne endringa blir no evaluert. Regjeringa vil vurdere å leggje fram ein lovproposisjon for Stortinget der endringar i ansvarstilhøva mellom stat og kommune blir vurderte på bakgrunn av evalueringa.

Departementet har sendt ut eit høyringsforslag om revisjon av *forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barneverninstitusjon*. Departementet vil vedta reviderte forskrifter hausten 2011. Departementet har i tillegg sendt forslag om revisjon av *forskrift om barnets talsperson i saker som skal behandles i fylkesnemnda* ut på høyring.

Effektivt og målretta tilsyn

Fylkesmennene vil følgje opp overfor kommunane at berre om lag 60 prosent av barna får tilsyn i samsvar med lovkrava. BLD tek òg opp problemstillinga med KS. BLD vil vurdere organiseringa av barnevernet i 2012. I den samanhengen vil departementet òg vurdere tilsynsførarordninga med sikte på å sørgje for eit meir effektivt tilsyn med fosterheimane.

Adopsjon

Departementet vil sikre ei mest mogleg lik handsaming av saker som gjeld søknad om adopsjon både i og mellom dei fem regionane i Bufetat. Departementet vil derfor følgje utviklinga av praksis nøye.

Adopsjonsfeltet har blitt granska på eit breitt grunnlag i NOU 2009:21 *Adopsjon – til barnets beste*, der det mellom anna er føreslått endringar når det gjeld handsaming av søknad om adopsjon og kva for krav som bør stillast til adopsjonssøkjjarar. NOU 2009:21 har vore ute på høyring, og departementet vil i første omgang vurdere dei mest sentrale forslaga. Dernest vil ein gjere ei breiare gransking av adopsjonspolitikken.

Talet på adopsjonar har dei siste åra gått ned, og ventetida for adoptivsøkjjarar er aukande. Som følgje av dette har adopsjonsorganisasjonane særlege utfordringar knytte til mellom anna finansieringa av verksemda. Det er viktig at organisasjonane på ein formålstenleg og effektiv måte heile tida er i stand til å ta hand om dei særskilde omsyna som gjer seg gjeldande i arbeidet med adopsjonsformidlinga av barn frå utlandet.

Delmål 6.3: Heilskapelege og samordna tilbod og tenester

Resultatrapport 2010/2011

Eit heilskapeleg tilbod til utsette barn, unge og familiar

For å sikre at utsette barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, må det vere eit systematisk og forpliktande samarbeid mellom kommunalt og statleg barnevern. Bufdir, BLD og KS har i samarbeid utvikla ei rettleiing for kommunalt og statleg barnevern når det gjeld samarbeidsavtaler. Rettleiinga inneheld råd for gode avtaleprosessar og malar for avtaler og er publisert på *barnevernet.no*.

Våren 2011 blei samarbeidsavtala mellom KS og BLD revidert. I den nye avtala er det lagt vekt på betre samordna innsats for utsette barn og unge gjennom godt samvirke mellom statleg og kommunalt barnevern og gjennom samarbeid mellom kommunale tenester.

Departementet har sidan 2008 gitt KS støtte til drift av effektiviseringsnettverket for barnevernstenesta. Utifrå årsrapportar og møte med KS meiner departementet at det har blitt gjort eit godt og nyttig arbeid gjennom effektiviseringsnettverka. Støtta til effektiviseringsnettverka heldt fram i 2010, og departementet ønskjer ei vidare oppfølging av arbeidet framover.

BLD har følgd opp prosjektet *Sammen for barn og unge – bedre samordning av tjenester for utsatte barn og unge* i 2010.

Departementet har i 2011 arbeidd med å følgje opp forslaga frå NOU 2009:22 *Det du gjør, gjør det helt* (Flatø-utvalet). Utvalet sine forslag er viktige innspel i departementet sitt arbeid med å betre samarbeidet mellom ulike tenester for utsette barn og unge.

BLD har sendt tre rettleiingar til kommunane. *Snakk med meg*, ei rettleiing om å snakke med barn i barnevernet, har også blitt omsett og teken i bruk på Island og i Sverige. *Til barnets beste* er ei rettleiing om samarbeid mellom barnehagen og barnevernstenesta, og i tillegg blei det sendt ut ei rettleiing om oppfølging av foreldre med barn og ungdom plasserte i fosterheim eller på institusjon. Departementet har oppfordra fylkesmannen til å formidle rettleiingane og innhaldet i dei gjennom si informasjons- og opplysningsverksemd overfor kommunane.

Departementet oppretta eit barnevernspanel i november 2010. Panelet skal gi konkrete tilrådingar og råd om korleis vi kan utvikle barnevernet til beste for barnet. Panelet har 21 representantar. Representantane kjem frå barnevernet, brukarorganisasjonar, fagforbund, forskingsmiljø og utdanningsinstitusjonar, eller har personlege erfaringar med barnevernet som tenestemottakarar eller foreldre. Panelet leverte rapporten sin til departementet i september 2011.

Regjeringa oppretta i februar 2011 eit offentleg utval som skal vurdere det biologiske prinsippet i barnevernet. Prinsippet er eit sentralt kriterium i barnevernslova, men har ikkje vore heilskapeleg drøfta. Utvalet skal mellom anna synleggjere kva for problemstillingar og dilemma barnevernet møter når tenesta skal ta stilling til barnets beste. Det biologiske prinsippet er viktig i vurderingar av om barn bør få hjelp i heimen og nærmiljøet, eller om dei bør bu utanfor heimen i ein kort eller lang periode. Innstillinga frå utvalet skal vere ferdig 1. februar 2012. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på egna måte.

Stønad til organisasjonar på barnevernsområdet

For å leggje til rette for fagleg dialog og brukarmedverknad har ein ført vidare samarbeidet mellom departementet og organisasjonar som arbeider med barnevern og utsette barn og unge. Det gjeld mellom anna Norsk Fosterhjemsforening, Norges Barnevernsamband, Landsforeningen for barnevernsbarn, Voksne for Barn og PAG-Stiftelsen. Departementet nyttar fleire av organisasjo-

nane sine innspel og forslag til å betre tilbodet frå barnevernet i utviklinga av tilbodet og i arbeidet for å sikre rettane til barnevernsbarn.

BLD førte vidare den økonomiske støtta til *Home-Start Familiekontakten Norge (Home-Start)*, som er ein frivillig organisasjon som tilbyr støtte og praktisk hjelp til utsette og vanskelegstilte familiar med barn under sju år. Home-Start er eit viktig forebyggjande tiltak for å hindre problemutvikling i familiane på eit tidleg stadium.

Strategiar og tiltak for 2012

Vidareutvikle samarbeid med KS

BLD vil vidareføre samarbeidet med KS om utvikling av barnevernet. Samarbeidet byggjer på ei felles forståing av at ei positiv utvikling på barnevernsområdet er avhengig av ein heilskapeleg barne- og ungdomspolitik. Kommunane har eit hovudansvar for å sikre samanhengande og koordinerte tenester til utsette barn og unge. Partane legg derfor vekt på at samarbeidet skal fremme gode, lokalt forankra løysningar.

Betre samordning av tenester for barn og unge

BLD arbeider for å sikre eit betre og meir samordna tilbod til utsette barn og unge. Som ledd i dette vurderer departementet korleis forslaga frå NOU 2009:22 *Det du gjør, gjør det helt. Om bedre samordning av tjenester for utsatte barn og unge* (Flatø-utvalet) skal følgjast opp – dette i samarbeid med andre aktuelle departement.

Stønad til organisasjonar på barnevernsområdet

BLD ønskjer brukarmedverknad og at alle partane på barnevernsfeltet skal bli høyrde. Departementet har kontakt med ei rekkje organisasjonar som gjer ein stor innsats på feltet. Departementet støttar og samarbeider med organisasjonar som Norsk Fosterhjemsforening, Landsforeningen for barnevernsbarn, Barnevernsambandet med fleire.

Departementet vil framleis gi støtte til nasjonal samordning og oppfølging av Home-Start Familiekontakten Norge.

Betre oppfølging av biologiske foreldre

BLD vil styrkje tilbodet om oppfølging av biologiske foreldre som mister omsorga for barn. Departementet vil greie ut kva for ein instans som

kan følgje opp foreldra, og prøve ut ein modell for dette.

Barn som gjer kriminelle handlingar

At barn ikkje skal bli gjengangarar i fengselssystemet, er ei viktig målsetjing. For å unngå dette er det viktig at barnevernet kjem tidleg inn og bidreg i samarbeid med justissektoren før, under og etter soning. For å styrkje oppfølginga av unge lovbrutarar er det fremma forslag om at å innføre ei plikt for barnevernstenesta til å møte i fengslingsmøte. Det skal vidare etablerast eit tverretatleg team som skal vere knytt til ein av justissektorens eigne sonings- og varetektseiningar for ungdommar som har gjort kriminelle handlingar. Dette er ei prøveordning for to år. Det tverretatlege teamet skal sikre ei fleirfagleg tilnærming til barnas behov og sikre at relevante forvaltingsstyresmakter følgjer opp den innsette både under og etter straffegjennomføringa. Ein tilsett i Bufetat region vest skal arbeide i teamet, saman med personar frå høvesvis helsesektoren og kriminalomsorga. Utdanningssektoren samarbeider med einingane slik at det blir gitt opplæring til dei som har rett og plikt til det.

Delmål 6.4: Auka kapasitet i det kommunale barnevernet

Resultatrapport 2010/2011

Styrkt kapasitet og kompetanse i det kommunale barnevernet

Det har vore ein stor auke i talet på saker i barnevernet dei siste åra. Veksten i talet på stillingar har ikkje halde følgje med den auka saksmengda i barnevernstenestene. Omfattande dokumentasjon viser at det er svikt i oppfølginga av lovkrav innanfor barnevernet.

I 2010 la regjeringa til rette for 400 nye stillingar til kommunalt barnevern gjennom vekst i dei frie inntektene til kommunane jf. Prop. 1 S (2009–2010) frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Rapporteringa frå kommunane viser at det berre blei oppretta 106 nye stillingar i det kommunale barnevernet i 2010. Låge tal i slutten av 2010 tyder på ei viss tilpassing til øyremerkinga året etter, men avstanden frå målet om 400 nye stillingar i 2010 var uansett stor.

Regjeringa si øyremerking av 240 mill. kroner til ei styrking av det kommunale barnevernet har gitt 400 nye tilsette i den kommunale barneverns-

tenesta i 2011. Fylkesmannsembeta, som kjenner kommunane godt, handsamar søknader om midlar frå kommunane. Kommunane har vist stor interesse for å få midlar. I alt 93 prosent av alle kommunar og bydelar har søkt om midlar, og søknadane har vore politisk handsama i kommunane. Dei nye stillingane utgjer ein auke i talet på tilsette på 12 prosent. I øyremerkinga er det òg sett av midlar til eit kompetanseløft. Fleire kommunar har søkt og fått løyvd midlar til tiltak som vil auke kompetansen i barnevernet. I 2011 er 181 mill. kroner løyvde til stillingar, og 51 mill. kroner er løyvde til tiltak som vil auke kompetansen i kommunane

Strategiar og tiltak for 2012

Det er framleis eit behov for å auke kapasiteten i barnevernstenesta. Det er også eit behov for å jamne ut forskjellar mellom kommunane for å sikre alle barn eit likeverdig tilbod uavhengig av bustad. Regjeringa føreslår derfor å øyremerkje ytterlegare 50 mill. kroner til det kommunale barnevernet, til saman vel 290 mill. kroner i 2012. Dette vil gi ei ytterlegare auke på 70 stillingar som vil kome barnevernstenestene med særskilte behov til gode. Regjeringa legg opp til å foreslå at midlane blir vidareførte også utover 2012. Det kommunale barnevernet skal hovudsaklig finansierast gjennom rammeoverføringar til kommunane. Dei øyremerka midla er eit supplement for å bidra til tilstrekkelege ressursar i det kommunale barnevernet.

Det er òg nødvendig å byggje opp kompetanse og styrkje fagmiljøa i barnevernet. Eit høgare kompetansenivå i tenestene er òg viktig for å rekruttere og halde på tilsette. Nytilsette i barnevernet treng god oppfølging og rettleiing for å kunne takle utfordringane arbeid i barnevernet fører med seg. I NOU 2009:8 *Kompetanseutvikling i barnevernet* blir det tilrådd å etablere ei turnusordning i grunnutdanningane i barnevernet. Satsinga på stillingar i kommunane gjer at tenestene blir betre rusta til å gi nyutdanna og nytilsette slik kvalifisert rettleiing. I 2012 vil det derfor bli sett i gang eit arbeid med å opprette eit vidareutdanningstilbod for å kvalifisere erfarne tilsette i barnevernet til å gi profesjonell rettleiing til nyutdanna og nytilsette kollegaer (rettleia praksis). Tilbodet vil ved full drift gjere det mogleg å uteksaminere til saman 175 studentar per år på landsbasis.

Nærmare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
850	Barneombodet	14 054	12 912	13 672	5,9
852	Adopsjonsstønad	15 157	14 896	15 358	3,1
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	122 020	132 448	137 448	3,8
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	843 034	813 184	988 733	21,6
855	Statleg forvaltning av barnevernet	5 233 593	5 280 933	5 321 704	0,8
856	Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar	451 644	229 077	243 214	6,2
857	Barne- og ungdomstiltak	201 921	202 506	211 534	4,5
858	Barne-, ungdoms- og familie-direktoratet	227 107	252 569	268 570	6,3
859	EUs ungdomsprogram	10 233	7 274	7 422	2,0
Sum kategori 11.20		7 118 763	6 945 799	7 207 695	3,8

Utgifter under programkategori 11.20 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
01-23	Drift	5 858 092	5 759 827	5 830 673	1,2
30-49	Nybygg og anlegg	26 408	66 427	67 955	2,3
50-59	Overføringar til andre statsrekneskap	18 808	9 300	9 588	3,1
60-69	Overføringar til kommunar	948 485	920 983	1 059 750	15,1
70-98	Overføringar til private	266 970	189 262	239 729	26,7
Sum kategori 11.20		7 118 763	6 945 799	7 207 695	3,8

Inntekter under programkategori 11.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
3850	Barneombodet	1 417			
3853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	865			
3854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	44 593			
3855	Statleg forvaltning av barnevernet	1 100 582	953 795	930 439	-2,4
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar	283 395	136 900	173 160	26,5
3858	Barne-, ungdoms- og familie- direktoratet	7 527	433	433	0,0
3859	EUs ungdomsprogram	3 778	2 300	2 300	0,0
	Sum kategori 11.20	1 442 157	1 093 428	1 106 332	1,2

Kap. 850 Barneombodet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	14 054	12 912	13 672
	Sum kap. 0850	14 054	12 912	13 672

Status og hovudoppgåver for verksemda

Barneombodet er eit uavhengig og sjølvstendig organ, oppretta gjennom eiga lov (lov av 6. mars 1981 nr. 5 om barneombod). Formålet med lova er å bidra til å fremme barns interesser i samfunnet.

Barneombodet har inga formell avgjerdsrett og driv derfor ikkje handsaming av enkeltsaker etter forvaltingslova. Ombodet har ikkje makt til å avgjere saker eller omstøyte vedtak i forvaltninga. Barneombodet handhevar ingen lover, men har ansvar for heile det barnefaglege feltet.

Barneombodet har primært ein pådrivarfunksjon, men skal også føre generelt tilsyn med barns oppvekstvilkår. Hovudoppgåva til ombodet er å fremme barns interesser overfor det offentlege og private og følgje med i utviklinga av barns oppvekstvilkår. Ombodet skal særleg følgje med på at lovgiving til vern om barns interesser blir følgd, og at norsk rett samsvarer med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettane.

Ombodet skal ta vare på barns interesser i samband med planlegging og utreiing på alle felt, føreslå tiltak som kan styrkje barns rettstryggleik, og tiltak som kan løyse eller førebyggje konflikter mellom barn og samfunn. I tillegg skal Barneombodet følgje med på at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til det offentlege og private om barns rettar og om tiltak dei har behov for.

Ombodet har også ei viktig rolle som pådrivar når det gjeld å fremme barns interesser.

Resultatrapport og strategiar

Resultatrapport 2010/2011

Vern mot overgrep

Merknader til Noreg frå barnerettskomiteen i FN

Ei sentral oppgåve for Barneombodet i 2010 har vore å følgje opp rapporteringa til FN sin barnerettskomité i Genève. Dei avsluttande merkna-
dene frå komiteen blei publiserte i januar 2010. Ombodet har også arbeidd for at BLD skal leggje

til rette for ein god og gjennomsiiktig prosess for oppfølging av merknadene frå FN.

Vald mot barn – også eit ansvar for tannhelsetenesta

Barneombodet arbeider med å ansvarleggjere alle miljø som kan bidra til å stanse vald mot barn.

Sidan 2006 har ombodet arbeidd inn mot tannhelsetenesta for å styrkje tryggingssnett i barndommen og bidra til å avdekkje overgrep eller omsorgssvikt. I tillegg vende ombodet seg til Helse- og omsorgsdepartementet i februar 2010 og etterlyste mellom anna retningslinjer, rettleiingar og rutinar med klare føringar om kva tannhelsetenesta skal sjå etter, og korleis dei som arbeider i tannhelsetenesta, skal gå fram når dei mistenkjer omsorgssvikt eller overgrep.

Vidare etterlyste Barneombodet eit forpliktande tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester om likt tannhelsetilbod uavhengig av kvar ein bur i landet, og oppfølgingsrutinar når barn ikkje møter opp til tannlegetimar.

Både Helsedirektoratet og ulike fylkeskommunar har sett i verk tiltak for at tenesta skal bli enda meir medviten på ansvaret sitt. Fleire fylkeskommunar har etablert samarbeidsavtaler mellom barnevern og tannlegar på fylkeskommunalt nivå.

Barn og straff

I 2010 har Barneombodet gjennomført fleire ekspertmøte med barn som har vore i politiarrest. Fleire av barna rapporterte mellom anna om dårlege tilhøve i arresten og lite informasjon om kor lenge dei måtte bli der. Ombodet gjorde i tillegg ei undersøking blant alle politidistrikta i landet. Ho avdekte svært varierende praksis når det gjeld bruk av politiarrest for barn. Justis- og politidepartementet har varsla ei betring av tilhøva for barn i politiarrest.

Barn i utlendingsforvaltinga

Ombodet har teke opp spørsmål knytte til tilbod om bustad, aldersvurdering og skole- og fritidstilbod for einslige, mindreårige asylsøklarar. Barneombodet besøkte mellom anna einslege, mindreårige asylsøklarar med avgrensa opphaldsløyve på Salhus mottak utanfor Bergen i 2010. Etter dette besøket tok ombodet oppatt uroa si for dei einslige, mindreårige asylsøklarane i eit brev til Justis- og politidepartementet. Tilbodet ved Salhus mottak blei evaluert i slutten av 2010, og det er no vedteke at mottaket skal leggjast ned.

Dødsstadsundersøking

Barneombodet har i lengre tid arbeidd for auka rettstryggleik og betre oppfølging ved plutselig og uventa spedbarnsdød og har vore engasjert i arbeidet for at det skal innførast obligatoriske rutineundersøkingar av dødsstaden når sped- og småbarn døyr brått og uventa. Barneombodet har mellom anna teke til orde for obligatorisk dødsstadsundersøking i alle saker der barn døyr ein brå og uventa død, uavhengig av samtykkje frå foreldra. Justis- og politidepartementet har føreslått at det blir innført etterforskningsplikt når barn under 18 år døyr brått og uventa uavhengig av mistanke om straffbare forhold.

Betre tilgang til tenestene i samfunnet

Tilsyn med og tilgang på barnevern

Barneombodet gjennomførte i 2010 eit prosjekt om korleis tilsyns- og klagesystemet kontrollerer at barnevernet tek hand om barn og unge sine rettar. Prosjektet undersøkte om tilsynet ved fylkesmannsembeta sikrar at barnevernet følgjer opp sine plikter etter barnevernlova og barnekonvensjonen. Rapporten frå prosjektet *Makteslaust tilsyn – tilsyns- og klagesystemet i barnevernet* viser at dei manglane og avvika som tilsyna til fylkesmennene avdekkjer, ikkje nødvendigvis blir retta opp i etterkant. Når verkemiddel som rettleiing eller pålegg om å rette opp avvika ikkje fungerer, tilrår Barneombodet at fylkesmennene nyttar seg av botelegging i større grad enn dei gjer i dag, og at dei gjennomfører fleire eigeninitierte tilsyn der dei ser på innhaldet i, kvaliteten og tilgangen på barnevernet.

Barn som tolk

Utilstrekkelege tolketenester råkar barn både ved at barn blir brukte som tolk, og ved at tolketenesta ikkje er god nok i saker der barn er involverte. Barneombodet har arbeidd med korleis ein hindrar at barn blir brukte som tolk, og korleis ein sikrar god tilgang til tolk i saker som involverer barn. Barneombodet vende seg til BLD 9. september 2010 med eit ønske om at det blir innført eit forbod mot å bruke barn som tolk i offentleg sektor. Ombodet ser at det kan vere grunnar til å gjere unntak i nødssituasjonar, men meiner at hovudregelen bør vere eit klart forbod. Dette vil hindre at barn blir sette i situasjonar der dei får tilgang til informasjon dei ikkje burde hatt av omsyn til alder, tilhøve mellom foreldre og deira eige behov for vern.

Stemmerett for 16-åringar ved kommuneval

Sida 2007 har Barneombodet arbeidd for at det skal bli gjennomført forsøk med stemmerett for 16-åringar ved kommuneval. Regjeringa gjekk inn for dette i 2008, og i 2009 blei det endeleg vedteke i Stortinget at ein skulle gjennomføre forsøk ved kommunevalet i 2011. Tjue kommunar og Longyearbyen er tekne ut til å delta i forsøket.

Ombodet gjennomførde i 2011 ein omfattande turné til dei fleste av forsøkskommunane for å motivere kommuneleiinga og ungdommane til å gjennomføre eit godt val.

Ungdommens nasjonalforsamling

Barneombodet får ofte innspel om at det er behov for ein arena der unge kan ta opp saker som er viktige nasjonalt. På Ungdommens bystyremøte i Oslo i 2010 vedtok ungdommane i Oslo at dei ønskte ei *Ungdommens nasjonalforsamling*.

Barneombodet og Barne- og ungdomsrådet i Oslo (BURO) arrangerte eit pilotprosjekt *Ungdommens nasjonalforsamling 2010* i Oslo og på Eidsvoll frå 19. til 21. september. To ungdommar mellom 13 og 18 år frå kvart fylke blei inviterte til å bli samde om fem viktige saker for norsk ungdom. Målet var at sakene skulle bli diskuterte og sette på dagsordenen av politikarar på Stortinget og i regjeringa.

Alle vedtak, erfaringar, metodar, tips og råd frå pilotprosjektet blei samla i ein rapport. Rapporten, som blei gitt til leiaren for utvalet *Ungdommens maktutredning* i mars 2011, viser korleis ei slik samling kan gjennomførast i framtida.

Barn og unge tek del i eiga sak

Helsetilsynet har teke over ansvaret for det landsomfattande tilsynet for barnevernet. Barneombodet har medverka til at Helsetilsynet sitt nasjonale tilsyn med barnevernet for 2011 har valt å føre tilsyn med om barnevernstenestene i kommunane oppfyller barn sin rett til å bli høyrte.

Kunst og kultur som ein rett for barn og unge

Med bakgrunn i innspel til Barneombodet frå personar som arbeider med kunstproduksjon og -formidling for barn, sende Barneombodet i april 2010 eit brev til kulturministeren med fleire problemstillingar som Barneombodet ønskte at statsråden skulle sjå nærmare på.

I mars 2011 annonserte Kulturdepartementet at dei har sett ned eit utval som skal sjå på utvik-

linga på kulturfeltet i Noreg. Barneombodet vil følgje med på at barneperspektivet blir teke vare på i utvalet sitt arbeid fram mot utgangen av 2012.

Deltaking av barn og unge i Barneombodet sitt eige arbeid

I 2010 har Barneombodets ekspertmøte med barn handla om barn på hybel, barn i asylmottak, barn i fengsel, barn i politiarrest, barn i spesialklassar, barn med orale avvik, barn innanfor barne- og ungdomspsykiatrien, om bruken av opplevingskortet i Ålesund og om ungdom og psykisk helse.

Nye ekspertgrupper blei etablerte i 2010 med ungdom som bur i kommunale bustader, ungdom som har erfaring med fråfall frå vidaregåande opplæring, og barn som bur i barnevernsinstitusjon. Fleire av ekspertgruppene har resultert i rapportar med konkrete anbefalingar til styresmaktene.

Meldingar til barnevernet, meldingar til politiet og innsyn i saker

Ombodet har bede om innsyn i éi barnevernssak og éi straffesak i 2010. Ei av sakene blei send til tilsynsstyresmaktene for vidare oppfølging. Barneombodet følgjer med på resultatet av tilsynet og kjem eventuelt til å følgje opp saka vidare dersom barnet sin rettstryggleik ikkje blir teken vare på.

Barneombodet har sendt tre meldingar til barnevernet i 2010. Ombodet følgjer med på og etterspør oppfølginga og handsaminga av desse meldingane.

Strategiar og tiltak for 2012

Barneombodet vil i 2012 arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tekne tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombodet vil særleg føreslå tiltak som kan styrkje rettstryggleiken til barn.

Barneombodet vil arbeide vidare med å verkeleggjere barnekonvensjonens rettar i Noreg ved å sikre rettane til barn gjennom betre lovgiving, betre samordning av tenester for barn og betre fordeling av ressursar til barn. Dette inneber å arbeide mot diskriminering som gjeld alder, urfolks- og nasjonal minoritetsstatus og personar med innvandrarbakgrunn.

For å oppnå auka respekt for synspunkta til barn vil Barneombodet arbeide for at barn skal ha rett til å uttale seg i saker som gjeld dei sjølv, og at barn skal ha rett til å delta aktivt i samfunnet. Barneombodet vil derfor setje eit særleg søkjelys

på instansar som handsamar saker der barn er involverte.

Barneombodet vil i 2012 òg arbeide for at dei sivile rettane til barn blir sikra i Noreg. Dette inneber arbeid for å sikre retten til tanke-, samvits- og religionsfridom for barn og for å sikre barns tilgang til rett informasjon.

Barneombodet ser behov for at handsaminga av barn som er skilde frå foreldra, bør bli betre, og at barn bør få betre rettar i familiesameiningssaker. Barneombodet vil derfor arbeide vidare med dette i 2012. Det same gjeld barn som er fråtekne familiemiljøet, og barn som er utsette for vald og omsorgssvikt.

Dei siste åra har Barneombodet arbeidd med å betre barns helse. Dette vil halde fram i 2012 og vere spesielt retta mot tilhøva for barn med nedsett funksjonsevne, helsetenester for barn og levestandarden for barn som lever i fattigdom.

Arbeidet med å betre tilgangen til utdanning, fritid og kulturelle aktivitetar vil halde fram. Dette inneber å arbeide for betre tilgang til tilpassa undervising og eit godt skolemiljø, for å oppnå målsetjinga for utdanning og for eit betre kunst- og kulturtilbod.

Barneombodet vil òg arbeide for at barn som har behov for det, får spesielle forsvarstiltak. Dette gjeld spesielt flyktningbarn, barn som er i konflikt med lova, barn som er utsette for utnytting eller menneskehandel, og barn som tilhøyrer minoritetsgrupper eller urfolk.

Arbeidet med å styrkje og utvikle Barneombodets internasjonale engasjement vidare vil vere knytt til å betre *European Network of Ombudspersons for Children*, som eit nettverk for barns rettar, og til å følgje opp kontaktar i ulike land for å utvikle barneombodsinstusjonar.

Kunnskapsdepartementet vil styrkje ressursane til Barneombodet for 2012 slik at ombodet òg kan arbeide med saker som gjeld elevane sitt psykososiale skolemiljø, sjå omtale under kap 226 post 21 i Prop. 1 S (2011-2012) for Kunnskapsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje lønn til tilsette og andre driftsutgifter ved Barneombodet. For 2012 er posten auka med 0,5 mill. kroner for å dekkje eingongsutgifter i samband med flytting til nye lokale.

Kap. 852 Adopsjonsstønad

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2010	Saldert budsjett 2011	
70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i>	15 157	14 896	15 358
	Sum kap. 0852	15 157	14 896	15 358

Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving

Stønad til adoptivforeldre som har adoptert barn frå utlandet

Stønad til foreldre som adopterer barn frå utlandet, var i 2010 på 41 280 kroner per barn. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), som forvaltar tilskotsordninga, tok imot 344 søknader om adopsjonsstønad, mot 315 søknader i 2009. 343 adopsjonar er formidla i 2010.

Om tildelinga av eingongsstønad

Eingongsstønad ved adopsjon av barn frå utlandet blei innført i 1992 for å motverke ei ujamn sosial

fordeling av adopsjonar knytt til foreldras økonomi på grunn av dei høge kostnadene ved adopsjon frå utlandet.

Stønad blir ytt til adoptivforeldre som på førehand har fått samtykkje av norske adopsjonsstyresmakter til å adoptere barn frå utlandet. Adopsjonen må anten vere gjennomført i Noreg, eller han må vere gjennomført i utlandet og registrert i det sentrale adopsjonsregisteret i Bufdir. Direktoratet skal først ha motteke rette dokument frå opphavslandet til barnet før det kan handsame søknaden. Eit vilkår for stønad er at adoptivforeldra faktisk var busette i Noreg da dei fekk barnet i si omsorg, og da adopsjonen blei gjennomført eller registrert her i Noreg. I spesielle tilfelle vil det, på bakgrunn av forhold i opphavslandet, ta

lang tid å få adopsjonen registrert i Noreg. Det kan likevel bli gitt eingongsstønad dersom barnet har kome til Noreg med sikte på adopsjon og adoptivforeldra faktisk var busette her i landet da dei fekk barnet i si omsorg.

Tilskotet til foreldre som adopterer barn frå utlandet, er i 2011 på 42 560 per barn. Stønaden blir auka til 43 880 kr per barn i 2012, tilsvarende prisjustering.

Kap. 853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012
		2010	budsjett 2011	
01	Driftsutgifter	122 020	132 448	137 448
	Sum kap. 0853	122 020	132 448	137 448

Status for verksemda

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker har avgjerdsrett i dei såkalla tvangssakene i barnevernlova, sosialtenestelova og smittevernlova. Over 90 prosent av sakene er saker etter barnevernlova. Resultatrapport, strategiar og tiltak for fylkesnemndene er omtalte under programkategori 11.00 Administrasjon, under delmål 1.2 *Effektiv organisering og drift av tilknytte verksemdar*.

Likestilling

Per desember 2010 var det 102 tilsette i fylkesnemndene. Av desse var 69,6 prosent kvinner. 33 av 63 fylkesnemndsleiarar var kvinner.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer lønnsutgifter og andre driftsutgifter mellom anna knytte til opplæring, drift og leige av lokale og til kjøp av varer og tenester i dei 12 fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Løyvinga dekkjer òg utgifter til lønn og andre driftsutgifter i sentraladministrasjonen for fylkesnemndene. Om lag ein tredjedel av løyvinga på posten blir nytta til saksutgifter i nemndene.

BLD foreslår at løyvinga til fylkesnemndene blir auka med 2,35 mill. kroner. Midlane skal nyttast til å styrkje sakshandsamingskapasiteten og den administrative styringa av verksemda.

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	35 241	73 432	79 048
50	Forsking	11 906	5 000	5 155
60	Kommunalt barnevern		240 000	290 460
64	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindre- årige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	251 929 ¹		
65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	484 874	457 400	539 000
71	Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	47 818	25 737	24 535
72	Tilskot til forsking og utvikling i barnevernet	11 266	11 615	50 575
	Sum kap. 0854	843 034	813 184	988 773

¹ Ordninga er flytta til kap 821 frå 2011

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Posten dekkjer utgifter til ulike førebyggjande tiltak, mellom anna kjøp av tenester innanfor utvikling og implementering av nye metodar i barnevernet, evaluering av barnevernsreforma, adopsjon, arbeid retta mot barn av rusmisbrukande og psykisk sjuke foreldre, familierådslag og liknande tiltak. Posten dekkjer òg kostnader til konferansar, tilsynsopplæring, informasjon, kompetanseutvikling i kommunane og internasjonale forpliktingar. Vidare blir posten nytta til drift av Barnesakkunnig kommisjon og Barnevernets tvisteløysingsnemnd.

Departementet føreslår å auke løyvinga reelt med 6,7 mill. kroner til rettleia praksis av nyutdanna og nyttilsette i barnevernet. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet føreslår, i samråd med Helse- og omsorgsdepartementet, å flytte 1 mill. kroner frå Helse- og omsorgsdepartementets budsjett kapittel 762, post 70 til posten. Midlane blir i dag nytta til Sametingets arbeid med barnevern og familievern. Helse- og omsorgsdepartementet vil framleis gi tilskot til Sametinget til tenester under Helse- og omsorgsdepartementets ansvarsområde. Forslaget påverkar ikkje bruken av midlane.

Det er føreslått å redusere løyvinga reelt på posten med 4,4 mill. kroner i samband med interne omprioriteringar. Midlane er føreslått omprioriterte som følgje av at fleire prosjekt blir ferdigstilte i 2011.

Departementet føreslår samla løyving på posten på 79 mill. kroner

Post 50 Forsking

Løyvinga på posten skal nyttast av Noregs forskingsråd til forskingsprogramma *Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM)* og *Program for rusmiddel-forsking*.

Post 60 Kommunalt barnevern

Mål

Løyvinga skal dekkje særskilt tilskot til kommunane for å styrkje det kommunale barnevernet.

Tildelingskriterium

Løyvinga blir fordelt av fylkesmennene etter søknad frå kommunane. Hovuddelen av denne løyvinga skal gå til nye stillingar, men det vil òg vere mogleg å søkje om midlar til enkelte andre tiltak, til dømes kompetansetiltak, som styrker barnevernet lokalt.

Oppfølging og kontroll

Løyvingar og tilskot frå denne posten blir kontrollerte gjennom kommunanes rapportering til fylkesmannen.

Budsjettforslag for 2012

Departementet foreslår å auke løyvinga med 43,3 mill. kroner til å dekkje utgifter i kommunane til 70 nye stillingar i barnevernet og enkelte andre tiltak. Posten er prisjustert. Den samla løyvinga på posten er 290,5 mill. kroner.

Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak knytte til einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, overslagsløyving

Mål

Løyvinga skal dekkje statsrefusjon for kommunale utgifter til barnevernstiltak. Mange bu- og omsorgstiltak for einslege mindreårige asylsøkjjarar er kommunale tiltak som blir drifta av kommunane i samband med busetjing (til dømes bukollektiv). Bufetat har ansvaret for å gi rettleiing til kommunane ved val av butiltak med meir. Dersom utgiftene til bu- og omsorgstiltak med stønad og oppfølging er høgare enn den kommunale eigendelen, skal utgiftene refunderast av staten. Bufetat har ansvaret for å administrere refusjonsordninga.

Kriterium for tildeling

Kommunane blir omfatta av ordninga dersom dei set i verk barnevernstiltak for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Etter fullmakt frå BLD er det Bufetat som betaler ut refusjon til kommunane, jf. *Rundskriv om statsrefusjon for kommunale barnevernutgifter for enslige mindreårige asylsøkere og flyktningar (Q-05/2004)*.

Oppfølging og kontroll

BLD har tilgang til å setje i verk kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene for løyvinga, jf. løyvingsreglementet § 10.

Budsjettforslag 2012

Det er foreslått å auke eigendelen frå 14 605 kroner per måned i 2011 til 15 043 kroner per måned, tilsvarende prisjustering. Ein forventar at det blir utbetalt refusjon for om lag 993 barn i 2012 mot 955 barn i 2011.

Det er foreslått å auke løyvinga på posten med 6,16 mill. kroner.

Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid o.a., kan nyttast under post 21

Løyvinga på posten blir i hovudsak retta inn mot organisasjonar som arbeider med førebygging av problemutvikling blant barn og unge, tiltak som kan betre oppfølginga av barn i fosterheim og institusjon, og vidareutvikling av desse tiltaka. Departementet foreslår å flytte tilskotet på 2 mill. kroner til Røde Kors tilbod *Ferie for alle* til kap. 857, post 71. Flyttinga påverkar ikkje bruken av midla, men samlar tilskot som naturleg høyrer saman på same kapittel.

Post 72 Tilskot til forskning og utvikling i barnevernet

Posten dekkjer tilskotet til forskning ved Atferds-senteret.

Departementet foreslår å flytte tilskotet til metodeutvikling ved Atferdssenteret til posten. Dette påverkar ikkje bruken av midlane, men gjer postbruken korrekt og ryddig. Midlane var tidlegare løyvde over kapittel 855, post 21.

Departementet foreslår å flytte tilskotet til Barnevernets utviklingssenter til posten. Dette påverkar ikkje bruken av midlane, men gjer postbruken korrekt. Midlane var tidlegare løyvde over kapittel 855, post 21.

Samla foreslår departementet å flytte 38,6 mill. kroner frå kap. 855, post 21 til posten.

Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	44 546		
18	Refusjon av sykepengar	47		
	Sum kap. 3854	44 593		

Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i>	3 384 321	3 411 000	3 433 510
21	Spesielle driftsutgifter	65 238	64 130	27 118
22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i>	1 545 944	1 564 330	1 612 824
45	Større nyanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	26 408	66 427	67 955
60	Tilskot til kommunane, <i>kan nyttast under post 01</i>	211 682	175 046	180 297
	Sum kap. 0855	5 233 593	5 280 933	5 321 704

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60

Posten omfattar mellom anna lønnsutgifter, utgifter til leige og drift av lokale, utgifter til opplæring og andre utgifter til varer og tenester i det statlege, regionale barnevernet. Posten dekkjer òg driftsutgifter ved statlege barnevernsinstitusjonar og drift av andre statlege barnevernstiltak.

Eit forslag til nye reglar i barnevernlova om mellombels plassering av barn som er utsette for menneskehandel i institusjon utan samtykkje, har vore på høyring og vil bli fremma for Stortinget. Departementet føreslår å auke løyvinga på kapitlet reelt med 8,5 mill. kroner til meirutgifter som følgje av lovendringa.

Departementet viser òg til omtale under kapitlet 572, post 60 *Innbyggertilskudd*, for Kommunal- og regionaldepartementet, der det blir føreslått ein tilsvarande auke i løyvinga for å dekkje Oslo kommune sin del av meirutgiftene som følgjer av lovendringa.

Det er venta ein auke i talet på barn og unge med tiltak i det statlege barnevernet. Samstundes

er det ei vriding frå mindre bruk av institusjon til meir bruk av fosterheimar. Denne vridinga har ein barnevernfagleg grunngeving, men fosterheimar er òg mindre kostnadskreivande enn plassering i institusjon. Departementet ventar at kostnadsreduksjonen som følgjer av vridinga er høgare enn meirutgiftene som følgjer av at fleire barn og unge har tiltak i regi av etaten. Departementet føreset at etaten i større grad utnyttar sitt eige tiltaksapparat, og at kjøp av private barneverntenester blir redusert. Framlegget må sjåast i samanheng med endring på kap. 3855, post 60. Forslaget inneber ei reell vidareføring av dei endringar som blei vedtekne i RNB for 2011, der løyvinga på posten blei redusert med 52 mill. kroner.

Samla føreslår departementet ei løyving på posten på 3 433,5 mill. kroner i 2012.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til forskning, utviklingstiltak og opplæring for å styrkje kvaliteten og effektiviteten i barnevernet. Dette gjeld mellom anna etablering og utprøving av nye metodar i barne-

vernet og studiar av effektane av ulike behandlingssopplegg.

Posten er føreslått redusert med 0,4 mill. kroner i samband med interne omprioriteringar. Midlane er føreslått omprioriterte som følgje av at eit prosjekt blir ferdigstilt i 2011.

Departementet føreslår å samle tilskotet til metodeutvikling ved Atferdssenteret og tilskotet til Barnevernets utviklingscenter. Dette påverkar ikkje bruken av midlane, men gjer postbruken korrekt og ryddig. Departementet føreslår å flytte 38,6 mill. kroner til kapittel 854, post 72.

Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01

Posten dekkjer kjøp av private barnevernstiltak.

Post 45 Større nyinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten dekkjer større utstyrskjøp, mellom anna bilar til barnevernsinstitusjonar.

Post 60 Tilskot til kommunane, kan nyttast under post 01

Posten dekkjer overføringar til kommunane for refusjonar av utgifter som overstig satsen for kommunale eigendelar til forsterking av fosterheimar og nærmiljøbaserte tiltak.

Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Diverse inntekter	19 967	26 670	27 497
02	Barnetrygd	3 729	3 477	3 585
03	Refusjon for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar	106 783		
15	Refusjon av arbeidstiltak	554		
16	Refusjon av foreldrepengar	37 063		
17	Refusjon lærlingar	63		
18	Refusjon av sykepengar	87 376		
60	Kommunale eigendelar	845 047	923 648	899 357
	Sum kap. 3855	1 100 582	953 795	930 439

Post 01 Diverse inntekter

Dei budsjetterte inntektene på posten gjeld ulike prosjekt og tiltak. Storleiken på inntektene varierer frå år til år.

Post 02 Barnetrygd

På posten er det budsjettert med barnetrygd for barn under omsorg av barnevernet. Utgifter motvarande refusjonane blir rekneskapsførte på kapittel 855 Statleg forvaltning av barnevernet.

Post 60 Kommunale eigendelar

På posten er det budsjettert med kommunale eigendelar i samband med opphald i barnevernsinstitusjonar, fosterheimar eller ved tiltak i heimen. Det blir føreslått ei prisjustering for kommunanes eigendelar for barn med tiltak i statleg barnevern frå inntil 34 359 kroner til inntil 35 390 kroner per barn per månad for tiltak i institusjon. For andre tiltak blir eigendelen prisjustert frå inntil 26 850 kroner til inntil 27 656 kroner per barn per månad. Som følgje av at ei endra samansetjing av tiltak i statleg barnevern fører med seg mindre inntekter, blei løyvinga redusert med 52 mill. kroner i RNB 2011. Regjeringa føreslår å vidareføre

reelt dei endringane som blei vedtekne i RNB for 2011, og føreslår ei løyving på posten på 899 mill. kroner.

Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter	451 644	229 077	243 214
	Sum kap. 0856	451 644	229 077	243 214

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til drift av omsorgssentra for barn og eventuelt til kjøp av plassar i private tiltak og til arbeidet med busetjing av einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år.

I saldert budsjett for 2011 dekte løyvinga 115 plassar. Løyvinga blei auka til å dekkje 162 plassar

i omsorgssentra i revidert nasjonalbudsjett for 2011. I 2012 er det venta at det i gjennomsnitt vil vere 120 einslege mindreårige asylsøkjjarar under barnevernet si omsorg, og løyvingforslaget på posten er tilpassa dette.

Regjeringa føreslår ei løyving på 243 mill. kroner på posten. Løyvinga tilsvarer drift av 120 statlege omsorgsplassar.

Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Diverse inntekter	801		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	270 866	136 900	173 160
16	Refusjon av foreldrepengar	4 065		
17	Refusjon lærlingar	27		
18	Refusjon av sykepengar	7 636		
	Sum kap. 3856	283 395	136 900	173 160

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar, kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp med heimel i statistikkdirektivet til OECD/DAC (Development Assistance Centre). Regjeringa føreslår at 173,2 mill. kroner av utgiftene på kap. 856, post 01 blir rapporterte inn som utviklingshjelp, jf. kap. 167 Flyktningstil- tak i Norge godkjent som utviklingshjelp (ODA),

post 21 *Spesielle driftsutgifter*, på Utanriksdepartementet sitt budsjett. Tilsvarande beløp blir ført som inntekt på denne posten.

Departementet ventar at det i gjennomsnitt vil vere 120 barn under barnevernet si omsorg i 2012. Departementet føreslår ei løyving på 173,2 mill. kroner i 2012.

Kap. 857 Barne- og ungdomstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	2 290	12 655	7 847
50	Forskning	6 902	4 300	4 433
60	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i>		48 537	49 993
70	Barne- og ungdomsorganisasjonar	97 605	100 621	108 740
71	Utviklingsarbeid, <i>kan nyttast under post 21</i>	10 832	4 000	7 124
73	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i>	47 918		
79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., <i>kan overførast</i>	36 374	32 393	33 397
	Sum kap. 0857	201 921	202 506	211 534

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Posten vil bli nytta til utgifter i samband med konferansar, informasjonsmateriell, utgreiingar, forskning, statistikk og anna som inngår i arbeidet med å sikre eit godt oppvekstmiljø for barn og ungdom. Det vil òg bli brukt midlar frå posten til delar av ei satsing på ungdom som står utanfor opplæring og arbeidsliv (*Losprosjektet*).

Nettportalen *ung.no* går over i regulær drift, og departementet føreslår å flytte 2 mill. kroner til kap. 858, post 01 Driftsutgifter.

Posten er føreslått redusert med 3,2 mill. kroner i samband med interne omprioriteringar. Midlane er føreslått omprioriterte som følgje av at fleire prosjekt blir ferdigstilte i 2011.

Post 50 Forsking

Løyvinga på posten skal nyttast av Noregs forskingsråd til forskingsprogrammet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon*.

Post 60 Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, kan overførast**Mål**

Posten blir nytta til tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*. Formålet er å bidra til å betre oppvekst- og levekåra i 23 bykom-

munar; Oslo (sju prioriterte bydelar), Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Tromsø, Drammen, Skien, Fredrikstad, Sandnes, Sarpsborg, Bodø, Sandefjord, Larvik, Ålesund, Arendal, Porsgrunn, Haugesund, Tønsberg, Halden, Moss, Hamar og Gjøvik.

Tildelingskriterium

Løyvinga har barn og ungdom som målgruppe og blir nytta til tiltak og prosjekt som rettar seg mot barn og ungdom med spesielle behov, og utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø. Ordninga er delt i éi satsing retta mot ungdom (ungdomstiltak) og éi satsing retta mot barn, ungdom og familiar råka av fattigdomsproblem. Barn og ungdom med innvandrarakgrunn står overfor spesielle utfordringar, og arbeid som fremmar integrering, har høg prioritet. Bykommunane blir inviterte til å søkje om tilskot til tiltak som:

- bidreg til sosial inkludering og førebyggjer uønskt sosial åtferd, som vald, mobbing, kriminalitet og rus, og som førebyggjer fordommar og diskriminering og fremmar gjensidig aksept
- bidreg til deltaking og medverking for barn, ungdom og ungdomsgrupper som i liten grad nyttar dei eksisterande kultur- og fritidstilboda
- bidreg til kvalifisering og inkludering av ungdom mellom anna gjennom etablering av alternative meistringsarenaer
- førebyggjer og/eller dempar fattigdomsproblem blant barn, ungdom og familiar

- fremmar likeverd og like høve for jenter og gutar
- fremmar deltaking og likeverdige høve for barn og unge med nedsett funksjonsevne

I overkant av ein tredjedel av løyvinga blir nytta til ungdomstiltak. Ein kan søkje om tilskot til tiltak for ungdom med spesielle behov, utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø. Om lag tre femtedelar av løyvinga er sette av til tiltak retta mot barn, unge og familiar råka av fattigdomsproblem. Ein kan søkje om tilskot til ferie- og fritidstiltak, tilskot til tiltak som kan bidra til kvalifisering og inkludering, og tilskot til meir langsiktige og samordna tiltak som skal motverke utstøyting av barn og ungdom som er råka av fattigdomsproblem. Løyvinga kan òg nyttast til strakstiltak for å løyse oppgåver og problem av akutt karakter i ungdomsmiljøa og til utviklingsarbeid. Bydelar, frivillige organisasjonar, ungdomsgrupper, offentlege og private aktørar kan søkje. Departementet kan òg ta initiativ til å støtte enkelte prioriterte område. I tråd med Soria Moria-erklæringa vil tiltak i Groruddalen bli særleg prioriterte.

Budsjettforslag 2012

Departementet føreslår å vidareføre løyvinga reelt.

Post 70 Barne- og ungdomsorganisasjonar

Mål

Formålet er å leggje til rette for at barn og ungdom kan delta i barne- og ungdomsorganisasjonane. Dei frivillige organisasjonane er viktige aktørar i ungdomspolitikken, dei er sosiale møteplassar for barn og unge, og dei bidreg til å skape trygge og inkluderande oppvekstmiljø. Tilskotet skal stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar og sikre organisasjonane som arenaer for medverknad og demokrati.

Kriterium for tildeling

Forskrift av 29. november 2007 med endringar av 15. september 2009 blei gjeldande frå tilskotsåret 2010. Midlane blir forvalta av eit eige fordelingsutval med sekretariat i Bufdir. BLD er klageinstans for vedtak gjorde av Fordelingsutvalet.

Også midlar til tilskotsordninga *Mangfold og inkludering* inngår i posten. Ordninga blir forvalta av Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) og har eigne retningslinjer.

LNU, Ungdom & Fritid og Unge funksjonshemma kan søkje om driftstilskot til sitt nasjonale arbeid. Dette tilskotet blir forvalta av Bufdir.

Det blir òg nytta midlar frå posten til forskning på barne- og ungdomsorganisasjonar.

Oppfølging og kontroll

Krav til revisjon, rapport og kontroll av nasjonal grunnstønad er regulert av *Forskrift om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar* og instruks for Fordelingsutvalet. Andre tilskot som blir gitte gjennom denne posten, blir kontrollerte gjennom rapportering og rekneskap.

Budsjettforslag 2012

Posten er føreslått styrkt med 5 mill. kroner for å sikre at dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane har gode rammevilkår, og ikkje skape uvisse om finansieringa.

Post 71 Utviklingsarbeid, kan nyttast under post 21

Mål

Posten blir nytta til å støtte forskning og utviklingsarbeid som kan gi auka kunnskap og bidra til å styrkje oppvekstmiljøet for barn og ungdom.

Kriterium for tildeling

Frå posten blir det vidare gitt tilskot til utviklingsarbeid, kompetanseoppbygging og erfaringsformidling som ledd i gjennomføringa av dei måla som departementet har sett for arbeidet på barne- og ungdomsområdet. Posten vil òg bli nytta til delar av ei satsing på ungdom som står utanfor opplæring og arbeidsliv (*Losprosjektet*).

Oppfølging og kontroll

Løyvingar og tilskot frå denne posten blir kontrollerte gjennom rapportering og rekneskap.

Budsjettforslag 2012

Departementet føreslår å styrkje satsinga på *Losprosjektet*. Det er føreslått å auke løyvinga reelt med 1 mill. kroner til formålet. På posten er det satt av 2 mill. kroner til Røde Kors tilbod *Ferie for alle*. Tilskotet er flytta frå kap. 854, post 71. Flyttinga påverkar ikkje bruken av midla, men samlar tilskot som naturleg høyrer saman på same kapittel.

Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid, o.a. kan overførast

Mål

Posten skal dekkje tiltak som stimulerer til internasjonalt samarbeid på barne- og ungdomsområdet. Målgruppene er frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, enkeltpersonar og grupper av barn og ungdom, institusjonar som arbeider med barn og ungdom, og offentlege styresmakter lokalt, regionalt og nasjonalt.

Hovuddelen av posten blir nytta til Noreg sitt bidrag til deltaking i EU-programma *Aktiv ungdom*, *Sikrere Internett* og *DAPHNE III*, som varer fram til 31. desember 2013. Posten dekkjer òg Noreg sitt bidrag til Det europeiske ungdomsfondet i Europarådet, kostnader i samband med bilateralt samarbeid, samarbeidet i nærområda, særleg samarbeidet innanfor rammene av Noregs deltaking i Barentsrådet og Austersjørådet, og andre tiltak knytte til det mellomstatlege samarbeidet på ungdomsområdet. Vidare får dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane grunnstønad til sitt internasjonale arbeid. LNU, Ungdom & Fritid og Unge funksjonshemma kan søkje om tilskot til sitt internasjonale arbeid.

Kriterium for tildeling

Bidraga for deltaking i dei ulike EU-programma blir fastsette etter ein fordelingsnøkkel nedfelt i EØS-avtala. Storleiken på bidraget til Det europeiske ungdomsfondet blir fastsett av Ministerko-

miteen i Europarådet. Tilskot til bilateralt samarbeid, til samarbeidet i nærområda og anna internasjonalt samarbeid blir fastsette av departementet ut frå gjeldande avtaler og prinsipp. Tilskotet til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane blir forvalta av Fordelingsutvalet etter kriterium fastsette i eiga forskrift. Søknader frå LNU, Ungdom & Fritid og Unge funksjonshemma om tilskot til internasjonalt arbeid blir handsama av Bufdir.

Oppfølging og kontroll

Europarådets ungdomsdirektorat og Europarådets revisjonsstyre kontrollerer Det europeiske ungdomsfondet. Revisjonsretten i EU og EUs internrevisjon kontrollerer bruken av budsjettmidlar til dei programma Noreg tek del i. Departementet har eit ansvar for å etablere rutinar for sakshandsaming og kontroll av tildelinga av tilskot frå programmet *Aktiv ungdom*. Tilskotet til ungdomssamarbeid i Barentsregionen blir forvalta av Barentssekretariatet i Kirkenes. Tilskotet gitt av departementet, blir følgt opp ved kontroll av rapport og rekneskap. Bufdir og Fordelingsutvalet har ansvaret for oppfølging av og kontroll med dei tilskota dei forvaltar til organisasjonane sitt internasjonale arbeid.

Budsjettforslag 2012

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga reelt.

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i>	185 674	202 805	209 063
21	Spesielle driftsutgifter	8 983	19 662	28 472
22	Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar	32 450	30 102	31 035
	Sum kap. 0858	227 107	252 569	268 570

Status for verksemda

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufetat) består av éi sentral eining – Barne-, ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) – og fem regionar. Bufdir er etatsleiar for Bufetat. Regionkontora har

underliggjande utøvande einingar innanfor barnevern og familievern. Regionkontora handsamar òg søknader om førehandssamtykkje til utlandsadopsjon og søknader om innanlandsadopsjon. Bufdir har ansvaret for fagleg, økonomisk og administrativ styring, koordinering og utvikling av

Bufetat. Direktoratet handsamar klager på saker der regionane er første instans.

Hovudoppgåva til etaten er å gi barn, unge og familiar som treng hjelp og støtte, tiltak med høg og riktig kvalitet i heile landet.

Ansvarsområda for etaten omfattar òg tiltak under desse budsjettkapitla:

- kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak
- kap. 840 Krisetiltak
- kap. 841 Samliv og konfliktlysing
- kap. 842 Familievern
- kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot o.a.
- kap. 847 Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne
- kap. 852 Adopsjonsstnad
- kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet
- kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet
- kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einlege mindreårige asylskjarar
- kap. 857 Barne- og ungdomstiltak
- kap. 859 EUs ungdomsprogram

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855, post 01

Lyvinga dekkjer lønnsutgifter og andre driftsutgifter i Bufdir, mellom anna knytte til opplring, leige og drift av lokale og kjøp av varer og tenester.

Nettportalen *ung.no* går over i regulr drift etter avslutta prosjektperiode. Departementet freslr å flytte 2 mill. kroner frå kap. 857, post 21 til posten for å finansiere nettportalen. Dette er ein auke i lyvinga til *ung.no* med 0,5 mill. kroner.

Departementet freslr at ordninga med samvr under tilsyn av ein offentleg oppnemnd tilsynsfrar blir overfrt til Bufdir. Departementet freslr å flytte 0,135 mill. kroner frå kapittel 841, post 22 til administrasjon av ordninga til posten. Sj òg omtale under kapittel 858, post 21.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til forskning og utviklings-tiltak og utbetalingar av godtgjeringsar for medlemmene i Fordelingsutvalet.

Departementet freslr at ordninga med samvr under tilsyn av ein offentleg oppnemnd tilsynsfrar blir overfrt til Bufdir. Departementet freslr å flytte 1,2 mill. kroner frå kapittel 841, post 22 til ordninga til posten. Sj òg omtale under kapittel 858, post 01.

Posten skal òg nyttast til utgifter til utvikling av eit nytt fag-, klient- og rapporteringssystem (BIRK) som skal gi betre kvalitet i datagrunnlaget i barnevernet. Midlane til utvikling av rapporteringssystemet blei opphavleg lyvde i 2010 og 2011, men prosjektet har blitt forseinka og lyvingane har ikkje blitt nytta fullt ut. Etter ein gjennomgang er det nå lagt til grunn ei utviding i tid av BIRK. Departementet freslr å auke lyvinga med 7 mill. kroner til utvikling av BIRK i 2012. Den samla lyvinga til BIRK i 2012 er med dette 24 mill. kroner.

Post 22 Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar

Posten skal dekkje reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar.

Kap. 3858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	
01	Diverse inntekter	2 554	433	433
15	Refusjon av arbeidstiltak	33		
16	Refusjon av foreldrepengar	2 748		
17	Refusjon lrlingar	87		
18	Refusjon av sykepengar	2 105		
	Sum kap. 3858	7 527	433	433

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene skriv seg frå ulike prosjekt og tiltak. Inntektene er knytte til eigendelar i samband med deltaking i *Hva med oss?* og inntekter i samband

med andre samlivstiltak. Storleiken på inntektene varierer frå år til år.

Kap. 859 EUs ungdomsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	10 233	7 274	7 422
	Sum kap. 0859	10 233	7 274	7 422

Deltakinga i programma *Sikrare Internett* og *DAPHNE*, tiltak som skal hindre vald mot barn, ungdom og kvinner, er delfinansierte av dette budsjettkapitlet.

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Posten dekkjer lønn og utgifter til varer og tenester ved det nasjonale kontoret som forvaltar pro-

grammet. Ein må sjå løyvinga i samanheng med kap. 3859 EUs ungdomsprogram, som omhandlar Europakommisjonen sitt bidrag til drift av det nasjonale kontoret og Eurodesk. Nettokostnaden på posten etter frådrag for inntektene under kap. 3859 er Noreg sin nasjonale del av drifta av det nasjonale kontoret for EU-programmet *Aktiv ungdom*. Posten kan òg nyttast til å dekkje kostnader knytte til evalueringa av programmet.

Kap. 3859 EUs ungdomsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Tilskot frå Europakommisjonen	3 330	2 300	2 300
16	Refusjon av foreldrepengar	395		
18	Refusjon av sykepengar	53		
	Sum kap. 3859	3 778	2 300	2 300

Post 01 Tilskot frå Europakommisjonen

Posten gjeld tilskot frå Europakommisjonen til drift av det nasjonale kontoret for gjennomføring av EUs ungdomsprogram *Aktiv ungdom*. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet utarbeider ein

årleg arbeidsplan for det nasjonale kontoret, og planen blir godkjend av BLD og Europakommisjonen.

Programkategori 11.30 Forbrukarpolitikken

Hovudinnhald og prioriteringar

Forbrukarpolitikken skal sikre forbrukarane ei sterk stilling i samfunnet og medverke til eit meir etisk og miljøforsvarleg forbruk.

Dei fleste forbrukarane i Noreg nyt godt av høg og aukande velstand og kjøpekraft. Vare- og tenestetilbodet blir stadig utvida og endra som følgje av teknisk og økonomisk utvikling. Samtidig finst det miljømessige grenser for ein vidare forbruksvekst. Dette stiller nye krav til både forbrukarane og forbrukarpolitikken.

Kompleksiteten og mangfaldet som forbrukarane står overfor i det moderne samfunnet, gjer at risikoforhold knytte til varer eller tenester, blir vanskelege å få oversikt over. I dei seinare åra har det til dømes blitt utvikla nye bank-, finans- og forsikringsprodukt som det ofte er vanskeleg for forbrukarane å vurdere og velje imellom.

Det ligg store utfordringar i å sikre forbrukarane gode rettar og god informasjon når dei skal gjere val som har store konsekvensar for privatøkonomien. Dette gjeld til dømes i samband med kjøp og sal av bustader. Ofte oppstår det konflikhtar som kunne vore unngått om informasjonsgrunnlaget hadde vore betre.

Regjeringa legg til grunn at trygge, velinformerte og aktive forbrukarar er viktig for godt fungerande marknader. Regjeringa arbeider med informasjonsløysingar, mellom anna på Internett, retta både mot vaksne forbrukarar og mot skolen i form av læringsmål og undervisningsmaterieil. Det er særleg aktuelt å sjå på løysingar for nettbasert informasjon i marknaden for handverkartenester.

Undersøkingar viser at mange som får gjeldsordning, ikkje berre har økonomiske vanskar, men også helseproblem og sosiale problem. Mange klarer ikkje å gjennomføre gjeldsordninga, og ein relativt stor del av dei som klarer det, får raskt nye gjeldsproblem. Ei utfordring framover blir å sørge for at denne gruppa får tilstrekkeleg støtte og oppfølging. Det er også nødvendig å sjå på nye tiltak for å førebyggje gjeldsproblem. Mykje tyder på at unge vaksne i aukande grad får økonomiske problem. BLD vil derfor vurdere tiltak retta spesielt mot denne gruppa.

Universell utforming handlar om planlegging og utforming av produkt og omgivnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full deltaking og likestilling for alle. Dette inneber at produkt og tenester skal vere utforma slik at flest mogleg kan nytte dei utan spesialløysingar. Forbrukarinformasjon må til dømes leggjast til rette for blinde og svaksynte og for grupper som ikkje meistarar norsk.

Samanlikna med mange andre land har Noreg sterke forbrukarrettar. Det må likevel arbeidast vidare både nasjonalt og internasjonalt med å tryggje rettane som er etablerte, og med å utvikle desse i tråd med nye behov og utviklingstrekk.

Materielt forbruk, og særleg forbruk av ressursar som ikkje kan fornyast, er ei belastning for naturgrunnlaget. Det er nødvendig med kollektive tiltak for å endre eller redusere forbruket. Samtidig er det viktig at den enkelte forbrukaren tenker igjennom og korrigerer forbruksvanane sine ut frå omsyn til miljøet. Eit vilkår for dette er at det finst tilgjengeleg informasjon som gjer det mogleg å gjere opplyste val.

Frivillige merkeordningar har lenge vore nytta for å formidle standardisert og kvalitetssikra informasjon om val som er gode for miljøet og medverkar til etisk forbruk. BLD vil arbeide vidare med informasjonstiltak som kan medverke til å styrkje effekten av merkeordningane som forbrukarrettleiing.

At nasjonale marknader blir opna, meir like og vevde saman gjennom auka internasjonal handel, endrar også situasjonen til forbrukarane. Produksjonsstaden er blitt mindre viktig fordi særpreg og forskjellar knytte til opphavslandet til produkta, blir viska ut når alt blir standardisert og produksjonen skjer i regi av store multinasjonale selskap. Samtidig engasjerer mange forbrukarar seg når det kjem fram opplysningar om uakseptable forhold i verdikjedene, til dømes miljøkriminalitet, barnarbeid og rovdrift på arbeidskraft. Behovet for informasjon om pris, kvalitet og standardane som leverandørane følgjer, gjeld både varer og tenester.

Regjeringa vil at etikk og samfunnsansvar i større grad skal bli teke omsyn til i samband med offentlege innkjøp. Ved å stille krav til tilbydarar

om at varer skal vere tilverka under forsvarlege forhold, kan offentlege verksemdene som førebilete og medverke til større etterspurnad etter varer frå tilbydarane som oppfyller krava. Over tid kan dette medverke til eit betre tilbod av varer som er produserte under forsvarlege forhold, og til at det blir enklare for forbrukarane å velje slike varer.

Forbrukarorganisasjonane har ei viktig rolle i norsk forbrukarpolitikk. I tillegg til å uttrykke brukarane sine interesser overfor næringslivet og offentlege verksemdar, medverkar dei til at det blir teke omsyn til forbrukarane i samband med offentlege vedtak.

BLD har hovudansvaret for å fremme forbrukarpolitikken til regjeringa. Departementet forvaltar viktige forbrukarlover og har ansvar for fleire sjølvstendige institusjonar som varetek rettane og interessene til forbrukarane. Forbrukarpolitikken er elles prega av at ansvaret for viktige tiltak og regelverk er fordelt på mange departement og tilsynsorgan som ofte må samarbeide for å vareta omsynet til forbrukarane.

Programkategori 11.30 Forbrukarpolitikken inneheld løyvingar til Forbrukarrådet, Forbrukarombodet, Statens institutt for forbruksforskning, Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet, Stiftelsen Miljømerking og forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid. Budsjettforslaget på programkategorien inneber ei endring på om lag 4 prosent samanlikna med budsjettet for 2011.

Mål

For 2012 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
7. Ei sterk stilling for forbrukarane	7.1: Gode rammevilkår og rettar for forbrukarane 7.2: God og effektiv sakshandsaming av tvistar på forbrukarområdet 7.3: Informerte og opplyste forbrukarar 7.4: Godt kunnskapsgrunnlag for forbrukarpolitikken
8. Eit etisk og miljøforsvarleg forbruk	8.1: Medvit og informasjon om etiske og miljømessige konsekvensar av forbruksval

Forbrukarrådet er den største og mest vidfamnande reiskapen for å oppfylle måla for forbrukarpolitikken. Formålet for Forbrukarrådet er å arbeide for auka forbrukarinnverknad i samfunnet, medverke til ei forbrukarvennleg utvikling og fremme tiltak som kan betre stillinga til forbrukarane.

Forbrukarombodet har som hovudoppgåve å føre tilsyn med at marknadsføringa og avtalevilkåra til næringsdrivande er i samsvar med marknadsføringslova.

Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) har som formål å drive forskning, utgreiing og testverksemd ut frå omsynet til forbrukarane. Instituttet medverkar med forskingsbasert kunnskap til styresmakter, politikarar, næringsliv, organisasjonar og forbrukarar.

Forbrukartvistutvalet (FTU) avgjer mellom anna klagesaker i samband med forbrukarkjøp og handverkartenester når handsaminga til Forbrukarrådet ikkje fører fram.

Marknadsrådet (MR) avgjer mellom anna saker etter marknadsføringslova, når forhandlingar mellom Forbrukarombodet og næringsdrivande ikkje fører fram.

Stiftelsen Miljømerking i Noreg (Miljømerking) er oppretta for å forvalte Svanen, den fellesnordiske ordninga for positiv miljømerking av varer og tenester. Miljømerking er i tillegg ansvarleg organ i Noreg for Blomen, miljømerkeordninga til EU.

Resultatrapport og strategiar

Delmål 7.1: Gode rammevilkår og rettar for forbrukarane

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i delmåla som blei presenterte i Prop. 1. S (2009–2010) under kap. 860 Forbrukarrådet, kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid og kap. 866 Statens institutt for forbruksforskning.

Etter medverknad frå mellom andre Forbrukarrådet fekk finansavtalelova i 2010 nye reglar som gir betre vern av forbrukarane. Etter dei nye reglane skal plikta som kredittytarane har til å rå frå lån, skje både munnleg og skriftleg. Forbrukarar som likevel vel å ta opp lån, må stadfeste åtvaringa skriftleg. Tilsynsorganane har også fått fleire sanksjonsmiddel overfor dei som bryt reglane.

Forbrukarrådet støtta i 2010 ein bankkunde i ein rettsleg prosess for å få slått fast at det er uakseptabelt av finansleverandørar å tilby lånefinansierte spareprodukt som dei veit eller burde vite ikkje er til gunst for kjøparane. Tingretten gav kunden medhald, men banken valde å anke saka. Uavhengig av kva det endelege utfallet av saka blir, har Forbrukarrådet gjennom å støtte saka gjort det vanskelegare å tilby slike produkt.

Forbrukarrådet medverka til at privatpersonar fekk betre høve til å annonsere bustadene sine på Internett utan å bruke eigedomsmeklar. Rådet medverka også til at bustadoppføringslova blei endra slik at garantisummane og -tida for kjøparar av nye bustader blei auka. Lovendringane tok til å gjelde 1. juli 2011.

Forbrukarrådet arbeidde med å styrkje forbrukarvernet på den digitale marknaden. Etter ei vurdering av innhaldet i sosiale medium klaga Forbrukarrådet inn mellom andre Facebook til Datailsynet for ikkje å ta nok omsyn til personvernet. Bruksvilkåra for fleire spelplattformer fekk også merksemd. Arbeidet på området medverka til større merksemd blant forbrukarane om bruksvilkår og personvernspørsmål.

Forbrukarrådet slutførte i 2010 eit arbeid for å sikre forbrukarrettane i samband med at det skal innførast justerplikt og eit nytt takstsystem (paralleltakst) for drosjer. Ei ny forskrift om drosjetakstar som Forbrukarrådet medverka til, tok til å gjelde 1. september 2011.

Forbrukarrådet retta merksemd mot offentlege tenester. Ei undersøking frå 2009 viste at det er store variasjonar mellom kommunar når det gjeld prisen på og innhaldet i skulefritidsordninga. Gjennom å følgje opp undersøkinga medverka Forbrukarrådet til at det er sett i gang eit arbeid

under Kunnskapsdepartementet med å få på plass nasjonale kvalitetskrav til ordninga. Forbrukarrådet dokumenterte også store variasjonar i prisen og kvaliteten på tenestene til dei tekniske etatane i mange kommunar.

I januar 2009 blei det vedteke eit nytt timeshare-direktiv i EU som vil styrkje forbrukarrettane. Medan det gamle direktivet berre gjaldt timeshare-avtaler for meir enn tre år, omfattar det nye også timeshareavtaler for mindre enn tre år, langtidsferieprodukt (såkalla ferieklubbar mv.), vidaresal og byte av timeshareprodukt. BLD sende 1. mars 2011 på høyring eit forslag som tek sikte på å gjennomføre direktivet i norsk rett. Gjennomføringa vil krevje endringar i tidspartlova eller at lova blir erstatta med ei ny lov.

Ei ny marknadsføringslov blei sett i kraft 1. juni 2009. Priskefriftene som var gitte med heimel i den gamle lova, er no under revisjon. Eit utkast til ei ny, samla forskrift blei sendt på høyring tidleg i 2011 med høyringsfrist 1. juni. Etter utkastet vil næringsdrivande mellom anna bli plikta til å leggje ut prislister på heimesidene sine.

Lov om varer av edelt metall mv. blei sett i kraft 1. januar 2011. Den gjeldande reguleringa av varer av edelt metall blei hovudsakleg vidareført. Frå same dato overtok Justervesenet kontrollen med varer av edle metall. Dette inneber ei meir effektiv organisering av arbeidet med å sikre at forbrukarane får gull-, sølv- og platinavarer med det innhaldet av edelt metall som er påstempla.

EU-kommisjonen la i 2008 fram eit forslag til eit nytt direktiv om forbrukarrettar. Noreg hadde fleire innvendingar til forslaget, fordi det på enkelte punkt ville svekkje norske forbrukarrettar. Forslaget tok sikte på å erstatte dei gjeldande direktiva om fjernsal, sal utanfor fast utsalsstad (dørsal), forbrukarkjøp og urimelege avtalevilkår, som alle er gjennomførte i norsk rett. Forslaget la opp til totalharmonisering av lovgivinga, det vil seie at medlemslanda ikkje kan ha andre reglar enn direktivet innanfor områda dette gjeld for.

I 2010 og våren 2011 blei det frå norsk side arbeidd vidare med å sikre at direktivet ikkje skal føre til at norske forbrukarrettar skal bli svekte.

Sommaren 2011 blei EU-organa samde om direktivet, og det vil formelt bli vedteke før slutten av 2011. Direktivet vil bli mindre inngripande enn det som opphavleg blei føreslått. Det vil i hovudsak berre gjelde opplysningsplikt og angrerett ved visse salssituasjonar som dørsal, Internett-sal mv. Dette er positivt sett frå ein norsk ståstad.

For å få til gode og balanserte standardar er det viktig med forbrukarinnverknad i standardiseringsarbeid. Samarbeidet mellom Forbrukarrådet,

Standard Norge og departementet om eit fagråd og eit forbrukarsekretariat i Standard Norge blei vidareført i 2010. Dette medverkar til at forbrukarrepresentantar deltek i fleire nasjonale og internasjonale standardiseringsprosjekt.

På oppdrag frå BLD kartla Standard Norge i 2009 kva som finst av spesifikasjonar, retningslinjer og standardar for universell utforming på ulike tenesteområde. Arbeidet blei følgd opp i 2010 med støtte til igangsetjing av eit standardiseringsprosjekt for universell utforming av tenester. Prosjektet fell inn under regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge (2009–2013) og er vidareført i 2011.

BLD har delteke i arbeidet med ein internasjonal standard for samfunnsansvaret til organisasjonar, ISO 26000. Standarden blei lansert i 2010 og er no omsett til norsk.

Strategiar og tiltak for 2012

Saksmengda etter gjeldsordningslova har auka sterkt dei seinaste åra. Gjeldsproblem ser òg ut til å råke nye grupper, som unge vaksne og personar over 50 år. Mange har problem både med å kome inn under lova og med å gjennomføre ei gjeldsordning. Departementet har hatt på høyring forslag til forenklingar i gjeldsordningslova som skal motverke desse problema.

Det blir vurdert om det skal opnast for at personar som er busette utanfor Noreg, kan søkje om gjeldsordning frå landet dei bur i, og om gjeldsordningar frå dei andre nordiske landa skal godkjennast i Noreg og motsett.

Mange namsmenn har få saker og såleis vanskar med å skaffe seg tilstrekkeleg kompetanse på gjeldsordningsfeltet. BLD vil, i samråd med Justis- og politidepartementet, sjå nærmare på om det er mogleg å leggje handsaminga av gjeldsordningssakene til utvalde namsmenn i staden for at alle namsmennene skal handsame slike saker.

Satsane for livsopphald i gjeldsordningssaker har blitt høge. Både reglane om gjeldsordning og reglane om tvangsinn driving ved trekk i lønn skal sikre midlar til nødvendig livsopphald. Ved lønnstrekk er det ikkje utarbeidd satsar frå sentralt hald, og det er store ulikskapar i kor mykje skyldnarane får behalde til eige underhald. Det blir arbeidd med å vurdere nye standardiserte satsar både for dei som har gjeldsordning, og for dei som har lønnstrekk.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå BLD, Justis- og politidepartementet, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet er i ferd med

å greie ut ulike modellar for å registrere gjelda til privatpersonar, avgrensa til kredittkortgjeld og forbrukslån. Grappa ser på både offentlege og private løysingar. Formålet med ei eventuell registrering av slik gjeld er å gjere kredittytarane i stand til å gjere betre kredittvurderingar av lånesøkjarane enn i dag, og slik førebyggje uheldige gjeldspiralar.

BLD har hatt forslag til ei ny lov om tidsparar, langtidsferieprodukt mv. ute på høyring med frist 1. juli 2011. Høyringsforslaget tek sikte på å gjennomføre det nye timesharedirektivet i EU i norsk rett, jf. omtale under resultatrapporten. Ei ny lov kan tre i kraft frå 1. januar 2012.

Dei gjeldande forskriftene om prisopplysingar for varer og tenester er under revisjon, jf. omtale under resultatrapporten. Målet er å kome fram til ei ny, samla forskrift om varer og tenester som kan tre i kraft i 2012. Den nye forskrifta skal medverke til meir velfungerande marknader og gi forbrukarane betre prisinformasjon.

Partane i EU blei sommaren 2011 samde om eit nytt direktiv om forbrukarrettar. Direktivet vil bli formelt vedteke før slutten av 2011. Det er mindre omfattande og inngripande enn det opphavlege forslaget frå EU-kommisjonen (jf. omtale under resultatrapporten), og slik har arbeidet med direktivet gått i rett retning sett frå ein norsk ståstad. Direktivet vil vere EØS-relevant, og departementet vil venteleg starte arbeidet med å førebu lovendingar i 2012.

Direktivet om urimeleg handelspraksis er gjennomført i den nye marknadsføringslova, som blei sett i kraft 1. juni 2009. EU-kommisjonen er i gang med å lage ein rapport om korleis medlemslanda har gjennomført direktivet. Rapporten skal etter planen liggje føre i april 2012. Kommisjonen vil i samband med dette også vurdere å endre direktivet på enkelte punkt. Departementet vil følge opp arbeidet med ein eventuell revisjon av direktivet i 2012.

Handlingsplan for betre kosthald i befolkninga (2007–2011) omtalar mellom anna behovet for å redusere marknadsføring av usunne matvarer retta mot barn og unge. Sidan 2007 har matvarebransjen hatt frivillige retningslinjer for slik marknadsføring. Verdens helseorganisasjon (WHO) tilrår at styresmaktene tek ei aktiv rolle, og dette vil også bli følgd opp i Noreg. Helse- og omsorgsdepartementet og BLD vil greie ut behovet for å innføre ei lov- og forskriftsregulering av marknadsføring av mat- og drikkevarer retta mot barn og unge.

Matkjedeutvalet blei oppnemnt i 2010 for å greie ut styrkjetilhøva i verdikjeda for mat, vur-

dere utviklinga og føreslå tiltak som kan vareta forbrukarinteresser som til dømes pris, vareutval, kvalitet og tilgjenge. Innstillinga frå utvalet (NOU 2011:4 *Mat, makt og avmakt – om styrkeforholdene i verdikjeden for mat*) blei levert til Landbruks- og matdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og BLD i april 2011 og er send på høyring til 1. desember 2011. Når høyringsrunden er gjennomført, vil regjeringa kome tilbake til korleis tilrådingane frå utvalet skal følgjast opp.

Arbeidet med å utforme nasjonale og internasjonale standardar er ope for alle interessentar som ønskjer å delta. Næringslivet er ofte sterkt representert. Det er viktig å leggje til rette for at også forbrukarinteressene blir varetekne i arbeidet, slik at det blir laga gode og balanserte standardar.

Forbrukarsekretariatet i Standard Norge skal fremme omsyn til forbrukarane og stimulere til forbrukardeltaking i standardiseringa. Sekretariatet er oppretta gjennom eit samarbeid mellom BLD, Forbrukarrådet og Standard Norge og vil bli ført vidare i 2012. Sentrale oppgåver for sekretariatet er å koordinere og formidle forbrukarinformasjon som er viktig i standardiseringa. Sekretariatet har også ei viktig rolle i opplæring og rettleiing for deltakarar i standardiseringsverksemd.

Delmål 7.2: God og effektiv sakshandsaming av tvistar på forbrukarområdet

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i delmåla som blei presenterte i Prop. 1 S (2009–2010) under kap. 860 Forbrukarrådet, kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid og kap. 867 Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet.

Forbrukarrådet medverka til at Bankklagenemnda og Forsikringsklagekontoret frå 1. juli 2010 blei slått saman til den nye Finansklagenemnda. Gjennom den nye nemnda har forbrukarane fått ei meir robust eining til å handsame tvistar med finansføretak om produkt knytte til bank, forsikring, finans og verdipapirfond.

Husleigetvistutvalet løyser tvistar mellom utleigarar og leigarar av bustader med heimel i husleigelova. Etter medverknad frå Forbrukarrådet blei det i 2010 etablert utval i Trondheim og Bergen. Frå før var det etablert utval i Oslo og Akershus. Mange forbrukarar har dermed fått eit betre tvisteløysingstilbod.

Regjeringa sette i 2009 ned eit utval for å greie ut ulike sider ved det utanrettslege tilbodet for

handsaming av forbrukartvistar. Målet var å få fram forslag som kan styrkje og forbetre tilbodet. Det utanrettslege tvisteløysingstilbodet på forbrukarområdet består i dag hovudsakleg av Forbrukartvistutvalet (FTU) og frivillige nemnder oppretta gjennom avtalar mellom Forbrukarrådet og bransjane.

Utvalet la hausten 2010 fram NOU 2010:11 *Nemndsbehandling av forbrukertvister*. Her blei det mellom anna tilrådd ei ny lov om nemndshandsaming av forbrukartvistar, at det skal vere like reglar for sakshandsaming i dei ulike nemndene, og at også tvistar knytte til kjøp og sal av fast eigedom, skal vere ein del av det utanrettslege tilbodet. Utgreiinga var ute på høyring våren 2011.

Det kom i 2010 inn 1 214 saker til FTU, mot 1 216 i 2009. Sakene hadde i snitt ei handsamingstid på 110 dagar, mot 129 dagar i 2009. Målet om ei gjennomsnittleg handsamingstid på under seks månader blei dermed nådd.

Til Marknadsrådet kom det inn 24 saker, mot 18 i 2009. Marknadsrådet gjorde vedtak i 14 saker. Den gjennomsnittlege handsamingstida var på 71 dagar, og målet om ei gjennomsnittleg handsamingstid på under tre og ein halv månad blei dermed nådd.

For å gjere det enklare å klage på kjøp i andre EU- eller EØS-land har Europakommisjonen i samarbeid med nasjonale forbrukarorganisasjonar etablert eit nettverk av forbrukarkontor (EEC Net) i dei fleste europeiske landa. Kontoret i Noreg (Forbrukar Europa) er lokalisert saman med Forbrukarrådet. Forbrukar Europa registrerte 1 865 førespurnader i 2010. Av desse kom 1 428 frå forbrukarar som trong juridisk hjelp. Resten (437) kom frå forbrukarar som ønskte informasjon. 60 prosent av førespurnadene kom frå norske forbrukarar. Frå 2009 til 2010 var auken i talet på førespurnader til Forbrukar Europa på over 20 prosent.

Strategiar og tiltak for 2012

Det er eit viktig forbrukarpolitisk mål å gi forbrukarane tilgang til effektiv og rimeleg tvisteløysing. Forbrukarsaker handlar ofte om mindre beløp, og domstolshandsaming kan derfor vere uforholdsmessig kostbart og ressurskrevjande.

I NOU 2010:11 *Nemndsbehandling av forbrukertvister* foreslo eit offentleg utval ulike tiltak for å styrkje og forbetre tvisteløysingstilbodet, jf. omtale under resultatrapporten. Utgreiinga frå utvalet var ute på høyring våren 2011. BLD tek sikte på å leggje fram dei første forslaga om oppfølging i 2012.

Eit viktig mål for Forbrukartvistutvalet (FTU) er at tilbodet om ei kostnadsfri og forenkla tvisteløysing er allment kjent, at sakshandsaminga er rask og god, og at sentrale prinsipp om rettstryggleik blir tekne vare på. Sakene skal ha ei gjennomsnittleg handsamingstid på under fem månader rekna frå sakene kjem inn til sekretariatet for FTU. Ein grunnleggjande føresetnad for funksjonen til FTU som konfliktløysar og førebyggjande organ er at utvalet har tillit, og at organet blir oppfatta som uavhengig og nøytralt.

I saker for Marknadsrådet som gjeld klage på marknadsføring etter marknadsføringslova, er målet ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på under tre og ein halv månad, rekna frå sakene kjem inn til sekretariatet, til vedtaka blir sende ut til partane. For saker som gjeld alkohol- og tobakksreklame, er det ikkje fastsett noko mål for handsamingstida. Sakene om alkoholreklame som har vore oppe hittil, har vore store og med omfattande innlegg frå begge sider. Ein må derfor rekne med noko lengre handsamingstid for desse.

I EU er ein også oppteken av korleis ein skal sikre at forbrukarane får vareteke rettane sine i praksis. For tvistar der forbrukaren og den næringsdrivande held til i kvart sitt land, er det også viktig å leggje til rette for utanrettsleg tvisteløysing og god informasjon. EU-kommisjonen arbeider derfor med å greie ut kollektiv tvisteløysing, som til dømes gruppesøksmål. Noreg sende i april 2011 eit innspel til EU-kommisjonen, og her blei det mellom anna gitt informasjon om den norske tvistelova som opnar for gruppesøksmål. EU-kommisjonen vil innan utgangen av 2011 presentere hovudprinsippa som bør gjelde for kollektiv tvisteløysing, og skissere vegen vidare. BLD vil i 2012 følgje opp vidare initiativ frå EU om alternativ tvisteløysing.

EU-kommisjonen gjennomførte tidleg i 2011 ei høyring for å få eit betre grunnlag for eit forslag som skal fremmast hausten 2011. Formålet med forslaget er å medverke til rask, enkel og rimeleg utanrettsleg tvisteløysing for forbrukarar i Europa. BLD vil følgje arbeidet og medverke til eit godt regelverk som også tek omsyn til nasjonale løysingar og særtrekk. Det same gjeld eit forslag om tvisteløysing på Internett, som EU-kommisjonen også skal fremme i 2011.

BLD vil i tillegg følgje opp rekommandasjonen frå EU-kommisjonen om eit einskapleg system for klassifisering, rapportering og registrering av forbrukarklager. Kommisjonen ønskjer at systemet skal takast i bruk av organ som handsamar forbrukarklager. Siktemålet er mellom anna at systemet skal nyttast i samband med Kommisjonen

sine resultatavlar (*Consumer Markets Scoreboard*).

Forbrukar Europa (sjå omtale under resultatrapporten) vil også i 2012 gi informasjon og hjelp til forbrukarar ved tvistar knytte til kjøp av varer og tenester over landegrensene frå næringsdrivande i EØS-området.

Delmål 7.3: Informerte og opplyste forbrukarar

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i delmåla som blei presenterte i Prop. 1 S (2009–2010) under kap. 860 Forbrukarrådet og kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid.

Forbrukarrådet hadde i 2010 omfattande kontakt med forbrukarane gjennom om lag 75 000 telefonsamtalar, 25 000 e-postar og 3,2 millionar besøk på Forbrukarportalen (*forbrukarportalen.no*). Mange nytta også den nettbaserte klagerettlegginga som finst på Forbrukarportalen. Utviklinga har i dei seinare åra gått i retning av at stadig fleire nyttar e-post og Internett i kontakten med Forbrukarrådet. Færre nyttar telefon.

Det har i dei seinare åra vore små endringar i kva forbrukarane vender seg til Forbrukarrådet om. Forbrukarrådet får framleis flest spørsmål om kjøp av bil, husleige, handverkar tenester og elektronikk.

Dei overordna måla for Finansportalen (*finansportalen.no*) er å gi informasjon til forbrukarane og medverke til at forbrukarmarknaden for finansielle tenester fungerer betre. Dagleg oppdatert prisinformasjon på portalen gjer det enklare for forbrukarane å orientere seg i marknadene for sparing, lån og forsikring.

Trafikken på Finansportalen har halde seg på eit stabilt nivå. Tala for gjennomsnittleg besøkande per veke var 9 220 i 2008, 10 250 i 2009 og 8 150 i 2010. For å nå ut til flest mogleg hushald har Finansportalen utvikla kalkulatorar for bustadlån, bank sparing og smålån til bruk på eksterne nettsider. Nettsider som inneheldt Finansportalen sine kalkulatorar, hadde hausten 2010 i gjennomsnitt 14 500 brukarar per veke. Tala seier ikkje noko sikkert om den faktiske bruken av kalkulatorane.

For å auke mobiliteten blant bankkunder blei eit særskilt verktøy for bankbyte lansert på Finansportalen i 2009. Tal frå Finansnærings Fellesorganisasjon tyder ikkje på at Finansportalen hittil har ført til at fleire forbrukarar har bytt hovudbank.

Ei undersøking som Norsk finansbarometer gjennomførte i 2010, viste at elleve prosent av dei

spurde hadde nytta Finansportalen til å samanlikne vilkåra til ulike finansielle aktørar. Av desse hadde sju prosent samanlikna vilkåra hos bankar, tre prosent samanlikna vilkåra på skadeforsikring og ein prosent samanlikna vilkåra på fond. Tala er nesten identiske med tala for 2009. Brukarane av Finansportalen svarte at tenesta hadde god nytteverdi, var tilgjengeleg og enkel i bruk.

Hausten 2010 blei den nye prissamanliknings-tenesta *Send pengar heim* lansert på Finansportalen. Tenesta samanliknar kostnadene for private pengeoverføringar til 25 mottakarland. Det blei også gjort endringar i den tekniske plattformen til portalen. Mellom anna blei søkjefunksjonane betra.

BLD har sidan 2008 samarbeidd med Forbrukarrådet om forbrukarinformasjon for minoritetspråklege. Nye informasjonsbrosjyrar om grunnleggjande forbrukarrettar blei i 2010 lanserte på engelsk, urdu, arabisk, somali og norsk. Brosjyrane gir informasjon om mobiltelefon- og bruktbil-kjøp, inkasso, husleige og privatøkonomi. Opptrykk og gratis utsending av brosjyrane har ført til at informasjonen har kome til nytte mellom anna gjennom Vox (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk), NAV, flyktningkontor, barnevernkontor og skolar. Brosjyrane er også tilgjengelege på Forbrukarportalen.

Det er eit forbrukarpolitisk mål å styrkje undervisinga i forbrukaremne i skolen. Saman med dei andre nordiske landa og Estland slutførte Noreg i 2010 eit nytt måldokument om forbrukarundervisinga. Måldokumentet er ei oppfølging av OECD sin rekommandasjon om forbrukarundervising for perioden 2009–2012 og skal vere eit bidrag til utvikling av nasjonale strategiar. I Noreg vil dokumentet bli nytta i arbeidet med å implementere forbrukarundervisinga under Kunnskapsløftet.

Høgskolen i Hedmark har fått midlar av BLD til å vere sekretariat for det internasjonale prosjektet PERL (Partnership for Education and Research about Responsible Living). PERL er eit nettverk av lærarar og forskarar frå over 120 institusjonar i 50 land som medverkar til å utvikle kompetanse og undervising om berekraftig forbruk. PERL samarbeider med og mottok støtte frå mellom andre EU-kommisjonen, UNEP og UNESCO. PERL er ei vidareføring av Sokrates-programmet *Consumer Citizenship Network 2004–2009* (EU sitt handlingsprogram for utdanning).

Strategiar og tiltak for 2012

Informasjon er eit av dei mest sentrale verkemidla i forbrukarpolitikken. Forbrukarane skal ha god og tilstrekkeleg informasjon om vare- og tenestetilbodet, og kunnskap om gjeldane rettar og plikter. Informasjon fremmar forbrukarmakt og gjer det mogleg for forbrukarane å ta velinformerte og medvitne val. Det offentlege forbrukarapparatet har ei viktig informasjonsoppgåve overfor forbrukarane.

Tenestene til Forbrukarrådet er det viktigaste bidraget i den offentlege forbrukarinformasjonen. Forbrukarrådet treff forbrukarane kvar dag gjennom ulike kanalar: Forbrukarportalen (*forbrukarportalen.no*), Finansportalen (*finansportalen.no*), Forbrukar Europa (*forbrukereuropa.no*), Forbrukartelefonen, e-post, klagenemnder, skriftleg kontakt og besøk på regionkontora. Kontakten med forbrukarane er omfattande. I 2012 ventar Forbrukarrådet å ha kontakt med om lag 90 000 forbrukarar via e-post og Forbrukartelefonen. På heimesida er det venta om lag 3 millionar besøk.

Forbrukarrådet har som mål å gi hjelp til sjølvhjelp for flest mogleg forbrukarar gjennom kompetent, effektiv og tilgjengeleg service. Forbrukarportalen er sentral i servicearbeidet og vil i 2012 bli bygd om og lansert på nytt. For at forbrukarane skal kunne ta aktive og informerte val, vil Forbrukarrådet halde fram med å produsere og publisere informasjon og testar på nettet.

Undersøkingar har gjennom mange år vist at brukarane er godt nøgde med tenestene til Forbrukarrådet. Målet for 2012 er at delen nøgde skal liggje på same høge nivå som i tidlegare år.

Forbrukarombodet og SIFO har omfattande informasjonsoppgåver. For å førebyggje ulovleg marknadsføring og bruk av urimelege kontraktar rettar Forbrukarombodet informasjon til både forbrukarar og næringsdrivande. Informasjon om den digitale marknadsplassen, mellom anna om personvern, korleis ein kan unngå nettsvindler, og vilkåra for mobile innhaldstenester, er område som er aktuelle for ombodet framover. Etter marknadsføringslova skal Forbrukarombodet også føre tilsyn med at reklame ikkje er i strid med likeverdet mellom kjønna. SIFO vil halde fram med å medverke aktivt i samfunnsdebatten, med resultat og nyhende frå forbruksforskninga, og med kunnskapar om stillinga til forbrukarane og maktforholda i marknaden.

Departementet legg til rette for at elevar og lærarstudentar skal få innføring i forbrukaremne ved å utvikle undervisningsmaterieill og gjennom breitt samarbeid, også internasjonalt, om strate-

giar og mål for forbrukarundervisinga. Forbrukarerna er tverrfaglege og skal gi elevane kunnskap om berekraftig forbruk, digitale medium, personleg økonomi og generelt om forbrukarrettar og -plikter. Målet er å gjere elevane i stand til å opptre som sjølvstendige og kritiske forbrukarar. Det er også viktig å motverke at reklame får spele på kjønnsroller og skape urealistiske kroppsideal for jenter og gutar, kvinner og menn

Finansportalen (*finansportalen.no*) kunne frå mai 2011 tilby eit nytt verktøy som på ein enkel måte gjer det mogleg å samanlikne både vilkår og prisar på ei rekkje skadeforsikringar under villa-, innbu-, reise- og bilforsikring. Frå starten var berre fire skadeforsikringsselskap kopla til løysinga, men før utgangen av 2011 vil fleire selskap slutte seg til. Forsikringsprodukt vil bli meir gjennomsiktlige og forståelege når dei kan samanliknast på Finansportalen. Med dette samanlikningsverktøyet ferdig utvikla har Finansportalen alt innhald og alle tenester som opphavleg var planlagde, og gir forbrukarane eit heilskapleg bilete av marknaden for både sparing, lån og forsikring. Utfordringane framover vil vere å sikre at flest mogleg institusjonar og produkt blir viste på portalen, og å nå ut med informasjon til flest mogleg. For at Finansportalen skal bli oppfatta som informativ og relevant, vil ein arbeide for å utvikle innhaldet vidare i takt med mellom anna endringar i marknaden. Det er til dømes aktuelt å tilpasse portalen til nye digitale kanalar.

I Soria Moria II-erklæringa blir det lagt til grunn at trygge, velinformerte og aktive forbrukarar er viktige for godt fungerande marknader. Mange forbrukarar kjenner til dømes stor utryggleik i marknaden for kjøp og sal av bustader. Det blir derfor arbeidd med å styrkje rettane til bustadkjøparar og sikre desse betre informasjon. Departementet vurderer også tiltak som kan gi større tryggleik ved kjøp av handverkartenes-ter på bustader.

Regjeringa vil medverke til å vidareutvikle nøytrale informasjonskanalar på Internett. Nettbaserte løysingar gir betre høve for effektiv forbrukarinformasjon enn om forbrukarane skal samle inn informasjonen frå ulike kjelder på eiga hand. BLD meiner at marknadsportalar – i tillegg til prisinformasjon – også bør innehalde informasjon om forhold ved produkt og leverandørane som til dømes miljø, etikk/samfunnsansvar, arbeids- og kontraktforhold. Marknaden for handverkartenes-ter på bustader er ein av marknaden som er særleg aktuell å greie ut med tanke på nettbasert informasjon.

Forbrukarrådet har på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet teke på seg å etablere og drifte ein marknadsportal for tannhelsetenester. Målet er at ein tannhelseportal skal lanserast våren 2012.

BLD har i 2011, i samarbeid med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, fått gjort ei vurdering av moglege gevinstar ved å samordne dei offentlege prisportalane som er retta mot forbrukarane. Tiltrådingane frå denne utgreiinga vil bli nytta i det vidare arbeidet med slike portalar.

BLD har i samarbeid med andre departement som forvaltar merkeordningar, gått gjennom omfanget, bruken og nytten av merkeordningar retta mot forbrukarane på den norske marknaden. Gjennomgåinga viser at forbrukarane må ta stilling til ei stor og aukande mengd merke. Det er identifisert eit femtitals frivillige ordningar med symbol eller forenkla merkesystem, med ulik karakter, ulikt formål og ulik utbreiing. Av desse er ni offentlege eller ordningar som får offentleg støtte. Dei ni ordningane har som formål å fremme norske matprodukt, helse og sunnheit, miljø- og klimaomsyn og etisk handel.

Ei undersøking frå SIFO viser at forbrukarar flest er tilfredse med merkeordningane. Forbrukarar som er interesserte i bestemte eigenskapar ved varene, set seg inn i og nyttar dei aktuelle ordningane når dei handlar. Det er ikkje grunnlag for å seie at mangfaldet av merke er eit problem i seg sjølv. Likevel viser undersøkinga at det er eit klart behov for betre informasjon om kva dei ulike merka tyder.

For dei offisielle merkeordningane og merkeordningane som får offentleg støtte, er det utarbeidd ei oversikt over formål, utbreiing/omfang og offentleg støtte. Saman med forbrukarundersøkinga gir dette materialet eit godt grunnlag for å vurdere korleis dei offentlege merkeordningane fungerer for forbrukarane.

Undersøkinga viser at det er dei offentlege merka som har den største tilliten i marknaden, og at det heilt klart har mykje å seie for tilliten til merka at det offentlege står bak. Det nordiske miljømerket Svanen er klart den best kjende av alle merkeordningane. Regjeringa har over fleire år prioritert profilering av miljømerka Svanen og Blomen.

Regjeringa vil arbeide vidare med informasjonstiltak som kan medverke til å styrkje effekten av merkeordningane som forbrukarretteleing. I samband med dette vil ein særleg vurdere nettbaserte informasjonsløysingar og samarbeid med varehandelen for å betre informasjonen på utsalsstadene.

Delmål 7.4: Godt kunnskapsgrunnlag for forbrukarpolitikken

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i delmåla som blei presenterte i Prop. 1 S (2009–2010) under kap. 866 Statens institutt for forbruksforskning.

Innanfor fagområda til SIFO blei det i 2010 sett i gang 19 nye prosjekt. Det blei publisert 14 tidskriftsartiklar og 11 bokartiklar.

Deltaking i og leiing av internasjonale prosjekt har lenge vore eit satsingsområde for SIFO. I 2010 blei EU-prosjekta *BAREENERGY*, *EuroMARC* og *DIAREL* om høvesvis barrierane for at hushalda skal redusere energibruken, mat frå fjellet og religiøs slakting, avslutta. I *Beauty*-prosjektet, som også blei avslutta i 2010, samarbeidde SIFO med mellom andre Göteborgs universitet om å sjå på spørsmål kring skjønnheit og helse. Ein konklusjon frå prosjektet var at utsjånaden i aukande grad har blitt synleg gjennom forbruket til folk.

SIFO fekk hausten 2010 mykje merksemd rundt prosjektet *A secret success*, om energibruken i norske hushald. Det kom fram at elektrisitetsforbruket til hushalda har blitt redusert i dei seinare åra. Flytting bort frå gardsbruk med store våningshus til einestader, rekkjehus og blokkar, betre isolasjon og bruk av meir effektivt elektrisk utstyr er blant forklaringsfaktorane.

SIFO arbeidde vidare med å utvikle kvaliteten på og nytteverdien av standardbudsjettet for forbruksutgifter. Standardbudsjettet er ikkje eit minimumsbudsjett, og det blei derfor også arbeidd med å utvikle ein minstandard for forbruk.

Av totalt 38 tilsette forskarar ved SIFO i 2010 hadde 18 doktorgrad. Seks av forskarane hadde forskar I-kompetanse. Tretten doktorgradsprosjekt var under arbeid. To av desse blei etablerte i 2010. Ingen doktorgradar blei fullførte.

Delen prosjekt med ekstern finansiering var i 2010 på 41 prosent, mot 39 prosent i 2009.

Prosjekt finansierte av Forskingsrådet, utgjorde 28 prosent av totalbudsjettet, eller 65 prosent om ein ser bort frå basisløyvinga frå departementet. Dette er klart høgare enn i 2009. Delen av prosjekta som var finansiert frå forskingsprogrammet til EU, var på vel 2 prosent, eller nærmar 6 prosent om ein ser bort frå basisløyvinga. Dette er klart mindre enn i 2009.

Formidlinga frå SIFO av forskingsresultat gjennom foredrag, populærvitenskaplege artiklar, kronikkar og medieomtale var omfattande. Instituttet deltok i og var arrangør av seminar og konferansar om ulike forbrukartema.

BLD samarbeidde med Forbrukarrådet, Forbrukarombodet og SIFO om ei oppfølging av forbrukarundersøkinga *Forbrukertilfredshetsindeksen* frå 2008. Undersøkinga viste at bustadomsetjing er særleg krevjande for forbrukarane. Hausten 2010 blei det derfor sett i gang to kvalitative undersøkingar om kjøp og sal av brukte bustader. SIFO og TNS Gallup stod for gjennomføringa. Resultata blei presenterte i mai 2011 og viser at mange kjenner seg svært usikre, særleg ved bustadkjøp. Det blir etterlyst betre informasjon, støttefunksjonar når ein står aleine overfor ei vanskeleg avgjerd, og ein meir oversiktleg prosess. Dette er viktige signal i det vidare arbeidet med bustadspørsmål.

Noreg er med på delar av satsinga til EU-kommisjonen på *Consumer Markets Scoreboard*, som er ei resultattavle som dokumenterer situasjonen for forbrukarane i den indre marknaden. Noreg deltok i ei omfattande forbrukarundersøking, der 50 ulike vare- og tenestemarknader blei undersøkte og rangerte utifrå parametrane tillit, openheit og klageforhold. Funna blei publiserte hausten 2010. Marknadene for finansielle tenester, eigdomsmekling og teletenester peikte seg ut som særleg problematiske. Slike internasjonale samanlikningar er nyttige i arbeidet med å definere innsatsområde i forbrukarpolitikken.

Strategiar og tiltak for 2012

Ein aktiv forbrukarpolitikk føreset god kunnskap om tilhøva til forbrukarane.

Gjennom forskning og testverksemd skal SIFO medverke til å belyse problemstillingar som er viktige for forbrukarane og relevante for forbrukarpolitikken. Kvardagslivet til forbrukarane og hushalda står sentralt. SIFO medverkar med kunnskap om ulike marknader, varer og tenester, haldningane og åtferda til forbrukarane, dei sosiale samanhengane forbruket skjer innanfor, og om offentleg politikk som verkar inn på situasjonen til forbrukarane.

Kunnskapsproduksjonen til instituttet blir vurdert med tanke på relevans og nytte. Viktige forskingsområde i den seinare tida – som også reflekterer aktuelle tema i samfunnsdebatten – har vore forbruksutgifter og levekår, forbruk og miljø, leverandørmakt og pris, mat og tillit, ungdom og kommersialisering, og bruk av ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

I dei seinare åra er det lagt stor vekt på å dokumentere tilhøva for forbrukarane gjennom nasjonale og internasjonale marknadsundersøkingar. Formålet er å skaffe kunnskap om behova for til-

tak med sikte på å gjere marknaden tryggare eller enklare, eller gi kundane større valfridom. Nasjonalt samarbeider BLD med SIFO, Forbrukarrådet og Forbrukarombodet om å utvikle og gjennomføre slike undersøkingar. Ein ønskjer først og fremst å rette merksemda mot marknader som har vist seg problematiske eller særskilt krevjande for kundane. Blant aktuelle område for kartlegging i 2012 er marknadene for handverkertjenester og finansielle tenester.

EU-kommisjonen har dei seinare åra utvikla eit omfattande system for å overvake og dokumentere situasjonen for forbrukarane i den indre marknaden. Det blir samla inn store mengder data om mellom anna utsalssprisar, klagesaker og produkttryggleik, og om kor tilfredse forbrukarane er i ulike marknader. Vidare blir det gjort studiar av enkeltmarknader eller -sektorar, til dømes e-handel, finansielle tenester og elektrisitet, og om forbrukarane sine kunnskapar. Resultata blir publiserte to gonger årleg, i det såkalla *Consumer Markets Scoreboard*. Under EØS-avtala og rammeprogrammet for forbrukarpolitikk blir det arbeidd for at flest mogleg av desse undersøkingane også skal inkludere data frå Noreg. Det er svært nyttig å kunne samanlikne tilhøva for forbrukarane i Noreg med tilsvarende i andre land.

Regionkontora til Forbrukarrådet har, gjennom sin forbrukarservice, ein viktig funksjon som kontaktpunkt mot enkeltforbrukarar. Statistikken over desse kontaktane gir god oversikt over kva forbrukarproblem som finst. Dette kunnskapstilfanget gir, saman med annan dokumentasjon, eit viktig kunnskapsgrunnlag for forbrukarpolitikken.

Tal frå inkassobrandsjen kan tyde på at unge vaksne i aukande grad er råka av økonomiske problem. Mange unge har lita erfaring med økonomiske spørsmål, til dømes låneopptak og bruk av ulike betalingsinstrument. Dei kan også vere særleg sårbare for aggressiv marknadsføring. BLD har saman med Forbrukarrådet, Forbrukarombodet og SIFO sett i gang eit prosjekt som skal sjå nærmare på årsakene til betalingsmisleghald hos unge vaksne. Kartlegginga vil gi grunnlag for å vurdere om det er nødvendig med tiltak retta spesielt mot denne gruppa.

Delmål 8.1: Medvit og informasjon om etiske og miljømessige konsekvensar av forbruksval

Resultatrapport 2010/2011

Rapporteringa tek utgangspunkt i delmåla som blei presenterte i Prop. 1 S (2009–2010) under kap. 860 Forbrukarrådet, kap. 862 Positiv miljø-

merking og kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid.

Forbrukarrådet gjennomførte i 2010 ein test som viste at det var vanskeleg for forbrukarane å gjere miljøvennlege val i daglegvarebutikkar. Utvalet av miljøvennlege varer verka tilfeldig, og ofte var varene også dyrare og bortgøymde. Testrapporten danna grunnlag for eit arbeid med å påverke daglegvarebransjen i ei meir miljøvennleg retning. Forbrukarrådet la også stor vekt på å presentere produkttestar som gjer det enklare for forbrukarane å ta berekraftige val.

Stiftelsen Miljømerking (Miljømerking) arbeider med å oppdatere og produsere ny informasjon om miljømerkte produkt som er enkle og trygge miljøval i kvardagen. BLD gav i 2010 økonomisk støtte til Miljømerking for å vidareutvikle og styrkje dei offisielle miljømerka Svanen og Blomen. Informasjonsarbeidet blei særleg retta mot småbarnsforeldre og personar som arbeider med barn.

Det blei i 2010 gitt ut 116 nye norske lisensar og registreringar for Svanen innanfor ulike produktgrupper. Målet var å gi ut 60. I tillegg blei fleire lisensar og registreringar utvida med nye produkt. Sidan fleire lisensar og registreringar gjekk ut som følgje av reviderte og skjerpte kriterium, blei nettoauken i lisensar og registreringar 85. Ved utgangen av året var det totalt 559 gyldige lisensar og registreringar i Noreg, mot 474 ved utgangen av 2009.

Krava til miljømerkte varer og tenester blir reviderte og skjerpte kvart tredje til femte år. I 2010 blei sju kriteriedokument reviderte, medan målet var å revidere 15. Avviket frå målet hadde delvis samanheng med evalueringar som viste at krava er stramme nok.

For å få til ei miljøforbetring av varer og tenester er det også viktig at lisensar og registreringar som går ut, blir fornya etter skjerpte krav. I 2010 blei 39 lisensar og registreringar fornya. Målet var å fornye 40.

For 2010 hadde Miljømerking som mål at over 90 prosent av innbyggjarane skulle ha kjennskap til Svanen. Ei undersøking mot slutten av året synte at kjennskapen var på rundt 95 prosent. Dette er litt meir enn i 2009. Det var ingen signifikante skilnader i kjennskapen til Svanen mellom kvinner og menn.

For Blomen er det eit langsiktig mål å auke kjennskapen til 30 prosent. Ei undersøking synte at kjennskapen var på rundt 11 prosent i 2010. I 2009 var kjennskapen på 14 prosent. Nedgangen kan ha samanheng med at Blomen fekk ny logo i 2010. Fleire kvinner enn menn hadde kjennskap til merket.

BLD deltok i eit samarbeidsprosjekt under Nordisk ministerråd for å utforme ein visjon for det nordiske miljømerket Svanen fram mot 2015. Dei nordiske miljøministrane godkjende i november 2010 *Visjon for Svanen 2015*.

BLD hadde dialog med ulike bransjar om spørsmål knytte til miljømessig og etisk forbruk, mellom andre sjokoladeindustrien, tekstilbransjen og elektronikkbransjen. Departementet støtta prosjektet *Tekstilpanelet*, som tekstilbransjen står bak, og arbeidet til elektronikkbransjen med å betre informasjonen om etiske, sosiale og miljømessige sider ved produksjon og resirkulering av mobiltelefonar. Nettsida *eletikk.no* blei lansert på ein konferanse i desember 2010.

I tråd med regjeringa sin *Handlingsplan for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp* (2007–2010) blei det i 2010 etablert eit opplærings- og rådgivingstilbod for innkjøparar i offentleg sektor. Tilbodet er knytt til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). I 2010 blei det i samarbeid med svenske og danske styresmakter utvikla ein nettbasert rettleiar for etikk i offentlege innkjøp. Den norske versjonen av rettleiaren blei lansert av Difi i mai 2011.

Strategiar og tiltak for 2012

Regjeringa vil setje fokus på dei miljømessige og etiske utfordringane som følgjer av eit høgt forbruk. Gjennom ein aktiv forbrukarpolitikk vil regjeringa arbeide for at det samla forbruket blir meir berekraftig. Regjeringa vil arbeide for å skape større medvit om miljø- og klimakonsekvensar av forbruksval og av det samla private forbruket. Det er eit mål å skape større engasjement i samfunnet om løysingar som fører til eit meir berekraftig forbruksmønster. Eit berekraftig forbruksmønster omfattar både økonomiske, sosiale og miljømessige forhold.

Departementet vil medverke til å styrkje og vidareutvikle dei offisielle miljømerka Svanen og Blomen. Desse merkeordningane blir nytta til å formidle standardisert og kvalitetssikra informasjon om val som er gode for miljøet. For å sikre at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden aukar, er det viktig at forbrukarar og innkjøparar i enda sterkare grad spør etter slike. Det er eit mål å auke kunnskapen om at Svanen og Blomen tek omsyn til miljøverknadene gjennom heile livssyklusen, og at krava for å kunne miljømerke produkt og tenester er strenge.

I ein nyleg publisert forskingsrapport frå SIFO (nærmare omtalt under delmål 7.3 ovanfor) kjem det fram at forbrukarane i stor grad nyttar merke-

ordningar når dei gjer forbruksval i kvardagen. Samtidig viser rapporten at forbrukarane ikkje har nok kunnskap om kva dei ulike merka står for. BLD vil medverke til å gjere kunnskap om dei ulike merkeordningane lett tilgjengeleg for forbrukarane. BLD vil også byggje opp under tiltak som gir medvitne forbrukarar tilgang på fleire varer som er tilverka under akseptable miljø- og arbeidsforhold. Forbrukarrådet vil dessutan halde fram med å gjere det enklare for forbrukarane å gjere etiske og miljøforsvarlege kjøpsval, mellom anna ved å gjennomføre produkttestar og ved informasjon på Forbrukarportalen.

Skal forbrukarane få større tilgang på varer som er produserte på ein etisk og miljøansvarleg måte, må næringsdrivande finne det lønnsamt å produsere og investere berekraftig. Betre innsyn i heile verdikjeda til produkt er ein føresetnad for at forbrukarane, ved medviten etterspurnad, skal kunne medverke til at næringsdrivande endrar produktsortiment og produksjonsmåtar. Departementet ser positivt på tiltak som bransjane sjølve set i verk for å auke engasjementet til næringslivet, og som medverkar til utvikling av fleire produkt som er tilverka etter høge etiske og miljørelaterte standardar.

Det er viktig at næringsdrivande ikkje nyttar miljø- og etikkargumentasjon på ein uriktig eller villeiande måte i marknadsføringa. Forbrukarombodet, som forvaltar marknadsføringslova, skal sjå til at dette ikkje skjer, og arbeide for at forbrukarane skal få riktig og relevant informasjon også om etiske og miljømessige forhold ved varer og tenester.

Det er eit mål at så mange offentlege verksemdar som mogleg stiller sosiale krav i innkjøpa sine der dette er relevant. Departementet vil arbeide for å heve kompetansen i offentleg sektor om sosiale krav i offentlege innkjøp. Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) har det operasjonelle ansvaret for å utvikle verktøy og yte hjelp til offentlege innkjøparar som ønskjer å stille slike krav.

Skolen er ein viktig arena for å skape forståing for etikk-, miljø-, ressurs- og klimaproblema og for å skape sunne haldningar til forbruk. Mellom anna blir det gitt støtte til det internasjonale PERL-prosjektet, som Høgskolen i Hedmark er sekretariat for. Prosjektet medverkar til å utvikle kompetanse og undervising om berekraftig forbruk (sjå nærmare omtale under delmål 7.3).

I tillegg til å drive informasjons- og haldningsarbeid med sikte på å endre forbruket i ei meir berekraftig retning vil BLD arbeide for å utvikle metodar og indikatorar som gjer det mogleg å skildre miljøbelastninga frå det private forbruket på

samfunnsnivå. Tidlegare anslag tyder på at effekten av betre teknologi og meir miljøtilpassa produkt omtrent blir utlikna av auken i det materielle forbruket. For å møte miljø- og klimautfordrin-

gane er det eit mål i forbrukarpolitikken å medverke til ein nedgang i den samla miljøbelastninga frå forbruket.

Nærmare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
860	Forbrukarrådet	105 449	108 760	114 131	4,9
862	Positiv miljømerking	4 677	5 822	6 002	3,1
865	Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid	15 454	13 432	13 848	3,1
866	Statens institutt for forbruksforskning	26 481	27 041	27 879	3,1
867	Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet	7 635	7 752	7 913	2,1
868	Forbrukarombodet	23 494	21 495	21 927	2,0
Sum kategori 11.30		183 190	184 302	191 700	4,0

Utgifter under programkategori 11.30 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
01-23	Drift	41 760	38 159	39 028	2,3
50-59	Overføringar til andre statsrekneskapar	131 930	135 801	142 010	4,6
70-98	Overføringar til private	9 500	10 342	10 662	3,1
Sum kategori 11.30		183 190	184 302	191 700	4,0

Inntekter under programkategori 11.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012	Pst. endr. 11/12
3867	Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet	271			
3868	Forbrukarombodet	1 987			
Sum kategori 11.30		2 258			

Kap. 860 Forbrukarrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
50	Basisløyving	97 149	99 203	102 278
51	Marknadsportalar	8 300	9 557	11 853
	Sum kap. 0860	105 449	108 760	114 131

Status for verksemda

Forbrukarrådet er ein uavhengig interesseorganisasjon som skal gjere forbrukarar dyktige og påverke styresmakter, organisasjonar og næringsdrivande til å opptre forbrukarvennleg. I tillegg skal Forbrukarrådet hjelpe forbrukarar som har fått problem i samband med at dei har kjøpt ei vare eller teneste, og som til dømes treng hjelp til å fremme ei klage.

Forbrukarrådet er organisert som eit forvaltingsorgan med særskilde fullmakter, eigne vedtekter og eit styre.

Dei ti regionkontora til Forbrukarrådet har ansvaret for lokale tenester til forbrukarane og har ein viktig funksjon som kontaktpunkt mot enkeltforbrukarar. Det forbrukarpolitiske arbeidet blir leidd frå hovudkontoret i Oslo.

Post 50 Basisløyving

Posten dekkjer lønnsutgifter til faste medarbeidarar, godtgjering til medlemmene i styret, utgifter til kontordrift og politiske aktivitetar og husleige i Forbrukarrådet. Vidare dekkjer løyvinga kostnader ved å greie ut aktuelle problemstillingar som er viktige for forbrukarane, og kostnader ved å bringe prinsipielle spørsmål inn for domstolane for å få avklara kva som er gjeldande forbrukarrett. Løyvinga skal også dekkje nasjonale utgifter i samband med deltakinga i *European Consumer Centres*-nettverket.

Som forvaltingsorgan med særskilde fullmakter har Forbrukarrådet fått fritak frå det statlege bruttobudsjetteringsprinsippet, jf. *Bevilgningsreglementet* § 3, fjerde ledd. Tilsetjingstilhøva til dei tilsette er regulerte i tenestemannslova. Forbrukarrådet leverer årsrapport til departementet, jf. *Bestemmelser om økonomistyring i staten* § 1.5.1.

Det blir føreslått ei løyving på 102,278 mill. kroner på posten.

Post 51 Marknadsportalar

Posten dekkjer kostnadene til ordinær drift og utvikling av Finansportalen og Tannhelseportalen.

Finansportalen, som blei opna i januar 2008, skal gjere det enklare for forbrukarane å samanlikne dei mange og ulike produkta som finst på markedene for sparing, lån og forsikring, og såleis medverke til at desse fungerer betre.

Etter førespurnad frå Helse- og omsorgsdepartementet har Forbrukarrådet teke på seg å etablere og drifte ein marknadsportal for tannhelse-tenester. Tannhelseportalen, som etter planen skal lanserast våren 2012, skal gjere det enklare for forbrukarane å få oversikt over prisane på ulike tannhelsetenester.

Det blir føreslått ei løyving på 11,853 mill. kroner på posten. Forslaget inneber ei styrking av posten på 2 mill. kroner til å dekkje utgifter til drift av Tannhelseportalen.

Kap. 862 Positiv miljømerking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
70	Driftstilskot til offentlig stiftelse for positiv miljømerking	4 677	5 822	6 002
	Sum kap. 0862	4 677	5 822	6 002

Status for verksemda

Formålet med miljømerking er å stimulere til meir miljøtilpassa produktutvikling og mindre miljøbelastande forbruk. Dette skal ein oppnå gjennom å utvikle kriterium for miljømerking av varer og tenester, godkjenne produkt og rettleie forbrukarar og innkjøparar.

Stiftelsen Miljømerking i Noreg (Miljømerking) er oppretta for å forvalte Svanen, den fellesnordiske ordninga for frivillig positiv miljømerking av varer og tenester. Miljømerking er også ansvarleg organ i Noreg for Blomen, miljømerkeordninga til EU.

Miljømerking blir leidd av eit styre med representantar oppnemnde av BLD, miljøvernstyresmaktene, Næringslivets Hovedorganisasjon, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon, LO, Forbrukarrådet, handelskjedene og miljøorganisasjonane.

Miljømerking fekk i 2010 om lag 4,7 mill. kroner i statleg driftsstøtte frå BLD. Av desse blei om lag 1,5 mill. kroner nytta til å dekkje kostnader som følgjer av rolla som ansvarleg organ i Noreg for Blomen. I tillegg fekk Miljømerking litt over 1 mill. kroner i støtte frå Miljøverndepartementet. Dei samla inntektene var på om lag 23 mill. kroner. Hovuddelen av desse var knytte til lisensiering av Svanen.

Miljømerking hadde per 1. mars 2011 25 tilsette. Av desse var 18 kvinner.

Post 70 Driftstilskot til offentlig stiftelse for positiv miljømerking

Posten dekkjer tilskot til administrasjon av den nordiske miljømerkeordninga og utgifter som følgjer av rolla som norsk ansvarleg organ for miljømerkeordninga til EU.

Det blir føreslått ei løyving på 6,0 mill. kroner på posten.

Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	10 631	8 912	9 188
79	Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, <i>kan overførast</i>	4 823	4 520	4 660
	Sum kap. 0865	15 454	13 432	13 848

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane på posten blir i hovudsak nytta til å finansiere enkeltprosjekt, utgreingar og utviklings- og informasjonstiltak som har særleg relevans for forbrukarområdet. Posten dekkjer også mellom anna kjøp av tenester, kostnader til konferansar og

finansiell støtte til tiltak som fremmar forbrukarpolitiske omsyn.

Posten skal finansiere utgiftene til forbrukarsekretariatet i Standard Norge (sjå nærmare omtale under delmål 7.1) og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sitt arbeid med sosiale og etiske krav i offentlege innkjøp. Det er sett av 1 mill. kroner til Difi sine tenester på dette området.

Midlar vil også bli nytta til arbeid med å styrkje undervisinga i forbrukaremne i skolen. Departementet har utvikla eit samarbeid med Høgskolen i Hedmark for dette formålet. Vidare er departementet med på å finansiere sekretariatet for det internasjonale *PERL*-prosjektet (Partnership for Education and Research about Responsible Living) som høgskolen leier.

Departementet samarbeider med Forbrukarrådet om å vidareutvikle nøytrale informasjonskanalar på Internett. Departementet er med på å finansiere utgreiingar om marknadsportalar på nye område. For 2012 er det sett av 1 mill. kroner til utviklingsarbeid med ein marknadsportal for handverkartenester.

Løyvinga vil dekkje utgifter til informasjonstiltak som kan medverke til å styrkje effekten av forbrukarretta merkeordningar. Aktuelle tiltak er til dømes finansiering av nettbaserte informasjonsløysingar og samarbeid med varehandelen om informasjonstiltak.

Posten vil også bli nytta til å finansiere nasjonale og internasjonale marknadsundersøkingar for å skaffe kunnskap om behova for tiltak som kan gjere marknaden tryggare eller enklare for forbrukarane. Departementet samarbeider med SIFO, Forbrukarrådet og Forbrukarombodet om å utvikle og gjennomføre slike undersøkingar, og Noreg tek del i EU-kommisjonen sitt arbeid for å overvake og dokumentere situasjonen for forbrukarane. Posten vil i 2012 dekkje utgifter til ei stilling i EU-kommisjonen knytt til marknadsundersøkingar (Consumer Markets Scoreboard).

Departementet vil i 2012 setje av midlar til eit prosjekt – i samarbeid med Forbrukarrådet, Forbrukarombodet og SIFO – for å kartleggje årsaker til betalingsmisleghald hos unge vaksne.

Vidare vil posten bli nytta til å gi økonomisk tilskot til tiltak og enkeltprosjekt hos næringslivet og frivillige og ideelle organisasjonar som kan knytast til eitt eller fleire av dei forbrukarpolitiske måla til regjeringa. Dette gjeld til dømes bransje-

initierte tiltak og prosjekt som næringslivet eller andre samarbeidspartnarar er med på å finansiere.

Post 79 Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, kan overførast

Mål

EFTA- og EØS-landa har sidan 2000 delteke i rammeprogrammet til EU-kommisjonen om forbrukarpolitikk, på like vilkår som EU-landa. Rammeprogrammet inneber at Noreg får betre høve til å delta og medverke. Midlane under programmet blir nytta til å finansiere EU-kommisjonen sine eigne tiltak, samarbeidstiltak mellom EU-/EØS-statane og støtte til europeiske forbrukarorganisasjonar.

Kriterium for tildeling

Utgiftene Noreg har i dei ulike programma til EU, blir fastsette etter ein fordelingsnøkkel som er nedfelt i EØS-avtala og vil variere med utviklinga av nasjonalprodukt (BNP) i EFTA- og EØS-landa.

Oppfølging og kontroll

Revisjonsretten i EU og internrevisjonen til EU kontrollerer bruken av budsjettmidlane til dei programma som Noreg deltek i, jf. elles EØS-avtala.

Budsjettforslag 2012

Posten skal dekkje kostnadene ved deltaking i rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk. Storleiken på dei årlege bidraga til EU-kommisjonen varierer med svingingane i eurokursen, utviklinga i BNP, den faktiske aktiviteten under programmet og det endelege EØS-budsjettet.

Det blir føreslått ei løyving på 4,66 mill. kroner på posten.

Kap. 866 Statens institutt for forbruksforskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2010	budsjett 2011	2012
50	Basisløyving	26 481	27 041	27 879
	Sum kap. 0866	26 481	27 041	27 879

Status for verksemda

Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) har til formål å drive forskning, utgreiing og testverksemd ut frå omsynet til forbrukarane si stilling og rolle i samfunnet. Instituttet medverkar med forskingsbasert kunnskap til styresmakter, politikarar, næringsliv, organisasjonar og forbrukarar.

SIFO er organisert som eit forvaltingsorgan med særskilde fullmakter, eigne vedtekter og eit styre. Drifta er finansiert med ei basisløyving over statsbudsjettet og med prosjektinntekter. Instituttet utfører prosjekt med finansiering frå statlege verksemdar, Noregs forskingsråd, EU, næringslivet og ulike organisasjonar.

Driftsinntektene til SIFO var i 2010 på vel 45,8 mill. kroner, mot 42,2 mill. kroner i 2009. Av desse var 26,5 mill. kroner basisløyving frå BLD. Resten, 19,3 mill. kroner, var inntekter frå ulike eksterne oppdrag. I 2009 var basisløyvinga frå BLD på 25,6 mill. kroner og inntektene frå eksterne prosjektoppdrag på 16,6 mill. kroner.

Post 50 Basisløyving

Posten dekkjer utgifter til lønn og godtgjering og utgifter til drift ved instituttet.

Basisløyvinga omfattar fire hovudelement: løyving til grunnfinansiering av instituttet, løyving til forvaltingsrelaterte oppgåver, løyving til strategisk kompetanseutvikling og løyving til laboratorie- og testverksemda ved instituttet.

Som forvaltingsorgan med særskilde fullmakter har SIFO fått fritak frå det statlege bruttobudsjetteringsprinsippet, jf. *Bevilgningsreglementet* § 3, fjerde ledd. Tilsetjingstilhøva for dei tilsette er regulerte i lov om statens tenestemenn. SIFO leverer årsrapport til departementet, jf. *Bestemmelser om økonomistyring i staten* § 1.5.1.

Det blir foreslått ei løyving på 27,879 mill. kroner på posten.

Kap. 867 Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2012
		2010	Saldert budsjett 2011	
01	Driftsutgifter	7 635	7 752	7 913
	Sum kap. 0867	7 635	7 752	7 913

Status for verksemda

Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet (FTU) og Marknadsrådet har i oppgåve å førebu saker som skal avgjerast i FTU og Marknadsrådet. Førebuinga av sakene for FTU legg beslag på størstedelen av ressursane.

FTU, som består av ein leiar, tre nestleiarar og ti medlemmer, handsamar tvistar om forbrukarkjøp, handverkartenster og angrerett mellom næringsdrivande og forbrukar eller mellom private partar. Vedtaka er bindande for partane og får verknad som ein dom, med mindre saka blir bringa inn for tingretten. Ein tvist som forbrukaren ønskjer å bringe inn for FTU, må først ha vore handsama ved eit av regionkontora til Forbrukarrådet.

Marknadsrådet, som består av ein leiar, ein nestleiar og sju medlemmer med personlege vararepresentantar, handsamar hovudsakleg saker om

marknadsføring som blir lagde fram gjennom Forbrukarombodet. I tillegg er Marknadsrådet klageinstans for saker om brot på merkeføresegnene i tobakkskadelova og reklameforbodet i denne lova og i alkohollova. Marknadsrådet er også klageinstans for vedtak som Statens medieforvaltning har gjort i medhald av kringkastingslova § 3-1 tredje ledd om reklame for livssyn eller politiske budskap.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til lønn for faste medarbeidarar og andre driftsutgifter ved Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet. Posten dekkjer også godtgjersle og utgifter til medlemmene i Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet.

Det blir foreslått ei løyving på 7,913 mill. kroner på posten.

Kap. 3867 Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2010	Saldert budsjett 2011	
16	Refusjon av foreldrepengar	209		
18	Refusjon av sykepengar	62		
	Sum kap. 3867	271		

Kap. 868 Forbrukarombodet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2010	Saldert budsjett 2011	
01	Driftsutgifter	23 494	21 495	21 927
	Sum kap. 0868	23 494	21 495	21 927

Status og hovudoppgåver for verksemda

Hovudmålet til Forbrukarombodet er å redusere førekomsten av lovstridig marknadsføring og å betre vernet for forbrukarar i standardkontraktar.

Forbrukarombodets arbeid består i å føre tilsyn med at marknadsføringa og avtalevilkåra til næringsdrivande er i samsvar med marknadsføringslova. Forbrukarombodet skal leggje vekt på å gjere verksemda kjend blant publikum og på å informere publikum og næringsdrivande om innhaldet i lova og om praksis.

Saker som forbrukarombodet ikkje løyser gjennom frivillige ordningar, kan bringast inn for Marknadsrådet, som kan gjere forbodsvedtak mot aktuelle tiltak. Saman med forbodsvedtak skal det som hovudregel også gjerast vedtak om tvangsmulkt som den næringsdrivande må betale dersom vedtaket ikkje blir følgt. I tillegg kan det etter marknadsføringslova gjerast vedtak om gebyr for lovbrøt som allereie har skjedd.

Forbrukarombodet handhevar forskrifter om fibermerking og vedlikehaldsmerking av tekstilar og fører tilsyn med reglar gitte i medhald av kringkastingslova og kredittkjøpslova. Forbrukarombodet er også nasjonalt kontaktpunkt for e-handel etter e-handelslova. I tillegg har ombodet ansvaret for å føre tilsyn med marknadsføring av alternativ behandling av sjukdom. Gjennom marknadsføringslova fører Forbrukarombodet også tilsyn med at rettane til forbrukarane i anna lovverk (til dømes angrerettlova) blir tekne vare på.

Forbrukarombodet arbeider for å betre vernet for unge forbrukarar i aldersgruppa 18–25 år. Ombodet jobbar i den samanhengen aktivt med å nå ut med informasjon til unge forbrukarar.

Vidare arbeider Forbrukarombodet internasjonalt for å betre forbrukarvernet. Ombodet tek del i eit system der tilsynsmakter i alle dei europeiske landa har plikt til å samarbeide i saker der det skjer ulovleg marknadsføring over landegrensene.

Resultatrapport og strategiar

Resultatrapport 2010/2011

Redusert ulovleg marknadsføring og færre urimelege kontraktar – ein enkel og trygg forbrukarkvardag

Reduksjon av lovstridige marknadsføringsmetodar

Forbrukarombodet nytta i 2010 store ressursar på å redusere lovstridige marknadsføringsmetodar innafør marknader som har stor økonomisk påverknad på forbrukarane, slik som finans, bustad og IKT.

På finansområdet lanserte Forbrukarombodet tidleg i 2010 retningslinjer for marknadsføring av Individuell pensjonssparing (IPS). I tillegg gjennomførte ombodet kontrollaksjonar der ein avdekte og greip inn mot lovstridig marknadsføring av lån og kreditt. Ombodet oppretta i 2010 også ei arbeidsgruppe som arbeidde med å lage ei rettleiing for fleire sentrale spørsmål kring marknadsføring av kreditt. Rettleiinga blei publisert i

april 2011. Det blei òg lansert retningslinjer for marknadsføring av barne- og helseforsikring og gjennomført ein kontrollaksjon for å sjå til at desse blir følgde.

Forbrukarombodet gjennomførte kontrollaksjonar mot bustadannonsar med mangelfulle prisopplysningar. Det blei konstaterert ei klar betring, og marknadsføring utan totalpris skjer no heilt unntaksvis.

Forbrukarombodet fullførte i 2010 arbeidet med eit prosjekt som såg på kompliserte prisstrukturar og ei rekkje andre problemstillingar på mobiltelefonmarknaden. Som eit resultat av prosjektarbeidet blei det mellom anna innført ein bransjenorm om betre informasjon på mobilfaktura som bidrog til å gjere det lettare å finne ut kva abonnement som er det beste for forbrukaren. I mobilbransjen blei det også rydda opp i marknadsføring av kontantkort og mobilt breiband.

Forbrukarombodet gjennomførte også eit prosjekt som såg på oppbygginga av marknaden for levering av såkalla *triple play*-tenester. Her analyserte ein mellom anna forbrukarutfordringar ved koplingssal av breiband, tv og telefoni, der ulike mekanismar hindrar forbrukarane i å kjøpe desse tenestene frå forskjellige tilbydarar. I tillegg blei det skissert moglege tiltak som vil kunne gi forbrukarane betre høve til å velje ulike tilbydarar.

I 2010 arbeidde Forbrukarombodet òg mykje med prismarknadsføring og prismerking. God og riktig informasjon om pris er viktig for forbrukarane når dei skal velje mellom ulike varer og tenester. Forbrukarombodet stoppa på starten av året villeiande marknadsføring med bruk av *pris etter kampanje*. Tre store aktørar i brune-/kvitevarerbransjen har stadfest at dei ikkje vil gjenta denne typen marknadsføring. I daglegvarebransjen blei det utarbeidd ein norm for bruk av pris-samanlikningar. Forbrukarombodet hadde ein ny kontroll for å sjekke prismerking i daglegvareforretningar. Kontrollen viste at prismerkinga i mange butikkar har blitt noko betre det siste året, men framleis var ho mangelfull.

Mange forbrukarar er opptekne av å ta miljø- eller etikkomsyn i forbruket sitt. Da er det viktig at dei næringsdrivande ikkje nyttar miljø- og etik-kargumentasjon på feil eller villeiande måte i marknadsføringa si. Forbrukarombodet hadde i 2010 møte og kontakt med aktørar som no har blitt klimanøytrale i samsvar med ombodets retningslinjer. Deltaking på konferansar i inn- og utland, mellom anna EU Summit og OECD-konferanse om miljøspørsmål, har bidrege til å få ut informasjon om Forbrukarombodets arbeid på miljøområdet til mange aktørar.

Forbrukarombodet får kvart år mange klager frå forbrukarar som reagerer på uønskte oppringingar frå telefonseljarar. I 2009 kom det nye reglar om mellom anna telefonsal i marknadsføringslova. Trass i at regelverket har blitt stramma inn, fekk Forbrukarombodet i 2010 over 1 000 skriftlege klager som gjaldt oppringing til forbrukarar som er reserverte mot telefonsal i Reservasjonsregisteret. Klagene kom trass i at Forbrukarombodet nytta store ressursar på dialog med aktørar i bransjen om kva endringar dei måtte gjere for å unngå å bryte forbodet mot oppringing til reserverte forbrukarar.

Forbrukarombodet har gjort forbodsvedtak mot fire selskap for villeiande marknadsføring av slankeprodukt. Den nye 48-timersregelen i marknadsføringslova for å leggje fram dokumentasjon for påstandar blei nytta i tre av desse vedtaka.

Vern for forbrukarar i standardkontraktar

Generelt er det viktig at standardkontraktar som blir nytta av forbrukarar, er klare og balanserte, og at dei ikkje er urimelege. I 2010 starta Forbrukarombodet arbeidet med å gå gjennom forbrukarstandardkontraktar som blir nytta av norske bankar for å kartleggje om desse er i tråd med endringane i finansavtalelova. Arbeidet held fram i 2011.

På bustadområdet tilpassa mange studentsamskipnader legevilkåra sine etter Forbrukarombodets mønsterkontrakt i 2010. Ombodet starta også kartlegging av avtalevilkåra for leige av hytte og feriebusad, særleg avbestillingsvilkår, med tanke på eit arbeid for å betre desse. Dette arbeidet held fram i 2011.

På breibandsmarknaden følgde Forbrukarombodet opp bransjenorma for Internett-aksess ved å ta opp problemstillingar knytte til bindingstid, oppseiing, angrerett og informasjon om Brukar-klagenemnda for elektronisk kommunikasjon. Alle dei 82 tilbydarane av Internett-tilgang blei sjekka, og behov for korrigeringar blei påpeikte der det var nødvendig. På mobilmarknaden blei det oppnådd semje med operatørane om at desse skal innføre ei 18-årsgrense for kjøp av abonnement på mobile innhaldstenester. Forbrukarombodet sin mønsterkontrakt for nettbutikkar blei følgd opp gjennom ein sveip av 100 norske nettbutikkar i samarbeid med Forbrukarrådet der ein kartla avtalevilkåra til butikkane.

I tillegg stadfeste Oslo tingrett Marknadsrådet sitt vedtak om at eit strømselskap ikkje kan ha vilkår om bindingstid og oppseiingsgebyr i ei fast avtale om levering av marknadskraft. Det er også

gjennomført endringar i fleire kontraktar til private frisør- og hudpleieskolar.

Vern av barn og unge som forbrukarar

Barn og unge er populære forbrukarar som blir utsette for mykje marknadsføring og kommersielt press. Stadig fleire og yngre barn har eigne mobiltelefonar, og dei er store brukarar av Internett. Eit viktig tema for Forbrukarombodet har derfor vore å få avklara avtalekompetansen hos barn når dei nyttar mobil og nett. I høyringsrunden for den nye verjemålslova etterlyste Forbrukarombodet ei granskning av barns bruk av mobiltelefon og Internett, metodar for elektronisk avtaleinngåing og betalingsinstrument sette opp mot verjemålslova. Ombodet har sett spørsmålsteikn ved kva avtaler mindreårige sjølv kan inngå, og kva avtaler verja må inngå på vegner av den mindreårige. Desse problemstillingane blei, som ei følgje av innspela frå ombodet, tekne inn i det vidare lovarbeidet og debatterte i Stortinget. Førearbeida til den nye verjemålslova gir nå nærmare rettleiing for korleis ein skal forstå verjemålslova § 9 om mindreåriges rettslege handleevne.

Forbrukarombodet har stilt krav om og fått aksept frå innhaldsleverandørar for at det skal vere 18-årsgrense for sal av abonnementstenester som blir leverte til mobiltelefon, og bede om at marknadsføringa av desse tenestene blir endra.

I tillegg har ombodet handsama fleire saker av prinsipiell karakter rundt bruk av lokkemiddel som ekstraytingar ved sal av produkt som har særleg appell til barn. Diskusjonen rundt denne problemstillinga held fram i 2011.

Ombodet har òg arbeidd med problemstillingar kring marknadsføring på bloggar retta mot barn, og har gitt innspel til Noregs idrettsforbund si revidering av retningslinjer om marknadsføring til barn i idretten.

Vern for forbrukarar på ein europeisk marknad

Den nye marknadsføringslova innfører mellom anna eit europeisk regelverk som forbyr urimeleg marknadsføring. Europeisk samarbeid er derfor enda viktigare enn tidlegare. Forbrukarombodet deltek aktivt i det europeiske nettverket for organ tilsvarande ombodet i andre europeiske land (CPC), både i møte, saker og prosjekt. Forbrukarombodet har leidd ei arbeidsgruppe som har følgd opp den europeiske rapporten om skattar og avgifter på flymarknaden.

Forbrukarombodet held fram med å arbeide aktivt mot dei moglege negative verknadene av EU-kommisjonen sitt forslag til direktiv om forbrukarrettar. Ombodet har også uttalt seg om kommisjonens forslag til harmonisering av den europeiske kontraktretten.

Strategiar og tiltak for 2012

Redusere førekomsten av lovstridig marknadsføring

Forbrukarombodet vil i 2012 halde fram å verne forbrukarar mot lovstridig marknadsføring på dei områda som har mest å seie økonomisk for forbrukarane. Alle forbrukarar inngår avtaler om finansielle tenester, anten det er kreditt, lån, sparing, betaling, forsikring eller anna. Det er ofte store og viktige avtaler for den enkelte forbrukaren, og det er viktig at opplysningar som blir gitte i marknadsføringa, er eigna til å gi eit riktig bilete av innhaldet i og kostnadene ved tenestene. Forbrukarombodet vil bidra til dette.

Forbrukarombodet vil arbeide vidare for at marknadsføringa av bustader gir god informasjon om til dømes alle dei kostnadene som kjøparen blir forplikta til å betale, og at ho heller ikkje på annan måte er villeiande.

IKT-marknaden er også eit område som er har mykje å seie for forbrukarane sin økonomi med til dømes avtaler om breiband, telefoni og abonnement på TV-kanalar. Forbrukarombodet vil i 2012 halde fram arbeidet med å gjere marknadsføringa og prisinformasjonen på denne marknaden betre og lettare tilgjengeleg for forbrukarane. Som tidlegare vil Forbrukarombodet arbeide mykje med prismarknadsføring og prismetking. Problemet finn ein i dei fleste bransjar, og Forbrukarombodet vil i 2012 prioritere nokre utvalde bransjar som er viktige for forbrukarane.

Nye reglar frå 2009 har betra situasjonen med telefonsal noko, men framleis opplever mange å bli oppringde av telefonsejarar sjølv om dei er reserverte mot telefonsal i Reservasjonsregisteret. Forbrukarombodet held fram dialogen med bransjen og vil også ta i bruk sanksjonar når det er nødvendig.

Mange forbrukarar er plaga av spam, anten på e-post eller på sms. En del av spammen på sms er òg overtaksert, slik at mottakarane må betale for han. Forbrukarombodet grip inn med sanksjonar i dei mest alvorlege sakane og vil i 2012 fortsetje å handsame dei mange klagane på spam frå forbrukarar.

Betre vernet for forbrukarar i standardkontraktar

Forbrukarombodet vil gjere ei vurdering av ulike standardkontraktar på ulike livsområde, og da særleg kontraktar på område som er økonomisk viktige for forbrukarane. Generelt er det viktig at kontraktane er klare og balanserte, og at dei ikkje er urimelege. Forbrukarombodet har i 2011 vore i dialog med finansnæringa om nye og betre balanserte standardkontraktar for forbrukarar. Dette omfattande arbeidet vil halde fram i 2012.

Kontraktane som er nytta i samanheng med kjøp av bustad, har ikkje alltid regulert forbrukarens rettar på ein god nok måte. Forbrukarombodet vil i 2012 sjå til at kontraktane som no blir nytta, ikkje er urimelege. Mange nyttar i dag òg store summer på feriebusstad. Forbrukarombodet har starta på ei kartlegging av kontraktar på denne marknaden, og arbeidet vil halde fram i 2012. Forbrukarombodet har òg dei siste åra arbeidd mykje med å sørge for at privatskolar nyttar rimelege og balanserte kontraktar. Ombodet samarbeider mellom anna med Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga i dette arbeidet, som vil halde fram i 2012. Stadig fleire forbrukarar inngår avtaler om kjøp av digitale tenester som til dømes musikk, film, spel og applikasjonar på nett eller via telefon. Forbrukarombodet vil i 2012 arbeide for at vilkåra som gjeld for desse avtalene, er klare og rimelege og sikrar ein trygg avtaleprosess.

Betre vernet for barn og unge vaksne forbrukarar

Forbrukarombodet vil i 2012 halde fram arbeidet med forbrukarutfordringar for unge vaksne i aldersgruppa 18–25 år. I den samanhengen vil ombodet vurdere innhaldet i til dømes kredittkortavtaler, skolekontraktar og avtaler mellom næringsdrivande og russ. Forbrukarombodet vil òg sjå nærmare på vilkåra og prosessane rundt avtaler om mobilbruk og avtaler som blir gjorde på Internett. Forbrukarombodet vil arbeide for at unge vaksne ikkje skal få unødige betalingsproblem. Ombodet jobbar aktivt for å nå ut med informasjon på nettet til unge forbrukarar, mellom anna ved bruk av sosiale medium.

Omfanget av reklame til barn har auka, og reklamen har blitt meir påtrengjande. Med den nye marknadsføringslova fall forbodet mot tilgift

og konkurransar vekk. Forbrukarombodet meiner slike marknadsføringsformer kan innebere urimeleg marknadsføring til barn. Forbrukarombodet vil følgje med på utviklinga av korleis slike verkemiddel blir brukte, og gripe inn mot lovstridige tiltak.

Når stadig fleire og yngre barn har eigne mobiltelefonar, er dei òg meir tilgjengelege for direkte retta marknadsføring som telefonsal og reklame på sms og i sosiale medium. Forbrukarombodet vil bidra til å hindre at barn og unge blir utsette for direkte kjøpsoppfordringar i desse kanalane.

Arbeide internasjonalt for betre forbrukarvern

I EU er fleire direktiv om forbrukarvern under arbeid. Forbrukarombodet har vore svært kritisk til mykje av dette arbeidet fordi direktiva vil totalharmonisere viktige spørsmål frå kontraktretten. Forbrukarombodet har arbeidd tett med fleire departement og Forbrukarrådet for å påverke innhaldet i direktiva. Dette arbeidet held fram i 2012. Marknadsføringslova frå 2009 er ei delvis implementering av eit totalharmonisert europeisk regelverk som forbyr urimeleg marknadsføring. Det er derfor viktig at Forbrukarombodet arbeider kontinuerleg med å påverke tolkinga av direktivet, slik at terskelen for kva som er villeiande eller urimeleg, ikkje blir sett lågare enn det vi ønskjer i Noreg.

Forbrukarombodet vil nytta samarbeidet med dei andre europeiske landa aktivt for å stoppe ulovleg marknadsføring eller urimelege vilkår i tilfelle der utanlandske selskap rettar seg mot norske forbrukarar, og der norske selskap rettar seg mot forbrukarar i andre europeiske land.

Forbrukarombodet vil i 2012 òg vere aktivt i samarbeidet mellom dei nordiske forbrukaromboda og i internasjonale forum som Organisation for Economic Cooperation and Development (OECD), International Consumer Protection and Enforcement Network (ICPEN) og London Action Plan On International Spam Enforcement Cooperation. Forbrukarombodet vil særleg prioritere internasjonalt arbeid på områda netthandel, barn som forbrukarar og miljøargumentasjon i marknadsføringa.

Kap. 3868 Forbrukarombodet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
01	Diverse inntekter	821		
16	Refusjon av foreldrepenge	742		
18	Refusjon av sykepenge	424		
	Sum kap. 3868	1 987		

Programområde 28

Programkategori 28.50 Stønad ved fødsel og adopsjon

Mål

For 2012 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
3. Likestilling mellom kvinner og menn i familie-, arbeids- og samfunnsliv	3.7: Ei foreldrepengeordning som bidreg til å fremme likestilt foreldreskap

Resultatrapport og strategiar

Delmål 3.7: Ei foreldrepengeordning som bidreg til å fremme likestilt foreldreskap

Resultatrapport 2010/2011

Fleire fedrar får rett til fedrekvote

For fedrar til barn fødde eller adopterte 1. juli 2010 eller seinare, er vilkåra for fedrekvoten endra. Tidlegare var det eit krav om at mor hadde tent opp rett til foreldrepengar i minst 50 prosent stilling for at far skulle ha rett til fedrekvote. Dette vilkåret er fjerna. Derfor er det no fedrekvote i alle tilfelle der både mor og far har rett til foreldrepengar. Endringa gir om lag 1 500 fleire fedrar rett til fedrekvote.

Med verknad for fødselar og adopsjonar frå 1. juli 2011 er stønadsperioden for foreldrepengar forlenga med 1 veke til 47 veker med 100 prosent lønnskompensasjon eller 57 veker med 80 prosent. Samstundes er fedrekvoten utvida med 2 veker til 12 veker.

For fødselar og adopsjonar frå og med 1. juli 2011 har fedrar med eiga opptening fått rett til å ta ut foreldrepengar i same veketal som fedrekvoten når mor har varig uførepensjon. Det er rekna at opp til om lag 300 fedrar vil få rett til å ta ut foreldrepengar som følgje av denne endringa i lovverket.

Omfanget av fedreuttak av foreldrepengar

Tabell 3.21 syner talet på mødrer og fedrar som avslutta ein periode med foreldrepengar i 2010. 57 957 mødrer og 45 148 fedrar avslutta ein periode med foreldrepengar i 2010. Foreldra sin bruk av

foreldrepengar har blitt meir oppstykkka enn før. Dette heng mellom anna saman med at foreldrepengeordninga blei gjort meir fleksibel i 2007. Foreldrepengane kan nyttast fram til barnet fyller tre år. Dette gjer at ikkje alle fedrar og mødrer som avslutta ein periode med foreldrepengar i 2010, fekk barn i 2009 eller 2010. Dagar med foreldrepengar blir dermed eit meir høveleg mål på omfanget av fedreuttak av foreldrepengar enn talet på avslutta periodar.

Om ein ser på dagar med foreldrepengeutbetalingar i 2010, gjekk 15 prosent av dagane til fedrar og 85 prosent av dagane til mødrer. Til samanlikning tok fedrar 11,8 prosent av alle dagar med foreldrepengar i 2009. I 2010 var det 90 608 mødrer og 49 209 fedrar som hadde minst éin dag foreldrepengar. For fedrar til barn fødde 1. juli 2009 eller seinare, er fedrekvoten ti veker. Auken i fedrars bruk av foreldrepengar er noko mindre enn den prosentvise endringa i lengda på fedrekvoten frå seks til ti veker. Dette kan henge saman med at ein del av fedrane som tok ut foreldrepengar i 2010, ikkje hadde rett til ti veker med fedrekvote. Det kan også ha si årsak i at ein del av fedrane som fekk barn frå og med 1. juli 2009, har utsett fedrekvoten heilt eller delvis. Departementet ventar derfor at utvidinga av fedrekvoten i 2009 først vil få full effekt etter nokre år.

At fedrane har så liten del av alle dagar med foreldrepengar, må ein til dels sjå i samanheng med at rettane til fedrane i stor grad er bestemte av kva mor gjer etter fødselen. For at far skal kunne ta ut foreldrepengar som ikkje er fedrekvote, må mor ut i arbeid, ta offentleg godkjend utdanning på heiltid, ta offentleg godkjend utdanning i kombinasjon med arbeid som til saman gir

heiltid, vere for sjuk til å ta seg av barnet eller vere innlagd i helseinstitusjon. Ulike undersøkingar (AFI-rapport 2/2008, NAV-rapport 2/2009) tyder på at også andre forhold enn utforminga av regelverket påverkar korleis foreldra deler permisjonen mellom seg. Mellom anna opplever ein del fedrar motstand frå arbeidsplassen om dei ønskjer å ta ut meir enn fedrekvoten. Foreldre legg også ofte større vekt på far sin arbeidssituasjon enn på mors som grunngeving for ikkje å ta lengre permisjon. Foreldra sine haldningar elles spelar også inn.

Etter endringane som blei gjorde i foreldrepengeordninga i 2007, kan ein ikkje seie sikkert kor mange fedrar som tek ut meir enn fedrekvoten før det har gått tre år etter at barnet blei fødd. NAV har utarbeidd mellombels tal for fedrane til barn fødde i perioden 1. juli 2008–30. juni 2009. Etter om lag to år har 29,2 prosent av fedrane som har nytta seg av foreldrepengear, teke ut meir enn fedrekvoten, medan 8,4 prosent har teke mindre

enn fedrekvoten. For fedrane til barn fødde 1. juli 2007–30. juni 2008, var det om lag to år etter at barnet blei fødd, 26,7 prosent av fedrane med foreldrepengear som hadde teke meir enn fedrekvoten, og 8,1 prosent som hadde teke mindre enn fedrekvoten. Det er såleis ein klar auke i talet på fedrar som tek meir enn fedrekvoten. At det òg er ein liten auke i talet på fedrar med mindre enn fedrekvoten, kan henge saman med at det har blitt fleire som nyttar ordningar med utsetjing og fleksibelt uttak.

Arbeidsavklaringspengear blei innførte 1. mars 2010. Ordninga gir rett til opptening av foreldrepengear, men dette vil ikkje få heilårsverknad før i 2011. Departementet har derfor i samråd med NAV ikkje utarbeidd tal for foreldrepengear med grunnlag i arbeidsavklaringspengear for 2010. For fedrar til barn fødde 1. juli 2010 eller seinare, har far rett til fedrekvote i alle høve der mor har tent opp foreldrepengear. Også denne endringa vil tidlegast få verknad i 2011.

Tabell 3.21 Fødsler og bruk av foreldrepengeordninga i 2009 og 2010

	2009 ¹	2010	Endring 2009/2010
Talet på fødsler	60 931	60 608	-323
Talet på levandefødde barn	61 807	61 422	-385
Talet på kvinner som avslutta minst ein periode med foreldrepengear ved fødsel	54 475	57 957	3 482
- av desse med 80 prosent lønnskompensasjon	35 914	33 373	-2 541
Talet på menn som avslutta minst ein periode med foreldrepengear ved fødsel	43 179	45 148	1 969
- av desse med permisjon i inntil 24 dagar	10 859	11 354	495
- av desse med permisjon i 25 dagar	998	1 684	686
- av desse med permisjon i 26–29 dagar	777	956	179
- av desse med permisjon i 30 dagar	23 119	10 971	-12 148
- av desse med permisjon i 31–39 dagar	1 290	1 862	572
- av desse med permisjon i 40–49 dagar	1 696	2 342	646
- av desse med permisjon i 50 dagar	321	10 862	10 541
- av desse med permisjon i 50–59 dagar	914	1 119	205
- av desse med permisjon i 60 dagar eller meir	3 205	3 998	793
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag ved fødsel for kvinner (kr)	300 699	315 329	14 630
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag ved fødsel for menn (kr)	371 287	379 198	7 911

Tabell 3.21 Fødselar og bruk av foreldrepengeordninga i 2009 og 2010

	2009 ¹	2010	Endring 2009/2010
Talet på kvinner med gradert uttak av foreldrepengear ved fødsel	3 285	3 744	459
Talet på menn med gradert uttak av foreldrepengear ved fødsel	3 667	5 292	1 625
Talet på fødselar utanfor institusjon	161	169	8
Talet på kvinner med svangerskapspengear	2 977	3 468	491
- av desse sjølvstendig næringsdrivande	161	191	30
Talet på kvinner som avslutta minst ein periode med foreldrepengear ved adopsjon	335	422	87
- av desse med 80 prosent lønnskompensasjon	210	238	28
Talet på menn som avslutta minst ein periode med foreldrepengear ved adopsjon	264	339	75
- av desse med permisjon i inntil 24 dagar	80	96	16
- av desse med permisjon i 25 dagar	3	16	13
- av desse med permisjon i 26–29 dagar	5	8	3
- av desse med permisjon i 30 dagar	88	40	–48
- av desse med permisjon i 31–39 dagar	13	19	6
- av desse med permisjon i 40–49 dagar	16	21	5
- av desse med permisjon i 50 dagar	4	59	55
- av desse med permisjon i 50–59 dagar	4	7	3
- av desse med permisjon i 60 dagar eller meir	51	73	22
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag ved adopsjon for kvinner (kr)	388 433	355 921	17 488
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag ved adopsjon for menn (kr)	374 175	386 210	12 035
Talet på kvinner med gradert uttak av foreldrepengear ved adopsjon	73	85	12
Talet på menn med gradert uttak av foreldrepengear ved adopsjon	46	67	21
Talet på kvinner med eingongsstønad ved fødsel	12 189	11 294	–895
Talet på menn med eingongsstønad ved fødsel	17	18	1
Talet på kvinner med eingongsstønad ved adopsjon	1	1	0
Talet på menn med eingongsstønad ved adopsjon	0	0	0
Talet på menn med minst ein dag med foreldrepengear ved fødsel utan rett til fedrekvote (mor har hatt eingongsstønad / mor har hatt ein stillingsdel på under 50 prosent før fødsel)	1 083	1 240	157

Tabell 3.21 Fødsler og bruk av foreldrepengeordninga i 2009 og 2010

	2009 ¹	2010	Endring 2009/2010
- av desse med permisjon i inntil 24 dagar	138	142	4
- av desse med permisjon i 25 dagar	6	22	16
- av desse med permisjon i 26–29 dagar	24	22	–2
- av desse med permisjon i 30 dagar	64	34	–30
- av desse med permisjon i 31–39 dagar	64	79	15
- av desse med permisjon i 40–49 dagar	91	80	–11
- av desse med permisjon i 50 dagar	9	28	19
- av desse med permisjon i 50–59 dagar	62	61	–1
- av desse med permisjon i 60 dagar eller meir	625	772	147

Kjelde: SSB, Arbeids- og velferdsdirektoratet.

¹ Nokre av tala for 2009 er endra i høve til Prop. 1 S (2010–2011) for BLD.

Strategiar og tiltak for 2012

Foreldrepengeordninga er eit sentralt familie- og likestillingspolitisk verkemiddel. Ei god og fleksibel foreldrepengeordning gjer det mogleg for både mødrer og fedrar å halde oppe tilknytninga til arbeidslivet i småbarnsfasen og dele på omsorgsoppgåvene i heimen. For å nå målet om at ordninga skal fremme likestilt foreldreskap, er det viktig å halde fram arbeidet med å leggje til rette for og stimulere til at fedrane tek meir permisjon. Dei endringane i regelverket som er gjennomførte for å styrkje fedrane sine rettar dei siste åra, vil òg føre til auka foreldrepengeuttak blant fedrar i 2012. Fedrars deltaking i omsorga for barnet i det første leveåret er viktig for tidleg å etablere god kontakt mellom far og barn. Auka deltaking i barneomsorga frå fedrane legg òg grunnlag for auka yrkesaktivitet blant mødrer og for eit meir likestilt foreldreskap. Vidare kan auka fedreuttak skape eit godt grunnlag for ei meir likestilt omsorgsdeling når barnet blir større.

Fedrekvoten er eit av dei viktigaste tiltaka for å auke fedrars uttak av foreldrepengar. I Meld. St. 6 (2010–2011) *Likestilling for likelønn* har regjeringa varsla at ho vil innføre ei tydelegare tredeling av foreldrepengeperioden; med like lange kvotar til kvar av foreldra og ein noko lengre fellesdel. Dette vil understreke at foreldrepengeordninga tilhøyrer begge foreldra, og at dei aktivt må ta stilling til korleis dei vil fordele fellesdelen mellom seg.

I Meld. St. 6 (2010–2011) *Likestilling for like-lønn* går det fram at regjeringa vil vurdere å innføre ei plikt for arbeidsgivar til å betale lønn under ammeferie i barnets første leveår, jf. nærmare omtale under delmål 3.4 *Eit familievennleg arbeidsliv*. Ein eventuell rett til ammeferie med lønn frå arbeidsgivar legg til rette for at mødrer kan gå tidlegare tilbake til arbeidet etter fødselen, og at fedrane kan ta ut ein større del av foreldrepengeperioden.

I regjeringa sin *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner* går eit av tiltaka ut på at BLD vil arbeide for at fleire fedrar enn i dag tek ut ein større del av foreldrepengeperioden enn fedrekvoten. Det går fram av handlingsplanen at departementet i samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten vil styrkje informasjonen til foreldra om korleis dei kan fordele stønadsperioden seg imellom. NAV la om rutinen for søknad om foreldrepengar hausten 2010 for at fedrar skal få betre informasjon om kva rett dei har til foreldrepengar. Fedrane får eit eige brev frå NAV om sine rettar, søknadsfristar etc. Departementet vil i samarbeid med NAV følgje med på om endringa har ønskt verknad. I St.meld. nr. 8 (2008–2009) *Om menn, mannsroller og likestilling* går det òg fram at regjeringa vil samarbeide med partane i arbeidslivet for å styrkje informasjonen om arbeidstakarane sine rettar når det gjeld å tilpasse arbeid til familieliv, og for å utforme tiltak som stimulerer arbeidsgivarar til å ha ein personalpolitikk med medvitne strategiar for permisjonstakarar og arbeidstakarar med barn.

Nærmare om budsjettforslaget**Kap. 2530 Foreldrepengar**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2010	Saldert budsjett 2011	Forslag 2012
70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i>	13 919 957	14 163 000	15 575 000
71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	403 387	405 000	354 700
72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i>	384 840	410 000	420 000
73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	105 742	105 000	115 000
	Sum kap. 2530	14 813 926	15 083 000	16 464 700

Mål

Stønadene under dette kapitlet skal kompensere for bortfall av inntekt i samband med svangerskap, fødsel og adopsjon og sikre støtte til kvinner som ikkje har tent opp rett til foreldrepengar.

Tildelingskriterium

Tildelingskriterium er omtalte under dei enkelte budsjettpostane nedanfor.

Oppfølging og kontroll

Foreldrepengar blir forvalta av Arbeids- og velferdsetaten, jf. tilsvarende punkt under kap. 844 Kontantstøtte.

Budsjettforslag 2012

Det er ikkje føreslått endringar i satsane eller regelverket for foreldrepengar.

Det er lagt til grunn ein auke i gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag ved fødsel og adopsjon tilsvarende gjennomsnittet av anslaget på den generelle lønnsveksten for 2011 og 2012.

Budsjettforslaget byggjer mellom anna på den siste befolkningsframskrivinga til Statistisk sentralbyrå.

Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving

Foreldrepengar ved fødsel blir betalte ut etter reglane i folketrygdlova §§ 14-5 til 14-16. Det er eit vilkår for rett til foreldrepengar at stønadmottakaren har vore yrkesaktiv med pensjonsgivande inntekt i minst seks av dei siste ti månadene før

stønadsperioden tek til, jf. folketrygdlova § 14-6. Visse trygdeytningar, etterlønn, lønna utdanningspermisjon og avtening av militær- og sivilteneste blir likestilte med yrkesaktivitet etter denne regelen og gir oppteningsrett til foreldrepengar. Inntekt over seks gonger grunnbeløpet i folketrygda (6 G) gir ikkje grunnlag for foreldrepengar, jf. folketrygdlova § 14-7. Per 1. mai 2011 utgjer grunnbeløpet 79 216 kroner.

Stønadsperioden ved fødsel er 47 veker med 100 prosent lønnskompensasjon eller 57 veker med 80 prosent lønnskompensasjon, jf. folketrygdlova § 14-9. Tolv av desse vekene er øyremerkte far (fedrekvoten). Far har rett til fedrekvoten i alle tilfelle der begge foreldra har tent opp rett til foreldrepengar. Sidan stønadsperioden med 100 prosent dekning er avgrensa til 47 veker, kan det maksimalt bli refundert 429 594 kroner per stønadstilfelle. Bortsett frå dei vekene som er øyremerkte for kvar av foreldra, kan foreldra fordele stønadsperioden mellom seg i samsvar med reglane i folketrygdlova § 14-13.

Når berre far har tent opp rett til foreldrepengar, kan han ta ut inntil 38/48 veker dersom mor går ut i arbeid eller utdanning eller er for sjuk til å ta seg av barnet, jf. folketrygdlova § 14-14. For barn fødte 1. juli 2011 eller seinare, kan far ta ut inntil tolv veker med foreldrepengar utan at det blir stilt krav til mors aktivitet når mor har uførepensjon, jf. folketrygdlova § 14-14.

Foreldrepengar kan takast ut gradert i samsvar med skriftleg avtale med arbeidsgivar om delvis arbeid, jf. vilkåra i folketrygdlova § 14-16. Folketrygdlova § 14-11 gir òg rett til å utsetje stønadsperioden når den som mottok foreldrepengar, er i arbeid på heiltid. Uttak av foreldrepengar må vere avslutta seinast innan barnet fyller tre år.

Under post 70 høyrer òg svangerskapspengar som blir ytte i samsvar med vilkåra i folketrygdlova § 14-4.

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving

Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon blir ytt etter reglane i folketrygdlova § 14-17 til kvinner som ikkje har tent opp rett til foreldrepengar. Stønaden er på 35 263 kroner og er føreslått vidareført med same beløp frå 2011 til 2012. Ved fleirbarnsfødselar og fleirbarnsadopsjonar blir det ytt ein eingongsstønad per barn.

Forvaltinga av stønad ved fødsel utanfor institusjon, jf. folketrygdlova § 5-13, som blir ytt til kvinner som ikkje er innlagte på sjukehus eller fødestue i samband med fødselen, er overført til Helsedirektoratet. Ein føreslår derfor at budsjettmidlane blir overførte til kapittel 2755 post 72 under Helse- og omsorgsdepartementet frå 1. januar 2012.

Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving

Feriepengar av foreldrepengar blir ytte i samsvar med vilkåra i folketrygdlova § 14-8. Folketrygda yter feriepengar til arbeidstakarar med 10,2 prosent av utbetalte foreldrepengar for dei første 12 vekene av kvar stønadsperiode, alternativt for 15 veker dersom det er valt 80 prosent lønnskompensasjon.

Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving

Foreldrepengar ved adopsjon blir ytte etter vilkåra i folketrygdlova §§ 14-5 til 14-16 ved adopsjon av barn under 15 år. Ved adopsjon er stønadsperioden 44 veker med 100 prosent lønnskompensasjon eller 54 veker med 80 prosent lønnskompensasjon, jf. folketrygdlova § 14-9. Fedrekvoten er på tolv veker. Sidan stønadsperioden med 100 prosent dekning er avgrensa til 44 veker, kan det maksimalt betalast ut 402 174 kroner per stønads-tilfelle. Sjå elles omtalen under post 70.

Del III
Omtale av særlege tema

4 Likestilling i budsjettet og oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) har ansvar for likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid i og utanfor arbeidslivet. BLD har forvaltingsansvar for ei rekkje ikkje-diskrimineringslover. Dette gjeld

- lov om likestilling mellom kjønna (likestillingslova)
- lov om forbod mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv. (diskrimineringslova)
- lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelova)
- lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova) kapittel 13, som regulerer diskriminering på grunn av alder, politisk syn, seksuell orientering, deltidsarbeid, førebels tilsetjing og medlemskap i arbeidstakarorganisasjonar som er verna i arbeidsforhold

BLD arbeider aktivt, målretta og planmessig for likestilling, både innanfor sine sektorar og gjennom pådrivaransvaret departementet har på feltet. Departementet tek i vare sitt ansvar som pådrivar overfor andre departement, statlege verksemder, kommunal og privat sektor på ulike vis. Det er oppretta eit statssekretærutval og embetsmannsgrupper som skal sjå til at likestillingsperspektivet kjem inn i politikkkutforminga.

Departementet finansierer fleire kompetanse- og ressurscenter som arbeider med rettleiing og informasjon, mellom anna *Deltasenteret*, som arbeider med universell utforming og tilgjenge for personar med funksjonsnedsetjingar, og lhbt-senter, som arbeider med seksuell orientering. Begge desse sentra er forankra i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). I tillegg støttar departementet *Reform*, som er eit ressurscenter for menn. Departementet gir òg støtte til tre regionale senter for likestilling som har til oppgåve å spreie kunnskap og informasjon om likestillingsarbeid både til kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og private verksemder.

Fagdialogen mellom departementet og Likestillings- og diskrimineringsombodet er eit svært

viktig element i arbeidet med likestilling og likebehandling.

Systematisk samarbeid med andre departement er viktig for å oppnå god samanheng og gjennomføring av likestillingspolitikken. BLD har koordineringsansvaret for fire sektorovergripande handlingsplanar som skal fremme likestilling og hindre diskriminering. Desse handlingsplanane handlar om politikken retta mot lesbiske, homofile, bifile og transpersonar, politikken for å fremme likestilling og hindre etnisk diskriminering og politikken for universell utforming og auka tilgjenge.

Det blei i 2010 peikt ut eit offentleg utval som skal greie ut norsk kjønnslikestillingspolitikk med utgangspunkt i livsløp, etnisitet og klasse. Utvalet skal i 2011 levere ei delutgreiing der det vurderer dei eksisterande institusjonelle og organisatoriske rammene for likestillingsarbeid i offentleg regi på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Utvalet skal òg fremme forslag om tiltak som kan utviklast vidare og styrkje den offentlege innsatsen.

Departementet ser det som viktig at likestillingspolitikken og tiltaka som følgjer av den, i størst mogleg grad blir gjennomførte innanfor ordinære system og ordinære tiltak. Denne *mainstreamingspolitikken* følgjer også av internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til. BLD følgjer den internasjonale utviklinga nøye og er også ansvarleg for å rapportere om situasjonen i Noreg i ulike internasjonale forum. God informasjon om tilhøva for likestilling på dei ulike grunnlag sikrar ein gjennom innhenting av statistikk og bestilling av forskings- og utgreiingsoppdrag.

Likestilling er ein grunnleggjande verdi som er dekt av fleire lover retta mot ulike grupper i samfunnet. Det er visse skilnader, men også klare samanhengar. Departementet ønskjer å presentere desse samanhengane der det er høveleg. Eit døme på dette er aktivitets- og rapporteringspliktene. Desse finst i alle ikkje-diskrimineringslovene, og departementet legg vekt på å informere om dei samla.

Departementet følgjer også med på interseksjonalitet innanfor likestillingspolitikken. Ein per-

son kan vere dekt av fleire diskrimineringslover. Det vil til dømes gjelde kvinner med funksjonsnedsetjingar. Også her er det viktig å fremme informasjon om likestilling og antidiskriminering som dekkjer variasjonane i befolkninga.

4.1 Barne- og ungdomstiltak

Departementet bidreg til likeverd og likeverdige høve for jenter og gutar, mellom anna gjennom ulike tilskotsordningar og gjennom dialog og kontakt med ungdomsmiljø. Til dømes er likeverd og likeverdige høve for jenter og gutar eit kriterium BLD legg vekt på i tilskotsordninga Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, som rettar seg mot 23 bykommunar. Her blir det kvart år gitt støtte til fleire prosjekt som bidreg til å sikre dette. Temaet blir òg teke opp på konferansar. BLD arrangerer konferansar retta både mot barne- og ungdomsmiljøet og mot kommunesektoren. Kjønnsperspektivet er òg teke hand om i arbeid retta mot mobbing og trakassering blant barn og unge. Departementet legg vekt på å følgje med på den retten barn og ungdom av begge kjønn har til deltaking og innverknad i kvardagslivet og samfunnsutviklinga. Når det gjeld forskning, utvikling av statistikk og anna innhenting av kunnskap om barn og unge, legg departementet vekt på å få informasjon om både jenter og gutar.

4.2 Barnevernet

Barnevernstenesta gir vern og omsorg til dei mest utsette barna og familiane deira, både barn som opplever omsorgssvikt, og barn som har alvorlege åtferdsproblem. Eit hovudmål for tenesta er å gi god og tilpassa hjelp, uavhengig av kjønn, etnisitet, funksjonsevne og seksuell orientering, og utan omsyn til kvar i landet barna bur. Tal frå barnevernsstatistikken til Statistisk sentralbyrå (SSB) for 2010 viser at det framleis er fleire gutar enn jenter som tek imot tiltak frå barnevernet. I 2010 var det rundt 55 prosent gutar og 45 prosent jenter som fekk eitt eller anna barnevernstiltak. Kjønnfordelinga er den same dersom ein ser på talet på barn som var nye i barnevernet, eller barn som tok imot barnevernstiltak per 31. desember 2010.

Det er små kjønnskilnader både når det gjeld talet på plasseringar i fosterheim og bruken av fleire typar hjelpetiltak. Det er ei overvekt av gutar i barnevernsinstitusjonar, høvesvis 57 pro-

sent gutar og 43 prosent jenter. Det er òg ein tendens til at gutar oftare har hjelpetiltak som til dømes støttekontakt og/eller besøks- og avlastingsheim enn jenter. Dei tek òg oftare imot behandlingstilbod som MST (multisystemisk terapi, 60 prosent gutar) og PMTO (foreldreopp-læring, 66 prosent gutar).

BLD og Bufdir vil framleis ta omsyn til tilrettelegging for begge kjønna der det er behov. For barnevernsinstitusjonane gjeld dette til dømes i arbeidet med internkontroll, kvalitetsarbeid og utviklinga av behandlingsmetodar.

Det er knytt særlege utfordringar til tilrettelegging for begge kjønn i omsorgstilboda for einslege mindreårige asylsøkjjarar, jf. delmål 6.1 Gode tiltak og høg kompetanse i statleg og kommunalt barnevern. Det kjem mange fleire einslege mindreårige gutar enn jenter til landet. Om lag 80 prosent er gutar. Det må takast omsyn til dei forskjellane mellom jenter og gutar som desse barna er vande med.

4.3 Likestilling i innvandrarbefolkninga

Dei aller fleste innvandrarene i Noreg og dei norskfødde barna deira tek aktivt del i arbeidsliv og utdanning, er økonomisk sjølvstendige, snakkar norsk og deltek og bidreg på ulike arenaer i samfunnet. I nokre innvandrargrupper er det store skilnader på menn og kvinner si deltaking i arbeidslivet. Menn har oftare røynsle frå yrkeslivet i opphavslandet, og kvinner står i høgare grad utanfor arbeidslivet i Noreg enn menn. Ei særleg utfordring er låg sysselsetjing i nokre grupper av kvinner med innvandrarbakgrunn. Mange kvinner som ikkje tek del i arbeidslivet, er heimeverande og blir økonomisk underhaldne av ein mann som er i arbeid. Dei er derfor ikkje i kontakt med NAV eller i gang med noka form for kvalifisering, og ein må jobbe særskilt for å finne dei og motivere dei til å ta del i kvalifisering til arbeid. Regjeringa vil føre vidare og utvikle tiltak for å få fleire personar med innvandrarbakgrunn inn i arbeidslivet og unngå at personar med innvandrarbakgrunn fell ut av arbeidsmarknaden. Regjeringa vil særleg leggje vekt på at fleire kvinner med innvandrarbakgrunn får arbeid.

Regjeringa vil framleis ha stor merksemd på introduksjonsordninga, som er eit viktig tiltak for at dei som kjem til landet fordi dei har behov for vern, skal kunne få arbeid. Det er om lag like mange menn og kvinner som deltek i programmet. Samstundes ser ein at kjønn og landbak-

grunn har mykje å seie for resultatene i introduksjonsprogrammet. Resultatene er nærmare omtalte under delmål 2.3 *Rask overgang til arbeid eller utdanning etter gjennomført introduksjonsprogram*. Norsk kunnskapar og deltaking i arbeidslivet er ein nøkkel til inkludering. Målet for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap er at vaksne innvandrere så snart som mogleg skal lære norsk, slik at dei kan ta del i yrkes- og samfunnslivet. Blant dei som fekk rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap i 2007, var det ingen nemneverdig skilnad mellom menn og kvinner når det gjaldt kven som fullførte opplæringa. Resultatene er nærmare omtalte under delmål 2.2 *God opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere*.

Ny sjanse prøver ut kvalifiseringsprogram, etter den same modellen som introduksjonsprogrammet, for innvandrere som over fleire år har mangla tilknytning til arbeidslivet. Innvandrerkvinner som er heime med barn, og som ikkje får sosialhjelp, har vore og er ei av målgruppene. Resultatene er omtalte under delmål 2.5 *Høgare sysselsetjing blant innvandrere*.

4.4 Forbrukarinformasjon og kunnskap

Informasjon er eit av dei mest sentrale verkemidla i forbrukarpolitikken. God og tilstrekkeleg informasjon om vare- og tenestetilbodet og kunnskapar om gjeldande rettar og plikter er ein føresetnad for velfungerande marknader som er til gunst for forbrukarane.

Det er eit viktig mål for forbrukarpolitikken å medverke til å heve den generelle forbrukarkompetansen. I den grad det blir avdekt tydelege forskjellar i kompetansen mellom kvinner og menn, bør informasjonsverksemda leggjast til rette for å bøte på dette. Det er også viktig å motverke at reklame spelar på kjønnsroller eller medverkar til urealistiske kroppsideal for jenter og gutter, kvinner og menn.

BLD legg særleg vekt på å styrkje undervisinga i relevante forbrukaremne, slik at begge kjønna skal få betre grunnleggjande føresetnader for å meistre praktiske forhold i kvardagslivet knytte til forbruk, anten dei gjeld berekraft, reklame, digitale medium, personleg økonomi eller generelle forbrukarrettar og -plikter. Tiltak vil bli retta både mot elevane i grunnskolen og den vidaregåande skolen og mot lærarstudentar. Kjønnsroller og forbruk er også eit relevant tema.

Foreldrepraten (*foreldrepraten.no*) er eit anna tiltak som framleis er aktuelt. Foreldrepraten er

eit diskusjonsopplegg for foreldre der det mellom anna er lagt inn oppgåver som problematiserer at foreldre ser ut til å vurdere forbruket til gutar og jenter ulikt.

I forbrukarpolitikken har det vore arbeidd målretta med ulike informasjonstiltak retta mot heile eller delar av befolkninga. Det er til dømes satsa på å gi skoleelevar betre kunnskapar om ulike forbrukaremne og på å formidle grunnleggjande forbrukarrettar til innvandrere. I informasjonstiltaka som er gjennomførte, har det i liten grad vore sondra mellom kvinner og menn. Undersøkingar tyder likevel på at det er enkelte, men moderate, forskjellar i kunnskapen om forbrukaremne mellom kvinner og menn.

BLD har i samarbeid med Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) og Høgskolen i Buskerud nyleg gjennomført ein studie av forbrukarcompetansen til elevane ved starten på det første året i den vidaregåande skolen. Studien indikerer kor godt elevane – både gutar og jenter – er rusta til å møte utfordringane som forbrukarar. Studien byggjer vidare på fleire undersøkingar frå 1990-åra om både generell forbrukarkompetanse og digital kompetanse.

Ein konklusjon er at kunnskapane om bruk av IKT-verktøy har auka dei siste ti åra. Gutane har framleis meir kunnskap enn jentene, men ferspranget er blitt redusert. Når det gjeld spørsmål om personleg økonomi og forbrukarrettar, er det ingen klare forskjellar mellom gutane og jentene.

I dei seinare åra er det både med og utan medverknad frå BLD og Forbrukarrådet blitt lansert fleire nettportaler som skal rettleie forbrukarane og gjere det enklare for dei å samanlikne varer og tenester (*forbrukarportalen.no*, *finansportalen.no*, *kraftprisdatabasen* og *telepriser.no*).

I 2011 blei det gjennomført ei undersøking av kva høve nordmenn har til å byte bank, forsikringsselskap, straum- og mobiloperatør. Undersøkinga indikerer at portalane som dekkjer dette, ikkje er allment kjende. Bortsett frå at klart fleire menn enn kvinner hadde kjennskap til *telepriser.no*, var kjennskapen til portalane nokså likt fordelt mellom kjønna. Det var heller ikkje store forskjellar mellom delen menn og kvinner som faktisk hadde bytt leverandør. Resultatene kan indikere at det ligg ei større utfordring i å gjere portalane kjende for fleire, enn i det at dei spelar ei ulik rolle for menn og kvinner.

BLD og andre departement som forvaltar merkeordningar, fekk i 2011 gått igjennom omfanget, bruken og nytten av merkeordningane som er retta mot forbrukarane. Eitt funn var at kvinner i større grad enn menn har ei meining om kva ulike

merke relatert til mat tyder, medan menn i større grad enn kvinner har ei oppfatning om energi-klassermerket. Jamt over såg det ut til at kvinner har betre kunnskapar om merkeordningane enn menn.

BLD vil også arbeide vidare med informasjonstiltak som kan medverke til å styrkje effekten av merkeordningar som verkemiddel til forbrukarrettleggning. I samband med dette vil ulike nettbaserte informasjonsløysingar og samarbeid med varehandelen for å betre informasjonen på utsalsstader bli vurderte. Departementet vil også sjå på korleis innhaldet i ulike portalløysingar kan utviklast i takt med endringar i marknaden, slik at informasjonen blir til nytte for flest mogleg. I dette arbeidet bør det takast omsyn til at kvinner og menn i nokon grad har ulike interesser og behov.

Det finst lite forskning i Noreg på samanhenger mellom kjønn, forbruk og integrering. BLD støttar i 2011 eit forskingsprosjekt ved SIFO der det mellom anna blir vurdert om kjønnsroller i innvandrarfamiliar påverkar forbruksmønster og integrering av barn. Prosjektet skal avsluttast i 2011.

4.5 Betalingsproblem/gjeld

Tal frå analyseselskapet Experian viser at det per 1. mai 2011 var 217 389 dårlege betalalarar i Noreg, forstått som personar med minst éin betalingsmerknad. Til saman hadde desse betalalarane i underkant av ein million (925 292) betalingsmerknader, tilsvarande 4,3 merknader per person.

Materialet viser at det i dei seinare åra har vore ein sterk auke i talet på dårlege betalalarar. Menn er generelt dårlegare betalalarar enn kvinner. I aldersgruppa frå 25 til 45 år var over 10 prosent av mennene registrerte som dårlege betalalarar, mot 6,5 prosent av kvinnene. Det er blant unge vaksne i alderen 18 til 24 år at veksten i talet på betalingsmerknader er størst, og særleg blant unge menn. Det ser ut til at unge menn utan formue er mest utsette for å få betalingsmerknader.

Regjeringa ønskjer å motverke at folk skal få betalingsproblem som seinare kan utvikle seg til alvorlege gjeldsproblem. Sidan betalingsproblema særleg ser ut til å auke blant unge vaksne, vil BLD vurdere om det er nødvendig med tiltak retta spesielt mot denne gruppa. Innrettinga av eventuelle tiltak vil avhenge av kva årsakene til betalingsproblema viser seg å vere. I samband med utforminga av tiltak må det takast omsyn til om kjønn er ein relevant faktor.

4.6 Status i departementet og tilknytte verksemder

Likestillingslova § 1 a, diskrimineringslova § 3 a og diskriminerings- og tilgjengelova § 3 pålegg statlege verksemder ei aktivitetsplikt. Statlege verksemder skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering når det gjeld kjønn, funksjonsnedsetjingar og etnisitet, religion mv.

Tabell 4.1 Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet for 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	30	70	206	44 788	42 690
Departementsråd og ekspedisjonssjefar	50	50	6	83 555	80 739
Avdelingsdirektørar	28	72	18	58 617	59 238
Seniorrådgivarar	31	69	106	44 393	44 333
Rådgivarar	36	64	47	36 838	37 112
Førstekonsulentar	15	85	20	32 353	32 574
Konsulentar/sekretærar		100	9		30 483

Tabell 4.2 Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet for 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	3	17	10	14	5	95	3,2	2,8

Tabell 4.3 Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, ungdoms- og familieetaten for 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	35	65	5 309	32 950	33 756
Direktørar og avdelingsdirektørar	41	59	46	58 870	62 451
Seksjonssjefar og arkivleiarar	26	74	70	43 453	43 551
Leiarar av institusjonar, familievernkontor	41	59	210	46 598	45 846
Avdelingsleiarar i institusjonar	25	75	224	37 619	38 100
Fagstillingar profesjonsutdanning/masternivå	33	67	175	45 646	43 393
Seniorrådgivarar og prosjektleiarar	41	59	315	42 892	41 762
Rådgivarar	26	74	423	36 564	36 088
Fagstillingar høgskole lågare grad	34	66	2 248	32 178	32 309
Førstekonsulentar og seniorkonsulentar	18	82	306	33 452	33 277
Miljøarbeidarar	58	42	911	25 614	26 077
Kontorstillingar og sakshandsamarar lågare nivå	5	95	317	29 407	29 592
Andre stillingar hushald, drift, reinhald	27	73	64	28 102	26 215
Timelønn i verksemda	46	54	4 618	25 615	26 258

Tabell 4.4 Tilstandsrapportering (kjønn) for Barne-, ungdoms- og familieetaten for 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	29	26	8	5,7	8,6	91,4	6,5	7,2

Tabell 4.5 Tilstandsrapportering (kjønn) for Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet inkludert Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og myndigheitene for 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	35	65	215	39 869	37 258
Direktør	100	0	1	94 917	
Mellomleiing (stillingskode 1059/1060/1061)	41	59	17	50 930	49 071
Kategori 1 (st.kode 1364)	37	63	84	39 248	38 975
Kategori 2 (st.kode 1434)	34	66	109	36 822	34 166
Kategori 3 (st.kode 1408)	25	75	4	27 058	31 656

Tabell 4.6 Tilstandsrapportering (kjønn) for Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet inkludert Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og myndigheitene for 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	3	9	17	29	15	85	3,7	3,9

Tabell 4.7 Tilstandsrapportering (kjønn) for Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker for 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	31	69	98	62 922	46 160
Direktør og regionleiarar	40	60	5	67 983	70 411
Daglege leiarar	56	44	9	64 476	56 933
Fylkesnemndsleiarar	47	53	47	63 783	63 783
Rådgivar		100	1		43 291
Førstekonsulentar		100	13		32 232
Konsulentar/sekretærar	4	96	23	21 183	29 227

Tabell 4.8 Tilstandsrapportering (kjønn) for Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker for 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	20	25	23	9	100		3,6	3,6

Tabell 4.9 Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukarombodet i 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	60	40	33	38 019	36 029
Toppleiing (ekspedisjonssjefar/direktørar)	66,7	33,3	6	49 823	50 175
Mellomleiing (avdelingsleiarar)	50	50	2	35 917	31 183
Seniorrådgivarar	66,7	33,3	6	37 735	37 225
Rådgivarar	57,1	42,9	7	33 925	34 103
Førstekonsulentar	50	50	10	32 693	32 282
Konsulentar/sekretærar		100	2		33 788

Tabell 4.10 Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukarombodet i 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	0	0	0	0			2,58	4,18

Tabell 4.11 Tilstandsrapportering (kjønn) for Barneombodet for 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	32	68	19	45 728	36 962

Tabell 4.12 Tilstandsrapportering (kjønn) for Barneombodet for 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær		Leiarutvikling		Anna fagleg utvikling	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	0	31	16,7	23,1	0	23,1	2	12	16,7	7,7	100	76,9

Tabell 4.13 Tilstandsrapportering (kjønn) for Likestillings- og diskrimineringsombodet for 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	26	74	63	100	96,9
Toppleiing (Ombod)		100	1		100
Mellomleiing, avdelingsleiarar, informasjonssjef, adm. sjef	25	75	4	615 400	630 600
Kategori 1: Seniorrådgjevar (inkl. arkivleiar)	40	60	20	496 744	500 725
Kategori 2: Rådgjevar	24	76	25	422 000	443 377
Kategori 3: 1.konsulent	10	90	10	390 600	398 311
Kategori 4: Konsulent		100	3		380 633

Tabell 4.14 Tilstandsrapportering (kjønn) for Likestillings- og diskrimineringsombodet for 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	6,25	14,9	12,5	14,9	26,9	73,1	0,34	1,94

Tabell 4.15 Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukartvistutvalet for 2010

	Kjønnsbalanse			Lønn	
	M%	K%	N	M	K
Totalt i verksemda	34	66	8,8	33 962	35 275

Tabell 4.16 Tilstandsrapportering (kjønn) for Forbrukartvistutvalet for 2010

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i verksemda	0	17	0	17	0	0	0	9

4.7 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Mål for BLD som arbeidsgivar for perioden 2010–2013:

- Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne skal vere representerte i alle avdelingar.
- Delen søkjarar til stillingar i BLD frå underrepresenterte grupper skal aukast.
- Delen menn skal aukast til 40 prosent.
- Sikre lokale og arbeidsverktøy skal vere tilgjengelege for alle tilsette (generell universell utforming).

Mål for BLD som myndigheitsutøvar for perioden 2010–2013:

- eit styrkt likestillingsperspektiv i Prop. 1 S for BLD
- eit integrert likestillingsperspektiv på ulike grunnlag i dialog med tilknytte verksemdar
- eit samordna pådrivararbeid for integrering av eit likestillingsperspektiv på ulike grunnlag
- eit ikkje-diskrimineringsperspektiv ved kjøp av varer og tenester

Departementet har i fleire år hatt som mål å rekruttere fleire menn, særleg til avdelingar og stillingstypar der kvinnedelen er høg. Departementet har òg vore merksam på å kalle inn kvalifiserte mannlege søkjarar til intervju. Det har vore

ein auke i delen menn i BLD, frå 25 prosent i 2003 til 30 prosent i 2010. Likevel har det vore ein nedgang i talet på menn frå 2009 til 2010 med 5 prosentpoeng.

Utifrå tabellen for tilstandsrapporten (kjønn) for BLD ser ein at det er visse skilnader i lønn mellom kvinner og menn totalt i BLD. Det er fleire kvinner enn menn i dei lågare stillingskategoriane, og dersom ein ser på dei ulike stillingskategoriane, er det ingen vesentlege skilnader i lønna til menn og kvinner i departementet.

BLD utarbeidar årleg lønnsstatistikk fordelt på kjønn før dei lokale lønnsforhandlingane, slik at ein eventuelt kan setje i verk tiltak for å få ei så lik lønnsutvikling som mogleg mellom kvinner og menn. Overtidsstatistikken for 2010 viser at det er delvis samsvar mellom delen av kvinner i departementet og delen av kvinner som arbeider overtid. Gjennomsnittleg arbeider kvinnene i departementet noko meir overtid enn mennene.

BLD arrangerte i 2010 faglunsj for alle tilsette om diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar, og fleire i departementet har gått på kurs om aktivitets- og rapporteringspliktene. BLD har òg hatt opplæring av departementstilsette i internasjonale konvensjonar, diskrimineringslovgiving og utgreiingsinstruksen. BLD skal i arbeidsmiljøundersøkingar ta med spørsmål som ser på likestilling og diskriminering, og trakassering er teke inn som tema i malen for medarbeidersamtalen.

Personalpolitikken til BLD er utforma med omsyn til ulike fasar i livet og nedfelt i personalpolitiske mål og tiltak i BLD. For å utvikle, halde på og nytte viktig kompetanse som seniormedarbeidarar har, har BLD etablert tilbod spesielt til medarbeidarar i seniorfasen.

Vidare har BLD utarbeidd ei felles rettleiing til utgreiingsinstruksen på dei ulike diskrimineringsgrunnlaga og utarbeidd eit eige rundskriv om tolkinga av § 9 *Plikten til generell tilrettelegging* (universell utforming). Rundskrivet er sendt til kommunane.

BLD som innkjøpar stiller krav om universell utforming ved leige av hotell, lokale, møterom, festlokale og utarbeiding av publikasjonar. BLD arbeider for at interne nettstader skal vere universelt utforma og er ein pådrivar for at *regjeringa.no* skal bli betre. Det er eit overordna mål at samansetjinga av departementet langt på veg skal spegle mangfaldet i samfunnet når det gjeld kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne.

BLD har i ny IA-avtale innarbeidd at det ved intervju skal kallast inn minst éin kvalifisert kandidat med innvandrarakgrunn, éin med nedsett

funksjonsevne og éin av underrepresentert kjønn. Tiltaket er teke inn i rettleiinga til rekrutteringsprosessen.

Når det gjeld rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne, har regelen i BLD vore at minimum éin søkjar skal kallast inn til intervju om han eller ho er kvalifisert. Det same prinsippet gjeld for personar med innvandrarakgrunn. Generelt ser det ut til at tiltaka til no ikkje har hatt stor effekt med sikte på å få fleire tilsette av desse underrepresenterte gruppene. BLD skal derfor vurdere relevante profileringstiltak overfor underrepresenterte grupper og vurdere utvida formalisering av moderat kvotering av underrepresenterte grupper. BLD har statistikk over kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne for søkjarar dersom søkjarane oppgir dette i søknadene sine. BLD vil på lengre sikt vurdere å bruke statistikk over søkjarar for dei enkelte diskrimineringsgrunnlaga.

Per i dag har ikkje BLD fullt ut standardiserte utlysningstekster. I løpet av 2011 skal BLD sjå på profileringa av BLD kor val av fellestekst i stillingsannonser inngår.

Meir bruk av støtteordningar, praksisplassar, lønnstilskot, ordningar gjennom NAV mv. er òg tekne inn i den nye IA-avtala. BLD deltek i traineeordninga i staten. Nærmaste leiar skal ta opp med nyttilsette om det er behov for særleg tilrettelegging. BLD har hatt seminar for leiarar og andre relevante medarbeidarar i mangfaldsleiing, og vil på sikt vurdere ei ordning med språkleg mentor for nyttilsette med innvandrarakgrunn.

BLD skal på lengre sikt gå gjennom tilskotsordningane med sikte på å vurdere likestillingsperspektivet på ulike grunnlag.

4.8 Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat)

Likestillingsperspektivet i Bufetat er integrert som ein viktig del i fleire prosessar internt i verksemda, m.a. i rekrutteringsarbeidet. Kvinnedelen er 65 prosent og mannsdelen 35 prosent. Bufetat har ikkje sett inn konkrete tiltak når det gjeld rekrutteringa av menn eller kvinner, og oppfordrar alle til å søkje stillingar, uavhengig av kjønn.

Det er størst kvinnedel i alle stillingskategoriane i Bufetat bortsett frå i miljøarbeidarstillingar, der det er 58 prosent menn og 42 prosent kvinner. Det vil mellom anna seie at Bufetat har flest kvinnelege leiarar på alle nivå i verksemda.

Bufetat har ei jamn lønnsfordeling mellom kvinner og menn innanfor dei ulike stillingskate-

goriane. På bakgrunn av ei jamn kjønnsfordeling på både lønns- og leiar nivå har ikkje Bufetat valt å setje inn tiltak på desse områda.

Bufetat følgjer dei sentrale føringane til å utforme stillingsannonser slik at ein oppfordrar alle uansett etnisk bakgrunn, kjønn og funksjonsevne til å søkje ledige stillingar. I tillegg blir kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn inviterte til intervju, og det blir nytta moderat kvotering ved tilsetjing.

Deltasenteret i Bufdir har gjennomført ei kartlegging av universell utforming i lokala til Bufdir. I første omgang har det vore ei kartlegging av universell utforming i Bufdirs lokale i Oslo og Tønsberg (for tilsette og eksterne). I kartlegginga blei det foreslått tiltak for drift, vedlikehald og utvikling i lokala. Fleire av tiltaka er allereie sette i verk. Prosjektgruppa har òg kome med ei tilråding om at det bør gjennomførast ei kartlegging av den universelle utforminga i alle lokala som Bufetat disponerer.

Strategi for auka etnisk mangfald i Bufetat frå 2009 til 2012 definerer ulike mål for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Hovudmålet er at Bufetat skal ha minst fem prosent tilsette med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn innan 1. januar 2012.

Den treårige strategien nemner fleire tiltak, m.a. ei trainee-ordning for ikkje-vestlege innvandrarakar med sosialfagleg bakgrunn, der åtte trainear deltek, og ei støtteordning for utdanning for tilsette med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn som til dømes gjer det mogleg å ta treårig høgskoleutdanning som kvalifiserer for fagstillingar i barnevernet.

4.9 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

I tabellen om tilstandsrapporten (kjønn) for IMDi ser ein at det er fleire kvinner enn menn tilsette i verksemda i 2010. Det er ikkje vesentlege skilnader i lønn mellom kvinner og menn når ein ser på dei ulike stillingskategoriane.

Eit av måla for personalpolitikken til IMDi er å fremme mangfald, særleg når det gjeld etnisitet, men også når det gjeld kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne og alder. IMDi har gjennomført ei intern omorganisering og vil gjennomgå personalpolitikk og lokalt avtaleverk i 2011, der ein mellom anna set søkjelyset på å fremme mangfald innanfor etnisitet, kjønn, alder, seksuell orientering og funksjonsevne og tilgjenge. IMDi legg til

rette for IA-plassar og arbeidstreningsplassar for personar som har vanskeleg for å kome inn i arbeidslivet.

Internt i IMDi er det mellom anna avtalefest kjønnsnøytrale mål og kriterium for deltaking i alle stillingsgrupper, utval, prosjekt og anna arbeidsorganisering. Dette gjeld òg for kompetanseheving, rekrutteringsprosessar, lønnsfastsettning, permisjonsavgjerder og utviklings- og opprykkshøve.

Personar med innvandrarbakgrunn blir oppfordra til å søkje ledige stillingar, og IMDi arbeider systematisk med rekruttering og oppfølging av nytilsette. IMDi tilbyr yrkestilpassa arbeidstrening til 4–8 personar med ikkje-vestleg bakgrunn. IMDi har hatt 11 personar på arbeidstrening i 2010, fordelte på Oslo, Gjøvik, Trondheim og Narvik. Lokala i Tollbugaten er lagde til rette for personar med redusert funksjonsevne.

Målet er at 25 prosent av dei tilsette i IMDi, inklusiv personar i permisjon og tilsette i Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og myndighetene, skal ha innvandrarbakgrunn. Av 215 tilsette per 31. desember 2010 hadde 67 innvandrarbakgrunn. Det vil seie at 31,2 prosent hadde innvandrarbakgrunn, noko som er det same talet som året før. 41,2 prosent (7 av 17) av leiarane og 32,4 prosent (11 av 34) av dei nytilsette i IMDi har innvandrarbakgrunn.

Til utlyste stillingar der rekrutteringsprosessen blei avslutta innan 31. desember 2010, fekk IMDi inn 1453 søknader. Av desse var 433 (29,8 prosent) frå søkjarar med innvandrarbakgrunn.

IMDi har avtale med Norsk Folkehjelp om å vere rasismefri sone og arbeider med tiltak for å fremme likestilling for innvandrarkvinner.

I samsvar med IA-avtala har IMDi som mål at sjukefråværet skal reduserast i 2010 samanlikna med 2009. Sjukefråværet i 2010 var 5,3 prosent, noko som er ein reduksjon på 1,5 prosentpoeng frå 2009. Eigenmeldt fråvær var 1,5 prosent, medan legemeldt fråvær var 3,8 prosent. Arbeidsplassane er lagde til rette ergonomisk, og mellom anna er det tilbod om trening i arbeidstida. Permisjon blir godtekne for feiring av religiøse høgtidsdagar utanom den norske kyrke (gjeld ikkje nasjonale høgtidsdagar) for ein periode på inntil 2 dagar.

IMDi gir utvida tenestefri med lønn til tilsette over 62 år med 14 dagar, som er maksimumsgrensa etter hovudtariffavtala. Livsfaseperspektivet er innarbeidd i personalpolitikk og anna regelverk.

4.10 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Frå og med 2011 er fylkesnemndene skilde ut frå BLD, og har derfor ikkje noka rapportering frå 2010.

4.11 Forbrukarombodet

Forbrukarombodet arbeider for ei jamn kjønnsfordeling på alle nivå i verksemda. Ved nyttilsetjingar i 2010 har kjønnsfordelinga vore lik mellom kvinner og menn.

Det har ikkje vore utført overtidsarbeid i 2010. Forbrukarombodet har arbeidd for ei jamn kjønnsfordeling innanfor vidareutvikling og kompetanseheving. Ved utgangen av 2010 har Forbrukarombodet berre heiltidstilsette.

Forbrukarombodet har i utlysningstekst for annonsering etter nye juristar oppfordra kandidatar med innvandrarbakgrunn til å søkje. Forbrukarombodet har motteke få søknader frå personar med innvandrarbakgrunn til stillingane. Ingen av desse har vore vurderte til å ha dei ønskete kvalifikasjonane, og har derfor ikkje vore inviterte til intervju.

Forbrukarombodet éin tilsett med innvandrarbakgrunn, noko som representerer om lag tre prosent av talet på tilsette. Det er same nivå som året før.

Til grunn for avtala om inkluderande arbeidsliv (IA) ligg ein politikk for helse, miljø og tryggleik (HMS).

Eit mål i IA-avtala er å rekruttere personar med redusert funksjonsevne. I utlysningsteksten for ledige stillingar frå Forbrukarombodet blir personar med behov for spesiell tilrettelegging oppfordra til å søkje. Desse søkjarane vil bli vurderte ut frå utdanning, erfaring, kvalifikasjonar og andre kriterium på linje med andre søkjarar. Det har ikkje meldt seg kvalifiserte søkjarar med redusert funksjonsevne på ledige stillingar til Forbrukarombodet i 2010.

Lokala til Forbrukarombodet er gjorde tilgjengelege for personar med nedsett funksjonsevne i samband med regelverk for universell utforming og auka tilgjenge.

Seniorpolitikk er utarbeidd og skal sikre at Forbrukarombodet tek vare på arbeidstakarar på seksti år og eldre og dekkjer dei behova denne gruppa måtte ha. Forbrukarombodet får del i deira erfaring og fagkunnskap og sikrar at denne blir ført vidare for framtida. I Forbrukarombodet blir det gjennomført årlege seniorsamtaler for

arbeidstakarar over 60 år der ein ser på moglege tiltak for å auke motivasjonen, forbetre kompetansen og forlenge tilsetjingsperioden. Alle får tilbod om pensjonsforberedande kurs.

4.12 Barneombodet

Barneombodet har eit personalpolitisk mål om å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetting og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn blir oppmoda til å søkje stillingar. Barneombodet har fleire kvinnelege enn mannlege tilsette. Ved rekruttering/tilsetjing har det vore lagt vekt på å få til ei jamnare kjønnsfordeling ved kontoret. Ein av dei tilsette i Barneombodet har innvandrarbakgrunn. Barneombodet har òg annonsert ledig stilling i samisk avis. Personar frå underrepresentererte grupper blir invitert til intervju dersom dei er kvalifiserte for stillingen.

Barneombodet er etablert som IA-bedrift og har sett kor viktig enkelte av tiltaka i avtala er når det gjeld å få til ei systematisk og kontinuerleg oppfølging av dei av personalet som i periodar har redusert arbeidsevne.

Barneombodet har eit stykke igjen når det gjeld universell utforming. Kontorlokala ombodet disponerer, tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til lovkrava. Ein grunn til at rehabiliteringsarbeid ikkje er sett i gang, er at kontrakten for dei noverande lokala snart går ut. I kravspesifikasjonen for nye kontorlokale er det teke nødvendig omsyn til tilgjengelova.

4.13 Likestillings- og diskrimineringsombodet

LDO legg vekt på å vere gode på det arbeidet dei sjølve er faginstans på, nemleg mangfald i arbeidslivet mellom anna gjennom bruk av aktivitets- og rapporteringspliktene.

LDO sitt mål er å etterleve dei råd og den rettleiinga eigne tilsette gir andre verksemder når det gjeld å oppnå ein inkluderande personalpolitikk som fremjar likestilling på alle diskrimineringsgrunnlag.

Den overordna personalpolitikk til LDO har som mål å bidra til å realisere målet til Likestillings- og diskrimineringsombodet om å vere ein synleg og tillitvekkande samfunnsaktør. Politikken omfattar følgjande delområde: rekruttering, lokal lønnspolitikk, kompetanseutvikling, livsfasepolitikk og arbeidsmiljø. Felles for alle punkta er mål om mangfald, eit inkluderande arbeidsliv og

tilgjenge. LDO skal leggje til rette for at tilsette i alle livsfasar får ein god arbeidssituasjon, og utvikling gjennom heile yrkeskarrieren.

LDO sin stab skal spegle mangfaldet i befolkninga gjennom:

- jamn kjønnsfordeling i verksemda
- minst 40 prosent av leiarane skal vere av kvart kjønn
- minst 15 prosent skal ha innvandrarakgrunn
- minst 10 prosent skal ha nedsett funksjonsevne

LDO oppfyller dei to siste punkta. LDO brukar mangfaldserklæring i stillingsannonsar og nyttar målretta rekrutteringskanalar for å oppnå målet dei har satt. Dersom det er kvalifiserte søkjarar med innvandrarakgrunn eller nedsett funksjonsevne skal minimum éin av kvar bli invitert til intervju.

LDO har mål om likelønn mellom kjønna i verksemda. I LDO har kvinner marginalt høgare lønn enn menn i alle stillingskategoriar. Alle stillingar i LDO skal la seg kombinera med familieliv og omsorgsoppgåver. Det er særst lite bruk av overtid i LDO.

Både menn og kvinner har fråvær knytt til barns sjukdom. LDO oppmodar mannlege tilsette til å ta større omsorgsansvar for barn og til å ta ut foreldrepermisjon ut over den fastsette kvota for fedrar. Fem kvinner hadde foreldrepermisjon i 2010, ingen menn.

LDO har som mål at det legemeldte fråværet innan utgangen av året skulle vere 4 prosent. Det samla fråværet gjennom året, både eigemeldt og legemeldt, var på 3,78 prosent. Det legemeldte fråværet utgjorde 2,31 prosent og det eigemeldte 1,47 prosent.

Tilsette i seniorsjiktet skal få høve til karriere- og kompetanseutvikling på lik linje med yngre medarbeidarar. LDO praktiserer årleg seniorsamtale etter fylte 55 år for tilsette som ønskjer det. I samtalen kan ein ta opp eventuelle ønskje om endring knytt til kompetansebehov, hospitering, tilrettelegging mv. Alle seniorar kan få pensjonsførebuande kurs for å få kunnskap om og oversikt over pensjonsrettane. To tilsette (begge kvinner) har delteke på eit slikt kurs i 2010. Ved årsskiftet var det 10 medarbeidarar (dvs. 14,9 prosent) i aldersgruppa 56 år eller eldre.

Medarbeidarar som treng tilrettelegging har fått det, enten det gjeld teknisk utstyr eller sjølve kontoret, eventuelt også etter bistand frå NAV. Tilsette kan også få tilrettelagt arbeidstilhøva gjennom ordninga med heimekontor. Som del av arbeidet med ein tilretteleggingsplan er det etablert ei eiga tilretteleggingsordning med samtalar

ved byrjing i LDO og undervegs i tilsetjingsforholdet for å avdekkje individuelle behov.

Ein rutine for varsling av kritikkverdige tilhøve i LDO inngår som del av HMS-planen (vern mot trakkasering).

Sjå årsrapporten til Likestillings- og diskrimineringsombodet for meir utfyllande omtale av aktivitets- og rapporteringsplikene.

4.14 Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet

Ved stillingsutlysingar oppmodar sekretariatet særskilt personar med innvandrarakgrunn og/eller funksjonshemming til å søkje. Per 1. januar 2010 var det éin tilsett i Sekretariatet med innvandrarakgrunn, men ingen med funksjonshemming.

For å nå ut til grupper med innvandrarakgrunn, har sekretariatet lagt ut mykje informasjon på nettsidene til Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet på engelsk.

Inngangspartiet til Forbrukarhuset blei endra i 2009, slik at det no er lagt til rette for rullestolbrukarar. Utanom dette har ikkje Sekretariatet utarbeidd særskilde planar for rekruttering av desse gruppene.

Dei tilsette i Sekretariatet er i aldersgruppa 26 til 56 år. Det er derfor ikkje aktuelt med særskilde seniorpolitiske tiltak i sekretariatet no.

Sjukefråværet i Sekretariatet var lågare i 2010 enn i 2009. Arbeidsplassane er godt fysisk utstyrte / lagde til rette.

I 2010 hadde sekretariatet 8 tilsette; 5 kvinner og 3 menn. Alle hadde 100 prosent stilling, bortsett frå ein kvinneleg rådgivar, som hadde 80 prosent stilling. Dei tilsette hadde desse stillingane: 1 direktør, som er kvinne, 2 sekretærar, som er kvinner, 5 rådgivarar, derav tre menn og to kvinner. Det er ikkje utarbeidd retningslinjer, policy eller liknande for likestillingsarbeidet.

Ein prøver å leggje arbeidsplassen til rette for småbarnsforeldre i den grad det lèt seg gjere, mellom anna med tilbod om permisjon og ved at møte blir haldne i arbeidstida. Overtid er ikkje blitt brukt i 2010.

4.15 Andre kommentarar til omtalen

SIFO og Forbrukarrådet er ansvarleg for å gjere greie for rapporteringa i eigen årsrapport sidan desse er nettobudsjetterte verksemdar.

5 Forsking og utvikling

God kunnskap og systematisk kunnskapsinnhenting gir eit sikrare og nødvendig grunnlag for politiske og faglege avgjerder. Langsiktige løyvingar til programforsking i Noregs forskingsråd, samarbeid med Statistisk sentralbyrå (SSB) om statistikkutvikling og analysar, direkte prosjektløyvingar til fagmiljø i institutt-, universitets- og høgskolesektoren og støtte til ulike kompetansesenter sikrar eit slikt grunnlag. I tillegg til å skaffe ny kunnskap kan dei same miljøa utføre oppdrag for departementet, som å utarbeide kunnskapsstatustsar, gjere utgreiingar, gjennomføre kartleggingar og handsame statistikk. På fleire av ansvarsområda til departementet nyttar ein forsøk, utviklingsarbeid og brukarundersøkingar for å forbetre og reformere metodar og tenester. Forskingsbaserte evalueringar blir nytta for å undersøkje om tenester og ordningar treng å fornyast og forenklast.

Noregs forskingsråd fekk i 2011 fleire løyvingar over budsjettet til BLD. Frå 2010 tok departementa i bruk ein felles målstruktur for løyvingane sine til Forskingsrådet. Løyvingane frå BLD er knytte til delmål 1.5 *Styrkt forskning i tråd med kunnskapsbehovet til sektorane og forvaltinga*. Heile målstrukturen er omtalt i Prop. 1 S (2011–2012) frå Kunnskapsdepartementet.

BLD støttar programmet *Kjønnsforskning* (2008–2012) under Noregs forskingsråd. Programmet er eit tverrfagleg humanistisk og samfunnsvitskapleg forskingsprogram. Det overordna målet for programmet er å styrkje kjønnsforskninga som eit eige kunnskapsfelt og å få meir kunnskap om kjønn og likestilling. I alt er det 12 prosjekt i programmets portefølje. Programmet prioriterer både utvikling av kjønns- og likestillingsteori og styrking av samfunnsmessig relevant forskning om kjønn. Forskingsinnsatsen er konsentrert om fire tematiske område: arbeid og økonomi, offentlegheit, kultur og estetikk, rettar og politikk og samliv og relasjonar. BLD vil i 2012 støtte programmet med 4 mill. kroner.

BLD har i ei årrekke teke del i finansieringa av velferdsforskninga til Noregs forskingsråd. Frå 2009 blei velferdsforskninga ført vidare i det nye programmet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon*

(VAM) (2009–2018). Det er no 28 prosjekt i VAM som famnar eit breitt felt, mange disiplinar og samfunnsområde, og som omhandlar til saman 17 temaområde i programplanen. Forskingstema i programmet er aldning, konsekvensar av auka velstand og rikdom, internasjonal migrasjon og integrasjon av innvandrarakar, familie og samfunn, verdiskaping og organisering i arbeidslivet og oppslutning om organisering og styring av velferdsamfunnet. VAM er eit handlingsretta program, og målet er at forskinga skal gi kunnskap som kan brukast i utforminga av politikk og forvaltinga av offentlege ordningar. BLD vil støtte programmet VAM med 17,3 mill. kroner i 2012.

BLD finansierer satsinga IT Funk (2007–2012) (IT for funksjonshemma) i Noregs forskingsråd. IT Funk skal bidra til at menneske med nedsett funksjonsevne får betre tilgang til informasjons- og kommunikasjonsteknologi og gjennom det betre tilgang til samfunnet. BLD vil føre vidare støtta til IT Funk med 5,6 mill. kroner i 2012.

Departementet legg stor vekt på å underbygge politikk og tiltak som gjeld innvandrarakar og barna deira med god forskingsbasert kunnskap, pålitelege data, påliteleg statistikk, evaluering av verkemidla på området og utvikling av metodar for det praktiske arbeidet. Sentrale spørsmål for forskning og utvikling er kva konsekvensar innvandring har for samfunnet, og kva moglegheiter og vanskar eit samfunn med aukande kulturelt, religiøst og etnisk mangfald møter. Det blir jamleg produsert statistikk om inn- og utvandring, innvandringsgrunnar, statsborgarskap, innvandrarakar i Noreg, sysselsetjing og arbeidsløyse, haldningar til innvandring og innvandrarakar, deltaking i val, nye innvandrarakars deltaking i introduksjonsprogram, sekundærflytting og deltaking i arbeid blant flyktningar og deltaking i arbeid og utdanning blant unge med innvandrarakarbakgrunn. Det er under arbeid eit prosjekt som tek sikte på å gi ei heilskapleg oversikt over og forståing av innvandrarakar sin veg inn i samfunnet ved å følgje utviklinga over tid.

Departementet vil arbeide for å få fram fleire analysar som samanliknar integrasjonen av innvandrarakar i Noreg med situasjonen i andre land,

og støttar eit utviklingsprosjekt som skal finne fram til sentrale indikatorar for å måle integrasjon av innvandrar mellom land innanfor ramma av arbeidet til migrasjonsgruppa i OECD. Departementet vil i 2012 halde fram med å bidra til rapporteringa til OECDs publikasjon *International Migration Outlook*. Departementet bidreg òg til eit nordisk prosjekt som samanliknar integrasjonen av innvandrargrupper frå same opphavsland i dei skandinaviske landa over tid med vekt på deltaking i utdanning og deltaking i arbeidsmarknaden. Prosjektet kjem med resultat i 2012.

BLD koordinerer arbeidet med *Handlingsplan mot kjønnslemlesting* (2008–2011) og *Handlingsplan mot tvangsekteskap* (2008–2011). Desse planane blir evaluerte fortløpande, og metodar og erfaringar frå arbeidet blir formidla vidare til kommunar, etatar og andre som møtar dei unge.

BLD har sidan 2010, på vegner av fleire departement, koordinert finansieringa av ei undersøking om haldningar til jødar og jødedom blant innbyggjarane i Noreg. Undersøkinga vil òg omfatte haldningar til romfolket og muslimar. Senter for studier av holocaust og livssynsminoriteter gjennomfører undersøkinga i tett samarbeid med internasjonale ekspertar på feltet. Undersøkinga vil òg få midlar i 2012.

BLD koordinerer arbeidet med å følgje opp regjeringas *Handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge* (2009–2013). Planen prioriterer innsatsområda uteområde/planlegging, bygningar, transport og IKT. Visjonen er at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. Dette vil medføre kostnader for samfunnet, og det er eit behov for betre metodar og kostnads- og nyttedata for dei samfunnsøkonomiske analysane som blir gjennomførte. Prosjekt for å utvikle metodar og skaffe slike data, blir sette i verk i samråd med andre departement.

BLD ser det som viktig å støtte forskning som kan bidra til å sikre betre kunnskap om barn og ungdoms oppvekst og levekår. Under Noregs forskingsråd sitt program VAM (sjå over) er det sett i gang fleire større prosjekt knytte til marginalisering og barns oppvekstkår. Det blir òg gitt tilskot til ulike forskingsmiljø til oppdrag og undersøkingar. Mellom anna blei det i 2011 sett i gang eit større forskingsprosjekt for å evaluere metodar og resultat i *Losprosjektet*, som blir gjennomført i utvalde kommunar. Målgruppa for prosjektet er ungdom mellom 14 og 23 år som står i fare for å falle utanfor skole og arbeid. Ein undervegsrapport vil ligge føre i 2012. Sluttrapporten skal ligge føre i 2014.

Departementet legg stor vekt på å utvikle eit barnevern bygt på kunnskap. Satsinga på målretta FoU-arbeid med praksisrelatert forskning, utvikling av tiltak bygd på kunnskap, kunnskapsspreiing og implementering, er grunnsteinen i eit kunnskapsbasert barnevern. Kunnskap frå forskning skal nyttast for å sikre gode og individtilpassa tenester til barn, unge og familiarne deira. I dei siste åra er det satsa på bruk av tiltak som gjennom forskning kan dokumentere positive effektar for enkelte målgrupper innanfor barnevernet. Dette gjeld spesielt behandlingsmetodar i nærmiljøet for barn og unge med alvorlege åtferdsproblem. Saman med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har BLD ein langsiktig forskings- og utviklingsstrategi på barnevernsfeltet for perioden 2009–2012. Siktemålet med strategien er å utvikle og styrkje forskingsmiljø gjennom systematisk satsing på å hente inn, bruke og setje i verk forskning for å utvikle tenestene vidare. Forskinga skal medverke til at barnevernstiltaka fungerer etter målsetjingane og gir barna eit betre liv.

God dokumentasjon om forbrukarane si stilling i Noreg er ein føresetnad for ein aktiv forbrukarpolitikk. Det meste av BLDs investeringar i FoU på forbrukarområdet skjer gjennom ei basisløyving til Statens institutt for forbruksforskning (SIFO). SIFO har i tillegg eigne prosjektinntekter. SIFO skal følgje med på åtferda til forbrukarane og utviklinga i ulike forbrukarmarknader, mellom anna når det gjeld pris- og konkurranseforhold, og skal formidle kunnskap av relevans for den forbrukarpolitiske debatten. SIFO har ei sentral rolle for å få fram, forvalte og formidle slik kunnskap. SIFO bidreg òg til å oppretthalde kompetanse og aktivitet på prioriterte område som forbruk og miljø og barn og unges forbruk. SIFO sine tre satsingsområde i 2011 er reguleringspolitikk, etnisitet og forbruk og materiell kultur. Sjå meir under programkategori 11.30 Forbrukarpolitikken, delmål 7.4. *Godt kunnskapsgrunnlag for forbrukarpolitikken*.

Departementet legg vekt på å medverke til grunnleggjande datainnsamling og statistikkutvikling på sine ansvarsområde. I 2012 vil mellom anna det vidare arbeidet med eit forum for likestillingsdata halde fram. Samarbeidet med SSB om utvikling og vedlikehald av statistikk og analysar om migrasjon, integrering og levekår blant innvandrarar blir ført vidare, og arbeidet med databasen livsløp, generasjon og kjønn (LOGG) held fram i samarbeid med SSB og Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA).

6 Internasjonalt arbeid

6.1 Innleiing

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gjennomførte i 2010 ei kartlegging av det internasjonale arbeidet i BLD. Ho såg på korleis arbeidet var organisert, og vurderte behovet for å klargjere mål og strategiar, for å styrkje samarbeidet på tvers av avdelingane og for å styrkje den sentrale koordineringa.

Difi anbefalte at BLD gjennomfører ein strategiprosess som klargjer mål og prioriteringar for det internasjonale arbeidet, med sikte på å utvikle heile organisasjonen for å få ei betre koordinering og gjennomgåande politikktutforming.

På bakgrunn av rapporten frå Difi har departementet utarbeidd desse måla for det internasjonale arbeidet:

1. BLD skal ta vare på nasjonale interesser i all si deltaking i internasjonale aktivitetar.
2. BLD skal vere ein kompetent og pårekeleg aktør og samarbeidspartnar i internasjonal verksemd.
3. BLD skal delta i aktuelle internasjonale forum basert på relevans for sektorpolitikken og ressursmessig kapasitet.
4. BLD skal følgje opp internasjonale forpliktingar/avtaler og ta initiativ til anna relevant internasjonalt samarbeid utifrå kva som kan tene den nasjonale politikktutviklinga vår.

Det er òg sett i verk organisatoriske tiltak som skal sikre god samhandling internt i departementet og oppfølging av prioriterte område.

6.2 Samarbeid i ulike institusjonar

6.2.1 Nordisk ministerråd og anna nordisk samarbeid

Noreg tek over formannskapet i Nordisk ministerråd i 2012. Regjeringa har vedteke at den nordiske velferdsmodellen vil vere sentral i formannskapet. BLD vil såleis få store oppgåver knytte til det norske formannskapet.

Barne-, likestillings- og inkluderingsministeren deltek i to ministerråd; Ministerrådet for like-

stilling og Ministerrådet for sosial- og helsepolitikk.

I 2010 blei Ministerrådet for likestilling samd om eit nytt fireårig samarbeidsprogram, *Likestilling skaper eit berekraftig samfunn*. Programmet blei sendt over som eit ministerforslag til Nordisk råd og vedteke under sesjonen. Som ein del av arbeidet med nytt samarbeidsprogram tok formannskapet initiativ til å få evaluert Nordisk institutt for kunnskap om kjønn (NIKK) si rolle og tilknytning til Nordisk ministerråd.

Under det norske formannskapet i 2012 vil det fireårige samarbeidsprogrammet *Likestilling skaper eit berekraftig samfunn* for perioden 2011–2014 vere inne i sitt andre år. Noreg vil innan det nordiske likestillingssamarbeidet skape samanheng til både det tidligare finske formannskapet i 2011 og det kommande svenske formannskapet i 2013. Ein vil leggje vekt på dei to tverrgåande hovudprioriteringane; integrering av eit kjønns- og likestillingsperspektiv og aktiv deltaking av menn/gutar. Samstundes vil ein vidareutvikle samarbeidet med perspektiva livsløp, klasse og etnisitet.

Ministerrådet for sosial og helse (MR-S) har årleg eitt ministermøte og tre til fire møte i embetsmannskomiteen (EK-S) for å førebu og følgje opp MR-S. BLD er, saman med Helse- og omsorgsdepartementet, medlem i EK-S. Utsette barn og unge og barnevern er del av komiteens ansvarsfelt. Departementet vil medverke til at barneperspektivet blir teke vare på gjennom det nordiske samarbeidsprogrammet på området. MR-S vedtok i juni 2010 særleg å prioritere prosjektmidlar i 2011–2012 til emnet Tidleg førebyggjande innsatsar for familiar i risiko for sosial marginalisering.

Nordisk ministerråds strategi for barn og unge i Norden frå 2010 utgjer grunnlaget for den samla aktiviteten Ministerrådet driv overfor barn og unge. Ansvaret dei ulike sektorane har for å sikre eit barne- og ungdomsperspektiv, er understreka i strategien. Med bakgrunn i strategien utarbeider Nordisk barne- og ungdomskomite (NORDBUK) ein handlingsplan. I NORDBUK sin handlingsplan for perioden 2010–2013 er det mellom anna lagt vekt på å styrkje arbeidet på tvers av

sektorane og inkludere globaliseringsperspektivet i arbeidet. NORDBUK rapporterer til dei nordiske samarbeidsministrane om arbeidet i dei ulike sektorane.

NORDBUK arbeider i hovudsak med å leggje til rette for eigenorganisering og nordisk samarbeid mellom unge, stimulere til nye metodar for at unge skal kunne delta og ha innverknad i demokratiske prosessar, kulturelt mangfald, menneskerettar, internasjonalt samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsforskning. NORDBUK har ei støtteordning til ungdomsarbeid retta mot organisasjonar og ungdomsmiljø. Målet med denne ordninga er å styrkje barn og unges deltaking i aktivitetar som dreier seg om kulturelle, politiske og sosiale spørsmål i Norden. Departementet sit i komiteen for Noreg.

I samband med at Ministerrådet for forbrukarspørsmål (MR-Konsument) blei lagt ned frå 1. januar 2006, vedtok forbrukarministrane å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere Embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons). Samarbeidet i NordKons er konsentrert om informasjons- og erfaringsutveksling.

Dei nordiske forbrukarministrane fastsette i 2010 eit samarbeidsprogram for det uformelle samarbeidet på forbrukarområdet for perioden 2010–2013. Av programmet går det mellom anna fram at landa vil samarbeide om å sikre eit godt forbrukarvern og ha dialog om forbrukarpolitiske forslag som blir drøfta i EU.

Departementet deltek òg i eit nordisk-estisk samarbeid om forbrukarundervisning. Det er utvikla eit måldokument for oppfølging av OECDs rekommandasjon på forbrukarundervisning (TemaNord 2010:567). Strategien blir følgt opp mellom anna med konferansar for lærarar og utdanningsbyråkrater i Norden og Estland.

Frå 1968 har det vore eit nordisk samarbeid om felles statsborgarreglar for nordiske borgarar. Det er gjort avtale om gjennomføring av visse avgjerder om statsborgarrett for nordiske borgarar frå eit anna nordisk land. Avtala er revidert i 2010, men den endra avtala er ikkje underteikna enno og er dermed ikkje sett i kraft. Kvart år er det nordiske embetsmannsmøte om statsborgarskap der BLD deltek.

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktningsspørsmål (NSHF) er eit forum der landa uformelt drøftar problemstillingar på asyl-, flyktning- og migrasjonsområdet. Samarbeidet går i hovudsak på spørsmål knytte til utlendingsregelverket, men har også oppe tema på integreringsområdet. NSHF har to møte i året, eit embetsmøte om haus-

ten og eit kombinert ministermøte/embetsmøte om våren. Det er Justis- og politidepartementet som koordinerer Noreg si deltaking i NSHF, men BLD deltek når spørsmål knytte til integrering er på dagsordenen.

Det eksisterer også eit uformelt nordisk samarbeid på lågare nivå om integreringspolitikk. Frå Noreg si side er det Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) som skjøttar dette samarbeidet.

6.2.2 Barentsregionen/ nordområdepolitikken

Noreg vil ha formannskapet i Barentsrådet frå 15. oktober 2011. Hovudpunkta i programmet for formannskapet vil vere

- berekraftig næringsutvikling i ein Barentsregion rik på ressursar
- ei miljø- og klimavennleg utvikling basert på kunnskap
- barentsinnbyggjaren, ein regional identitet – den menneskelege dimensjonen

Barentsrådet si arbeidsgruppe på det ungdomspolitiske området har mellom anna etablert eit kontor for informasjon og rettleiing (*Barents Youth Coordination Office* – BYCO) i Murmansk. Kontoret er finansiert i fellesskap av Russland, Finland, Sverige og Noreg. Kontorets hovudoppgåver er å formidle kontakt mellom organisasjonar og ungdomsgrupper i regionen, informere om høva til å finansiere felles prosjekt, aktivitetar og utvekslingar mellom landa og å vere til hjelp ved gjennomføringa av prosjekt og aktivitetar, spesielt med omsyn til visumsøknader. Kontoret er årleg involvert i om lag tretti prosjekt og tiltak. Arbeidsgruppa har medverka til at EUs ungdomsprogram kan nyttast til samarbeidsprosjekt i Barentsregionen, og har god kontakt med informasjonskontora til Nordisk ministerråd. Kontoret spelar ei vesentleg rolle i *folk-til-folk-samarbeidet* blant barn og unge i regionen. Det har mykje å seie for norske styresmakter og aktørar innan den frivillige sektoren når det gjeld kontakt med dei russiske regionane og forståing av russisk kultur og sosiale forhold. Ei viktig oppgåve for departementet i formannskapet for arbeidsgruppa vil vere å setje i verk ei samanslåing med regionrådet si arbeidsgruppe på ungdomsområdet. Departementets tildeling til finansiering av fleirnasjonale tiltak og prosjekt på barne- og ungdomsområdet, som blir forvalta av Barentssekretariatet, har vist seg å vere eit vellykka tiltak for å fremme mellomfolkeleg samarbeid. Ordninga blir ført vidare i 2012.

Departementet er med i Barentsrådet si arbeidsgruppe for helse og sosiale saker og Barents Helseprogram, som vurderer prosjektsøknader på helse-, sosial- og barneområdet i Nordvest-Russland. Programmet for utsette barn og unge (*Children and Youth at Risk in the Barents region* – CYAR) er eit delprogram under *Barents Helseprogram* som blei vedteke i 2008 av Barentsrådet si arbeidsgruppe for helse og sosiale saker. Dei fire hovudaktivitetane i CYAR-prosjektet er:

- utvikling av ei situasjonsoversikt over utsette barn og unge i Barentsregionen
- utveksling av ekspertkunnskap ved hjelp av årlege ekspertkonferansar
- kompetansedeling på utvalde metodar og program med dokumentert effekt, ved hjelp av opplæringskurs og seminar for fagfolk som arbeider med målgruppene
- informasjon og nettverksbygging ved etablering av ei funksjonell og regelmessig oppdatert nettside

Noreg har formannskapet for dette programmet i 2012, og Bufetat Region nord vil ta seg av dette på vegner av departementet. Bufetat Region nord rapporterer til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og departementet om oppfølginga av dette programmet. Delprogrammet CYAR blir avslutta i 2012. Departementet vil i samarbeid med andre aktuelle departement vurdere korleis Barents-samarbeidet om utsette barn og unge skal handsamast vidare.

6.2.3 Austersjøsamrådet

Noreg har hatt formannskapet i Austersjørådet fram til 1. juli 2011. Departementet har under formannskapet leidd ei arbeidsgruppe under Austersjørådet om samarbeidet innanfor det ungdomspolitiske området. Det er etablert eit særskilt sekretariat i Kiel, Tyskland, som skal betre informasjonen og utvekslinga av kunnskap om og for ungdom i regionen. Samarbeidet er regulert av ei eiga avtale som gjeld til desember 2011. Arbeidsgruppa har vedteke å føreslå å finansiere sekretariatet i eitt år til (2012). Etter det må ein eventuelt finne andre finansieringskjelder enn statlege bidrag frå medlemslanda i Austersjørådet. Tyskland tek over formannskapet for eitt år frå 1. juli 2011. Medlemslanda vil da drøfte om arbeidsgruppa skal fortsetje etter at finansieringa av sekretariatet er avslutta.

Medlemslanda i Austersjørådet skal halde fram med samarbeid og aktivitetar knytte til utsette barn og unge. Noreg deltek i Expert group

for cooperation on children at risk (EGCC), som òg har ei eiga nettside, childcentre.info. Det er utarbeidd ein plan for prioriteringar i arbeidet for perioden 2011–2013. Formålet med samarbeidet er å dele kunnskap om politikk og tiltak og setje i verk ulike målretta tiltak innanfor tre prioriterte område: vern mot all seksuell utnytting av barn, vern av barn mot alle former for seksuelle overgrep og vald og dessutan rettar for barn og unge på institusjon. Noreg har mellom anna finansiert og utvikla eit opplegg for tilsyn med institusjonar for barn og unge. Dette vil bli ført vidare som kursopplegg i enkelte av medlemslanda. Barn som er utsette for overgrep generelt og menneskehandel spesielt, inngår som viktige tema i EGCC sitt arbeid.

6.2.4 Europarådet

I Europaråd-samarbeidet har Noreg dels rettslege forpliktingar som følgje av Europarådets konvensjonar, deriblant landrapporteringar, og dels politiske forpliktingar gjennom deltaking i Europarådets arbeid generelt og resolusjons- og konvensjonsarbeid spesielt.

Europarådets ministerkomité har i 2011 vedteke å endre komitéstrukturane, og dermed blir talet på komitear kraftig redusert. Reformarbeidet tek sikte på å leggje større vekt på direkte og understøttande aktivitetar som er knytte til Den europeiske menneskerettskonvensjonen, som Noreg har ratifisert. Dei ulike komiteane og aktivitetane er fordelte og lagde inn i tre ulike søyler:

1. Human Rights
2. Rule of Law
3. Democracy

Frå 2012 blir det i alt 15 styringskomitear og seks underkomitear.

Ein ny europarådsstrategi basert på den nye strukturen kan bli vedteken i november 2011. Den nye komitéstrukturen innan Europarådet skal ta til å gjelde frå 2012.

Strukturen på ungdomsområdet vil for ein stor del bli oppretthalden, og prinsippet om samstyre mellom dei nasjonale departementa og barne- og ungdomsorganisasjonane (co-management) består. Departementet deltek i styringskomiteen for ungdomspolitik. Eit sær viktig instrument for utviklinga av Europarådet sin ungdomspolitik er dei to ungdomssentra i Strasbourg og Budapest og dessutan Det europeiske ungdomsfondet, som støttar prosjekt drivne av og for ungdom i regi av deira organisasjonar. I dei siste åra er det utvikla eit samarbeid mellom Europarådet og Europa-

kommissjonen om enkelte spørsmål innanfor ungdomspolitikken. Det er særleg lagt vekt på å utvikle betre kunnskap om ungdom og samarbeid om leiarutdanning. Eit anna viktig tiltak er etableringa av European Knowledge Centre, som er under oppbygging med data frå ei rekkje europeiske land. Departementet prioriterer å bidra med levering av data til dette senteret og har etablert samarbeid med NOVA, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, om dette.

Samarbeidet om statsborgarskap i Europarådet er ein del av justissamarbeidet under *The European Committee on Legal Co-operation* (CDCJ). Justis- og politidepartementet har koordineringsansvaret, og BLD deltek etter behov. Europarådskonvensjonen av 6. november 1997 om statsborgarskap, som Noreg har underteikna, blei ratifisert 4. juni 2009 og blei sett i kraft 1. oktober 2009. Konvensjonen samlar, supplerer og utdjuar dei internasjonale konvensjonane om statsborgarskap og har mellom anna som mål å fastsetje visse internasjonale prinsipp og standardar på området.

6.2.5 EU/EØS

BLD har på eigne fagområde ansvar for implementering av EØS-relevant regelverk, EØS-finansieringsordningane og saker gjennom ESA si overvaking av EØS-avtala. BLD bidreg også i programsamarbeid og politikk- og regelverksutvikling i EU.

Regelverk

På forbrukarområdet er det ei stadig meir omfattande harmonisering av regelverket. Det meste av norsk forbrukarlovgeving er påverka av EØS-regelverket og vil bli ytterlegare påverka framover. Nytt direktiv om forbrukarrettar vil venteleg bli endeleg vedteke ein gong i 2011, etter nesten tre år med forhandlingar i EU.

Forslag til eit revidert direktiv om pakkereiser vil bli lagt fram mot slutten av 2011 eller tidleg i 2012. I 2011/2012 vil Kommissjonen setje fram forslag til regelverk og andre tiltak som gjeld forbrukartvistar: alternativ tvisteløysing, nettbasert tvisteløysing og kollektive tvistemål. Arbeidet med kontraktsretten, særleg ei felles referanseramme, vil vere sentralt i tida framover. Det vil også innehalde forbrukarspørsmål som ikkje kom med i forbrukardirektivet. I tillegg er det varsla ei gjenomarbeiding av ulike problemstillingar knytte til direktivet om urimeleg handelspraksis og direktivet om samanliknande og villeiande reklame, og ein vil sjå nærmare på problemet med såkalla

kataloghaiar/fakturasvindel. Desse initiativa vil krevje stor innsats frå departementet si side for å medverke og påverke i prosessane med siktemål om å sikre eit best mogleg resultat sett frå norsk side.

Programsamarbeid

BLD deltek i desse EU-programma:

- Aktiv ungdom
- Sikrare Internett
- Programmet for forbrukarpolitikk
- PROGRESS
- DAPHNE III

EU sitt ungdomsprogram Aktiv ungdom er ein viktig reiskap for at barn og ungdom skal kunne ta del i internasjonalt samarbeid og påverke internasjonale, nasjonale og lokale styresmakter. Programmet verkar for perioden 2007–2013, og departementet vil delta aktivt i arbeidet med å utforme den nye generasjonen program som skal tre i kraft frå 2014. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 30 år og dei som jobbar med ungdom. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet skal, som nasjonalt kontor for dette EU-programmet, halde ved lag det høge nivået på informasjonsarbeidet og opplæringa av brukarar av programmet også i 2012. Ungdom med særskilde behov er den viktigaste målgruppa. Dei største delprogramma gjeld utveksling av ungdomsgrupper og deltaking i volontørtjenesta.

Noreg deltek i rammeprogrammet for forbrukarpolitikk 2007–2013. Under programmet deltek Noreg i samarbeid om handheving av forbrukarregelverk over landegrensene (CPC) og ECC-net, eit nettverk av nasjonale kontor som hjelper forbrukarar ved kjøp over landegrensene, særleg med informasjon og tvisteløysing.

PROGRESS (2007–2013) er ei samanslåing og vidareføring av dei fire EU-programma om sosial ekskludering, ikkje-diskriminering, sysselsetjing og kjønnslikestilling. *PROGRESS* skal gi finansiell støtte til aktivitetar som kan bidra til gjennomføringa av EUs mål innan dei sysselsetjings- og sosialpolitiske områda. Arbeidsdepartementet har koordineringsansvaret for programmet og samarbeider med BLD om aktivitetar som gjeld BLD sitt fagområde.

Noreg har nyleg takka ja til å delta i Europakommissjonens nye program om utveksling av erfaringar om kjønnslikestilling for 2011–2012. Programmet, som er finansiert under *PROGRESS*, omfattar tre møte mellom medlemslanda i året og dessutan høve til å vere medarran-

gør av eller medlemsland som gir innspel til ein erfaringsutvekslingskonferanse innan temaet kjønnslikestilling. BLD koordinerer Noregs deltaking i dette programmet.

DAPHNE III (2007–2013) har som mål å førebyggje og nedkjempe alle former for vald både innanfor det offentlege og private mot barn, ungdom og kvinner, inkludert seksuell utnytting og menneskehandel. BLD koordinerer Noregs deltaking i *DAPHNE III*.

EØS-finansieringsordningane

EØS og Noregs finansielle ordningar er etablerte for å gjennomføre EFTA/EØS-landas bidrag til sosial og økonomisk jamstilling i Europa. Ordninga omfattar 15 medlemsland i EU. Ordninga har to delar, éin der Noreg, Island og Liechtenstein deltek, og éin der berre Noreg er med. Ordninga gjeld for fem år om gongen. Perioden vi no er inne i, gjeld frå 2009 til 2014.

Ordninga byggjer på bilaterale avtaler mellom EFTA/EØS-landa og Noreg på den eine sida og mottakarlanda på den andre sida. Det er fastsett 12 innsatsområde og 32 programområde. Dette er programområda som er aktuelle for BLD: fond for ikkje-statlege organisasjonar, utsette barn og unge, kjønnslikestilling, kapasitetsbygging og samarbeid mellom offentlege institusjonar og kjønnsbasert vald. Dei bilaterale forhandlingane er ikkje avslutta enno.

Politikkutvikling

BLD bidreg også til politikk- og regelverksutvikling innan EU, mellom anna gjennom deltaking i EUs rådgivande komité for likestilling og tilhøyrande adhocgrupper i tilknytning til komiteen, og i desse gruppene på EU- og EFTA-nivå:

- EUs høgnivågruppe for ikkje-diskriminering
- EUs høgnivågruppe for personar med nedsett funksjonsevne
- EFTAs arbeidsgruppe for likestilling og ikkje-diskriminering

Noreg arbeider aktivt med å få plass som observatør i EUs høgnivågruppe for likestilling mellom kvinner og menn.

Utviklinga av EU sin integreringspolitikk er i dag basert på ikkje-rettslege tiltak og ikkje-bindande harmonisering av medlemslanda sin politikk. Med Lisboatraktaten er det likevel introdusert ein heimel som opnar for at fellesskapsorganane kan etablere tiltak og insentiv på feltet. Politikk som blir utvikla i EU, påverkar Noreg, og det

er viktig å samarbeide med EU også på integreringsområdet.

Drøftingar rundt integreringspolitikk baserer seg på eit felles rammeverk for integrering som medlemslanda landa slutta seg til i 2005. Rammeverket set opp ei rekkje grunnprinsipp som er retningsgivande for medlemslanda si politikktutvikling. Utviklinga av politikken på feltet skjer i stor grad via erfarings- og informasjonsutveksling og via samarbeid om metodar for utvikling av integreringspolitikk. Noreg har, som einaste ikkje-medlemsland, observatørstatus i EU-landa sitt nettverk for integrering, *National Contact Points on Integration* (NCP). Nettverket har jamlege møte og er ein arena for informasjonsutveksling mellom landa. Nettverket har møte ca. fire gonger i året.

Noreg har delteke på alle EU sine ministerkonferansar om integrering. Førebuinga til desse møta skjer i stor grad gjennom NCP. Den siste, og fjerde, ministerkonferansen om integrering var i april 2010 i Zaragoza, Spania.

På ministerkonferansen i Zaragoza, og seinare i ministerrådet, blei det semje om at det skal utviklast europeiske modular for integrering - eit standardisert konsept med ulike komponentar som landa kan ta i bruk i sitt nasjonale integreringsarbeid. Det skal utviklast modular på tre område: 1) Introduksjons- og språkkurs, 2) Engasjement frå styresmakter og storsamfunnet, og 3) Aktiv deltaking i samfunnsliv. Noreg har deltatt på dei tre ekspertseminara som har blitt organisert i samband med utvikling av modulane. Resultata av arbeidet skal presenterast i løpet av 2011.

Consumer Policy Network er eit kontakt- og diskusjonsorgan på høgt nivå mellom Kommisjonen og embetsverket for forbrukarpolitikk i EØS-landa. Kommisjonen bruker nettverket mellom anna til å diskutere/sondere forslag til nye initiativ og til å drøfte pågåande aktivitetar. Deltaking i denne gruppa frå norsk side opnar for informasjon og medverknad til politikktutforminga på fagområdet. Noreg deltek også i ekspertgruppa knytt til Kommisjonen sitt arbeid med ulike forbrukar- og marknadsundersøkingar, inkludert Consumer Market Scoreboard (resultattavla for forbrukarmarknader). Deltaking i dei ulike gruppene og aktivitetane under forbrukarprogrammet er viktige for å sikre tilgang til informasjon og medverknad på politikkområdet.

Det er etablert eit nytt rammeverk for EU sin ungdomspolitik for åra 2010–2018. Vedtaket inneber at EU legg vekt på ein sterkare tverrsektoriell struktur i arbeidet sitt, som byggjer på å skape fleire høve for ungdom, skape betre tilgang

og deltaking og fremme solidaritet. Rammeverket tek for seg områda utdanning og opplæring, arbeid, kreativitet og entreprenørskap, deltaking, helse og idrett, frivillig arbeid, sosial inkludering og ungdommen og verda. Det er lagt vekt på at ungdomspolitikken i EU og medlemslanda skal vere kunnskapsbasert. Gjennomføringa av framlegget skal byggje på den opne samordningsmetoden. Noreg vil, innanfor ramma av EØS-avtala, bidra til oppfølging av meldinga til Europakommisjonen.

I EU sin strategi *Europa 2020* er det fremma forslag om ulike *flaggskip* som skal bidra til gjennomføringa av strategien. To av dei, Youth on the move og An agenda for new skills and jobs, er særleg viktige for det ungdomspolitiske området. Det er lagt opp til at ungdomsprogrammet og rammeverket for framtidig ungdomspolitikk skal bidra til gjennomføring av dei måla som er sette i strategien *Europa 2020*.

Lisboa-traktaten frå 2009 har opna opp for innlemming av barnepolitikk i EU-politikken. På bakgrunn av dette har EU-kommisjonen utarbeidd ein EU-strategi for å fremme og sikre barn sine rettar i EUs interne og eksterne politikk og for å støtte medlemslands innsats på dette feltet. I februar 2011 gav kommisjonen ut meldinga An EU Agenda for the Rights of the Child, som presenterer generelle prinsipp som skal sikre at EUs handlingar harmonerer med FN's barnekonvensjon og menneskerettar. I tillegg definerer meldinga ei rekkje handlingar på det barnepolitiske området som EU kan bidra med. Handlingane er retta mot barns deltaking, barnefattigdom og barns vern og tryggleik. I 2012 vil Noreg halde fram med å følgje arbeidet og utviklinga på EUs barnepolitiske felt.

6.2.6 FN

Noreg er rettsleg forplikta til å implementere rettane som er nedfelte i FN-konvensjonane som staten har slutta seg til, og til å rapportere på implementeringa kvart fjerde år. BLD har det nasjonale koordineringsansvaret for implementeringa av Noreg sine forpliktingar som følgjer av

- FN-konvensjonen om barnets rettar
- FN-konvensjonen mot alle former for diskriminering av kvinner
- FN-konvensjonen mot alle former for rasediskriminering
- FN-konvensjonen om rettar for personar med nedsett funksjonsevne (som førebels ikkje er ratifisert av Noreg)

På bakgrunn av Noregs fjerde rapport til FN om oppfølging av barnekonvensjonen har Noreg i 2010 motteke avsluttande merknader frå FN sin barnekomité. BLD har sett i gang eit systematisk arbeid for å gå gjennom merknadene og tilrådingane. Det er etablert eit samarbeid både med relevante departement og frivillige organisasjonar om oppfølginga, og dette arbeidet vil halde fram i 2012. Barnekomiteen har bede om at Noregs femte rapport om oppfølging av barnekonvensjonen blir levert i 2016.

I 2012 skal Noreg eksaminrast av FN sin kvinnekommisjonskomité på bakgrunn av Noreg sin åttande rapport til komiteen. I 2012 held BLD fram arbeidet med å følgje opp anbefalingane som det fekk frå FN sin rasediskrimineringskomité i mars 2011.

I tillegg har BLD fagansvar for å bidra til implementering av og rapportering på FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, som blir koordinert av Justis- og politidepartementet, og FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, som blir koordinert av Utanriksdepartementet. I tillegg bidreg BLD til Universal Periodic Review (UPR)-prosessen under FN sitt menneskerettsråd.

BLD deltek også i dei årlege møta i tredje komité i generalforsamlinga i FN, som dekkjer menneskerettsspørsmål knytte til likestilling og diskriminering på grunnlag av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, barn mv. BLD har også oppfølgingsansvar for sentrale resolusjonar som er vedtekne i tredje komité eller i FN's tryggingråd.

BLD deltek på dei årlege møta i FN sin kvinnekommisjon, som er den politiske møteplassen for fagstatsrådar, sivilt samfunn og FN-organa. Avhengig av temaa for møta deltek BLD i FN sin komité for økonomiske og sosiale spørsmål under FN si generalforsamling på dei årlege høgnivåmøta. Vidare deltek BLD i FN sin sosialkommisjon, som arbeider med politikken for personar med nedsett funksjonsevne, når temaa på dagsordenen tilseier det.

Som fagdepartement for likestilling mellom kvinner og menn deltek BLD på styremøta i UN Women saman med Utanriksdepartementet i den perioden Noreg har plass i styret, frå 2011 til 2014.

FNs høghogkomsariat for flyktingar (UNHCR)

Working Group on Resettlement (WGR) blei oppretta i 1995 av ti gjenbusetjingsland som da hadde årlege kvotar med overføringsflyktingar: USA, Canada, Australia, New Zealand, Finland, Sverige,

Noreg, Danmark, Sveits og Nederland. Arbeidsgruppa for gjenbusetjing har normalt møte i Genève to til tre gonger i året. Frå 1995 har det også vore eit årleg møte mellom UNHCR og frivillige organisasjonar som er involverte i dette arbeidet, Annual Tripartite Consultations on Resettlement (ATCR). I starten var møta i WGR og ATCR åtskilde, men no går dei faglege diskusjonane hovudsakleg føre seg i eit samla forum. Formannskapet går på omgang. Australia tok over formannskapet i juli 2011. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet deltek i WGR og ATCR, i tillegg deltek BLD på møte når integreringsspørsmål står på dagsordenen. Justis- og politidepartementet er hovudkontakt mot UNHCR når det gjeld gjenbusetjing av flyktningar.

6.2.7 Andre internasjonale forum

OECD

BLD deltek i sentrale forskingsprosjekt innanfor OECD, mellom anna International Futures Programme: *The Future of the Family to 2030*.

Departementet deltek i OECD sin komité for forbrukarsaker. Evaluering og revisjon av retningslinjene frå 1999 om elektronisk handel starta i 2010 og skal slutførast i 2015. Tema for dette arbeidet i 2011 og 2012 er forbrukarvern ved betaling via mobiltelefon og Internett, forbrukarvern ved kjøp av digitale produkt og ved deltaking i sosiale nettverk på Internett. Komiteen har utvikla ei verktøykasse for utvikling av forbrukarpolitikk som no skal brukast på området kommunikasjonstenester. Miljø, forbrukarundervising og forbrukarundersøkingar er døme på andre tema komiteen arbeider med.

Forsking og analysar som relevante internasjonale organisasjonar og forum gjennomfører, er nyttige for Noreg. Det er av særleg interesse å kunne samanlikne situasjonen for innvandrarak og barna deira i Noreg med situasjonen for tilsvarende grupper i land med ein tilnærma lik innvandringspolitikk, eit liknande datagrunnlag og innvandrarak frå dei same opphavslanda.

Working party on migration er ein underkomité til Komiteen for arbeid og sosiale spørsmål. Hovudoppgåvene til komiteen er å analysere utviklinga av migrasjonsstraumar, å analysere OECD-landa si politikkkutvikling for internasjonal migrasjon og integrering av innvandrarak og å bidra til å utvikle samanliknbar internasjonal statistikk.

OECD har dei siste åra sett migrasjon høgt på dagsordenen og prøver i auka grad å kople arbei-

det på migrasjonsfeltet nært saman med andre relevante fagområde, særleg utdanning, arbeidsmarknad, økonomi og utvikling. Gjennom arbeidet opp mot OECD får Noreg kunnskap om politikken i andre land og resultatane av politikken og dessutan innspel på norsk innvandrings- og integreringspolitikk. Ein meirverdi ved deltaking i migrasjonskomiteen er at også land utanfor Europa er medlemmer av OECD. Departementet vil i 2012 halde fram med å delta i OECDs migrasjonsgruppe og bidra til rapporteringa til OECDs publikasjon *International Migration Outlook*.

Global Forum on Migration and Development (GFMD)

GFMD er ein internasjonal, frivillig og open konsultasjonsprosess om politikk og praksis når det gjeld migrasjon og utvikling. Forumet blei lansert i Brussel i juli i 2007 og er ei oppfølging av dialogen i generalforsamlinga i FN om migrasjon og utvikling i New York i september 2006. Forumet er uformelt og ikkje-bindande. Det har hatt fire møte der det har samla meir enn 150 regjeringar og internasjonale og frivillige organisasjonar. Tilknyttinga til FN er sikra ved FN's spesialrepresentant for internasjonal migrasjon og utvikling, og ved at konklusjonane frå diskusjonane blir formidla til FN's generalsekretær. Det skal vere ein dialog på høgt nivå om migrasjon og utvikling under FN's generalforsamling i 2013. Fram til da vil det bli halde årlege møte. Utanriksdepartementet er knutepunkt i Noreg for arbeidet mot GFMD.

Metropolis

Metropolis er eit internasjonalt nettverk og forum mellom forskarak og brukarak omkring migrasjon, integrasjon av innvandrarak og etniske relasjonar. Forumet sitt mål er å vere ein møteplass for forskarak og brukarak og å oppmuntre til politikkkrelevant forsking og forskingsformidling om migrasjon, integrasjon av innvandrarak og etniske relasjonar.

Vel tjue land er med i forumet, som har eit styre der Noreg er med. Forumet arbeider gjennom ein årleg konferanse der mellom 700 og 1 000 personar tek del. Konferansane går på omgang mellom deltakarane. Den 16. internasjonale Metropolis-konferansen finn stad i Ponta Delgada på Asorane 12.–16. september 2011 og har hovudtemaet *Migration Futures: Perspectives on global changes*.

Transatlantic Council on Migration

Noreg har frå 2008 teke del i *Transatlantic Council on Migration*, eit uformelt forum for diskusjonar om migrasjon mellom forskarar og politikarar frå Europa og Nord-Amerika. Rådet er drifta av *Migration Policy Institute* i Washington og arrangerer møte og seminar med ulike tema i tillegg til at det utarbeider ei rekkje notat og rapportar om ulike tema. Deltaking i rådet skjer i samarbeid med Justis- og politidepartementet.

Intergovernmental Consultations on Migration, Asylum and Refugees (IGC)

IGC er eit uformelt forum for gjensidig informasjonsutveksling om migrasjon og integrering mellom styresmaktene i for tida 17 land. *FNs høgkommissariat for flyktingar* (UNHCR), International Organization for Migration (IOM) og EU-kommisjonen deltek også. I IGC utvekslar ein informasjon og byggjer opp kompetanse om asyl- og flyktingpolitikk og om statsborgarskap og andre spørsmål som gjeld integrering, mellom anna kvalifisering av og språkopplæring for innvandrarar. Det er Justis- og politidepartementet som har koordineringsansvaret for deltaking i forumet.

7 Omtale av miljøprofilen i budsjettet

7.1 Forbrukarområdet

7.1.1 Miljøutfordringar

Både forbruksvolum og forbruksmønster i samfunnet har innverknad på miljøet, medrekna klimaet. Miljø-, ressurs- og klimabelastninga frå forbruket i Noreg er høgare enn det som svarer til eit berekraftig nivå i global målestokk. Omgrepet berekraftig forbruk tek opp i seg omsynet til både natur, ressursgrunnlag, helse, etikk og rettviss fordeling. Miljøutfordringa knytt til forbruk, handlar om å tilpasse forbruksmønsteret og det samla ressursforbruket i samfunnet til det naturen kan tåle.

Det er òg viktig å skape ei felles forståing av kva eit etisk og berekraftig forbruk inneber i praksis. Eit endra forbruksmønster og eit redusert samla ressursforbruk vil krevje endringar i både haldningar, åtferd og livsstil og dessutan i teknologi og økonomisk politikk. Det er eit gjennomgåande problem at dei fleste miljøgevinstane ved teknologiforbetringar har ein tendens til å bli meir enn oppetne av veksten i det totale forbruket.

Regjeringa sin strategi for ei berekraftig utvikling framhevar behovet for å endre produksjons- og forbruksmønstra. I forbrukarpolitikken er det eit mål å medverke til eit meir berekraftig forbruksmønster gjennom informasjon, kunnskapsformidling og haldningspåverknad.

For at forbrukarane skal kunne ta etiske og miljøtilpassa kjøpsval, må det finnast lett tilgjengeleg, påliteleg og tilstrekkeleg informasjon om etikk- og miljøaspekta ved produkta. Det er vidare viktig med større innsyn i og kunnskap om produksjonshistoria til produkta gjennom openheit i heile verdikjeda. Styresmaktene må også leggje rammer for og gi insentiv til næringsdrivande i ei meir berekraftig retning.

7.1.2 Mål

Det viktigaste verkemiddelet under ansvarsområdet til BLD når det gjeld etisk og berekraftig forbruk, er informasjon til forbrukarane. Informasjon om miljømessige, etiske og sosiale aspekt knytte til varer og tenester, gjer det mogleg for

forbrukarane å velje dei produkta som belastar miljøet minst mogleg. Medvitne, aktive og godt organiserte forbrukarar kan gjennom etterspurnaden sin påverke næringsdrivande til i større grad å leggje omsyn til berekraft til grunn for investeringar og produksjon.

- BLD følgjer ein todelt strategi som går ut på å
- leggje til rette, forenkla og standardisere informasjon om miljømessige og etiske aspekt ved forbruket
 - styrkje kunnskapen og engasjementet til forbrukarane på spørsmål knytte til berekraftig forbruk

Informasjon om miljømessige og etiske aspekt ved varer og tenester kan formidlast gjennom til dømes nettbasert informasjon, produkttestar, marknadsføring frå næringslivet, undervising om forbrukstema i skolen og ved positiv miljømerking. I miljømerkinga blir den relevante informasjonen samanfatta i eit symbol (Svanen eller EU-blomen) som gir eit enkelt signal til forbrukaren. Det er eit særleg mål å utvikle vidare og styrkje dei eksisterande offisielle miljømerka, slik at dei kan få enda større gjennomslag i marknaden.

7.1.3 Rapport 2010

Arbeidet med miljømerkeordningane Svanen og EU-blomen blei ført vidare i 2010. BLD løyvde i tillegg særskilde midlar til profilering av dei offisielle miljømerka. Målet var å utvikle desse vidare og gjere dei meir kjende blant folk.

I samarbeid med andre departement gjennomførte BLD i 2010/2011 ei kartlegging av forbrukarretta merkeordningar og bad Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) undersøkje forbrukarane si oppfatning av merkeordningar. Rapporten slår fast at den offentlege merkeordninga Svanen er blant dei mest kjende merka hos forbrukarane. Undersøkinga peiker også på eit behov for å gjere informasjon om dei ulike merkeordningane meir tilgjengeleg for forbrukarane.

Departementet gav i 2010 økonomisk støtte til vidareutvikling og integrering av nettstaden *etiskforbruk.no* i miljønettstaden til Grønn Hver-

dag, *grønnhverdag.no*. Målet er at informasjon om etisk og miljøvennleg forbruk blir formidla saman, slik at medvitne forbrukarar får ei enklare oppgåve når dei leiter etter slik informasjon på nett.

BLD deltok i ei internasjonal arbeidsgruppe som utvikla ein internasjonal standard for organisasjonars samfunnsansvar (ISO 26000). Arbeidet med standarden blei slutført i 2010.

7.1.4 Tiltak

Departementet vil arbeide for å skape større medvit om miljø- og klimakonsekvensar av forbruksval og av det samla private forbruket, og medverke til å konkretisere kva eit berekraftig forbruk betyr i praksis.

BLD vil arbeide for å vidareutvikle frivillig positiv miljømerking (Svanen og Blomen) som verktøy for eit meir berekraftig forbruksmønster. Målet er at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden skal auke, og at forbrukarar i større grad spør etter slike.

Det er viktig at næringsdrivande ikkje nyttar miljø- og etikargumentasjon på uriktig eller villeiande måte i marknadsføringa si. Forbrukarombodet, som forvaltar marknadsføringslova, arbeider for at forbrukarane skal få riktig og relevant informasjon også om etiske og miljømessige forhold ved varer og tenester.

I undervisinga i forbrukaremne i skolen er det viktig å fremme kunnskap om korleis forbruk verkar inn på miljø og klima, og korleis forbrukarane og hushalda kan opptre miljømedvite. BLD gir til dømes støtte til eit breitt internasjonalt nettverk for undervisarar og forskarar (PERL), som mellom anna utviklar undervisningsmaterieell og utvekslar kompetanse om berekraftig forbruk og livsstil.

7.2 Barn og unge

7.2.1 Miljøutfordringar

Tilrettelegging og sikring av areal og miljø for leik og aktivitet for barn og unge i byar og tettstader er viktig. Særleg når utbygging skjer som fortetting av allereie etablerte bustadområde, må kommunane ved planlegging og utbygging ta nødvendige omsyn for å sikre barn og unge eit godt oppvekstmiljø, jf. krav i plan- og bygningslova. Utvikling av arenaer og metodar for deltaking og innverknad mellom anna gjennom barne- og ungdomsråd og

frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar er ei viktig oppgåve for alle kommunar og fylkeskommunar for at barn og unge skal kunne delta i utforminga av oppvekstmiljøet.

7.2.2 Rapport og resultat

BLD har gjennom tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar stimulert til aktivitet i organisasjonar som har kultur- og miljøengasjement som aktivitet. BLD har òg delteke i Miljøverndepartementets arbeid med oppfølging av *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen* (RPR). Eit fleirtal av kommunane og fylkeskommunane driv eit systematisk arbeid for deltaking og innverknad frå barn og ungdom. Mange barn og unge tek del gjennom tilrettelagde prosessar i kommunar og fylke og har høve til å medverke med synspunkt på utviklinga av oppvekstmiljøet.

7.2.3 Mål for arbeidet

BLD vil gjennom arbeidet med å fremme barn og unges rettar, deltaking og innverknad bidra til at det blir lagt stor vekt på det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge i regional og kommunal planlegging.

Viktige mål for BLD er at

- alle kommunane og fylkeskommunane utviklar gode og varierte oppvekstmiljø
- kommunane gjer ei samla vurdering av oppvekstmiljøet for barn og unge for å innarbeide mål og tiltak i planarbeidet til kommunane
- alle barn og unge har høve til å delta for å kunne påverke utviklinga av nærmiljøet

7.2.4 Tiltak

BLD vil medverke til at det blir lagt vekt på barn og unges oppvekstmiljø i regional og kommunal planlegging. Departementet vil føre vidare arbeidet med å fremme barn og unges rettar, deltaking og innverknad, mellom anna gjennom FN's konvensjon om barnerettane, gjennom støtte til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar og gjennom å stimulere til idé- og erfaringsutveksling mellom kommunar. Kommunen som blir kåra til *Årets barne- og ungdomskommune*, skal vere særskilt god på å gi barn og ungdom reell innverknad på oppvekstmiljøet.

8 Mål for inkludering av innvandrarbefolkninga

8.1 Forord

Regjeringa rapporterer årleg på 17 konkrete mål for inkludering som omfattar ansvarsområda til åtte departement. Formålet med *Mål for inkludering av innvandrarbefolkninga* er å måle effektar av inkluderingspolitikken over tid på dei ulike samfunnsområda og å tydeleggjere for det enkelte sektororganet kva ansvar det har overfor innvandrarbefolkninga. Kwart mål har éin eller fleire indikatorar. Desse skal gi informasjon om utviklinga mot målet. Dei ansvarlege departementa rapporterer, i tråd med prinsippet om sektoransvar, årleg på måloppnåinga i sine egne budsjettproposisjonar. Dette er det sjuande året på rad at det blir rapportert på måla. Omtala her i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sin budsjettproposisjon syner den samla rapporteringa på måloppnåinga.

Det har tidlegare vore varsla at måla for inkludering, indikatorane og kor treffsikre dei er, skulle bli gjennomgått. Dette arbeidet blei sett i gang hausten 2010. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) fekk oppdraget og leverte ein rapport i februar 2011.

Rapporteringa på *Mål for inkludering* gir oss eit bilete av utviklinga på integreringsfeltet. Samtidig er det viktig å vere merksam på at rapporteringa på måla ikkje gir eit fullstendig bilete av tilstanden, og at det kan vere fleire årsaker til at situasjonen endrar seg i positiv eller negativ retning. Endringane i samansetjinga av innvandrarbefolkninga, til dømes kor mange som kjem som arbeidsinnvandrarakar, og kor mange som er flyktningar, kan vere sentrale faktorar som forklarar endringar i måloppnåing. Det same gjeld kor gamle dei er, og om dei har kort eller lang butid i landet.

Rapporteringa frå dei ansvarlege departementa syner mellom anna desse hovudtrekka:

- Frå 2005 til 2008 steig sysselsetjinga blant innvandrarar med 6,7 prosentpoeng til 64,2 prosent. Så fallsysselsetjinga til i underkant av 62 prosent i 2009 og har til 2010 vore omtrent uendra. Sysselsetjinga i 2010 var 61,6 prosent. Alle tala er for fjerde kvartal.
- Auken i arbeidsløyse blant innvandrarar har i store trekk følgd utviklinga i samla arbeidsløyse, men delen arbeidsledige innvandrarar er stadig om lag tre gonger så høg som for befolkninga i alt.
- I statsadministrasjonen, som omfattar departementa og dei underliggjande etatane, er det ein liten auke i delen tilsette med bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika, Oseania unnateke Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS. Frå 1. oktober 2009 til same dato i 2010 var det ein auke på 0,2 prosentpoeng, til totalt 3,8 prosent.
- For treårsperioden 1997–1999 auka delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre med vedvarande låginntekt. For perioden 2004–2006 var det ein nedgang i delen med låginntekt i desse gruppene, særleg for personar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. Delen av innvandrarbefolkninga med låginntekt har halde seg relativt stabil etter dette, med ein liten nedgang i siste treårsperiode, 2007–2009. Delen innvandrarar med vedvarande låginntekt er framleis på eit høgt nivå. Av alle innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre hadde 16 prosent vedvarande låginntekt i perioden 2007–2009 målt ved 50 prosent av medianinntekta (OECD-skala) og 26 prosent målt ved 60 prosent av medianinntekta (EU-skala). Delen innvandrarar med låginntekt fell med aukande butid.
- Frå 2005 til 2010 auka delen av minoritetspråklege barn i barnehage frå 54 til 71 prosent. Veksten ser til å flate ut i 2010.
- Frå 2008 til 2010 auka delen førskolelærarakar med innvandrarbakgrunn med eitt prosentpoeng til 5,3 prosent av alle førskolelærarakar i barnehagane. Likevel står ikkje delen førskolelærarakar med innvandrarbakgrunn i dag i eit rimeleg forhold til delen minoritetspråklege barn i barnehage, som er på 9,9 prosent.
- Resultat frå nasjonale prøver i lesing og rekning på 5. og 8. trinn i 2010 og 2009 syner at avstanden mellom elevgruppa som heilskap og elevar med innvandrarbakgrunn har blitt mindre i lesing på begge trinna. I rekning blir òg

avstanden noko mindre for 5. trinn, medan trenden går svakt i motsett retning for 8. trinn.

- Etter nokre år med auke i den delen som kjem til landet som 13- og 16-åringar, og som fullfører og består vidaregåande opplæring, var det ein liten nedgang frå 2009 til 2010. I 2006 var det høvesvis 39 prosent av dei som kom til Noreg som 13-åringar, og 26 prosent av dei som kom til landet som 16-åringar som fullførte og bestod vidaregåande opplæring. I 2010 var desse delane høvesvis 49 og 37 prosent.
- Delen innvandrarakar som var oppe til og bestod avsluttande prøve i norsk etter fem års butid, var noko høgare i 2010 enn i åra 2004–2007, men lågare enn delen som var oppe til og bestod avsluttande prøve i norsk i 2008 og 2009.
- Ingen innvandrargrupper hadde signifikant høgare dødsrate enn dei som er fødte i Noreg. Dette gjaldt både for kvinner og menn.
- Delen tilsette med innvandrarakgrunn i politi- og påtalemakta auka frå 2 prosent i 2005 til 3,4 prosent i 2010. I retts- og fengselsstellet auka delen tilsette med innvandrarakgrunn frå 2,2 prosent i 2005 til 2,9 prosent i 2010.
- Innvandrarakar er ikkje ei spesifikk målgruppe i bustøtta, men er ofte overrepresenterte i grupper som får bustøtte. Talet på barnefamiljar i ordninga har auka med 15 prosent frå juni 2009 til 2011. Samtidig kan ein sjå at norskfødde med innvandrarakforeldre utgjør ein svært liten del av mottakarane av bustøtte.

8.2 Samla oversikt over måla og dei ansvarlege departementa

8.2.1 Arbeid og velferd (Arbeidsdepartementet)

- Innvandrarakar og norskfødde med innvandrarakforeldre får i aukande grad tilknytning til arbeidsmarknaden, kontrollert for forholda i arbeidsmarknaden.
- Delen innvandrarakar med vedvarande låginntekt skal minke ned mot nivået for befolkninga generelt.

8.2.2 Staten som arbeidsgivar (Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet)

- Delen personar med innvandrarakgrunn blant tilsette i staten skal auke.

8.2.3 Utdanning og oppvekst (Kunnskapsdepartementet)

- Talet på barn med innvandrarakgrunn som går i barnehage aukar.
- Medverke til å få fleire førskolelærarakar med innvandrarakgrunn.
- Barn og unge med innvandrarakgrunn skal beherske norsk språk så tidleg som mogleg i skolegangen for å sikre eit godt læringsutbytte.
- Delen norskfødde med innvandrarakforeldre som fullfører vidaregåande opplæring skal tilsvare delen for befolkninga totalt.
- Delen innvandrarakar som kom til landet i ungdomsskole- eller vidaregåande alder, og som fullfører vidaregåande opplæring, skal auke.
- Delen tilsette i grunnskolen og vidaregåande opplæring med innvandrarakgrunn skal auke.

8.2.4 Språk og barnevern (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet)

- Vaksne innvandrarakar skal lære tilstrekkeleg norsk til å fungere i samfunnet i løpet av dei første fem åra dei bur i landet.
- Medverke til å auke delen tilsette med innvandrarakgrunn i barnevernstenesta.

8.2.5 Helse og omsorg (Helse- og omsorgsdepartementet)

- Helseforskjellane mellom etniske grupper skal reduserast.

8.2.6 Politi, kriminalomsorg og rettsvesen (Justis- og politidepartementet)

- Ein skal sikte mot ein auke i delen tilsette med innvandrarakgrunn i politi- og påtalemakta og i kriminalomsorga.
- Ein skal arbeide for å auke delen lekdommarar med innvandrarakgrunn.

8.2.7 Bustad og val (Kommunal- og regionaldepartementet)

- Innvandrarakar skal sikrast trygge butilhøve og unngå utstøyting i bustadmarknadene.
- Delen personar med innvandrarakgrunn og stemmerett som deltek ved kommunestyreval, fylkestingsval og stortingsval skal tilsvare valoppslutninga samla.

8.2.8 Kultur og media (Kulturdepartementet)

- Auka deltaking og auka del aktive utøvarar med innvandrarbakgrunn innan kultur- og mediesektoren.

8.3 Arbeid og velferd

8.3.1 Mål

Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre får i aukande grad tilknytning til arbeidsmarknaden, kontrollert for forholda i arbeidsmarknaden.

Indikatorar

- delen sysselsette innvandrarar
- delen tiltaksdeltakarar som er innvandrarar, samanlikna med delen innvandrarar blant registrerte ledige
- delen arbeidsledige norskfødde med innvandrarforeldre, samanlikna med innvandrarar og befolkninga totalt
- delen sysselsette norskfødde med innvandrarforeldre, samanlikna med innvandrarar og befolkninga totalt
- delen sysselsette innvandrarar med heiltidsstilling
- delen sysselsette innvandrarar med deltidstilling

Regjeringa har som mål å få fleire personar med innvandrarbakgrunn i arbeid. Fram til våren 2009 var situasjonen på arbeidsmarknaden prega av ein sterk nedgangskonjunktur både i Noreg og internasjonalt, og arbeidsløysa steig raskt ein periode. Sidan sommaren 2009 har det vore vekst i norsk økonomi. Talet på sysselsette er på veg opp, og arbeidsløysa har begynt å falle. Etter sommaren 2008 til 4. kvartal 2010 har likevel delen av befolkninga 15–74 år som er sysselsett, blitt redusert frå 72,4 til 69,1 prosent. Noko av nedgangen i sysselsetjingsraten må sjåast i samband med at det er blitt ein større del eldre blant personar i arbeidsdyktig alder. Trass i aukande arbeidsløysa og avgang frå arbeidsstyrken under finanskrisa i 2008 og 2009 har Noreg framleis ein stor del av befolkninga sysselsett. Det er viktig å utnytte dagens moderate oppgangskonjunktur til å redu-

sere arbeidsløysa for innvandrarar, jf. del II, resultatområde 2, delmål 1 i Prop. 1 S (2011–2012) for Arbeidsdepartementet.

Status

Frå 4. kvartal 2005 fram til 4. kvartal 2008 steig sysselsetjinga blant innvandrarar frå 57,5 prosent til 64,2 prosent. Så fall sysselsetjinga til 61,7 prosent i 4. kvartal 2009. Til året etter var sysselsetjinga blant innvandrarar omtrent uendra. Sysselsetjinga 4. kvartal 2010 var 61,6 prosent. Målt i talet på personar auka sysselsetjinga med 24 000 blant innvandrarar frå 2009 til 2010. Fordi innvandrarbefolkninga også auka, var delen sysselsette likevel nesten uendra. Det er personar med bakgrunn frå EU-land i Aust-Europa som har hatt den største auken i talet på sysselsette frå 4. kvartal 2009 til 4. kvartal 2010.

Den auka arbeidsløysa blant innvandrarar har i store trekk følgd utviklinga i samla arbeidsløysa. Frå 4. kvartal 2009 til 4. kvartal 2010 auka arbeidsløysa for innvandrarar frå 6,6 til 7,1 prosent. Arbeidsløysa i denne gruppa blir påverka av konjunkturar omtrent som for andre arbeidstakarar, og delen arbeidsledige innvandrarar er stadig om lag tre gonger så høg som for befolkninga i alt. Arbeidsløysa har auka klart mest blant personar frå EU-land i Aust-Europa sidan våren 2008. Ein viktig grunn til dette er at mange av desse arbeidde i bygg og anlegg og industri.

Ved utgangen av mai 2011 utgjorde innvandrarane 41,1 prosent av dei ordinære tiltaksdeltakarane. Til samanlikning utgjorde dei 31,3 prosent av alle registrerte arbeidsledige. Norskfødde med innvandrarforeldre har stadig lågare arbeidsløysa enn innvandrarar, men høgare arbeidsløysa enn befolkninga i alt. Delen sysselsette norskfødde med innvandrarforeldre er lågare enn for innvandrarar og blei redusert frå 2009 til 2010. At sysselsetjingsdelen for denne gruppa er lågare enn for innvandrarar kan ha samband med at mange norskfødde med innvandrarforeldre er unge og går på skole. Blant sysselsette innvandrarar arbeidde 69,7 prosent heiltid per 4. kvartal 2010, medan 30,3 prosent arbeidde deltid. I befolkninga i alt var 71,4 prosent registrerte med heiltidsarbeid, medan 28,6 prosent arbeidde deltid. For nærmare omtale av indikatorane blir det vist til del I, punkt 3.2 Arbeidsmarknaden i Prop. 1 S (2011–2012) for Arbeidsdepartementet.

Tabell 8.1 Arbeidsløyse, sysselsetjing og tiltaksdeltaking i innvandrarbefolkninga. Prosent

Indikator	4. kvartal 2009	4. kvartal 2010
Delen sysselsette innvandrarak	61,7 Menn: 65,9 Kvinner: 57,1	61,6 Menn: 65,8 Kvinner: 57,1
Delen tiltaksdeltakarak som er innvandrarak, samanlikna med delen innvandrarak blant registrerte ledige	37,5 (27,7 prosent av reg. ledige)	41,5 (30,3 prosent av reg. ledige)
Delen arbeidsledige norskfødde med innvandrarforeldre, samanlikna med innvandrarak og befolkninga totalt	4,7 (innvandrarak 6,6 og befolkninga totalt 2,5)	5,0 (innvandrarak 7,1 og befolkninga totalt 2,7)
Delen sysselsette norskfødde med innvandrarforeldre, samanlikna med innvandrarak (sjå over) og befolkninga totalt	53,6 (befolkninga totalt 69,7)	53,0 (befolkninga totalt 69,1)
Delen sysselsette innvandrarak med heiltidsstilling	71,4 Menn: 80,4 Kvinner: 60,2	69,7 Menn: 78,5 Kvinner: 58,7
Delen sysselsette innvandrarak med deltidstilling	28,6 Menn: 19,6 Kvinner: 39,9	30,3 Menn: 21,6 Kvinner: 41,3

Kjelde: SSB

8.3.2 Mål

Delen innvandrarak med vedvarande låginntekt skal minke ned mot nivået for befolkninga generelt.

Indikatorar

- delen innvandrarak med vedvarande låginntekt samanlikna med befolkninga sett under eitt
- delen barn under 18 år med innvandrarbakgrunn som lever i husstandar med vedvarande låginntekt, samanlikna med alle barn

Innvandrarak, og særleg innvandrarak med landbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa, er betydeleg overrepresenterte i fleire typiske låginnteksgrupper, slik som unge, einslege, einslege forsørgjarar, par med små barn og familiar med tre eller fleire barn. Dette må ein sjå i lys av at sysselsetjinga blant innvandrarak frå dei nemnde gruppene er vesentleg lågare enn for befolkninga elles. Det er òg store skilnader i låginntekt etter innvandringsland, migrasjonsårsak og butid.

Status


Sidan første periode med måling av vedvarande låginntekt³ (1997–1999) auka delen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre med vedvarande låginntekt fram til treårsperioden 2003–2005. For perioden 2004–2006 var det ein nedgang i delen med låginntekt i desse gruppene, særleg for personar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. Delen av innvandrarbefolkninga med låginntekt har halde seg relativt stabil etter dette, med ein liten nedgang i siste treårsperiode (2007–2009). Målt ved 50 prosent av medianinntekta (OECD-skala) var 16 prosent av alle innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre registrerte med vedvarande låginntekt i treårsperioden 2007–2009, medan delen for personar med landbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa var 19 prosent. Tilsvarende del målt ved 60 prosent av medianinntekta (EU-skala) var høvesvis 26 og 30 prosent. Delen med vedvarande låginntekt i befolkninga som

³ Vedvarande låginntekt er her definert som gjennomsnittsinntekt i ein treårsperiode under høvesvis 50 og 60 prosent av medianinntekta.

heilskap i perioden 2007–2009 var 3,3 prosent (50 prosent av medianinntekta, OECD-skala) og 8,1 prosent (60 prosent av medianinntekta, EU-skala). Nedgangen i delen innvandrarak med låginntekt i dei seinare åra har funne stad samtidig som delen av befolkninga som heilskap har vore relativt stabil. Innvandrarak har i dei seinare åra hatt ei god og til dels betre inntektsutvikling samanlikna med befolkninga som heilskap. Delen innvandrarak med vedvarande låginntekt er framleis på eit høgt nivå. Da personar med innvandrarakbakgrunn utgjer ein større del av befolkninga,


aukar jamvel talet på innvandrarak med låginntekt.

Delen innvandrarak med låginntekt fell med aukande butid. For innvandrarak med ei butid i Noreg på tre år hadde 40 prosent låginntekt i 2008. Delen med låginntekt fall til 31 prosent for dei med butid på mellom fire og ni år og til 19 prosent for alle som hadde budd i landet i 10 år eller meir. Blant innvandrarak med landbakgrunn frå mellom anna Tyrkia, Pakistan, Irak og Somalia har ein høg del låginntekt sjølv etter 10 års butid i landet.



Figur 8.1 Personar med vedvarande låginntekt (OECD-definisjon). Prosent

Kjelde: SSB




Figur 8.2 Personar med vedvarande låginntekt (EU-definisjon). Prosent


Kjelde: SSB

Barn med innvandrarbakgrunn er overrepresenterte i låginntektsgruppa. Dette har samanheng med ein kombinasjon av svak tilknytning til arbeidsmarknaden hos foreldra og barnerike familiar. Om lag fire av ti barn i hushald med låginntekt har innvandrarbakgrunn. Delen barn med innvandrarbakgrunn i hushald med låginntekt har gått ned i siste treårsperiode (2007–2009). Etter som innvandrarbefolkninga aukar, aukar jamvel talet på barn med innvandrarbakgrunn i husstandar med låginntekt. I treårsperioden 2007–2009 levde 27 prosent av barn under 18 år med innvan-

drarbakgrunn i husstandar med vedvarande låginntekt målt ved 50 prosent av medianinntekta (OECD-skala). Dette tilsvarear om lag 24 000 barn. Målt ved 60 prosent av medianinntekta (EU-skala) levde 36 prosent av barna med innvandrarbakgrunn i husstandar med låginntekt. Dette tilsvarear om lag 32 000 barn. Delen barn i familiar med bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa i husstandar med låginntekt er enda noko høgare. Til samanlikning høyrte høvesvis 5,0 og 7,7 prosent av alle barn til husstandar med vedvarande låginntekt i same periode.



Figur 8.3 Barn under 18 år som lever i husstandar med vedvarande låginntekt (OECD-definisjon). Prosent
Kjelde: SSB



Figur 8.4 Barn under 18 år som lever i husstandar med vedvarande låginntekt (EU-definisjon). Prosent
Kjelde: SSB

Blant innvandrarbefolkninga er det ein noko høgare del menn enn kvinner med vedvarande låginntekt. Dette gjeld for begge målemetodane for låginntekt. Sett for befolkninga under eitt har ein noko høgare del kvinner låginntekt når grensa for låginntekt blir sett til 60 prosent av medianinntekta (EU-skala), medan det er ein marginalt høgare del av menn med låginntekt ved 50 prosent av medianinntekta (OECD-skala). Nedgangen i delen med låginntekt i innvandrarbefolkninga i siste treårsperiode (2007–2009) har funne sted både hos kvinner og menn.

Låginntekt heng i stor grad saman med manglande eller lita tilknytning til arbeidslivet. Delen personar som tilhøyrrer ein husstand utan nokon yrkestilknytte, er høgare i innvandrarbefolkninga, og spesielt blant innvandrarakar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa, enn i befolkninga som heilskap. Sjå rapportering på målet om tilknytning til arbeidsmarknaden.

Sentrale innsatsområde i handlingsplanen mot fattigdom er tiltak for at det skal vere mogleg for alle å kome i arbeid, tiltak for at alle barn og unge skal kunne delta og utvikle seg, og tiltak for å betre levekåra for dei mest vanskelegstilte. Innvandrarakar og barn i innvandrarakusstandar er blant målgruppene for innsatsen. Sjå omtale av innsatsen mot fattigdom i Prop. 1 S (2011–2012) for Arbeidsdepartementet.

8.4 Staten som arbeidsgivar

8.4.1 Mål

Delen personar med innvandrarakbakgrunn blant tilsette i staten skal auke.

Indikatorar

- delen personar med bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika, Oseania unnateke Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS⁴ som er tilsette i statsadministrasjonen
- delen personar med innvandrarakbakgrunn tilsette i statleg heileigde verksemdar

Staten som arbeidsgivar har eit særleg ansvar for å gå føre som eit godt døme ved å auke delen av dei tilsette i staten som har innvandrarakbakgrunn. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for større mangfald i forvaltinga. Det er også viktig for sta-

ten sin legitimitet at forvaltinga så langt som mogleg speglar mangfaldet i befolkninga. Elles viser ein til Prop. 1 S (2011–2012) kap. 1500 for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Status

Det er ein auke i delen tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2 i statsadministrasjonen. Statsadministrasjonen omfattar departementa og dei underliggjande etatane. Per 1. oktober 2010 var det 3,8 prosent blant dei tilsette som hadde ein slik bakgrunn. Dette er ein auke frå 1. oktober 2009, da det tilsvarande talet var 3,6 prosent. Per 1. oktober 2010 var det blant dei tilsette 3,9 prosent kvinner og 3,8 prosent menn frå landgruppe 2.

Tabell 8.2 Tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2 i statsadministrasjonen. Prosent

	2008	2009	2010
Samla tal for departementsområda	3,2	3,6	3,8

Kjelde: SSB, arbeidsmarknadsstatistikk

Som i tidlegare år var det i 2010 store variasjonar mellom departementsområda når det gjeld kor stor del av dei tilsette som hadde bakgrunn frå landgruppe 2. SSB har justert tala for 2009 i samband med oppdatering av opplysningane. At Arbeidsdepartementet har hatt ei negativ utvikling sidan 2009, kan mellom anna ha si årsak i at integreringsområdet i 2010 blei flytt frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. I BLD auka delen av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2 frå 2,9 til 4,0 i same periode.

Tabell 8.3 Departementsområda med høgast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2, 4. kvartal 2009 og 4. kvartal 2010. Prosent

Departement	2009	2010
Kunnskapsdepartementet	6,3	6,8
Helse- og omsorgsdepartementet	5,1	5,4
Arbeidsdepartementet	5,1	4,4

Kjelde: SSB, arbeidsmarknadsstatistikk

⁴ Landgruppe 2

Tabell 8.4 Departementsområda med høgast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2 (menn), 1. oktober 2010. Prosent

Departement	2010
Kunnskapsdepartementet	8,1
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	6,2
Helse- og omsorgsdepartementet	5,9

Kjelde: SSB

Tabell 8.5 Departementsområda med høgast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2 (kvinner), 1. oktober 2010. Prosent

Departement	2010
Kunnskapsdepartementet	5,6
Helse- og omsorgsdepartementet	5,2
Kommunal- og regionaldepartementet	4,4

Kjelde: SSB

Tabell 8.6 Departementsområda med lågast del av dei tilsette med bakgrunn frå landgruppe 2, 4. kvartal 2009 og 4. kvartal 2010. Prosent

Departement	2009	2010
Forsvarsdepartementet	0,9	0,9
Utanriksdepartementet	1,7	1,8
Miljøverndepartementet	1,9	2,0
Samferdselsdepartementet	1,7	2,0

Kjelde: SSB, arbeidsmarknadsstatistikk

Av dei 33 191 tilsette i dei heileigde statlege føretaka hadde 2 976 innvandrarbakgrunn i 4. kvartal 2010. Dette er ein auke frå 8,4 prosent i 4. kvartal 2009 til 9 prosent i 4. kvartal 2010. Som det går fram av tabellen under, har delen tilsette med innvandrarbakgrunn i dei heileigde verksemdene auka med 3,3 prosentpoeng sidan 2004.

Tabell 8.7 Tilsette med innvandrarbakgrunn i statsforvaltninga* og i heileigde statlege føretak. Prosent

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Kvinner (2010)	Menn (2010)
Statleg forvaltning	6,5	6,8	7,0	7,5	8,1	8,5	8,9	5,2	3,7
– derav helseføretak	8,3	8,6	8,9	9,3	9,6	10,2	10,5	7,1	3,4
Heileigde statlege føretak	5,7	6,0	6,2	7,4	8,0	8,4	9,0	3,2	5,7

* Statsforvaltninga er avgrensa til den institusjonelle sektoren statsforvaltninga. Dette omfattar mellom anna departement, direktorat, tilsyn, Forsvaret, politi og rettsvesen, samt andre verksemdar som hovudsakeleg finansierast og kontrollert av staten. Eksempel på verksemdar i sistnemnde gruppe er helseføretak, universitet og høyskolar.

Kjelde: SSB, registerbasert sysselsettingsstatistikk

Dei 25 heileigde statlege føretaka skil seg frå kvarandre både når det gjeld kva marknad dei opererer i, og når det gjeld storleik. Talet på tilsette varierer frå Posten Noreg med meir enn 20 000 tilsette til Staur Gard AS med tre tilsette. Delen av tilsette med innvandrarbakgrunn varierer frå null til 28 prosent i Norfund. Tal frå SSB frå 4. kvartal 2009 (baserte på tal frå 18 av dei 25 føretaka) syner at fire av føretaka står for 90 prosent av den totale delen tilsette med innvandrarbakgrunn i heileigde statlege føretak: Posten Noreg AS med

dotterselskap (72 prosent), NSB AS med dotterselskap (10 prosent), NRK AS (5 prosent) og Vinmonopolet AS (4 prosent).

8.5 Utdanning og oppvekst

8.5.1 Mål

Talet på barn med innvandrarbakgrunn som går i barnehagar aukar.

Indikator

- delen minoritetsspråklege barn i barnehage samanlikna med delen barn i barnehage samla

Minoritetsspråklege barn⁵ kan ha særskilde språklege utfordringar fordi dei lærer seg både morsmålet sitt og norsk. Språkleg forståing opnar for sosiale fellesskap, og barnehagen er derfor ein viktig integrerings- og språkopplæringsarena for minoritetsspråklege barn i førskolealder. Målretta språkstimuleringstiltak i førskolealder vil kunne bidra til ein betre skolestart for barn som ikkje

⁵ Minoritetsspråklege barn blir i denne samanhengen definerte som barn der begge foreldra har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk.

har norsk som morsmål, og vil på lengre sikt kunne auke barna si deltaking på alle samfunnsarenaer. Sjå Prop. 1 S (2011–2012) for Kunnskapsdepartementet, Del III, 7 Ressursar i barnehage-sektoren.

Status

I 2010 var det 27 455 barn med minoritetsspråkleg bakgrunn i barnehage. Dette er ein auke på knapt 2 400 minoritetsspråklege barn sidan 2009.

Ved utgangen av 2010 hadde om lag 71 prosent av alle minoritetsspråklege barn i aldersgruppa eitt til fem år barnehageplass. På same tidspunkt hadde om lag 89 prosent av alle barn i aldersgruppa barnehageplass.

Tabell 8.8 Delen minoritetsspråklege barn i barnehage og delen barn i barnehage av befolkninga totalt 2008–2010. Prosent

	2008		2009		2010	
	Minoritets- språklege barn	Barn totalt	Minoritets- språklege barn	Barn totalt	Minoritets- språklege barn	Barn totalt
1-åringar	30	66	33	69	34	70
2-åringar	48	84	55	86	56	87
3-åringar	76	94	81	95	84	95
4-åringar	91	96	92	97	92	97
5-åringar	93	97	95	97	94	97
1–5 år	67	87	71	89	71	89

Kjelde: SSB og Kunnskapsdepartementet

Det har vore ein auke i talet på minoritetsspråklege barn i barnehage dei seinare åra. Frå 2008 til 2009 auka delen av minoritetsspråklege barn i barnehage med 4 prosentpoeng, frå 67 til 71 prosent. Tilsvarende del var 54 prosent for 2005. I 2010 ser veksten ut til å flate ut. For femåringar er delen minoritetsspråklege barn med plass i barnehage 94 prosent og for fireåringar 92 prosent i 2010, om lag det same som året før. Talet for deltaking i barnehage for alle barn i desse aldersgruppene er 97 prosent. Delen minoritetsspråklege barn i alderen eitt til to år i barnehage er framleis låg (34 og 56 prosent, mot høvesvis 70 og 87 prosent av alle eitt- og toåringane), men delen er aukande samanlikna med i 2009, med ein vekst på eitt prosentpoeng i kvar aldersgruppe.

8.5.2 Mål

Medverke til å få fleire førskolelærarar med innvandrarbakgrunn.

Indikatorar

- delen førskolelærarar med innvandrarbakgrunn som arbeider i barnehagane
- delen studentar med innvandrarbakgrunn under utdanning for å bli førskolelærarar

Personalet i barnehagen har ei viktig rolle som førebilete for barna, og kultur- og verdiformidling i barnehagen skjer i vesentleg grad gjennom personalet. Personalet i barnehagen bør derfor representere det same mangfaldet som barna, både når det gjeld landbakgrunn og kjønn. Sjå Prop. 1 S

(2011–2012) for Kunnskapsdepartementet, Del III, 7 Ressursar i barnehagesektoren.

Status

Ved utgangen av 2010 var det 1 515 førskolelærarar med innvandrarbakgrunn med jobb i barnehage, mot 1 148 i 2009. I 2010 utgjorde dette 5,3 prosent av alle førskolelærarane i barnehagane,

og dette er ein auke på eitt prosentpoeng sidan 2008.

Hausten 2010 hadde 6,9 prosent av studentane i førskolelærarutdanninga innvandrarbakgrunn. Det er ein oppgang frå 6,1 prosent i 2009. Talet på studentar med innvandrarbakgrunn auka frå 431 i 2009 til 520 i 2010. Sidan 2007 har talet på menn med innvandrarbakgrunn i førskolelærarutdanninga halde seg stabilt på om lag 65 årleg, det vil seie 1 prosent av alle førskolelærarstudentane.

Tabell 8.9 Førskolelærarar med innvandrarbakgrunn som arbeider i barnehage fordelte på kjønn, 2008–2010. Absolutte tal og prosent

	2008		2009		2010	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Totalt	1 132	4,3	1 348	4,9	1 515	5,3
Delen menn	104	0,4	107	0,4	124	0,4

Kjelde: SSB

I dag står ikkje delen førskolelærarar med innvandrarbakgrunn i eit rimeleg forhold til delen minoritetsspråklege barn i barnehage, som er på 9,9 prosent. Dei siste åra har det vore ein svak auke i delen førskolelærarar med innvandrarbakgrunn. Det er òg ei positiv utvikling i rekrutteringa til førskolelærarutdanninga. Dagens del på 6,9 prosent er meir enn ei dobling av delen frå 2000, da 2,9 prosent av førskolelærarstudentane hadde innvandrarbakgrunn.

8.5.3 Mål

Barn og unge med innvandrarbakgrunn skal beherske norsk språk så tidleg som mogleg i skolegangen for å sikre eit godt læringsutbytte.

Indikatorar

- delen barn og unge med innvandrarbakgrunn som får særskild norskopplæring
- resultat frå nasjonale prøver i lesing og rekning på 5. og 8. trinn for barn med innvandrarbak-

grunn, samanlikna med elevgruppa som heilskap

Status

Av i alt 615 973 elevar i grunnskolen skoleåret 2010–2011 fekk 44 080 elevar særskild norskopplæring. Det tilsvarende 7,2 prosent av elevane, jf. tabellen under. Den delen av elevane som får særskild norskopplæring, har auka dei siste seks åra. Dette er ein naturleg konsekvens av at netto innvandring har blitt meir enn dobla dei siste seks åra. Spesielt er det innvandring frå andre europeiske land som har auka. Den delen som får særskild norskopplæring, er minkande med stigande klassetrinn, frå 9 prosent av elevane på 1. trinn til 5,2 prosent av elevane på 10. trinn. Dette indikerer at mange av elevane går over til ordinær norskopplæring i løpet av grunnskolen, då talet på elevar med innvandrarbakgrunn er jamt fordelt på dei ulike trinna.

Tabell 8.10 Elevar som får særskild norskopplæring i grunnskolen. Absolutte tal og prosent

Skoleår	2005–2006	2006–2007	2007–2008	2008–2009	2009–2010	2010–2011
Prosent	6,0	6,5	6,5	6,7	6,8	7,2
Tal	37 556	40 152	40 017	41 024	41 674	44 080

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Som tabellen under syner, fekk om lag 63 prosent av elevane med innvandrarbakgrunn i grunnskolen særskild norskopplæring skoleåret 2010–2011. Denne delen har minka med 10 prosentpoeng dei siste to åra. Nedgangen i den delen av elevar med innvandrarbakgrunn som får særskild norskopplæring, kan vere relatert til ei endring i elevsaman-

setjinga, mellom anna at fleire elevar er fødde i Noreg. Vidare har det dei siste åra relativt sett vore størst auke av innvandrarakgrunn i aldersgruppa 6–15 år frå Aust-Europa. Andre årsaker kan også spele inn. Fleire foreldre sender barna sine i barnehage enn tidlegare.

Tabell 8.11 Delen elevar som får særskild norskopplæring av elevane med innvandrarbakgrunn. Prosent

Skoleår	2005–2006	2006–2007	2007–2008	2008–2009	2009–2010	2010–2011
Del	75	71	71	73	69	63


Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI) og SSB

Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk blir gjennomførte for alle elevane på 5. og 8. trinn (og på 9. trinn i lesing og rekning i 2010). Elevane skal fordelast på tre og fem nivå for høvesvis 5. og 8. trinn. Nivåa set ein etter korleis elevane fordeler seg på nasjonalt nivå. Det går med andre ord føre seg ei standardisering der ein fast del av elevane skal liggje innanfor gitte delar. Meistringsnivå 1 tilsvarer eit lågt meistringsnivå, og ca. 25 prosent av elevane på 5. trinn skal liggje på dette nivået. For 8. trinn skal ca. 30 prosent av elevane liggje på meistringsnivå 1 og 2.

Resultata frå prøvene syner at innvandrarakgrunn har den største delen elevar med dei svakaste prestasjonane, deretter følgjer norskfødde med innvandrarforeldre. Elevgruppa som heilskap har den største delen elevar på høgaste meistringsnivå og langt færre enn dei med innvandrarbakgrunn på lågaste meistringsnivå. Ulikskapen mellom elevar med innvandrarbakgrunn og elevgruppa som heilskap er større på 8. trinn enn han er på 5. trinn, og større i lesing enn i rekning. Totalt sett har avstanden mellom elevgruppa som heilskap og elevar med innvandrarbakgrunn blitt mindre i lesing på begge trinna, da færre elevar med innvandrarbakgrunn ligg på dei lågaste meistringsnivåa i 2010 samanlikna med 2009. I rekning blir også avstanden noko mindre for 5. trinn, medan trenden går svakt i motsett retning for 8. trinn.

Det er veldokumentert at språket og den sosiale bakgrunnen til elevane har mykje å seie for


ulikskap i læringsutbytte mellom majoritets- og minoritetslevar (sjå for eksempel Opheim, Grøgaard og Næss 2010⁶). Ein del av prestasjonsforskjellane mellom elevar med og utan innvandrarbakgrunn reflekterer at elevar med innvandrarbakgrunn i gjennomsnitt har foreldre med lågare utdanning og inntekt enn gjennomsnittet av elevar utan innvandrarbakgrunn.



Figur 8.5 Fordelinga av elevane på tre meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i lesing på 5. trinn etter innvandrarbakgrunn i 2009 og 2010. Prosent

Kjelde: SSB


⁶ Opheim, V., J.B. Grøgaard og T. Næss (2010). *De gamle er eldst? Betydning av skoleressurser, undervisningsformer og læringsmiljø for elevenes prestasjoner på 5., 8. og 10. trinn i grunnsopplæring*. Nifu Step, Oslo.



Figur 8.6 Fordelinga av elevane på tre meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i rekning på 5. trinn etter innvandrarbakgrunn i 2009 og 2010. Prosent


Kjelde: SSB

Figurane over syner at ein mindre del av innvandrarelevane presterer på det lågaste nivået i lesing og rekning i 2010 samanlikna med 2009. For elevgruppa som heilskap er det derimot ein liten auke i delen som presterer på det lågaste nivået.



Figur 8.7 Fordelinga av elevane på fem meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i lesing på 8. trinn etter innvandrarbakgrunn i 2009 og 2010. Prosent

Kjelde: SSB



Figur 8.8 Fordelinga av elevane på fem meistringsnivå på dei nasjonale prøvene i rekning på 8. trinn etter innvandrarbakgrunn i 2009 og 2010. Prosent

Kjelde: SSB

Figurane over syner at for lesing er det ein mindre del av elevane med innvandrarbakgrunn som presterer på nivå 1 og 2 i 2010 enn i 2009. Det same er ikkje tilfellet for den samla elevgruppa. For rekning er det ein svak auke i den delen av elevane med innvandrarbakgrunn som presterer på nivå 1 og 2.

8.5.4 Mål

Delen norskfødde med innvandrarforeldre som fullfører vidaregåande opplæring, skal tilsvare delen for befolkninga totalt.

Indikatorar

- delen norskfødde med innvandrarforeldre med direkte overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring, samanlikna med årskullet som heilskap
- delen norskfødde med innvandrarforeldre som oppnår full yrkes- eller studiekompetanse i løpet av fem år etter avslutta grunnskole, samanlikna med årskullet som heilskap

Regjeringa har som mål at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring, da dette minkar sannsynet for fattigdom og marginalisering seinare i livet.

Status

Tabellen under syner at forskjellen mellom norskfødde med innvandrarforeldre og elevgruppa som heilskap har vore svært stabil dei siste fem åra.

For skoleåret 2010–2011 er delen norskfødde med innvandrarforeldre med direkte overgang til vidaregåande opplæring litt høgare enn for elevgruppa som heilskap.

Tabell 8.12 Direkte overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring. Delen av innvandrarar, norskfødde med innvandrarforeldre og heile elevgruppa. Prosent

Avslutta grunnskole	Innvandrarar	Norskfødde med innvandrarforeldre	Alle elevar
2004–2005	*	95	97
2005–2006	*	97	97
2006–2007	83	97	96
2007–2008	80	96	96
2008–2009	80	96	97
2009–2010	77	97	96

*Tal på delen innvandrarar for 2004–2005 og 2005–2006 er ikkje med.
Kjelde: SSB

Tabellen under syner at forskjellen mellom norskfødde med innvandrarforeldre og befolkninga totalt når det gjeld kor mange som består vidaregåande i løpet av fem år, aukar med 2 prosentpoeng frå 2004 til 2005. Delen norskfødde med inn-

vandrarforeldre som fullfører, har vore stabil dei siste tre åra. Årsaka til oppgangen for elevgruppa som heilskap er at det er fleire som gjennomfører til normert tid samanlikna med året før.

Tabell 8.13 Delen som avslutta grunnskolen våren 2000, 2002, 2004 og 2005, og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Prosent

Avslutta grunnskole	Norskfødde med innvandrarforeldre	Fullført og bestått Alle elevar
1999–2000	64	69
2001–2002	66	67
2003–2004	66	67
2004–2005	66	69

Kjelde: SSB

8.5.5 Mål

Delen innvandrarar som kom til landet i ungdomsskole- eller vidaregåande alder, og som fullfører vidaregåande opplæring, skal auke.

Indikator

- delen innvandrarar som kom til landet som 13- og 16- åringar, og som fullfører og består vidaregåande opplæring innan dei fyller 30 år

Status

Dei fleste elevane i grunnskolen som har innvandra, har kome hit etter skolestart. På grunn av manglande innsamling av informasjon om kva for skolegang dei har frå før, er det vanskeleg å seie i kor stor grad dei har mist grunnskoleopplæring. Ungdommar som kjem til Noreg etter å ha fylt 16 år, har rett til grunnskoleopplæring for vaksne. Rundt kvar fjerde 18-åring som er innvandrar med bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Ame-

rika, Oseania unnateke Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS, ca. 500 i kvart årskull, går ikkje i vidaregåande opplæring og har heller ikkje fullført grunnskole. Det er ukjent om desse ungdommane faktisk ikkje har fullført nokon grunnskole, eller om det er registreringa som manglar.

Tabell 8.14 Gjennomsnittleg del innvandrarak som har fullført og bestått vidaregåande opplæring i alderen 20–30 år, og som kom til Noreg da dei var 13 og 16 år. Prosent

20–30 år	Alder da dei kom til Noreg	
	13 år	16 år
2006	39	26
2007	46	32
2008	50	30
2009	51*	39*
2010	49	37

* I rapporteringa på *Mål for inkludering av innvandrarakfolkninga* i Del III i Prop. 1 S (2010–2011) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet var desse verdiane høvesvis 50 og 36. Dette kjem av feil som no er retta opp.

Kjelde: SSB

Den delen av dei som fullfører og består vidaregåande opplæring som kom til Noreg da dei var 13 år, og som i 2010 var mellom 20 og 30 år (1 791 personar), har vore relativt stabil på rundt 50 prosent dei siste tre åra. Ein stor del av desse elevane fullfører vidaregåande opplæring på meir enn normalt tid. Variasjonane er store mellom årskulla. Medan 29 prosent av dei som var 21 år i 2010, har fullført og bestått vidaregåande opplæring, har 70 prosent av 27-åringane fullført og bestått. Av dei som kom til landet som 13-åringar, er det fleire jenter enn gutar som har bestått vidaregåande opplæring (høvesvis 60 og 41 prosent). I 2009 var delane jenter og gutar høvesvis 63 og 42.

Av dei som kom til Noreg da dei var 16 år, og som i 2010 var mellom 20 og 30 (2 338 personar), har i alt 37 prosent fullført og bestått vidaregåande opplæring. Dette er ein nedgang frå 2009.

Berre 24 prosent av dei som var 20 år i 2010, har fullført og bestått vidaregåande opplæring, medan 60 prosent av 30-åringane har bestått vidaregåande opplæring. Også blant dei som kom til Noreg som 16-åringar, er det stor forskjell mellom gutar og jenter. I gjennomsnitt har 44 prosent av jentene og 31 prosent av gutane fullført og bestått innan dei er 30 år. For 2009 var dei tilsvarande tala for jenter og gutar 48 og 32 prosent.

Etter nokre år med auke i den delen som kjem til landet som 13- og 16-åringar, og som fullfører og består vidaregåande opplæring, var det ein nedgang frå 2009 til 2010. Indikatoren syner framleis at ein stor del av denne elevgruppa bruker meir enn normalt tid på å fullføre og bestå vidaregåande opplæring, og at alderen deira når dei kjem, og kva kjønn dei har, har mykje å seie for om dei fullfører og består vidaregåande opplæring. Når ein samanliknar mellom år, må ein også ta omsyn til at samansetjinga av elevar vil variere frå år til år, mellom anna med tanke på landbakgrunn og omfang av tidlegare skolegang.

8.5.6 Mål

Delen tilsette i grunnskolen og vidaregåande opplæring med innvandrarakgrunn skal auke.

Indikatorar

- delen med innvandrarakgrunn som går på utdanningar som fører til lærarkompetanse
- delen med innvandrarakgrunn tilsett innan undervising

Den viktigaste ressursen i grunnopplæringa er menneska som arbeider der. Kompetente tilsette er den viktigaste føresetnaden for god kvalitet og sosial utjamning i heile utdanningssystemet. Det er behov for fleire lærarar med innvandrarakgrunn i skolen, slik at dei kan verke som positive rollemodellar for elevane. Samtidig kan desse lærarane bidra med viktig kultur- og språkkompetanse. Vidare er det viktig å heve kompetansen til fleire med innvandrarakgrunn som allereie arbeider i skolen.

8.5.7 Status

Tabell 8.15 Delen med innvandrarakgrunn av dei som går på utdanningar som fører til lærarkompetanse, og kva kjønn dei har. Prosent

	2005*	2006	2007	2008	2009	2010
Innvandrarakgrunn	5,1	4,0	5,0	5,9	6,1	6,2
Menn	27,1	26,5	25,8	25,1**	25,2	25,7
- menn med innvandrarakgrunn	5,3	4,3	5,7	6,5	6,7	6,3
Kvinner	72,9	73,5	74,2	74,9**	74,8	74,3
- kvinner med innvandrarakgrunn	5,0	3,9	4,8	5,7**	5,9	6,1
Talet på personar totalt	19 383	19 496	19 600	19 624**	20 690	22 114

* Delane kan ikkje samanliknast fullt ut med tala for seinare år pga. endringar i datagrunnlaget.

** I rapporteringa på *Mål for inkludering av innvandrarakfolkninga* i Del III i Prop. 1 S (2010–2011) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet blei det rapportert feil i desse verdiane.

Kjelde: SSB

Tabellen over syner at 6,2 prosent av dei som gjekk på utdanningar som førte til lærarkompetanse i 2010 (allmennlæruddanning, førskolelæruddanning, fagskolelæruddanning, masterlektoruddanning og praktisk-pedagogisk utdanning), hadde innvandrarakgrunn. Reknar ein berre med studentar med innvandrarakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika, Oseania unneteke Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS (landgruppe 2), utgjer dei 4 prosent av alle som går på utdanningar som fører til lærarkompetanse.

Tabellen under syner at 4,6 prosent av undervisningspersonalet i kommunale grunnskolar hadde innvandrarakgrunn i 2010. Dette er ein auke på 0,3 prosentpoeng frå 2009. I fylkeskommunal vidaregåande opplæring har delen av dei tilsette med innvandrarakgrunn auka dei siste fem åra og tilsvarer no 5 prosent. Blant tilsette med innvandrarakgrunn er det ei hovudvekt av innvandrarakar frå andre europeiske land både for grunnskole og vidaregåande opplæring, høvesvis 2,6 og 3,4 prosent av alle tilsette.

Tabell 8.16 Delen med innvandrarakgrunn blant undervisningspersonalet i kommunale grunnskolar og fylkeskommunal vidaregåande opplæring. Prosent

	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Kommunale grunnskolar	3,9	3,7	3,4	3,5	4,3*	4,6*
Fylkeskommunal vidaregåande opplæring	4,0	3,9	4,0	4,5	4,8	5,0

* Tala for 2009 og 2010 for grunnskolar inkluderer også lærarakar med ikkje oppgitt utdanning, tilsvarande som tala for vidaregåande skole, og kan ikkje samanliknast med tidlegare tal.

Kjelde: SSB

Tala inkluderer både hovud- og biarbeidsforhold.

8.6 Språk og barnevern

8.6.1 Mål

Vaksne innvandrarakar skal lære tilstrekkeleg norsk til å fungere i samfunnet i løpet av dei fem første åra dei bur i landet.

Indikator

- delen vaksne innvandrarakar med fem års butid i Noreg som har gått opp til og stått på avsluttande prøve i norsk

Regjeringa vil sikre at innvandrarakane raskast mogleg kan bidra med ressursane sine i det norske arbeidslivet og samfunnet elles. Gode kunnskapar

i norsk er ein føresetnad for å kunne delta i arbeids- og samfunnslivet, og det er viktig at innvandrarak lærer norsk så snart som mogleg etter at dei er komne til Noreg. Jo raskare ein innvandrarak lærer norsk, jo raskare kan han eller ho delta i samfunnet. Sjå programkategori 11.05 Integrering og mangfald, delmål 2.2.


Status

15 727 vaksne innvandrarak hadde fem års butid i Noreg ved utgangen av 2010. Talet inkluderer ikkje personar som hadde norsk statsborgarskap da dei kom til landet.

36,5 prosent av vaksne innvandrarak med fem års butid i Noreg hadde gått opp til avsluttande skriftleg prøve i norsk, og 28,4 prosent hadde gått opp til avsluttande munnleg prøve ved utgangen av 2010.

25,6 prosent av innvandrarakane med fem års butid hadde bestått den munnlege prøva ved utgangen av 2010, og 21 prosent hadde bestått den skriftlege prøva.

Figuren under syner utviklinga for innvandrarak med fem års butid i Noreg som hadde avlagt anten Språkprøva, Norskprøve 2 eller Norskprøve 3.



Figur 8.9 Innvandrarak 16 år og eldre som har gått opp til og bestått avsluttande prøve i norsk fem år etter at dei kom til landet. Prosent

Kjelde: Norsk språktest og SSB

Figuren syner at dei som kom til Noreg i 2005, og som framleis budde i landet ved utgangen av 2010, i noko større grad enn dei som kom i åra 1999–2002, har vore oppe til og bestått avsluttande prøve i norsk, men i mindre grad enn dei som kom i 2003 og 2004. Reduksjonen frå 2003 til 2005 kan ha samanheng med at gratis norskopplæring for arbeidsinnvandrarak blei fjerna frå 1. januar 2004.

Departementet vil at fleire skal gå opp til og bestå avsluttande prøve. Det er ei utfordring at den største delen av dei som kom til landet i 2005, ikkje kan dokumentere kunnskapar i norsk fem år seinare. Ein del av dei kan ha gode kunnskapar i

norsk utan å ha vore oppe til prøve, men det kan òg tyde på at mange innvandrarak ikkje har lært så mykje norsk dei fem første åra sine i Noreg at dei kan delta i arbeids- og samfunnslivet. Stortinget vedtok i juni 2011 at alle som er omfatta av rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova, skal gå opp til avsluttande prøve i norsk og samfunnskunnskap.

8.6.2 Mål

Medverke til å auke delen tilsette med innvandrarakbakgrunn i barnevernstenesta.

Indikatorar

- delen studentar med innvandrarbakgrunn under utdanning for å bli barnevernspedagog
- delen kvinner og menn med innvandrarbakgrunn under utdanning for å bli barnevernspedagog og tilsette med innvandrarbakgrunn som arbeider i barnevernstenesta
- delen kvinner og menn med innvandrarbakgrunn som arbeider i barnevernstenesta

Barnevernstenesta skal nå ut til alle familiar, barn og unge og gi formålstenleg hjelp tilpassa den enkelte sitt behov. Hjelpa skal vere basert på oppdatert kunnskap. Å auke delen tilsette med innvandrarbakgrunn i barnevernstenesta er eit ledd i arbeidet med å auke den fleirkulturelle kompetansen i barnevernet. Mangfald blant dei tilsette kan føre til betre forståing av barn, unge og familiar med minoritetsbakgrunn som barnevernet er i kontakt med. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har fått tilbakemeldingar om at skepsisen til barnevernet kan vere sterkare i minoritetsmiljøa enn elles i befolkninga. Dette er uheldig, da også desse gruppene har behov for hjelp og støtte frå barnvernet. Å auke delen tilsette med innvandrarbakgrunn i barnevernstenesta kan medverke til å gi arbeidet større legitimitet. Sjå programkategori 11.20 Tiltak for barn og unge.

Status

Per 1. oktober 2010 hadde 129 studentar på barnevernsutdanningar innvandrarbakgrunn. Desse

utgjer 5,8 prosent av alle studentane på barnevernsutdanningane. Dei tilsvarende tala for 2009 var 114 studentar og 5,2 prosent. Av dei med innvandrarbakgrunn var 23,8 prosent menn og 76,2 prosent kvinner. I 2009 var 26,4 prosent menn og 73,6 prosent kvinner.

Per 1. oktober 2010 arbeidde det 881 personar med innvandrarbakgrunn i barnevernstenesta. Desse utgjer 6,1 prosent av alle dei tilsette i barnevernstenesta. Blant tilsette med innvandrarbakgrunn var det 48,8 prosent menn og 51,2 prosent kvinner. Tilsvarende tal for 2009 var 5,6 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn. Av desse var 46,6 prosent menn og 53,4 prosent kvinner.

Delen tilsette i barnevernstenesta med innvandrarbakgrunn er ikkje i samsvar med delen barn, unge og familiar med innvandrarbakgrunn som er i kontakt med barnevernet. Tal frå SSB syner at barn og unge som er innvandrare eller norskfødde med innvandarforeldre, oftare får hjelp frå barnevernet enn barn og unge utan innvandrarbakgrunn. 49 800 barn hadde tiltak i barnevernet i 2010. Det er 7,1 prosent fleire enn året før. Til samanlikning var auken 5,3 prosent frå 2008 til 2009.

Tabell 8.17 Studentar med innvandrarbakgrunn under utdanning for å bli barnevernspedagog, 4. kvartal 2010. Absolutte tal

Tal	I alt	Menn	Kvinner
I alt	2 352	386	1 966
Innvandrarar	129	33	96

Kjelde: SSB

Tabell 8.18 Tilsette i institusjonar innan barne- og ungdomsvern* etter innvandrarbakgrunn og kjønn, 4. kvartal 2009 og 4. kvartal 2010. Absolutte tal

	I alt		Menn		Kvinner	
	2010	2009	2010	2009	2010	2009
I alt	14 257	13 288	3 974	3 677	10 283	9 611
Ingen innvandrarbakgrunn	13 376	12 544	3 544	3 330	9 832	9 214
Innvandrarar	881	744	430	347	451	397

* Tala på tilsette i institusjonar omfattar kommunale barnevernstenester og private som tilbyr same typen barnevernstenester, medrekna fosterheimar og forsterka fosterheimar.

Kjelde: SSB

8.7 Helse og omsorg

8.7.1 Mål

Helseforskjellane mellom etniske grupper skal reduserast.

Indikator

- dødsraten for kvinner og menn med innvandrarakgrunn i aldersgruppa 25–64 år samanlikna med dødsraten i befolkninga generelt

Innvandrarbefolkninga i Noreg er framleis ei relativt ung befolkningsgruppe. Tala for dødelegheit er derfor låge, og det er vanskeleg å rekne ut tal for dødelegheit årleg. I staden har ein summert tal over fleire år. I fjor blei det nytta tal frå åra 2001–2006. Av tekniske grunnar har det ikkje vore mog-

leg å oppdatere dessa tala i år. Analysen som ligg føre, er derfor den same som i fjor. Han baserer seg på dødsraten i perioden 3. november 2001 (folke- og bustadteljingstidspunktet) til 31. desember 2006. Det er nytta same metode som i rapportane frå føregåande år, og tala i årets rapport er identiske med fjorårets rapport.

Status

Tabellen under syner at ingen innvandrargrupper hadde signifikant høgare dødsrate enn dei fødde i Noreg. Dette gjaldt både for kvinner og menn. Dette var i samsvar med rapportar frå tidlegare år. Menn fødde i Noreg, Aust-Europa, Pakistan og Afrika, hadde signifikant høgare dødsrate enn menn fødde i Asia og Vest-Europa mfl. Resultata for kvinner var hovudsakleg som for menn.

Tabell 8.19 Dødsrate 2001–2006, etter fødeland, 25–64 år

Fødeland	Døde per 100 000 personår, aldersjustert	Talet på døde	Talet på personar	Relativ risiko ³	Personar som har flytt ut av landet i perioden 2001–2006 (prosent)
<i>MENN</i>					
Noreg	358	20 647	1 094 169	1	0,6
Vest-Europa mfl. ¹	307	643	45 628	0,86	12,7
Aust-Europa	383	140	9 588	1,07	6,0
Pakistan	435	98	5 627	1,22	4,1
Vietnam	250	47	4 330	0,70	1,7
Rest-Asia ²	271	173	23 378	0,76	6,4
Afrika	387	122	10 613	1,08	9,5
<i>KVINNER</i>					
Noreg	215	12 540	1 059 609	1	0,5
Vest-Europa mfl. ¹	175	375	44 605	0,81	10,3
Aust-Europa	178	79	11 430	0,83	5,0
Pakistan	306	48	4 751	1,42	3,1
Vietnam	194	27	4 049	0,90	2,0
Rest-Asia ²	163	122	23 444	0,76	4,2
Afrika	247	42	7 158	1,15	7,8

¹ Vest-Europa, Canada, USA, Australia, New Zealand

² Asia utanom Pakistan og Vietnam

³ Relativ risiko samanlikna med dei fødde i Noreg, justert for alder

Kjelde: Nasjonalt folkehelseinstitutt

SSB publiserte ein rapport i 2010 om sosiale skilnader i helse til innvandrarak. ⁷ Rapporten syner at helse i innvandrarbefolkninga varierer etter faktorar som utdanning, språkevne, religion, sysselsetjing, økonomi, bustad, arbeidsmiljø, sosial kontakt, opplevd diskriminering osv. Det kjem fram at innvandrarak med ein sterk sosioøkonomisk posisjon har betre helse enn innvandrarak utan desse fordelane. Dei same faktorane spelar også ei rolle for psykisk helse.

8.8 Politi, kriminalomsorg og rettsvesen

8.8.1 Mål

Ein skal sikte mot ein auke i delen tilsette med innvandrarbakgrunn i politi- og påtalemakta og i kriminalomsorga.

⁷ Blom, S. (2010): *Sosiale forskjeller i innvandreres helse. Funn fra undersøkelsen Levekår blant innvandrere 2005/2006*, Rapport 47/2010, Statistisk sentralbyrå.

Indikatorar

- delen tilsette med innvandrarbakgrunn innanfor politi- og påtalemakta
- delen tilsette med innvandrarbakgrunn innanfor retts- og fengselsvesenet.

Status

I 2010 hadde 3,4 prosent av dei tilsette i politi- og påtalemakta innvandrarbakgrunn, mot 3,3 prosent i 2009. Dette utgjorde 553 personar. Av desse var 241 menn og 312 kvinner. 208 av dei hadde bakgrunn frå Asia, 62 frå Afrika, medan 152 hadde bakgrunn frå Aust-Europa. Som det går fram av tabellen under, har det vore ei jamn stigning sidan 2005.

Tabell 8.20 Tilsette i politi- og påtalemakta med innvandrarbakgrunn. Prosent og absolutte tal

År	Prosent	Tal	Menn	Kvinner
4. kvartal 2005	2,0	299	124	175
4. kvartal 2006	2,2	334	134	200
4. kvartal 2007	2,6	398	155	243
4. kvartal 2008	2,8	437	183	254
4. kvartal 2009	3,3	520	221	299
4. kvartal 2010	3,4	553	241	312

Kjelde: SSB

I 2010 hadde 2,9 prosent av dei tilsette i retts- og fengselsvesenet innvandrarbakgrunn, mot 2,7 prosent i 2008. Dette utgjorde 191 personar. Av desse var 92 menn og 99 kvinner. 56 av dei hadde bakgrunn frå Asia, 18 frå Afrika, medan 45 hadde

bakgrunn frå Aust-Europa. Også her har det vore ei jamn stigning sidan 2006, da 1,9 prosent av dei tilsette i retts- og fengselsvesenet hadde innvandrarbakgrunn.

Tabell 8.21 Tilsette i retts- og fengselsvesenet med innvandrarakgrunn. Prosent og absolutte tal

År	Prosent	Tal	Menn	Kvinner
4. kvartal 2005	2,2	144	62	82
4. kvartal 2006	1,9	122	57	65
4. kvartal 2007	2,1	130	61	69
4. kvartal 2008	2,4	151	79	72
4. kvartal 2009	2,7	180	87	93
4. kvartal 2010	2,9	191	92	99

Kjelde: SSB

Rekruttering til polityrket skjer gjennom Politi-høgskolen (PHS). PHS har drive aktivt og systematisk rekrutteringsarbeid retta mot søkjarar med minoritetsbakgrunn gjennom fleire år. Tabellen under syner tal for søkjarar til bachelorutdan-

ninga og studentar med minoritetsbakgrunn som er tekne opp på utdanninga. I 2011 var det 131 søkjarar som har opplyst at dei har minoritetsbakgrunn, og av desse er det teke opp 23 studentar i årets opptak, 17 menn og 6 kvinner.

Tabell 8.22 Søkjarar med minoritetsbakgrunn til bachelorutdanninga ved Politi-høgskolen. Absolutte tal

År	Talet på søkjarar totalt	Talet på søkjarar med minoritetsbakgrunn	Studentar med minoritetsbakgrunn som er tekne opp	Menn	Kvinner
2005	2 265	88	7		
2006	1 965	79	9	6	3
2007	1 889	105	29	22	7
2008	1 990	134	29	23	6
2009	2 851	88	30	24	6
2010	3 220	93	22	19	3
2011	2 760	131	23	17	6

Kjelde: Politi-høgskolen (Høgskolen har bedt søkjarar sjølve opplyse om dei har minoritetsbakgrunn. Dei som har kryssa av for minoritetsbakgrunn, er tatt med i rapporteringa.)

I 2010 blei det teke opp 175 aspirantar på Fengselsskolen. I 2011 blei det teke opp 209 aspirantar. I det ordinære opptaket for 2010 i 2009 var det 14 aspirantar med fleirspråkleg bakgrunn utover engelsk. Desse utgjorde 7 prosent av dei rekrutterte aspirantane. I det ordinære opptaket for 2011 i 2010 var det 17 aspirantar med fleirspråkleg bakgrunn utover engelsk. Desse utgjorde 8,1 prosent av dei rekrutterte aspirantane, noko som er ein auke på eitt prosentpoeng frå 2009.

Kriminalomsorgas utdanningssenter (KRUS) gjennomførte i 2009 eit omfattande informasjons- og rekrutteringsarbeid for å få ein større og breiare søkjarmasse til Fengselsskolen, med sikte på

å få både fleire samisktalande aspirantar og fleire med annan etnisk og kulturell bakgrunn. Kriminalomsorga har dei siste åra samarbeidd med NAV for å kvalifisere fleire søkjarar med fleirkulturell bakgrunn for opptak til Fengselsskolen.

8.8.2 Mål

Ein skal arbeide for å auke delen leikdommarar med innvandrarakgrunn.

Indikator

- delen leikdommarar med innvandrarakgrunn

Status

Det er lovfest at lekdommarutvala skal ha ei allsidig samansetjing, slik at utvala på best mogleg vis representerer alle delar av befolkninga, sjå Prop. 1 S (2011–2012) for Justis- og politidepartementet, programkategori 06.20 Rettsvesen. I lekdommarutvala som gjeld for perioden 1. mai 2008 til 1. januar 2013, har 3,7 prosent av lekdommarane innvandrarbakgrunn. Av desse har 1,8 prosent bakgrunn frå land utanfor Europa og Nord-Amerika. Dette er ein auke frå perioden 2004–2008, da dei tilsvarande prosenttala var høvesvis 2,8 og 1.

8.9 Bustad og val

8.9.1 Mål

Innvandrarar skal sikrast trygge butilhøve og unngå utstøytning i bustadmarknadene.

Indikatorar

- delen innvandrarar som mottok statleg bustøtte
- delen bustadlaus med fødeland utanfor Europa og Nord-Amerika

Regjeringa har som mål at alle skal bu trygt og godt, noko som er ein viktig føresetnad for inkludering og deltaking i samfunnet. Gode og trygge buforhold legg til rette for gode oppvekstvilkår for barn og ungdom, samtidig som det gir vaksne eit viktig fundament for aktiv deltaking i samfunnslivet elles. Derfor er regjeringa oppteken av at inn-

vandrarar blir sikra trygge butilhøve og ikkje blir utstøytte i bustadmarknadene.

Status

Innvandrarar er ikkje ei spesifikk målgruppe i bustøtta. Bustøtta er ei ordning som gir rett til støtte for husstandar med låge inntekter og høge buutgifter. Frå 1. juli 2009 blei eit nytt regelverk for ordninga sett i kraft. Ei første evaluering av det nye regelverket syner at bustøtta no når fleire enn tidlegare, og at ordninga er meir treffsikker når det gjeld å betre levekåra og buforholda for dei med låge inntekter.⁸ Det nye regelverket vil truleg på sikt føre til 35 000 nye bustøttemottakarar. Einslege utan trygd som ikkje har barn, er særleg høgt representerte blant dei nye mottakarane. Mange av desse var tidlegare ekskluderte frå ordninga. Talet på barnefamiljar i ordninga har auka med 15 prosent frå 25 400 i juni 2009 til 29 100 i 2011. For gruppa utan trygdeytningar har auken i same periode vore 73 prosent. Talet på nye mottakarar har auka med 19 prosent frå 109 000 i juni 2009 til 130 000 i juni 2011.

Delen innvandrarar som mottok statleg bustøtte, har auka jamt i perioden frå 2006 til 2009. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjør ein svært liten del av bustøttemottakarane.

Resultata tyder på at i dei lågaste inntektsgruppene har innvandrarar større problem med å dekke jamlege buutgifter enn befolkninga generelt.

⁸ Nordvik, V. mfl. (2010). *Den norske bustøtten. Effekter av en reform*. NOVA-rapport 21/2012.

Tabell 8.23 Personar som mottok statleg bustøtte og del av mottakarane som har innvandrarbakgrunn, 2006-2010

	Talet på mottakarar av bustøtte	Delen innvandrarar	Delen norskfødde med innvandrarforeldre
2006	121 600	21	0,2
2007	129 700	28	0,4
2008	126 100	35	0,5
2009	136 000	39	0,6
2010	151 900	39	0,5

Kjelde: SSB og Husbanken

Tabell 8.24 Bustadlause etter fødeland, 1996, 2003, 2005 og 2008

Bustadlause	1996	2003	2005	2008
Talet på bustadlause i Noreg totalt	6 200	5 200	5 500	6 100
Delen med Noreg som fødeland	82	86	82	81
Delen med fødeland i Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Australia	3	2	3	2
Delen med fødeland i resten av Europa	1	1	2	2
Delen med fødeland utanfor Europa og Nord-Amerika	13	10	13	13

Kjelde: Dyb, E. og K. Johannessen (2009): *Bostedsløse i Norge – en kartlegging*. NIBR-rapport 2009:7.

Kartlegginga omfattar berre dei som er i kontakt med hjelpeapparatet. Det vil derfor alltid vere ein del mørketal i kartleggingar av bustadlause.

Kartlegginga av bustadlause⁹ i 2008 syner at fire av fem bustadlause er fødte i Noreg, 7 prosent i Afrika og 5 prosent i Asia/Oseania. Vidare syner ho at det er store forskjellar mellom kommunar og kommunegrupper. I Oslo er 18 prosent av dei bustadlause frå Afrika, medan 8 prosent er fødte i Asia/Oseania. Tala frå 2008 varierer lite frå tidlegare kartleggingar.

Sjå Prop. 1 S (2011–2012) for Kommunal- og regionaldepartementet, hovudmål 2.

8.9.2 Mål

Delen personar med innvandrarakgrunn og stemmerett som deltek ved kommunestyreval, fylkestingsval og stortingsval skal tilsvare valoppslutninga samla.

Indikatorar

- delen innvandrarakgrunn som stemde ved siste lokalval, samanlikna med valoppslutninga totalt
- delen innvandrarakgrunn som stemde ved siste stortingsval, samanlikna med valoppslutninga totalt

⁹ Ved kartlegging av bustadløyse er denne definisjonen brukt: Ein person er bustadlaus når han eller ho manglar eigen eigd eller leigd bustad og er i ein av følgjande situasjonar:

- Personen manglar tak over hovudet kommande natt.
- Personen er vist til akutt eller mellombels overnatting.
- Personen er under kriminalomsorga eller på ein institusjon og skal skrivast ut innan to månader og har ikkje eit butilbod.
- Personen bur mellombels hos vener, kjende eller slektningar.

Regjeringa har som mål at flest mogleg deltek ved politiske val. Dette gjeld alle med stemmerett, med og utan innvandrarakgrunn. For at eit representativt demokrati skal fungere slik det er tenkt, er det viktig at ikkje valoppslutninga blir for låg. Samtidig som borgarane ved å stemme aukar innverknaden sin over sin eigen kvardag, medverkar deltaking ved val til å gjere borgarane ansvarlege og medvitne.

8.9.3 Status

Valdeltakinga varierer sterkt mellom dei ulike innvandrargruppene. Valdeltakinga i 2009 auka blant veljarar med afrikansk, irakisk, iransk og pakistansk bakgrunn, syner tal frå SSB. Men gjennomsnittleg er deltakinga på same nivå som i 2005.

Ei undersøking frå SSB¹⁰ syner at berre 52 prosent av innvandrarakgrunn med norsk statsborgarskap nytta stemmeretten ved stortingsvalet i 2009. Den generelle valdeltakinga var på 76,4 prosent.

Forskjellane mellom deltaking for kvinner og menn har jamna seg ut. Stortingsvalet i 2005 viste at dei som hadde stemmerett av innvandrarakgrunn og norskfødde kvinner med innvandrarakgrunn, hadde 4 prosentpoeng høgare deltaking enn mennene. Ved valet i 2009 var denne forskjellen utjamna, slik at både kvinner og menn hadde ei deltaking på 52 prosent.

Valdeltakinga aukar med butid. Det var flest som stemde blant dei som har budd lengst i Noreg. Som for veljarar elles er det slik at dei eldste deltek i større grad enn dei yngre, men desse skilnadene varierer mellom dei ulike innvandrargruppene. At mange av dei største landgruppene har låg valdeltaking, kan delvis forklarast ved at

¹⁰ Henriksen, K. (2010): *Valgdeltagelsen blant innvandrere ved Stortingsvalget 2009*. SSB rapport 19/2010.

det er ein stor del unge i desse gruppene. Særleg låg er valdeltakinga til unge frå Vietnam og Balkan. I desse gruppene var det færre enn ein av tre som stemde i 2009.

Ved stortingsvalet i 2009 var valdeltakinga til innvandrarakar med norsk statsborgarskap 24 prosentpoeng lågare enn den generelle valdeltakinga på 76,4 prosent. Ved stortingsvalet i 2005 var det 53 prosent valoppslutning blant norske borgarakar med innvandrarakarbakgrunn, mot 77,4 prosent i befolkninga totalt.

Valdeltakinga til innvandrarakar med norsk statsborgarskap har halde seg stabil på dette nivået dei tre siste stortingsvala, men har gått ned sidan valet i 1997, da ho var på 63 prosent.

Ved kommunestyrevalet i 2007 var den totale valoppslutninga 61,7 prosent, medan ho var 57,5 prosent for fylkestingsvalet. Av innvandrarakar med norsk statsborgarskap stemde totalt 40 prosent. Ved lokalvalet i 2003 var oppslutninga i denne gruppa 41 prosent. Valoppslutninga blant personar med norsk statsborgarskap og landbakgrunn frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand ligg over gjennomsnittleg valoppslutning på landsbasis. Av innvandrarakar med stemmerett, men utan norsk statsborgarskap stemde totalt 36 prosent ved valet i 2005, mot 34 prosent ved valet i 2003.

8.10 Kultur og media

8.10.1 Mål

Auka deltaking og auka del aktive utøvarar med innvandrarakarbakgrunn innan kultur- og mediesektoren.

Indikatorar

- delen arbeidstakarakar med innvandrarakarbakgrunn innan kultur- og mediesektoren

- delen statleg oppnemnde styremedlemmer med innvandrarakarbakgrunn i teater- og orkesterinstitusjonar
- delen norske skjønnlitterære boktitlar forfatta av personar med innvandrarakarbakgrunn innkjøpt av Norsk kulturråd

Regjeringa vil synleggjere det fleirkulturelle perspektivet på alle felt i kulturlivet og medverke til å skape betre møteplassar mellom majoritets- og minoritetskulturar.

Det er eit mål i kulturpolitikken å sikre at alle får tilgang til kunst- og kulturopplevingar og å syte for at høvet til å ytre seg gjennom kunst og kultur ikkje skal vere avhengig av geografi og sosiale skiljelinjer. Det er viktig at dei etablerte kulturorganisasjonane blir reelt fleirkulturelle, både i kunstuttrykk og repertoarval, og at kunstnarar med innvandrarakarbakgrunn blir gitt plass.

Gjennomføringa av markeringsåret for kulturelt mangfald i 2008 hadde som langsiktig mål å sikre at stimulering av kulturelt mangfald blir eit markant og gjennomgåande trekk ved norsk kulturpolitikk. Arbeidet som blei sett i gang i markeringsåret, følgjast systematisk opp.

Regjeringa vil stimulere til mangfald og kvalitet i norske medium. Dette er nødvendig for at media skal kunne tilby truverdig informasjon som dekkjer behova til alle grupper i samfunnet vårt. Noreg er eit fleirkulturelt samfunn. Det er derfor viktig at behova til minoritetane blir dekte av media.

Status

Arbeidstakarakar med innvandrarakarbakgrunn utgjer 7,3 prosent av alle arbeidstakarakar innan kultur- og mediesektoren. Av desse er 4 prosent kvinner og 3,3 prosent menn. Resultata syner ein auke frå 2009, da arbeidstakarakar med innvandrarakarbakgrunn innan kultur- og mediesektoren utgjorde 6,6 prosent.

Tabell 8.25 Arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn i kultur- og mediesektoren, 2010. Absolutte tal og prosent

Sektor	Arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn						Arbeids- takarar totalt
	Totalt	Kvinner	Menn	Prosent	Prosent kvinner	Prosent menn	
Film og video	286	122	164	7,9	43	57	3 640
Radio og fjernsyn	235	112	123	3,9	48	52	5 992
Sjølvstendig kunstnarleg verksemd	363	182	181	9,6	50	50	3 792
Drift av lokale knytt til kunstnarleg verksemd	76	33	43	11,1	43	57	687
Bibliotek og arkiv	281	203	78	7,2	72	28	3 876
Museum, vern av historiske stader og bygningar	327	211	116	9,1	65	35	3 580

Kjelde: SSB, registerbasert sysselsetjingsstatistikk

Av dei 242 statleg oppnemnde styremedlemmene i teaterinstitusjonane og symfoniorkestra har 28 styremedlemmer innvandrarbakgrunn. Dette utgjer 11,6 prosent. Rapporteringa omfattar 17 scenekunstinstitusjonar (teater, opera, ballett) og sju orkesterselskap med fast årleg tilskot frå Kulturdepartementet.

I 2010 omfatta innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur for vaksne 219 titlar. Fem av tit-

lane var skrivne av innvandrarar (fire menn og éi kvinne). Innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur for barn og unge omfatta 138 titlar totalt, to skrivne av innvandrarar (éin mann og éi kvinne).

Innkjøpsordninga for sakprosa omfatta 69 titlar totalt, fire skrivne av innvandrarar (tre kvinner, éin mann). Innkjøpsordninga for faglitteratur for barn og unge omfatta 25 titlar totalt, éin skriven av ein innvandrar (mann) (kjelde: Norsk kulturråd).

9 Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder

Finansdepartementet har, i samråd med aktuelle departement, etablert prosedyrar for innrapportering av nettobudsjetterte verksemders kontantbeholdning per 31. desember med verknad for statsrekneskapen for 2009.

Det er i tilknytning til budsjettproposisjonen for 2012 utarbeidd tre standardtabellar med følgjande nøkkeltal for Likestillings- og diskrimineringsombodet, Forbrukarrådet og SIFO:

Tabell 1. *Utgifter og inntekter etter art*. Formålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter for verksemda basert på kontantprinsippet og

artsinndelt etter dei prinsippa som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Tabell 2. *Inntekter etter inntektskjelde*: Dei fleste nettobudsjetterte verksemdene har fleire inntektskjelder, og formålet med tabell 2 er å gi ei oversikt over dei ulike kjeldene.

Tabell 3. *Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til*: Formålet med tabellen er å vise dei totale overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

9.1 Likestillings- og diskrimineringsombodet

Tabell 9.1 Utgifter og inntekter etter art

	Rekneskap			Budsjett
	2008	2009	31.12.2010	2011
Utgiftsart				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	19 617 704	28 392 529	32 427 614	39 236 000
Varer og tenester	15 011 182	23 778 687	21 566 732	17 096 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>34 628 886</i>	<i>52 171 216</i>	<i>53 994 346</i>	<i>56 332 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Investeringar, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	0	0	0	0
<i>Sum utgifter til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringar frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Utbetalingar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalingar til andre verksemder	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 9.1 Utgifter og inntekter etter art

	Rekneskap			Budsjett
	2008	2009	31.12.2010	2011
<i>Finansielle aktiviteter</i>	0	0	0	0
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	0	0	0	0
<i>Sum utgifter</i>	<i>34 628 886</i>	<i>52 171 216</i>	<i>53 994 346</i>	<i>56 332 000</i>
Inntektsart				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	727 660	2 248 115	1 304 095	849 000
Andre driftsinntekter	447 989	3 000	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>1 175 649</i>	<i>2 251 115</i>	<i>1 304 095</i>	<i>849 000</i>
<i>Inntekter frå investeringar</i>	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	0	0	0	0
<i>Overføringar til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	31 943 000	49 109 000	51 228 000	52 713 000
Andre innbetalingar	2 278 857	1 942 467	2 813 092	2 300 000
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>34 221 857</i>	<i>51 051 467</i>	<i>54 041 092</i>	<i>55 013 000</i>
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetaling frå sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	0	0	0	0
<i>Sum inntekter</i>	<i>35 397 506</i>	<i>53 302 582</i>	<i>55 345 187</i>	<i>55 862 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdninga</i>	<i>768 620</i>	<i>1 131 366</i>	<i>1 350 841</i>	

Tabell 9.2 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap			Budsjett
	2008	2009	2010	2011
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	31 943 000	49 109 000	51 228 000	52 713 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltingsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>31 943 000</i>	<i>49 109 000</i>	<i>51 228 000</i>	<i>52 713 000</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	447 989	3 000	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>447 989</i>	<i>3 000</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	700 000	2 748 190	2 300 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	2 278 857	1 242 467	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	727 660	2 248 115	1 368 997	849 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>3 006 517</i>	<i>4 190 582</i>	<i>4 117 187</i>	<i>3 149 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>35 397 506</i>	<i>53 302 582</i>	<i>55 345 187</i>	<i>55 862 000</i>

Tabell 9.3 Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	Endring
Beløp i NOK	2009 til 2010			
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	5 706 336	6 837 701	8 188 542	1 350 841
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>5 706 336</i>	<i>6 837 701</i>	<i>8 188 542</i>	<i>1 350 841</i>
<i>Avsetjingar til dekking av oppståtte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>				
Feriepengar mv.	1 810 689	2 672 597	2 909 217	236 620
Skattetrekk og offentlege avgifter	2 000 948	2 814 505	3 182 992	368 487
Gjeld til leverandørar	-66 155	0	0	0
Gjeld til oppdragsgivarar	1 916 250	1 342 467	1 206 600	135 867
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	0	0	0	0
<i>Sum til dekking av oppståtte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>5 661 732</i>	<i>6 829 569</i>	<i>7 298 809</i>	<i>469 240</i>
<i>Avsetjingar til dekking av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større igangsette, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete igangsette, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Konkrete igangsette, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 9.3 Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	Endring
Beløp i NOK	2009 til 2010			
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål / ikkje spesifiserte formål				
Fri verksemdskapital	44 604	8 132	889 733	881 601
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>44 604</i>	<i>8 132</i>	<i>889 733</i>	<i>881 601</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar				
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>5 706 336</i>	<i>6 837 701</i>	<i>8 188 542</i>	<i>1 350 841</i>

9.2 Forbrukarrådet

Tabell 9.4 Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Rekneskap			Budsjett
	2008	2009	31.12.2010	2011
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	68 300 000	73 706 000	68 434 000	80 790 000
Varer og tenester	42 924 000	35 816 000	50 103 000	42 339 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>111 225 000</i>	<i>109 522 000</i>	<i>118 537 000</i>	<i>123 129 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	0	0	0	0
<i>Sum utgifter til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringar frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemdar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 9.4 Utgifter og inntekter etter art

	Rekneskap			Budsjett
	2008	2009	31.12.2010	2011
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	54 000	41 000	19 000	20 000
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>54 000</i>	<i>41 000</i>	<i>19 000</i>	<i>20 000</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>111 278 000</i>	<i>109 563 000</i>	<i>118 556 000</i>	<i>123 149 000</i>
<i>Inntektsart</i>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	6 491 000	5 250 000	1 209 000	2 060 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar				
Refusjonar	4 267 000	2 906 000	3 282 000	3 050 000
Andre driftsinntekter	2 762 000	1 566 000	-165 000	1 000 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>13 520 000</i>	<i>9 721 000</i>	<i>4 326 000</i>	<i>6 110 000</i>
<i>Inntekter frå investeringar</i>				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringar til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	104 954 000	104 137 000	106 928 000	108 778 000
Andre innbetalingar	746 000	5 591 000	5 159 000	8 261 000
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>105 700 000</i>	<i>109 728 000</i>	<i>112 086 000</i>	<i>117 039 000</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetaling frå sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	0	8 000	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>-0</i>	<i>8 000</i>	<i>-0</i>	<i>-0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>119 221 000</i>	<i>119 457 000</i>	<i>116 412 000</i>	<i>123 149 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdninga</i>	<i>7 942 000</i>	<i>9 894 000</i>	<i>-2 144 000</i>	<i>0</i>

Tabell 9.5 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap			Budsjett
	2008	2009	2010	2011
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	104 954 000	104 137 000	106 928 000	108 778 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltingsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>104 954 000</i>	<i>104 137 000</i>	<i>106 928 000</i>	<i>108 778 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	3 477 000	5 576 000	5 042 000	1 615 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	107 000	0	100	0
Refusjonar	4 267 000	2 906 000	3 282 000	3 050 000
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	6 416 000	6 839 000	1 060 000	9706 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>14 267 000</i>	<i>15 320 000</i>	<i>9 484 000</i>	<i>14 371 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>119 221 000</i>	<i>119 457 000</i>	<i>116 412 000</i>	<i>123 149 000</i>

Tabell 9.6 Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	Endring
Beløp i NOK	2009 til 2010			
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	12 428 000	22 377 000	20 135 000	-2 241 000
Behaldning på andre bankkonti	11 000	-43 000	54 000	98 000
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>12 439 000</i>	<i>22 333 000</i>	<i>20 189 000</i>	<i>-2 144 000</i>
<i>Avsetjingar til dekking av oppståtte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>				
Feriepengar mv.	5 598 000	5 661 000	6 120 000	459 000
Skattetrekk og offentlege avgifter	4 246 000	610 000	4 969 000	4 359 000
Gjeld til leverandørar	1 975 000	5 663 000	1 163 000	-4 500 000
Gjeld til oppdragsgivarar	29 000	3 663 000	1 048 000	-2 615 000
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	173 000	1 054 000	656 000	-398 000
<i>Sum til dekking av oppståtte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>12 021 000</i>	<i>16 651 000</i>	<i>13 956 000</i>	<i>-2 696 000</i>
<i>Avsetjingar til dekking av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større igangsette, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete igangsette, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	2 456 000	659 000	0	-659 000
Andre avsetjingar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Konkrete igangsette, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>2 456 000</i>	<i>659 000</i>	<i>0</i>	<i>-659 000</i>

Tabell 9.6 Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	Endring
Beløp i NOK	2009 til 2010			
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	-13 000	294 000	1 395 000	1 100 000
Fri verksemdskapital	-1 914 000	4 838 000	4 949 000	111 000
<i>SUM andre avsetjingar</i>	<i>-1 928 000</i>	<i>5 133 000</i>	<i>6 344 000</i>	<i>1 211 000</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	-110 000	-110 000	-110 000	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-110 000</i>	<i>-110 000</i>	<i>-110 000</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>12 439 000</i>	<i>22 333 000</i>	<i>20 189 000</i>	<i>-2 144 000</i>

9.3 Statens institutt for forbruksforskning

Tabell 9.7 Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Rekneskap			Budsjett
	2007	2008	31.12.2010	2011
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	25 010 714	27 153 961	28 040 062	33 850 000
Varer og tenester	18 102 713	26 023 056	29 020 150	30 000 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>43 113 428</i>	<i>53 177 017</i>	<i>57 060 212</i>	<i>63 850 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	0	0	0	0
Sum utgifter til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	0	0	0	0
<i>Overføringar frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemdar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 9.7 Utgifter og inntekter etter art

	Rekneskap			Budsjett
	2007	2008	31.12.2010	2011
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>43 113 428</i>	<i>53 177 017</i>	<i>57 060 212</i>	<i>63 850 000</i>
Inntektsart				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	1 088 000	642 000	696 000	500 000
Andre driftsinntekter				
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>1 088 000</i>	<i>642 000</i>	<i>696 000</i>	<i>500 000</i>
<i>Inntekter frå investeringar</i>				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringar til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	25 010 000	25 660 000	26 481 000	27 041 000
Andre innbetalingar	19 767 389	28 557 816	30 703 181	37 059 000
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>44 777 389</i>	<i>54 217 816</i>	<i>57 184 181</i>	<i>64 100 000</i>
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetaling frå sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>45 865 389</i>	<i>54 859 816</i>	<i>57 880 181</i>	<i>64 600 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdninga</i>	<i>2 751 961</i>	<i>1 682 799</i>	<i>819 969</i>	<i>750 000</i>

Tabell 9.8 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap			Budsjett
	2008	2009	2010	2011
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	25 010 000	25 660 000	26 481 000	27 041 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltingsorgan	244 497			
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	6 299 093	14 996 467	20 878 163	22 059 000
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>31 553 589</i>	<i>40 656 467</i>	<i>47 359 163</i>	<i>49 100 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	5 845 592	9 821 138	8 289 859	10 000 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	7 162 208	4 380 329	1 535 159	5 000 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>13 007 800</i>	<i>14 201 467</i>	<i>9 825 018</i>	<i>15 000 000</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	1 304 000	1 882	696 000	500 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>1 304 000</i>	<i>1 882</i>	<i>696 000</i>	<i>500 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>45 865 389</i>	<i>54 859 816</i>	<i>57 880 181</i>	<i>64 600 000</i>

Tabell 9.9 Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	Endring
Beløp i NOK	2009 til 2010			
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	3 076 538	6 656 960	9 621 944	2 964 984
Behaldning på andre bankkonti	7 470 997	5 573 374	3 428 358	2 145 016
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>10 547 535</i>	<i>12 230 334</i>	<i>13 050 303</i>	<i>819 968</i>
<i>Avsetjingar til dekking av oppståtte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>				
Feriepengar mv.	2 269 457	2 341 103	2 657 665	316 562
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 936 784	2 156 707	2 787 641	630 934
Gjeld til leverandørar	962 274	592 631	2 622 000	2 029 369
Gjeld til oppdragsgivarar	2 093 117	0	0	0
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-3 006 928	864 618	-2 255 270	-3 119 888
<i>Sum til dekking av oppståtte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>4 254 705</i>	<i>5 955 059</i>	<i>5 812 036</i>	<i>-143 023</i>
<i>Avsetjingar til dekking av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større igangsette, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete igangsette, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Konkrete igangsette, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 9.9 Verksemdas kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	Endring
Beløp i NOK	2009 til 2010			
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	0	0	0	0
Fri verksemdskapital	6 292 830	6 275 275	7 238 267	962 992
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>6 292 830</i>	<i>6 275 275</i>	<i>7 238 267</i>	<i>962 992</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggs- midlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>10 547 535</i>	<i>12 230 334</i>	<i>13 050 303</i>	<i>819 969</i>

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

1. I Prop. 1 S om statsbudsjettet for år 2012 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 800–868, 2530	kr	48 156 438 000
b. Sum inntekter under kap. 3821, 3822, 3842, 3846, 3855, 3856, 3858, 3859	kr	1 319 265 000

Forslag
til vedtak om løyving for budsjettåret 2012,
kapitla 800–868, 2530, 3821, 3822, 3842, 3846, 3855, 3856,
3858, 3859

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
800	Barne-, likestillings og inkluderings- departementet		
	01 Driftsutgifter	148 886 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	14 591 000	163 477 000
820	Integrerings- og mangfaldsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	186 554 000	186 554 000
821	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara		
	21 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, <i>kan overførast</i>	49 020 000	
	50 Noregs forskingsråd	6 186 000	
	60 Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	4 563 218 000	
	61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	334 262 000	
	62 Kommunale innvandrartiltak	108 494 000	
	70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	4 145 000	
	71 Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd	49 462 000	
	72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.m.	2 442 000	
	73 Tilskot	1 765 000	5 118 994 000
822	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara		
	21 Spesielle driftsutgifter, opplæring i norsk og samfunnskunnskap, <i>kan overførast</i>	22 354 000	
	22 Norskprøver for vaksne innvandrara	14 325 000	
	60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	1 690 352 000	1 727 031 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
823	Kontaktutvalet mellom innvandrere og myndighetene		
	01 Driftsutgifter	6 441 000	6 441 000
840	Krisetiltak		
	21 Spesielle driftsutgifter	5 719 000	
	61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i>	70 000 000	
	70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., <i>kan nyttast under kap. 858 post 01</i>	31 518 000	107 237 000
841	Samliv og konfliktløsning		
	21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i>	14 261 000	
	22 Opplæring, forskning, utvikling mv.	4 861 000	
	23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i>	6 637 000	
	70 Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 858 post 01</i>	4 479 000	
	71 Tiltak etter samlivsbrot for barn i konfliktfylte familiar	2 941 000	33 179 000
842	Familievern		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	206 913 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	7 130 000	
	70 Tilskot til kyrkja si familievern teneste mv., <i>kan nyttast under post 01</i>	133 983 000	348 026 000
843	Likestillings- og diskrimineringsnemnda		
	01 Driftsutgifter	3 409 000	3 409 000
844	Kontantstøtte		
	70 Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	1 223 000 000	1 223 000 000
845	Barnetrygd		
	70 Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	15 030 000 000	15 030 000 000
846	Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50</i>	28 435 000	
	50 Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	6 702 000	
	70 Tilskot	14 501 000	
	72 Tiltak for lesbiske og homofile	9 350 000	
	73 Tilskot til Likestillingsentre	5 638 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	79	Tilskot til internasjonalt familie- og likestillingsarbeid, <i>kan overførast</i>	7 712 000	72 338 000
847		Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	26 550 000	
	50	Forsking	5 774 000	
	70	Tilskot til funksjonshemma sine organisasjonar	166 403 000	
	71	Tiltak for auka tilgjenge og universell utforming, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	19 583 000	218 310 000
849		Likestillings- og diskrimineringsombodet		
	50	Basisløyving	54 347 000	54 347 000
850		Barneombodet		
	01	Driftsutgifter	13 672 000	13 672 000
852		Adopsjonsstønad		
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i>	15 358 000	15 358 000
853		Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker		
	01	Driftsutgifter	137 448 000	137 448 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	79 048 000	
	50	Forsking	5 155 000	
	60	Kommunalt barnevern	290 460 000	
	65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	539 000 000	
	71	Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	24 535 000	
	72	Tilskot til forsking og utvikling i barnevernet	50 575 000	988 773 000
855		Statleg forvalting av barnevernet		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i>	3 433 510 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	27 118 000	
	22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i>	1 612 824 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	67 955 000	
	60	Tilskot til kommunane, <i>kan nyttast under post 01</i>	180 297 000	5 321 704 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar		
	01	Driftsutgifter	243 214 000	243 214 000
857		Barne- og ungdomstiltak		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	7 847 000	
	50	Forsking	4 433 000	
	60	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i>	49 993 000	
	70	Barne- og ungdomsorganisasjonar	108 740 000	
	71	Utviklingsarbeid, <i>kan nyttast under post 21</i>	7 124 000	
	79	Tilskot til internasjonalt ungdoms- samarbeid mv., <i>kan overførast</i>	33 397 000	211 534 000
858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i>	209 063 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	28 472 000	
	22	Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar	31 035 000	268 570 000
859		EUs ungdomsprogram		
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	7 422 000	7 422 000
860		Forbrukarrådet		
	50	Basisløyving	102 278 000	
	51	Marknadsportalar	11 853 000	114 131 000
862		Positiv miljømerking		
	70	Driftstilskot til offentleg stiftelse for positiv miljømerking	6 002 000	6 002 000
865		Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	9 188 000	
	79	Rammeprogrammet til EU om forbrukar- politikk, <i>kan overførast</i>	4 660 000	13 848 000
866		Statens institutt for forbruksforsking		
	50	Basisløyving	27 879 000	27 879 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
867	Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet		
	01 Driftsutgifter	7 913 000	7 913 000
868	Forbrukarombodet		
	01 Driftsutgifter	21 927 000	21 927 000
2530	Foreldrepengar		
	70 Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i>	15 575 000 000	
	71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	354 700 000	
	72 Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i>	420 000 000	
	73 Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	115 000 000	16 464 700 000
	Sum Utgifter		48 156 438 000
	Sum departementets utgifter		48 156 438 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
3821	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara		
	01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter	82 100 000	
	02 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter	13 124 000	95 224 000
3822	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara		
	01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	116 614 000	116 614 000
3842	Familievern		
	01 Diverse inntekter	595 000	595 000
3846	Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.		
	01 Prosjektinntekter	500 000	500 000
3855	Statleg forvalting av barnevernet		
	01 Diverse inntekter	27 497 000	
	02 Barnetrygd	3 585 000	
	60 Kommunale eigendelar	899 357 000	930 439 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	173 160 000	173 160 000
3858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet		
	01 Diverse inntekter	433 000	433 000
3859	EUs ungdomsprogram		
	01 Tilskot frå Europakommisjonen	2 300 000	2 300 000
	Sum Inntekter		1 319 265 000
	Sum departementets inntekter		1 319 265 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i 2012 kan:

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 820 post 01	kap. 3820 post 01
kap. 823 post 01	kap. 3823 post 01
kap. 842 post 01	kap. 3842 post 01
kap. 855 post 01	kap. 3855 postane 01, 02 og 60
kap. 856 post 01	kap. 3856 post 01
kap. 858 post 01	kap. 3858 post 01
kap. 859 post 01	kap. 3859 post 01
kap. 868 post 01	kap. 3868 post 01

Andre fullmakter

III

Satsar for barnetrygd

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2012 i medhald av lov av 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd, § 10, kan utbetale barnetrygd med 11 640 kroner per barn per år.

Einslege forsørgjarar som fyller vilkåra for rett til utvida stønad etter barnetrygdlova og full overgangsstonad etter folketrygdlova, og som har barn i alderen 0-3 år har rett til et småbarnstillegg

på 7 920 kroner per år. Dette tillegget gjeld per einsleg forsørgjer, uavhengig av kor mange barn i alderen 0-3 år vedkommande faktisk forsørgjer.

Stønadmottakarar busett i Finnmark og Nord-Troms (Karlsøy, Kvæningen, Kåfjord, Lyn-gen, Nordreisa, Skjervøy og Storfjord) får eit tillegg i barnetrygda på 3 840 kroner per barn per år, det såkalla finnmarkstillegget.

Finnmarkstillegget skal òg utbetalast for barn i fosterheim eller barnevernsinstitusjon i de aktuelle kommunane.

Stønadsmottakarar busett på Svalbard får eit tillegg i barnetrygda på 3 840 kroner per barn per år, det såkalla svalbardtillegget.

IV

Satsar for kontantstøtte til og med 31. juli 2012

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2012 i medhald av lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre, fram til og med 31. juli 2012 kan utbetale kontantstøtte med desse beløpa for 1- og 2-åringar:

Avtalt opphaldstid i barnehage per veke	Kontantstøtte i prosent av full sats	Kontantstøtte i kroner per barn per år
Ikkje bruk av barnehageplass	100	39 636
Til og med 8 timar	80	31 704
9–16 timar	60	23 784
17–24 timar	40	15 852
25–32 timar	20	7 932
33 timar eller meir	0	0

V

Satsar for kontantstøtte frå og med 1. august 2012

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet frå og med 1. august 2012 kan utbetale kontantstøtte med desse beløpa:

Avtalt opphaldstid i barnehage per uke	Kontantstøtte i prosent av full sats	Kontantstøtte i kroner per barn i alderen 13-18 månader per måned	Kontantstøtte i kroner per barn i alderen 19-23 månader per måned
Ikkje bruk av barnehageplass	100	5 000	3 303
Til og med 19 timar	50	2 500	1 652
20 timar eller meir	0	0	0

VI

Satsar for eingangsstønad ved fødsel og adopsjon

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2012 i medhald av lov av 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd kan utbetale:

Eingangsstønad ved fødsel og adopsjon, lovas § 14-17	35 263 kroner per barn
--	------------------------

Offentlege institusjonar kan finge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Xpress AS 10/2011

